



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar

Stadnamn i Luster kommune i Indre Sogn

*Ein prototypebasert analyse av namnelandskapet i eit
vestlandsk jordbruksdistrikt*

Samuele Mascetti

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk

Vår 2017

Føreord

Å skriva denne masteravhandlinga har vore for meg fyrst og fremst ei personleg fordjuping i tankegangen og levemåten typiske for både staden eg kjem frå og staden eg har valt å bu på: Alpane og Vestlandet. Eg er fødd og oppvaksen i ei lita fjellbygd ved Comosjøen i nordlege Lombardia fylke i Nord-Italia, ved grensa mot Sveits. Det alpine innsjølandskapet har mykje til felles med fjordlandskapet på Vestlandet: Høge, bratte fjell som stuper i vatnet, djupe og grisgrendte dalar, dårlege vegar og mykje, mykje regn. Kulturlandskapet er òg nokso likt: Jordbruket var lenge hovudnæringa i det alpine området, og stølinga spelte ei sentral rolle i den tradisjonelle gardsordninga. Det norditalienske setersystemet er nesten identisk med det vestlandske og dei fleste bruka har to setrar: Heimesetra (kalla *munt*, 'fjell' på lombardisk), som ligg om lag mellom 600 og 1400 moh. og er nytta vår og haust, og langsetra (kalla *alp*, 'høgfjell' på lombardisk), som ligg om lag mellom 1500 og 2500 moh. og er nytta om sumaren. Dei fleste bygdene ligg mellom 200 og 600 moh., so begge setrar er utstyrde med stølshus, sidan dei ligg fleire timar gonge frå heimehusa.

Som gutunge var eg mang ein sumar på selet hans bestefar og fekk oppleve den gamle stølstradisjonen, som diverre alt då var døyande: Dei fleste gardsbrukarane la driftene ned pga. den uoverkomelege økonomiske sentraliseringa i jordbrukspolitikken til EU-landa, som trengte dei småe produsentane ut til fordel for dei store industrialiserte bruka i låglandet kring storbyane. Denne politikken nådde botnen i 2015 med avskaffinga av mjølkekvoten, som definitivt markerte slutten på jordbruket som konkurransedyktig næring i storparten av Nord-Italia. På hi sida av grensa såg me lombardar ei heilt annleis stode: Dei småe fjellbruka i grannedalane i Sveits heldt seg bra og hadde framleis mykje å seia for lokaløkonomien, takka vere dei mange samvirkelaga og ein meir proteksjonistisk landbrukspolitikk frå regjeringa.

Då eg som tjuetåring flytta til Noreg og slo meg ned i Indre Sogn, oppdaga eg ei stode som minte meg mykje om Sveits: Over heile landet er bøndene organiserte i samvirke, kapitalen er ått av sjølve produsentane og den tradisjonelle gardsordninga med slått og støling er fullt levande. Tilhøvet til grannelandet er ogso likt: I Sverige finn ein att mykje av Italia sin situasjon, med dei eldgamle *fäbodarna* (setrane) som ligg i dag anten aude eller ombygde til hytter, etter at EU-sentraliseringa har avliva primærnæringa i utkantområda der òg.

Noreg si særstilling innom landbruket i samfunnssamanheng kan ein ikkje sjå bort ifrå, tykte eg då eg laut finna eit emne for masterprosjektet mitt. Her til lands kan småe gardsbruk trivast den dag i dag, og stølinga er framleis ein levande del av drifta; dette tyder nok at det tradisjonelle kulturlandskapet ogso er i god hevd, og at stadnamna knytte til det tradisjonelle landbruket enno er

brukande referansar i terrenget, med ei viktig språkleg og kulturell rolle. Då vart det stadnamna i det rurale vestlandske kulturlandskapet som eg bestemte meg for å granska, og dette kom vel ikkje som noka overrasking på dei fleste som kjenner meg. At stølsnamna skulle få mest merksemd var heller ikkje uventa, sidan eg tykkjer mykje om lokalhistorie og gardssoge. Luster kommune som granskingsområde valde eg både av praktiske grunnar (eg budde der og kjenner Indre Sogn best) og fordi eg alltid har vore veldig fascinert av den svært varierende språklege situasjonen i sjølve kommunen, som speglar eldre geografiske og kulturelle tilhøve til resten av Sogn og grannestroka på Austlandet og Nordvestlandet.

Namnegransking og dialektologi har lenge vore mine favorittar innom nordisk og humaniora generelt, men førebuingarbeidet til denne oppgåva har gjeve meg høve til å lesa meg grundig inn i eit fag eg fyrst møtte under tida mi som student på UiB: kognitiv grammatikk. Dette faget er eg vorten særleg glad i, og eg kjem sikkert til å fordjupa meg i det privat etter at studieperioden min på UiB er avslutta. Eg lyt no innrømme at eg syntest det var litt stas då eg fann ut at han som sjølv sette i gang tankebygningen som ligg til grunn for hovudteorien eg nyttar i denne avhandlinga – den austerriske filosofen Ludwig Wittgenstein – ogso var ein utlending fødd og oppvaksen ved foten av Alpane, som av einkvan grunn hadde kome seg til Indre Sogn og sett bu på Skjolden i Luster, der eg òg budde ein liten periode.

Eg har fått mykje hjelp under arbeidet med dette prosjektet, og eg skuldar mange ein stor takk. Mest vil eg takka rettleiaren min, professor Gunnstein Akselberg, som heilt frå fyrstininga har synt interesse for ideen min og har gjeve meg framifrå rettleiing i mykje og mangt. Dette har eg sett sværande stor pris på; betre fagleg råd kunne eg ikkje ynskt meg. Eg lyt òg takka personalet på Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, som i fjor vår laut mødast med å skanna og senda meg over tusen sider med upubliserte oppskrifter or skuleborninnsamlinga frå 1932 og stadnamnprosjektet frå 1985. Særskilt lyt eg nemna Randi Melvær og Per Olav Bøyum, som eg var i kontakt med: Utan dei ville dette granskingsarbeidet vore umogeleg å fullføra. Familiemedlemer, vener og kjenningar som på ulikt vis har støtta meg under skrivinga, takkar eg mykje.

Bergen, den 5. mai 2017

Samuele Mascetti

Innhald

Føreord	2
Innhald	4
Figur- og tabelloversyn	7
Avstytingar	8
1. Innleiing	9
1.1 Føremål og tema for prosjektet.....	9
1.2 Luster kommune – geografi, samfunn og målføre	10
2. Fagtradisjon	12
2.1 Namnegransking i Noreg.....	12
2.2 Namnegransking i Sogn	13
3. Teori	14
3.1 Propriumsstatus – stadnamn som språkleg og kulturelt fenomen	14
3.1.1 Prototypeteorien.....	15
3.1.2 Nettverksmodellen.....	17
3.1.3 Tevlingsmodellen	18
3.2 Kulturlandskap – stadnamn som landskapsdel.....	19
3.2.1 Kulturlandskap.....	19
3.2.2 Jordbrukets kulturlandskap.....	22
3.3 Garden, setra og teigane i namnelandskapet	23
3.3.1 Garden	23
3.3.2 Setra	24
3.3.3 Teigane	26
3.4 Oppsummering av omgrepa	27
4. Metode	27
4.1 Kjeldene.....	27
4.2 Lokaluttalen.....	29
4.3 Namnemiljøet	31
4.4 Operasjonaliseringa	32

5. Induktiv analyse	35
5.1 Ålmenne fenomen	35
5.1.1 Veksling mellom bunden og ubunden form	35
5.1.2 Veksling mellom eintal og fleirtal ved same grunnord	38
5.1.3 Leksikalsk brigde i seternamn	40
5.2 Lokale fenomen	41
5.2.1 Veksling i dativendingane	41
5.2.2 Leksikalsk veksling mellom <i>løyft</i> og <i>strengspel</i>	43
5.3 Oppsummering av dei operative fenomena	46
6. Deduktiv analyse I – Veksling i talform av stadnamn	47
6.1 Talvariasjon hjå enkelt substantivisk grunnord	48
6.2 Talvariasjon hjå avleitt substantivisk grunnord	52
6.3 Talvariasjon hjå grunnord av annan type	56
6.4 Talvariasjon hjå grunnord med dativending	57
6.4.1 Avgrensing av belegga for hovudfenomenet	58
6.4.1.1 Bruksnamn i dativ fleirtal	59
6.4.1.2 Bruksnamn i dativ eintal	60
6.4.1.3 Stølsnamn i dativ	61
6.4.1.4 Teignamn i dativ	62
6.4.2 Analyse av dativbøyinga som språkleg leivning	64
6.4.3 Analyse av talvariasjonen	66
6.5 Oppsummering	69
7. Deduktiv analyse II – Leksikalsk brigde i seternamn	71
7.1 <i>Sete</i> n. (f.)	73
7.1.1 Veitastrond, Ytre Hafslo og Solvorn	75
7.1.2 Indre Hafslo	78
7.1.3 Nedste Jostedalen (Gaupne sokn)	80
7.1.4 Jostedalen (Jostedal sokn)	81
7.1.5 Nes og Dale (Luster)	83
7.1.6 Mørkridsdalen og Fortunsdalen	84
7.1.7 Sørsida av Lustrafjorden	86
7.1.8 Spesifikke implikasjonar ved <i>-set(e)</i>	88
7.1.8.1 <i>Sete</i> finst helst i ubunden form	88

7.1.8.2 <i>Sete</i> finst alltid i kompositum	91
7.1.8.3 <i>Sete</i> er typisk for langstøl (fjellstøl).....	94
7.1.9 Ålmenne implikasjonar ved <i>-set(e)</i>	99
7.2 <i>Trød</i> f.....	100
7.2.1 Veitastrond, Ytre Hafslo og Solvorn	101
7.2.2 Indre Hafslo	103
7.2.3 Nedste Jostedalen (Gaupne sokn).....	105
7.2.4 Jostedalen (Jostedal sokn).....	105
7.2.5 Nes og Dale (Luster).....	107
7.2.6 Mørkridsdalen og Fortunsdalen.....	108
7.2.7 Sørsida av Lustrafjorden.....	110
7.2.8 Spesifikke implikasjonar ved <i>trød</i>	111
7.2.8.1 <i>Trød</i> finst alltid i bunden form.....	111
7.2.8.2 <i>Trød</i> står til vanleg i simpleks.....	112
7.2.8.3 <i>Trød</i> er typisk for vårstøl eller enkel mjølkeplass	114
7.2.9 Ålmenne implikasjonar ved <i>trød</i> f.....	120
7.3 <i>Støl</i> m.....	122
7.3.1 Særskilde <i>støl</i> -fomer.....	124
7.3.2 Implikasjonar ved <i>støl</i> m.	126
7.4 Oppsummering	127
8. Konklusjon	130
8.1 Resultata av granskinga.....	130
8.2 Kommenterar til arbeidsmetoden og vidare gransking.....	133
Litteratur	134
Samandrag	137
Summary	138
Vedlegg	139
Vedlegg 1. Mindre kasusrestar i namnematerialet frå Luster kommune.....	139
Vedlegg 2. Tilsynelatande <i>sete</i> -namn.....	142

Figur- og tabelloversyn

Figurar:

Fig. 1. Luster kommune.....	11
Fig. 2. Spreiing av <i>løyft</i> , <i>strengspel</i> og standardordet <i>løypestreng</i> i Luster kommune.....	43
Fig. 3. Areal for <i>løyft</i> f. i Indre Sogn.....	44
Fig. 4. Spreiinga av dativnamna i Luster kommune.....	63
Fig. 5. Prosent personnamn som forledd i <i>sete</i> -namn i Luster kommune.....	93

Tabellar:

Tab. 1. Artikkelløyse i ytre Luster kommune.....	36
Tab. 2. Artikkelløyse i midtre Luster kommune I – midtre Lustrafjord.....	37
Tab. 3. Artikkelløyse i midtre Luster kommune II – indre Lustrafjord.....	37
Tab. 4. Artikkelløyse i indre Luster kommune.....	38
Tab. 5. Talvariasjon hjå enkelt substantivisk grunnord.....	51
Tab. 6. Talvariasjon hjå stadnamn med dativending.....	66
Tab. 7. Prototypisk stilling i onomastikonet til dei ulike talformene.....	70
Tab. 8. Førelekkstype i <i>sete</i> -namna.....	92
Tab. 9. Funksjonell inndeling av det semantiske innhaldet i <i>sete</i> -namna.....	94
Tab. 10. Simpleks og kompositum hjå <i>trød</i> -stadnamna.....	112
Tab. 11. Funksjonell inndeling av det semantiske innhaldet i <i>trød</i> -namna.....	114
Tab. 12. Semantisk strukturering av stadnamnleddet <i>trød</i> f. i Luster kommune.....	121
Tab. 13. Propriumsgrad til dei ulike seternemna i kulturlandskapet i Luster kommune.....	129
Tab. 14. Prototypiske tilhøve i onomastikonet mellom hovudformene granska i avhandlinga.....	132

Avstytingar

- BB = *Gards- og ættesoge for Luster kommune* (bygdebok, fleire band), sjå litteratur
- bf. = bunden form
- bnr. = bruksnummer
- dat. = dativ
- eint. = eintal/eintalsform
- flt. = fleirtal/fleirtalsform
- gen. = genitiv
- gn. = gamalnorsk
- gnr. = gardsnummer
- IH = Indre Hafslo, bygd i Luster kommune
- NG = *Norske Gaardnavne* (fleire band), sjå litteratur
- NGR = *Norsk referansegrammatikk*, sjå litteratur
- nn. = nynorsk
- NO = *Norsk ordbok* (fleire band), sjå litteratur
- nom. = nominativ
- SKI = *Skuleborninnsamlinga* frå 1932
- sms. = samansett/samansetjing
- SNP = *Stadnamnprosjektet i Sogn og fjordane* frå 1895 og utover
- TK = digitalt topografisk kart *Norgeskart.no*
- ubf. = ubunden form
- usms. = usamansett/simpleks
- utt. = uttale/uttalt
- YH = Ytre Hafslo, bygd i Luster kommune

1. Innleiing

1.1 Føremål og tema for prosjektet

I masteravhandlinga mi vil eg granska stadnamn frå Luster kommune i Indre Sogn for å prøva å forklara stillinga og rolla deira i det mentale onomastikonet åt namnebrukarane.

I Noreg har ein forska i stadnamn lenge, særskilt når det gjeld opphavet og tydinga åt dei einskilde namneformene. Gardsnamn har ofte fått meir merksemd enn andre stadnamn, av di dei er nytta om den eldste og mest særnorske sosiale institusjonen – bondegarden – som dei aller fleste koplar til den mest ekte norske levemåten – jordbruket. Namn på historiske gardsbruk og grender har difor alltid vorte oppfatta som det viktigaste i namnemiljøet og interessa for dei har jamt vore stor.

Det diakrone perspektivet har alltid vore dominerande i norsk namnegransking, sameleis som fokuset på namnetolking har vore det. Dette førte til ei generell oppfatning at stadnamn har meir museal verdi enn levande kulturell rolle, og namna har oftast vorte analyserte frå eit strengt etymologisk synspunkt. I dei siste førti åra har eit meir funksjonelt syn spreitt seg i onomastikken og namna har byrja verta studerte synkront som levande delar av dei språklege prosessane. Det er likevel ikkje so mange som har granska stadnamn synkront som ein strukturert storleik innan det mentale leskikonet – sokalla onomastikon – med særskilt omsyn til funksjonen deira i nylaging og kategorisering av eksisterande namn.

Føremålet med denne avhandlinga er å undersøkjja stadnamn som eitt system i forhold til dei mentale prosessane som ligg bak det. I dei siste tiåra har interessa for denne tilnærminga auka sterkt og eit nytt syn på faget har utvikla seg i samband med kognitiv språkvitskap. Prototypebaserte modellar har vore nytta i namnegransking både i internasjonal og norsk samanheng, særskilt frå eit teoretisk standpunkt (Bakken 1994, Akselberg 2002, Langendonck 2007), men ogso med praktiske emne (Wetås 2006). Det finst likevel ikkje noko forsøk på ein større studie som tek med heile namneinventaret frå éin stad og freistar leggja fram ein hypotese om korleis stadnamna speglar dei mentale kategorisings- og orienteringsprosessane til namngjevarane og lokalbefolkninga. Heller ikkje finst det noka forsking som tek føre seg namnematerialet som ein levande del av det rurale kulturlandskapet på plassen, i staden for å fokusera berre på sjølve namneformene.

Ein slik analyse vil vera eit bidrag til ei betre forståing av samspelet mellom mennesket og naturen i namngjeving, korleis sjølve namngjevinga går føre seg og kvifor somme namnegrupper ser meir dominerande ut i kulturlandskapet til ei gjennomsnittleg vestlandsk jordbruksbygd. Det finst nemleg ikkje noka større gransking av stadnamna frå Luster kommune og talemålsundersøkingane er svært

fåe. Denne oppgåva vil også vera eit tilskot til dei språkvitskaplege studiane med Sogn som interesseområde, som elles i distriktet finst rikeleg (særskilt i grannekommunane Sogndal og Årdal, jf. verka til Per Arvid Ølmheim, Ragnhild Haugen, Ragnhild Anderson og Andreas Bjørkum).

1.2 Luster kommune – geografi, samfunn og målføre

Luster kommune ligg inst i Sogn, der Sognefjorden botnar. Kommunen har naturlege grenser austetter mot Gudbrandsdalen og i nord mot Nordfjord; i vest grensar han mot dei inste bygdene i Midtre Sogn (Sogndal kommune), medan i sør grensar han mot indresognskommunen Årdal. Historisk sett er dagens Luster kommune resultat av samanslåing i 1963 av tre eldre, mindre bygder og tidlegare kommunar: Hafslo i vest (mot Sogndalsfjóra i sørvest og Fjærland i nordvest), Jostedal i nord (mot Jostedalsbreen, Stryn i Nordfjord og Skjåk i Oppland) og sjølve Luster i aust (mot Årdal i Indre Sogn og Vang og Lom i Oppland). Dei gamle sambandsvegane gjekk over Supphelleskaret i nordvest, over Handspiki i nordaust, over Sognefjellet i aust, i Rauddalen og over innsjøane Gjende, Bygdin og Tyin i søraust. Den gamle heradsinndelinga bygde på dei tidlegare prestegjelda Hafsloe, Justedal og Lyster, som galdt til 1863.

Etter gammalt har det ikkje vore tettstader i desse bygdene. Næringslivet har stort sett vore knytt til primærnæringane jordbruk – med fruktdyrking og kjøt- og mjølkeproduksjon – jakt og fiske; elles har husflid og heimeindustri alltid vore viktige næringskjelder (Øvregard 1999:11). Mangelen på eit større sentrum har påverka den språklege stoda i kommunane og talemålet ser ut til å fylgja den tidlegare heradsinndelinga framleis i dag. Hafslobygdene har ein god del trekk som fell meir saman med målføret i Midtre Sogn (Bjørkum 1974:16), medan i lustrabygdene finst det visse trekk som tydeleg er lånte frå grannekommunane sine målføre (særskilt på sørsida av fjorden; Larsen 1926, Bjørkum 1974:15–24). Dialekta i desse to bygdene høyrer til dei sørvestlandske *a*-måla, som held oppe *a* i absolutt utlyd i t.d. infinitivsforma av verb (*å vera*, *å eta*), lint hokjønnsnamn i ubunden form (*ei dama*, *ei flaska*) og adverb (*ofta*, *jedna* = ‘gjerne’). Andre særdrag åt sognemålet er fast diftongering av gamal *á* og den gamle endinga *-an* (*ijaor*, gn. *í gjár* = ‘i går’; *jenta*, gn. *gentan* = ‘jenta’), difotngering av kort *e* framføre ulike konsonantsambanda (*ng/nk/gg/kk*, t.d. *veigg* = ‘vegg’, *beink* = ‘benk’), segmentasjon og differensiasjon (*å kadla*, *fjedl*; *bådn* = ‘born’, *nabm/nabn* = ‘namn’, *gutadn* = ‘gutane’). I Jostedalen derimot er den lokale dialekta ikkje rekna som sognemål eingong pga. den tidlegare kontakten med indre Nordfjord, som gjorde jostedalsmålet til eit nordleg *e*-mål med nokre innslag frå sognemål, t.d. kløyvd hokjønn (diftongering, segmentasjon og differensiasjon vantar heilt, Bjørkum 1974:16, Ølmheim 1983:79).

Landskapet i dagens Luster kommune speglar òg den gamle prestegjelds- og heradsinndelinga. Naturtilhøva varierer sterkt frå fjordlandskap med milde vintrar til innlandsklima med høge fjell og brear, so det tyder at det meste av busetjinga finn plass ved kysten eller i dalbotnane. Sjølv Luster er ei typisk vestlandsbygd, der busetjingsmønsteret fylgjer i all hovudsak kystlina og dalane, som frå fjorden strekkjer seg inn i fjellheimen. Jostedal syner ogso veldig typiske vestlandske trekk når det gjeld busetnadstrukturen, som fylgjer dalføret opp frå tettstaden Gaupne (som ligg i låglandet ved dalutlaupet). Hafslo har derimot ein struktur som minner meir på eit austlandsk fjellstrok, der bygda breier seg i konsentriske ringar kring Hafslovatnet (utanom nokre avsidesliggjande grender).

Endå om kommunen har ei stor flatevidd – heile 2706 km² – er busetjinga ikkje spreidd pga. både det låge folketalet (5149 innbyggjarar per 3. kvartal 2016) og den høge mengda snaufjell (676,7 km²) og brear (390,5 km²), med over 40 fjelltoppar høgare enn 2000 moh. Resten av arealet består for det meste av ubyggd open fastmark (1014 km²), dyrka mark (42,5 km²) og skog (447 km²)¹.



Fig. 1: Dagens Luster kommune med dei tilgrensande kommunane (BB10)

¹ Data per 1. januar 2016, etter SSB sin statistikk over arealbruk og arealressursar (www.ssb.no, sjekka 23.2.2017).

2. Fagtradisjon

2.1 Namnegransking i Noreg

Den norske stadnamngranskingstradisjonen byrja for eit hundreår sidan med Rygh og Indrebø sine viktigaste verk, høvesvis bøkene i serien *Norske Gaardnavne* (1897–1924) og *Stadnamni i ei fjellbygd (Haukedalen, Fyrde i Sunnfjord): ei oversyn* (1921). Kategoriseringsprinsippa dei brukte fylgde den klassiske (aristoteliske) modellen, der medlemskapen i ein kategori er avgjord pga. visse trekk som eit namn kan ha eller kan vanta. Særleg hjå Indrebø er det snakk om *bustadnamn* (namn på bygg) kontra *kulturnamn* (namn knytte til arbeid og økonomiske tilhøve) kontra *naturnamn* (namn på naturlege element). Den rygh-indrebøske modellen er framleis den mest populære metoden i arbeidsfeltet, men allereie i byrjinga av førre hundreåret fanst det nokre forsøk på ei meir funksjonell kategorisering, endå innom rammene åt den klassiske modellen. Døme på eit slikt ‘lausare’ kategoriseringsprinsipp er *Ættegård og helligdom* av Magnus Olsen, 1926, der namnematerialet er delt opp i namn på vegar og bygder, gardsnamn og soknenamn. Liknande arbeidsmetode finst òg i *Stadnamn i Ulvik* (1925) og *Stadnamn på Voss* (1949) av Leiv Heggstad. Likevel er dei fleste stadnamngranskingane utgjevne frå 1930-talet til i dag meir eller mindre inspirerte av den klassiske modellen (Akselberg 2002:53), både når det gjeld doktoravhandlingar og større verk. Det finst somme tilfelle av blanda kategorisering t.d. i Vidar Haslum si avhandling *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk* (2003), der namna er delte opp etter hovudledd og underledd – grunnord og utmerkingsord (klassisk) – og etter kulturelle føresetnader (*gards- og bustadsnamn* = namn som ber teikn til menneskeleg aktivitet, kontra *terrengnamn* = namn som ikkje denoterer busetjing).

Hovudoppgåver fylgde skulen hans Indrebø opp til 1970-talet, men so braut Botolv Helleland med den klassiske kategoriseringa etter utmerkingslekk i *Noko om namn frå Hardangervidda* (1970). Her brukte han ei fullstendig funksjonell ordning etter kategoriane *elvenamn*, *stølsnamn*, og *høgdenamn*. Seinare kom *Stadnamn frå sjøen i Jæren* (1978) av Inge Særheim, der kategoriseringssystemet var basert på arealtype (t.d. bustad, innmark, utmark, fjell, osv.) og var inspirert av Kurt Zilliacus sine studiar om namnesemantikk. Liknande tilnærming finst òg i *Noko om stadnamn frå Voss* (1979) av Gunnstein Akselberg, *Stadnamn frå Øvre Krossdalen i Jondal* (1983) av Gunnhild Haga, *Stedsnavn fra Langlim* (1987) av Kristin Bakken og *Stadnamn i Birkenes kyrkjesokn* (1996) av Vidar Haslum. Blanda kategoriseringar er slett ikkje framande i hovudoppgåver. Eit interessant tilfellet er *Vestnorske offerlundar: spor etter norrøn kultpraksis i vestnorske stadnamn* (2011) av Krister Vasshus, der namna er klassifiserte etter grunnord – *lund* –

og etymologi (klassisk modell), men ein viktig føresetnad er samanlikninga av like grunnord som finst i stadnamn frå ulike kulturlandskap (*namnemiljømetode* og *namnskyldsmetode*), brukt for å kunna stadfesta ei viss grad av sakralitet av dei einskilte namna (ein slags prototypemodell). Elles har det alltid funnest ein god del hovudoppgåver som fylgde den klassiske kategoriseringa.

2.2 Namnegransking i Sogn

Det var Amund B. Larsen som fyrst utforska målføret i Sogn. I 1926 gav han ut *Sognemålene*, der han skildra etymologisk både ytre-, midtre- og indresognske dialekter. I 1968 kom Andreas Bjørkum si samanliknande hovudoppgåve *Årdalsmål hjå eldre og yngre: ei utgreiing om formverket med eit tillegg om generasjonsskilnad i lydverk, ordbruk og formverk*, og seinare kom doktoravhandlinga hans *Generasjonsskilnad i indresognsmaal: talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene* (1974), som inneheld grundige opplysingar om dei fire indresognske dialektene: årdalsmål, lærdalsmål, lustramål og hafslomål (jostedalsmål er utelate pga. det vesentlege avviket frå tradisjonelt sognemål). I 1983 vart «. sa sogningen til fjordingen»: målføre i Sogn og Fjordane utgjeven av Per Arvid Ølmheim; boka er eit generelt beskrivande arbeid og inneheld opplysingar om alle sogne- og fjordemåla, inkludert jostedalsmålet.

Stadnamn står ikkje i fokus i granskingane nemnde ovanfor, sjølv om dei stundom vert tekne inn i omtalen av visse språklege fenomen. Det fyrste arbeidet med stadnamn frå Sogn som hovudemne, er *Stadnamn i Årdal i Sogn* (1958) av Sigurd Dahl Midttun. Verket er inspirert av *Stadnamni i ei fjellbygd* av Indrebø (1921) og katekoriseringprinsippa som vert tekne i bruk er difor særst tradisjonelle, nemleg typane utmerkingslekk og namntyding.

Stadnamna frå Indre Sogn er ikkje vidare studerte i sin heilskap. Storparten av undersøkingane av stadnamn frå distriktet tek føre seg ulike område i det midtre og ytre stroket: *Stadnamn frå Sogndal* (1961) av Jarle Bondevik, *Stadnamn i Aurland* (1970) og *Aurland: stadnamn og kulturhistorie* (2004) av Erlend Vinjum, *Stadnamn og stadnamntydingar frå Vik kyrkjesokn, Vik i Sogn* (1964) av Synnøve Holstad, *Stadnamn i Brekke, Ytre Sogn* (tre bind, 1980–1987) av Ivar Olav Takle. Alle desse granskingane fylgjer meir eller mindre den rygh-indrebøske modellen, med fokus på namntydingar og dei opposisjonelle kategoriane naturnamn og kulturnamn som viktigaste kategoriseringsprinsipp. Ein likevel lyt nemna *Norske Gaardnavne XII – Nordre Bergenhus Amt* (1919) av Albert Kjær (red.), som fyrst undersøkte stadnamn frå gamle Hafslø, Jostedal og Luster herad (210 gardsnamn i det heile) på bakgrunn av lokaluttalen. Etter Rygh byrja dei fleste forskarane å nytta lokaluttalen som meir påliteleg etymologisk kjelde, t.d. Indrebø i *Kasus obliquus*

i *norske stadnamn* (1926) og Olav T. Beito i den grunnleggjande boka *Norske Sæternamn* (1949), som inneheld mangt eit stadnamn frå Indre Sogn.

Stadnamna frå dagens Luster kommune er ogso delvis undersøkte frå eit personnamnsperspektiv i Gudlaug Nedrelid sine verk (særleg gardsnamna frå Jostedalen nytta som etternamn). Einskilde, mindre granskingar vert stundom publiserte i *Kjelda*, bladet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (t.d. bygdenamnet *Hafslo*, i *Kjelda* nr. 3/2008). Bygdebøkene inneheld òg ein god del opplysingar om lokale stadnamn, særskilt teignamn og nemne på mindre lokalitetar knytte til dei enkelte gardsbruka, men dei fylgjer dei stort sett NG når det gjeld gardsnamna og stølsnamna.

3. Teori

Det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva består i fyrste omgang av ei avgrensing av sjølve omgrepet stadnamn. Ein lyt definera kva eit stadnamn er både frå eit reint språkleg og eit meir sanseleg synspunkt, altso korleis stadnamna artar seg som grunn delar i eit abstrakt kommunikasjonssystem og korleis ein oppfattar dei som aktive einiskildelar av det fysiske landskapet.

Dinest er det viktig å finna ut kva typar stadnamn ein tek med i granskinga. Denne utveljinga byggjer på den språkvitskaplege og landskapsmessige definisjonen og har som føremål å avgrensa dei kategoriane i namneinventaret frå Luster kommune som er mest representative for namneskikken i området.

3.1 Propriumsstatus – stadnamn som språkleg og kulturelt fenomen

Ein språkvitskapleg definisjon av omgrepet stadnamn inneber to ulike, men komplementære syn på stadnamn som granskingsobjekt: 1) stadnamn som mental eining innan eit relativt fritt og subjektivt kategoriseringssystem (det mentale leksikonet), 2) stadnamn som fonetisk, morfologisk og syntaktisk eining innan eit relativt fast og objektivt kategoriseringssystem (det faktiske språket).

Den teoretiske tilnærminga i denne avhandlinga gjer bruk av prototypeteorien og teorien om onomastikon. Med *prototypeteorien* meiner eg her modellen utvikla frå Wittgenstein sitt *familielikskap*-omgrep, der kategoriane er plasserte i eit kontinuum utan skarpe grenser eller opposisjonelle kriterium, til skilnad frå dei lukka og motsette kategoriane åt den klassiske modellen. Med onomastikon meiner eg her ein strukturert storleik inn i leksikonmodellen som er grunnlag for ny namnelaging, utvikla fyrst av Wilhelm H.F. Nicolaisen og seinare av Staffan Nyström.

3.1.1 Prototypeteorien vert nytta som utgangspunkt når det gjeld avgrensing, klassifisering og skildring av ålmenne omgrep som *namn* og *stadnamn*. Eit grunnleggjande prinsipp i all språkvitskap er at mennesket, altså talaren, er den einaste som har evna til å kunna skildra noko abstrakt ved å kopla ei tyding og eit uttrykk på vilkårleg måte. Dette konseptet vart formelt utvikla alt i slutten av 1800-talet med bl.a. Ferdinand Saussure sin ‘semiologiske trekant’ om det triple, gjensidige forholdet mellom språkteikn, språkleg uttrykk og ordtyding. Abstraheringa er difor fullstendig bunden til mennesket i formidlinga av ein språkleg bodskap. Mennesket får den fremste rolla i identifiseringa av vellukka kommunikasjon og vert slik dominerande i alt språk. Denne sentrale stillinga gjer mennesket ogso viktigaste parameter for omdøming av språklege ytringar: di meir menneskeleg referansen er, di meir prototypisk er ytringa. Propriumskarakteren til alle ytringar stammar då frå den meir eller mindre prototypiske stillinga deira i høve til det menneskelege særpreget.

Namna er ikkje noko unnatak for dette mønsteret og mennesket fungerer som målestokk for vurdering og rangering av alle namna òg. Det heiter nemleg at «the name denotes a unique entity at the level of established linguistic convention» (Langendonck 2007:88). Det er mennesket som står for denne konvensjonen, og den ‘unike eininga’ er – viss ikkje nemning på sjølve mennesket – tolka etter den menneskelege språkkonvensjonen. Dessutan har det seg slik at «the denotatum is made psychosocially salient» (Langendonck 2007:89) og dette tyder at mennesket må vera både referanse for all nemning og berar av den mest prototypiske nemninga: Det er svært viktig for eit menneskeleg individ å bera eit namn og det kan då seiast at namna sin funksjon i samfunnet er framfor alt å gjera individ til personar, og so identifisera dei (ikkje motsett).

Den viktigaste fylgja av eit slikt syn på saka er at namnegranskinga sitt operative område består av ei vid variasjonsbreidd med fleire, uskarpe grenser mellom ulike namnekategoriar, der funksjonane *proprium* (særnamn) og *appellativ* (samnamn) ligg i kvar sin ende av breidda og svarar høvesvis til mest og minst prototypisk stilling. Dette synet har ikkje berre teoretiske implikasjonar, men ogso formelle. Nett som den teoretiske (prototypebaserte) klassifiseringa av namnet viser til naturen til sjølve namnereferansen, viser den språklege åtferda til namneelementet til lemmaet sin natur, som er grunnlag for namnet. Semantikk og morfologi vert her dregne inn i drøftinga attåt den psykologiske ordninga: di meir prototypisk eit namn er, di høgare propriumskarakter har lemmaet (Langendonck 2007:183). I praksis tyder dette at særnamna er kjenneteikna av dei mest umarkerte eigenskapane og er difor ‘null-koda’, altså dei har inga eller lita formell markering og utgjer slik den mest prototypiske namnekategorien. Frå desse vilkåra kan ein avgrensa eit mønster for dei formelle eigenskapane til det prototypiske særnamnet, som må vera ein teljande og morfologisk

uforanderleg nomenfrase («the category of prototypical names is constructed as countable and nongeneric (i.e. nonrecursive) NPs», Langendonck 2007:186).

Personnamn er dei mest prototypiske og med høgast propriumskarakter av alle særnamna, sidan dei kjenneteiknar sjølve mennesket, altså den prototypiske talaren. Når det gjeld stadnamn, lyt bustadnemne vera dei mest prototypiske, sidan dei viser til plassen der den prototypiske talaren bur (Langendonck 2007:185). Bustadnamn får difor den høge propriumskarakteren sin frå det kulturelle elementet i seg. Dette antroposentriske synet som eigenskap av prototypiske særnamn er knytt til at både menneska og dei fleste stadene er både naturlege og kulturelle einingar, som fyrst og fremst er prega av menneskelege kulturelle verdiar. Som skapar og brukar av både sitt eige og andre sine namn, er mennesket ei sjølvdefinert naturleg eining, som støtt produserer kulturelle verdiar, spreier dei til omverda og ordnar henne etter dei – og difor etter seg sjølv.

Propriumsfunksjonen åt namn med høg propriumsgrad er då sett på som den mest prototypiske eigenskapen hjå særnamn, med både formelle internspråklege og kulturelle grunnar. Ein prototypisk modell der dei ekte propria står midt i klyngjer av namn med ulike gradar propriumskarakter, er best eigna til å skjematisk eit slikt syn. Namneklyngjene representerer dei ulike namnekategoriane og har ikkje skarpe grenser – namna kan høyra til meir enn éin kategori – i motsetjing til den klassiske kategoriseringsmodellen. Særnamna får slik ei eiga ordning innanfor det mentale leksikonet; til vanleg vert dette systemet kalla for *onomastikon*. I både leksikon og onomastikon råder det same ordningsprinsippet: propriumsgraden til dei ulike namna. Ei slik tilnærming til dei mentale ordningsprosessane bak namngjeving og namnebruk er akseptert i dag av dei fleste norske og utanlandske stadnamnforskarane (Bakken 1994 og 2002, Akselberg 2002, Helset 2003, Langendonck 2007).

Ei prototypisk tilnærming er ikkje berre eigna til generell analyse og avgrensing av omgrep innan namnkategorien; ho kan derimot tena òg til kategorisering og drøfting av meir spesifikke fenomen og praktiske emne, t.d. tilsynelatande stivna kasusformer i stadnamn. I Luster kommune finst det mangt eit stadnamn som ser ut å ha dativending, særleg i bygda Hafslo (Indrebø 1926:184). Tradisjonelt har det vore hevda at historisk bruk av dativstyrande preposisjon og høg førekomst av enkelte, dativstyrde namn ligg til grunn for denne utviklinga (NG1:15), men nyare studiar viser at forklaringa kan vera prototypebasert. Ord som ofte er nytta i stadnamn, men framleis har eit direkte appellativisk motsvar (t.d. *haug*), har tydelegare samband ut i den appellativiske delen av leksikonet, og dimed lægre propriumskarakter enn ekte propria. Dette gjorde sannsynlegvis at spåkbrukarane reanalyserte kasusendinga i stadnamn som ein del av sjølve namna for å markera den

høge propriumskaracteren deira (t.d. *Hauge/Haugum*), då kasus som morfologisk trekk forsvann (Wetås 2005:356–357).

3.1.2 Nettverksmodellen (Bakken 1994) kan nyttast her for å fordjupa innsikta i skilet i propriums- og appellativfunksjon hjå stadnamn. Bakken utvikla modellen sin som reaksjon til ‘regelløysa’ åt sokalla skjematisk symbolske einingar (‘skjema’) i kognitiv grammatikk (slik det var formulert i 1987 av Ronald Langacker i *Foundations of Cognitive Grammar*), og var inspirert av Staffan Nyström sine granskingar om tilhøvet mellom leksikonet og onomastikonet.

Bakken ser på analogi som hovudprinsippet i namnelaging. Dersom dei lagra skjema ikkje er statiske, som Langacker hevdar, men lyt heile tida justerast etter dei konkrete einingane, vil all nylaging måtta henga saman med eit analogiprinsipp. Viss ikkje, so lyt ein bala med eit prinsipielt problem i generativ og kognitiv grammatikk, nemleg likskapen mellom den grammatisk skildringa av språket og den mentale grammatikken, som inneber at eit mønster/skjema automatisk får psykologisk verdi når det er påvist i språket (Bakken 1994:38). Dette sirkulære synet i forhold til språkstruktur og psykologisk forklaring lèt seg ordna assosiativt med hjelp frå dei einingane ein kjenner frå før (dvs. analogi). Bakken set då opp ein modell der leksikonet er analogigrunnlag for appellativisk ordlagning, og onomastikonet er det for namnelaging. Bakken reknar ikkje onomastikonet som ein eigen storleik, men som eitt av fleire undernettverk i eit «fleirdimensjonalt, asymmetrisk og dynamisk» leksikon, som støtt vert restrukturert ved nykopling, sletting, eller renalyse av tidlegare band. Langendonck og Nyström sa seg einige i dette synet, og eg tykkjer det er ein veldig rimeleg måte å førestilla seg onomastikonet på, særskilt pga. den ibuande ombyggingsmogelegheita som ligg til grunn for heile ideen. Protoptypemodellen står sentralt hjå Bakken som hjå Langacker, men her er hovudføresetnaden at all nylaging skjer på grunnlag av analogi. Ein sovoren modell synest eg kan vera sær eigna til å undersøkje eitt spesielt trekk åt stadnamna frå Luster kommune, nemleg den uskarpe grensa mellom propriumsfunksjon og appellativisk funksjon i mangt eit terrengnamn. *Propriumsgraden* til eit namn er hovudprinsipp for å avgjera kor sterke banda ut i dei appellativiske nettverka og i resten av leksikonet er. Ein kan nytta prototypemodellen for å stadfesta om eit namn har lægre eller høgare propriumskaracter, og forklara då ulike eller uventa utfall ved analogisk namngjeving (t.d. ulike nameformer på plassar med lik funksjon).

Bakken brukte denne prototypebaserte metoden i 2002 for å hevda at den bundne artikkelen trekkjer stadnamna sin propriumskaracter ned. Indre Sogn er eit område der artikkellause stadnamn er i ei særeiga stode, sidan dei syner noko høgare førekomst enn i storparten av landet (mellom 6,5 % og 11 %, Haslum 2003:263–267). Arealet med høgast prosent av artikkellause stadnamn er Telemark

saman med Aust Agder (opp til 30 %); det viser då seg at Indre Sogn ligg i utkanten av ei sone der artikkelløysa er mykje vanlegare enn i resten av Noreg (Haslum 2003: 135–137), men grunnane til valet av bunden eller ubunden form kan verka uklare. Teorien til Bakken kan nyttast her for å freista forklara dynamikkane som ligg til grunn for ei slik avgjerd. Om begge former er i bruk samtidig eller på same plass, kan eventuelt tevlingsmodellen (som vert skildra nedanfor) gjeva ei endå betre forklaring av fenomenet. Det er likevel litt tvil om at all nylaging skjer på grunnlag av analogi; det ser nemleg ut at det ikkje alltid er slik. I ein gransking frå 2013 av namn på fjelltoppar og klatreruter i Sunnmøre i ljøs av Bakken sin teori, viste det seg at det finst ein god del ikkje-analogisk nylaging hjå namn danna av himmelretning (Helset 2013:142).

3.1.3 Tevlingsmodellen (Akselberg 2002) knyter seg til tidlegare gransking og har grunnlag i prototypemodellen sitt kontinuum innom og blant mentale kategoriar, men fokuset vert sett på vurdering og val av konkurrerande ytre namnformer (tilsvarande ulike mentale kategoriseringar). Denne modellen kan då forklara greitt dei kognitive evalueringssjessane som går føre seg ved val av namneform i namngjevinga. Eit døme på dette er tevlinga mellom onomastikon (*proprium*) og leksikon (*appellativ*) i skiljing på propriar og appellativisk funksjon av same namn, som ofte er synleg i den formelle vaklinga mellom ubf. eint., bf. eint., bf. flt. og kasusending.

Eit sentralt omgrep er her *semantisk utviding*, nemleg tilpassinga av gamle mentale kategoriar til nye røynsler, som fører til at nye meiningar og skjøn oppstår. I Luster kommune ser det ut som mange vanlege appellativ har gått gjennom ei tidlegare semantisk utviding, som titt har ført til renalyse av heile tydinga, t.d. *grov* = ‘bekk’, men *bekk* = ‘brunn’, sjeldan ‘grov’ (Bjørkum 1974:172); *gjerde* = ‘inngjerda jordstykkje’, men *gjerding* = ‘gjerde’ (anlegg); *trød* = ‘stølsbø’, men ogso ‘støl’, osb. Slike namn er ofte nytta i stadnamn, både i simpleks og kompositum; tevlingsmodellen kan då hjelpa til å forklara åtferda deira, som ofte ikkje fylgjer eitt mønster, men skifter etter som landskapet endrar seg. Når det gjeld det semantiske innhaldet i lekkar i komposita, kan tevlingsmodellen kasta ljøs over variasjonen innom stadnamn med lik referanse, men ulikt grunnord, t.d. mellom ulike seternemne (*sete* kontra *støl* kontra *sel*, osb.) eller ulike gardsnemne (*staðir*-namn kontra *land*-namn, som historisk har komplementær spreing, Harsson 2002:164–165).

Tevlingsmodellen kan ogso prøvast på ein sær s talrik kategori blant stadnamna frå Luster kommune: teignamn. Botolv Helleland diskuterte problematikane med overlapping av ulike semantiske kategoriseringar i teignamn (*Semantiske kategoriar i stadnamn*, 1992), både diakronisk og synkronisk (*notidig tyding* kontra *historisk tyding*) og med omsyn til funksjon (*naturtilhøve* kontra *kulturtilhøve*). Han fokuserte på teignamn, som er svært problematiske å klassifisera pga. skifte av namnobjektet frå generasjon til generasjon og frå brukar til brukar. Dette gjer ei

gruppering etter objektsfunksjon heilt umogeleg (spesielt pga. vaklinga mellom naturnemne og kulturnemne, Helleland 1992:168–169, Sandnes 1997:60), og steller mangt eit spørsmål om korleis språkbrukarane kan halda seg til same namn ved objektombyte, eller ta det for godt/sant i det heile teke, utan at det oppstår anomali i kommunikasjonen. I tillegg, har teignamn prototypisk sett ikkje so markert propriumskarakter som bustadnamn o.l., og det er ofte tvilsamt om dei vert oppfatta som proprium med adressefunksjon eller som appellativ. For å løysa problemet, sluttar Helleland seg til tidlegare kognitiv språkfilosofi, særskilt John R. Searle, og reknar som naudsynleg ei form for *intensjon* i dei ulike identifiserande beskrivingane av objektet, slik at språkbrukarane tek vare på referansen utan å måtta endra på namnetydinga kvar gong det skjer ei endring i objektet sin tilstand. Dette tyder då at for Helleland har alle namn eit innhald ut over referansen, endå upresist og situasjonsbetinga. Dette synet delar han med Langendonck, som skriv om ein ibuande kategorisk føresetnad hjå særnamn (*inherent categorical presupposition*) som naudsynt eigenskap for bruken deira (Langendonck 2007:72). Helleland definerer dette namneinnhaldet² som resultat av samarbeid mellom individuelle og felles førestillingar og røymsler til den einskilde språkbrukaren ut over referansen³, og spør seg dimed om det kan systematiserast og kartleggjast, so ein kan få større innsikt i samspelet mellom mennesket og naturmiljø ved namngjeving. Her tykkjer eg at tevlingsmodellen kan hjelpa til å kasta ljøs over eitt og hitt: Ei viss semantisk utviding er nesten uungåeleg når det kjem til objektombyte av stadnamn, og kva for innhald (ved intensjon eller føresetnad) ein set i namnet, kan tevlingsmodellen truleg avgjera ved anaylse av dei mogelege konkurrerande nykategoriseringane.

3.2 Kulturlandskap – stadnamn som landskapsdel

Omgrepet kulturlandskap vil eg bruka for å gjeva ein nøyaktig definisjon av stadnamn som kulturelt objekt, altso som sanseleg uttrykk nytta om fysiske fenomen ut i den røynelege verda. Avgrensinga av omgrepet stadnamn ut frå referansen er nemleg svært vanskeleg pga. den store tydingsvariasjonen innanfor éin og same namnetype (jf. Helleland 1992 ovanfor). For å kunna definera ‘stadnamn’ presist frå eit operativt synspunkt og nytta det som arbeidsomgrep, lyt eg venda meg til miljøet der namnet finst, i staden for sjølve namneformen.

3.2.1 Kulturlandskap er eit etter måten nytt konsept: Det vart formulert for fyrste gong av den tyske geografen Friedrich Ratzel i 1895, so spreidde det seg til det engelsktalande akademiske miljøet i byrjinga av 1900-talet og vart endeleg vanleg i Noreg etter 1960-talet, særleg blant

² *Føresett informasjon* eller *tyding* hjå Langendonck, i motsetjing til appellativa si *påståtte leksikalske tyding*. Særnamn har fire ulike typar *tyding*: *kategorisk* (denotativ, ibuande, konvensjonell), *assosiativ* (konnotativ), *emosjonell* og *grammatisk* (Langendonck 2007:84–86).

³ *Etablert språkleg konvensjon* hjå Langendonck.

geografar, landskapsarkitektar og planleggjarar (Daugstad og Jones 1998:159). I dei fylgjande tiåra har omgrepet vorte teke i bruk ogso av andre faggrupper (t.d. botanikarar, jordbruksøkonomar, arkeologar, etnologar og historikarar) og dette har ført til ei stor utviding og spesialisering av tydingsinnhaldet til sjølve omgrepet.

I fyrste omgang lyt eg skilja mellom naturlandskap og kulturlandskap. Somme legg ein kronologisk, skarp definisjon til grunn med den menneskelege påverknaden som hovudskil, på ein måte som minner mykje på den klassiske (rygh-indrebøske) kategoriseringsmodellen i onomastikken. 'Naturlandskap' er her eit urørt naturområde, medan 'kulturlandskap' er eit område med kva som helst menneskeleg påverknad, uansett mengd, alder eller type.

Andre nyttar ein arealmessig definisjon: I naturlandskapet dominerer dei naturlege tilhøva, medan kulturlandskapet ber preg av menneskeleg verksemd i den mon at økosystemet er forandra (Jones 1999:3). Eg meiner at denne siste definisjonen høver best til eit granskingsarbeid av fysiske eller kulturelle landskapselement, sidan heilt urørte naturområde er svært sjeldne no til dags. I tillegg treng eg ei breiare oppfatning av omgrepet, der grensene mellom kulturelt og naturleg element er lausare og kan tilpassast etter eigen trong (nett som i prototypeteorien er grensene mellom namnekategoriane uskarpe og ikkje faste). Begge syn kjenneteiknar likevel landskapet som ei dynamisk eining, der endringar skjer støtt som resultat av både naturprosessarane og mennesket sin innverknad. Mennesket får her ei viktig rolle i identifiseringa av eit kulturprega landskap (dvs. definert av menneskelege verdiar) kontra eit meir naturprega landskap, nett som i identifiseringa av proprium kontra appellativ i namneinventaret.

Det finst fleire ulike val når det gjeld definisjonen av omgrepet kulturlandskap (Jones 1999:4):

- 1) *Visuell tilnærming*: gjeld utsjånaden av landskapet og den grafiske skildringa i kart og teikningar.
- 2) *Funksjonell tilnærming*: gjeld landskapet sine funksjonelle samanhengar med tanke på energiomomlaup, ressursvurdering og teknologi. Dei funksjonelle føresetnadene åt kulturlandskapet er difor historisk bestemte og ikkje naturgjevne; dei er avhengige av samspelet mellom naturgrunnlaget, lokale kulturelle særpreg, vekslende eksterne påverknader og skiftande maktforhold i lokalsamfunnet.
- 3) *Strukturell tilnærming*: gjeld landskapet si tilpassing til økonomiske og politiske maktstrukturar i samfunnet. Landskapet fungerer her som spegel for eventuelle omstruktureringar i organisasjonen av lokalbefolkninga og produksjonssentruma.

- 4) *Humanistisk tilnærming*: gjeld dei ulike måtane folk identifiserer seg med landskapet på i ulike tider, som kjem til uttrykk i t.d. kunst og litteratur.

For å granska stadnamn som ein aktiv del av kulturlandskapet, reknar eg som mest brukbar ein kombinasjon av funksjonell og strukturell tilnærming. Slik vert landskapet sett på som eit sanseleg uttrykk for samspelet mellom økologiske og samfunnsmessige prosessar i utnyttinga av naturressursane – altså samspelet mellom natur og menneske. Stadnamna speglar her namngjevarane si mentale strukturering av landskapet på grunnlag av jordbruket sin innverknad på det naturlege miljøet.

Kulturlandskapet er då eit sett landskapselement som er både naturgjevne og menneskeskapt, og har kulturell tyding for menneska som har bruk for dei. Stadnamn er fylgjeleg dei sanselege produkta av den indre kategoriseringa av kulturlandskapet, og har språkleg tyding for menneska som har bruk for landskapet. Vert ein stad ikkje nytta på ein eller annan måte, vert namnet hans gløymt. Likevel er det ikkje bruken som definerer landskapselementa kulturelt, tvert om. Stadnamn er nemleg dynamiske einingar som får ulik verdi og funksjon kvar gong det skjer ei endring i maktforholda i samfunnet (t.d. byte av eigar, endring i driftstype, osv.), men held likevel på det same språklege uttrykket ved *intensjon* (jf. Helleland 1992 ovanfor). Dei fysiske elementa i eit kulturlandskap – altså referansane til stadnamna – får òg ny verdi og funksjon ved ombyte i driftstilhøva, men fylgjer etter i den kulturelle reanalysen, ettersom det einaste som kan kjenneteikna og identifisera dei på same måte som før er nettopp namnet deira. Stadnamna er då avgjerande i definisjonen av kva eit kulturlandskap er, og det menneskelege preget på staden er både årsak til og prov for at det faktisk er snakk om eit kulturlandskap. Dei ulike nemningane på stadene skapar slik «eit namnelandskap som ligg som eit nettverk over kulturlandskapet» (Harsson 2002:140). Opphavet til dette forholdet kan kanskje sporast attende til det språklege vilkåret skildra i 3.1.1: Dersom ein kan omtala noko språkleg, er den tingen definert som eit menneskeleg kulturelt objekt. Om ein stad misser sitt fysiske kjennermerke, tyder det ikkje at det menneskegjevne namnet ogso er tapt eller forandra; om ein stad derimot misser namnet, tyder det oftast at funksjonen ikkje lenger er relevant for mennesket, difor misser staden sin eigen identitet som definert kulturell eining.

Eg har no avgrensa kva for type stadnamn som kjem til å stå i fokus i denne avhandlinga, nemleg *kulturelt definerte proprium*, dvs. særnamn med menneskebestemt relevans i landskapet. Likevel finst det mang ein kulturlandskapstype som inneheld mange ulike kulturelt definerte særnamn. Noregs eldste kulturprega landskap er veidelandskapet frå slutten av siste istida, medan frå innføringa av jordbruket har det utvikla seg fleire ulike kulturlandskap, særskilt etter slutten av

1800-talet med den sterke framvoksteren av det moderne urbane og industrielle samfunnet (Jones 1999:6). Det er ikkje alle typar kulturlandskap som er like viktige i dagens Luster kommune: Medan det store fleirtalet i dag er tilsett i sekundær- og tertiærnæringa, har primærnæringa i alle tider dominert sysselsetjinga i området. Dei fleste og mest representative stadnamna for distriktet skal finnast i ein slik type kulturlandskap, som kjem då til å få mest merksemd i granskings mi.

3.2.2 Jordbrukets kulturlandskap er eit meir spesifikt omgrep, som fyrst vart introdusert i forskingsmiljøet i 1990 (Daugstad og Jones 1998:162). Frå eit agronomisk synspunkt femnar definisjonen jordbruket sine produksjonsområde, restareal av meir eller mindre upåverka natur og kulturminne og areal som tidlegare har vore i drift, men som i dag ligg og gror att. Omgrepet oppstod fyrst med politisk tyding, sidan ein trong setja fokus på vern av kulturlandskapet som ein måte å ta vare på jordbruksnæringa på. Eg vil bruka dette omgrepet for å avgrensa granskingsfeltet mitt og eg tolkar det på same måte som det generelle omgrepet kulturlandskap (funksjonell-strukturell tilnærming med fokus på samspelet mellom menneske og natur spegla i dei ulike landskapselementa).

I ljøs av dette omgrepet og av definisjonen av 'særnamn' som eg tidlegare har gjeve, kan ein førebels definisjon av stadnamntypen eg vil granska vera: *Særnamn på alle landskapselement innan influensområdet åt eit jordbrukssentrum, som viser til menneskeleg påverknad på staden.*

For å presisera arbeidsområdet endå meir, lyt eg no trekkja inn eit spesifikt geografisk element i definisjonen, nemleg Luster kommune. Kvar av dei tre tidlegare herada i dagens Luster representerer ulike landskap (fjord-, dal- og innsjølandskap oppunder det felles bre- og høgfjellandskapet) og heile kommunen er kjenneteikna av ein sær bratt utsjånad. Ein slik topografi er typisk for storparten av Vestlandet og Luster kommune er ein god representant for heile regionen sin gjennomsnittlege landskapstype. Denne geografiske stoda gjer det vanskeleg for store produksjonssentrum og tettbygde strok å utvikla seg, og speglar seg i den vanlegaste sosiale institusjonen i kommunen – og på Vestlandet: Den tradisjonelle fjordgarden, som gjer bruk av naturressursane i heile gradienten frå fjord til fjell. Dette er hovudtypen gardsbruk som finst i Luster; til vanleg har ein slik gard ein kombinert driftstype med intensiv utnytting av lågtliggjande dyrkbare areal kring gardshusa saman med ekstensiv bruk av utmarksressursane både i låglandet og i høglandet, med plassering av vår-, haust- og sumarstølar på ulike høgder (Austad 1998:41).

Reknar ein gardshusa og stølane som faste kjernepunkt i influensområdet til den gjennomsnittlege vestlandsgarden, legg ein merke til at kulturlandskapet ofte er ei samansetjing av mange små brukseiningar med ei stor mengd av åkrar og enger på innmark, hamnegangar, utmarksslåttar,

lauving- og styvingstre i liene, stølsslåttar, fjellbeiter og myrslåttar i fjernare utmark og på fjellet. Alle desse kulturelle einingane spelte – og spelar delvis framleis – ei viktig rolle i det vestlandske jordbruket, og ber difor eigne namn.

Skal ein avgrensa stadnamntype i denne avhandlinga granskast i ljøs av desse kulturelle særprega til vestlandsgarden, må eg definera stadnamn som *særnamn på alle landskapselement innanfor valdet åt dei kulturelle kjernepunkta på garden (gardshus og stølar)*.

Mennesket sin påverknad er, som sagt, det viktigaste skilet for å definera eit kulturlandskap, og ettersom eg har rekna med stadnamna som den fremste delen av kulturlandskapet, må mennesket også vera hovudskil i definisjonen av kva eit stadnamn er. Dersom eg tek med dette prinsippet i avgrensinga av arbeidsomgrepet stadnamn, får eg ein fullnøyande definisjon av kva type namn vert granska i denne oppgåva:

Stadnamn er nemne på ulike delar av eit visst kulturlandskap. Dei oppstod på grunnlag av samspillet mellom naturtilhøva (landskap) og mennesket (kultur) og syner difor fram menneskeleg påverknad på staden.

Når det gjeld jordbruket sitt kulturlandskap, er brukbare stadnamn *alle særnamn som finst kring dei kulturelle kjernepunkta gard og støl(ar), som per definisjon har sterkest menneskeleg preg og størst relevans for staden.*

Ei slik tilnærming inneber at berre somme delar av heile namneinventaret frå Luster kommune har særskild interesse for arbeidet mitt. Eg vil dela dei funksjonelt i tre ulike kategoriar, som svarar til kjernepunkta i jordbrukssentrumet og dei mindre brukseiningane nær med dei: *gardsnamn, stølsnamn og teignamn.*

3.3 Garden, setra og teigane i namnelandskapet

3.3.1 Garden – I norsk namnegransking vert det ikkje alltid gjeve ein fullnøyande definisjon av ‘gard’ og ‘gardsnamn’. Tidlegare forsking har slege fast at til vanleg er det rimeleg å rekna med eit reelt tilhøve mellom desse to omgrepa – altso at gardsnamnet skildrar garden – og at ‘gard’ føreset fast busetjing, husdyrhald med fôrsanking og mogelegvis åkerbruk (Harsson 2002:141). Likevel er stoda heller uklare når det gjeld definisjonen av ‘gardsnamn’ ut frå referansen. Oluf Rygh skriv berre om sjølve stadnamna i innleinga til NG i 1898 og er ikkje oppteken av å definera nærare referansen til namneformene han granskar. Han nyttar matrikkelen som hovudkjelde, so det verkar som han beintframt set likskapsteikn mellom omgrepa ‘gard’ og ‘matrikelgard’. Likevel tek han med i

analysen mange namn på mindre bruk, so det er stundom ikkje heilt eintydning kva han reknar for gard og kva for bruk.

Den fyrste som metodisk skildrar omgrepet 'gard' i høve til gardsnamn er Magnus Olsen. Han ser oldelsjorda, «den dyrkede innmark», som ein konstituerande del ved garden som sosial institusjon. Han hevdar at «det som særmerker odelsjorden er altså at den er gjenstand for individuelleiendomsrett» (Olsen 1926:25), til skilnad frå sameiga av utmarka. Dette synet på saka delar dei fleste notidige forskarane òg: Utviklinga av jordbruket som hovudnæring må ha innebore nye typar eigedomstilhøve i samfunnet og difor nye typar sosial organisering (Jones 1999:12). At innmarka er dyrka, har vel lite å seia for referansen til eit gardsnamn; det har vore prova med pollenanalyse at i storparten av landet var beite den fyrste næringsverksemda, medan korndyrking kom seinare (Jones op.cit.). Dette tyder på at husdyrhald er eldre enn åkerbruk, og at referansen til eit historisk gardsnamn er til vanleg uavhengig av dyrking. Referansen må difor visa tilbake til sjølve handlinga å skaffa seg eit stykke land ved å etablere personleg eige til det. Etymologien av appellativet 'gard' viser òg til same prosessen: gn. *garðr* tyder 'inngjerding' og om ein gjerder inn eit jordstykke, skil ein det frå sameiga. Eg kan seia då at i fyrste omgang er eit gardsnamn *namnet på innmarka som privat eigedom*.

Det er ikkje so lett å avgjera kor mangslungen referansen til eit gardsnamn kan vera, sidan det finst mange ulike slags gardar her til lands, og det er heller ikkje so mange som har prøvt å løysa dette problemet. Me veit frå arkeologiske funn at busetjing på garden vart vanleg mellom om lag 2300 og 1500 f.Kr. og at den eldste bustadtypen på dei norske gardane var langhuset, der dei fleste gardssyslane var felles (Jones 1999:16). Det kan spekulerast på om referansen til dei fyrste gardsnamna var eitt objekt, nemleg langhuset midt i inngjerdinga. Likevel har det seg slik at dei eldste funna av ein gard med fleire småhus knytte til drifta med kvart sin funksjon, er daterte til 800-900 e.Kr. (på Ytre Moa i Årdal i Sogn, Jones 1999:24), so eit gardsnamn lyt heller peika på ei samling av ulike brukseiningar på innmark. Det finst mangt eit døme på dette frå sogetida: bustadhusa *stofa*, *eldhús* og *búr* og mange ulike uthus som fjøs, smalehus, løe, smie osb. (Olsen 1926). Dette mønsteret har no golde i om lag 1500 år og hadde opphavet sitt kanskje endå tidlegare, so eg vil rekna med at dei fleste gardsnamna vart gjevne med omsyn til denne skikken. Eit gardsnamn kan då bli definert som *ei samlenemning på alle dei ulike brukseiningane som finst i innmark og som høyrer til same eigedom, som er kjenneteikna av fast menneskeleg busetjing*.

3.3.2 Setra – Det er vanskeleg å gjeva ein eintydig definisjon av omgrepa 'seter' og 'seternamn'. Seternamna lever i trongare eller vidare krinsar og er mykje friare enn gardsnamna, so ein kan ha innangardsnamn nytta av berre eitt bruk der setra ligg i bruket si private utmark, medan ein har

namn nytta av ei heil grend eller bygd der setra ligg i sameige eller ålmenning. I tillegg får utmarka og setra mange ymse former avhengige av landslut, tradisjon og type drift, medan innmarka og garden er organiserte på nokolunde lik måte over heile landet. Indre Sogn ligg midt i fullseterbruksområdet (Reinton 1976:28), der seterfolka sit på setra heile sumaren og har fullt seterutstyr (til mjølking, ysting, kinning, osv.). Dei fleste gardane fylgjer tosetersystemet og setrane vert som regel kalla *vårstøl* – heimseter – og *fjellstøl* – langseter (Øvregard 1999:16–17). Variasjonen innom seternamna lyt då vera stor, både formelt og med omsyn til referansen.

Opphavet til setra slik me oppfattar henne i dag – og fylgjeleg seternamna – er vandt å tidfesta, sidan me ikkje veit når seterbruket i det heile tok til i Noreg. Me veit i alle høve at Indre Sogn ikkje berre er staden der den historiske garden byrja utvikla sin moderne utsjånad (jf. ovan), men ogso der setring truleg starta å vera ei vanleg verksemd. I distriktet finst det dei aller eldste spora etter opphald av driftsfolk oppe i fjella, som kanskje vitnar om ei eldgamal form for seterbruk (Reinton 1976:17, Jones 1999:18). I Lustrafjella er det gjort arkeologiske funn (t.d. offerskålgrøper) som er daterte til bronsealderen (1500–500 f.Kr.) og som kan tyda på at driftsfolka heldt til i høglandet ein lengre tidsbolk i løpet av året. Korleis det hende at dei forhistoriske bøndene byrja å koma seg til fjells om sumaren, er likevel ikkje godt å seia, og det finst fleire ulike teoriar om oppstarten av seterdrifta i Noreg (Reinton 1976:20–22). Det kan ha vore at dyra leitte lengre og lengre bort frå den inngjerda buplassen for å finna mat; bøndene innsåg fort at det var mindre avbakleg å mjølka dyra ute i beiteområda og bera avdråtten heim til garden i staden for å jaga beista lange vegar heim att frå beitet kvar kveld. Ein annan hypotese hevdar at seterdrifta i Noreg og Europa har røter i gamle nomadiske tilhøve med opphav i jakt og sanking, som etter kvart stilna. Arkeologen Johannes Bøe, derimot, undersøkte funna frå Lustrafjella på 1940-talet og la fram ein hypotese om at stølsbruket i Indre Sogn var naturleg vakse fram av bronsealderen sine driftsvilkår i området (Reinton 1976:18): Turken i låglandet under den boreale tida dreiv folk til å dra til fjells om sumaren, der det var rikeleg med vatn og frodige beite.

Kor som er, det er klart at garden – det inngjerda stykket – alltid ha vore tyngdepunktet for drifta. Marka utanfor gjerdinga var organisert etter ei beiteordning styrt av kravet om støtt å skifta beite for å finna nytt fôr, og samstundes halda bølingen borte frå dei inngjerda åkrane for å kunna dyrka dei. Garden som fast busetnad var fyrste referansepunkt i denne ordninga, so kom setra(ne) inn i systemet, ettersom dei òg var karakteriserte av menneskeleg busetnad – endå om den var sesongbunden. Eg kan då gjeva ein vid definisjon av seternamn som *namn på ei større brukseining i utmark kjenneteikna av menneskeleg opphald*.

Dei ulike stølssystemane i utmark er likevel heller forskjellige frå gardsdrifta på innmark og det er ein vesentleg skilnad på driftstypane å setra og garden: Utmarka gjev for det meste fôr til dyr, medan på innmarka vert det dyrka mat for menneske. Fôrsankinga omfattar lauving, rising, utslått og mosesanking, og dette føreset ein ekstensiv bruk av større areal, i motsetjing til den intensive bruken av det vesle innmarksarealet. Den ekstentive drifta inneber at det kan finnast fleire like brukseiningar som høyrer til same eigar og som er plasserte i varierende avstand for å utnytta det meste av naturressursane (Jones 1999:18). Ei seter er då ikkje unik i driftssystemet, medan sjølve garden er det; dette tyder at kvart gardsnamn sannsynlegvis har eit bruksforhold til fleire stølsnamn.

Referansen til eit seternamn kan vera nokso mangfaldig, nett som referansen til eit gardsnamn. På setra har ein sel, fjøs, beite, inngjerda slåttar, osb.: Alle kan ha sitt eige namn, men inngår uansett i seternemnet som finst på staden. Skal eg gjeva ein presis definisjon av seternamn i ljøs av desse eigenskapane, vert eit seternamn *ei samlenemning på ei eller fleire brukseiningar i utmark som er kjenneteikna av sesongbunde menneskeleg opphald*.

3.3.3 Teigane. Når ein reknar med gardar og setrar som faste referansepunkt i kulturlandskapet i ei jordbruksbygd, framstår resten av driftsarealet som delt opp i mange, meir eller mindre sjølvstendige teigar. Slike teigar dannar ein særskilt kategori å klassifisera innanfor kulturlandskapet og sameleis er namna deira nesten umogelege å definera etter funksjon av namneobjektet pga. det hyppige ombyttet i driftstype, eigar og generell utsjånad (Helleland 1992:155). I tidlegare granskingar vart det føreslege ei inndeling etter plassering (innmarks- kontra utmarksnamn) eller etter type utnytting (intensiv kontra ekstentiv), og ein kan eventuelt velja å klassifisera namnefunksjonen etter anten namngjevingstidspunktet eller registreringstidspunktet. Nett som seternamna, er teignamna ikkje unike i namnelandskapet: Dei utgjer den største gruppa stadnamn innan jordbruket sitt kulturlandskap og den same namneforma er ofte nytta fleire gonger om ulike stader som høyrer til same gardsbruk. Likevel er teigane ikkje kjenneteikna av menneskeleg opphald i det heile; det menneskelege preget deira kjem einast frå utnyttinga av naturressursane som finst eller fanst på staden. Ein førebels, heller vid definisjon av teignamn kan difor vera: *namn på ein stad som er eller har vore nytta til mat-, vyrke- og fôrproduksjon på innmark og utmark* (Helleland 1992:157) eller *namn på avgrensa jordstykke i inn- og utmark, knytte til den gamle gardsdrifta* (Sandnes 1997:59).

Ein slik definisjon kan verka særleg praktisk, men han er altfor omfemnande og fortel ikkje noko om teigen si stilling i kulturlandskapet i høve til alle andre produksjonssentruma. Garden og setra(ne) vert ogso nytta til mat-, vyrke- og fôrproduksjon, men skil seg mykje frå ein teig i eit bustadmessig perspektiv. Eg tykkjer at ei inndeling etter grad av menneskeleg påverknad er eit betre

kategoriseringsprinsipp m.o.t. teignamna si varierende rolle i kulturlandskapet. I tillegg har det seg slik at teigane vanlegvis vantar den mangslungne referansen som gardar og setrar har. Ein teig er som regel nytta til éin aktivitet og éin type produksjon, og namnet hans speglar denne stoda (eller ein tidlegare ein). Eg kan då seia at eit teignamn er ei *enkel nemning på ei eller fleire mindre brukseiningar som ikkje ber teikn på menneskeleg opphald*.

3.4 Oppsummering av omgrepa

Alle dei operative omgrepa som er definerte i dette kapitlet, viser til oppfatninga av dagens Luster kommune som eit jordbruksområde, der kulturlandskapet framfor alt er påverka av jordbruket sine funksjonar.

- 1) *Stadnamn*: Særnamn i kulturlandskapet som finst innan valdet åt dei kulturelle kjernepunkta gard og støl(ar) (som per definisjon har sterkast menneskeleg preg og størst relevans for staden).
- 2) *Gardsnamn*: Samlenemning for alle dei ulike brukseiningane i innmark som høyrer til same eigedom og som er kjenneteikna av fast menneskeleg busetjing.
- 3) *Seternamn*: Samlenemning for ei eller fleire brukseiningar i utmark som er kjenneteikna av sesongbunde menneskeleg opphald.
- 4) *Teignamn*: Enkel nemning på ei eller fleire mindre brukseiningar som ikkje ber teikn på menneskeleg opphald.

4. Metode

4.1 Kjeldene

Materialet i denne avhandlninga kjem for det meste frå ei stor stadnamninnsamling som gjekk føre seg under *Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane 1.08.85–31.12.86* (SNP). Dette prosjektet var eit tiltak ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og føremålet var å registrerta, kartleggja og organisera på moderne vis – med opptak, normering, fonetisk transkripsjon og elektronisk arkivering – so mange stadnamn frå fylket som det var råd.

Innsamlinga fylgjer prinsippa frå den rygh-indrebøske tradisjonen og namntydingar står difor i fokus. Det moderne normerings spørsmålet har òg ei sentral stilling, og både Fylkesarkivet og sjølve innsamlarane nølte ikkje å ta i bruk egne løysingar m.o.t. det, t.d. milde normeringskriterium med mykje plass for dialektformer. Når det gjeld Luster Kommune, vart det samla inn og kartfesta omtrent 11000 stadnamn i 1985–86 (med lokaluttale og annan info attåt, Ølmheim 2008:8).

Prosjektet hadde stor suksess og mang ein kommune var ikkje ferdig då prosjektet vart avslutta offisielt. Difor har arbeidet halde fram til no og i Luster kommune vart det samla inn noko under 8000 namn i perioden 2002–2014. Innsamlinga femnar då heile 18845 stadnamn frå Luster kommune.

Av alle namna er 12278 (til no februar 2017) alt vortne handsama vitskapeleg og publiserte på Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sin nettbaserte database (<http://www.fylkesarkiv.no/stadnamn>). Databasen nyttar dei digitale karta på nettstaden *Fylkesatlas.no*, so alle dei publiserte namna er ogso koordinatfesta der og lett søkbare. Dei resterande 6567 upubliserte namna fekk eg tilsende digitalt i form av skanningar av dei originale innsamlingskjemaa, der namneformene korkje er normerte, koordinatfesta eller tekne opp på band. Skrivemåten til dei upubliserte stadnamna ligg likevel tett på lokaluttalen og plasseringa deira i kartplata er lett å finna ut når ein fyrst kjenner området.

Den fyrste kjeldeanalysen min var reint induktiv og bestod av ei sytematisk gjennomgåing av heile innsamlinga. Under innsamlingsarbeidet stødde Fylkesarkivet seg til det økonomiske kartverket; materialet er organisert etter kartplate, so eg bestemte meg for å fylgja denne inndelinga. Det finst heile 185 kartplater for Luster kommune og for kvar plate noterte eg ned ein del data: arkiveringskode, namn, mengd stadnamn, kor mange namn er handsama og digitaliserte, kor mange namn står i bunden eller ubunden form, kor mange namn står i simpleks eller kompositum (og eventuelt kor mange doble/triple samansetjingar eller kor mange samansetjingar med bindestrek). Eventuelle særlege former vart ogso noterte ned, dvs. formene som for ein eller annan grunn (uttale, skrivemåte, bøyingsform osv.) skilte seg ut frå liknande namn frå same kartplate eller strok i kommunen. I slutten av denne fyrste gjennomlesinga av stoffet, fann eg ut at 669 namn var registrerte dobbelt – anten i ulike men tilgrensange kartplater, eller som ulike lanskapsdelar i opplysingane frå ulike informantar – so eg enda opp med 18176 brukbare stadnamn.

Dinest laut eg finna ein måte å dobbelsjekka funna på, og samstundes prøva å stadfesta dei ulike mønstera i namneinventaret eg hadde byrja sjå under den fyrste analysen, gjerne ved å finna fleire døme på dei merkbare fenomena. Eg bestemte meg for å bruka sokalla skuleborninnsamlinga som kontrollkjelde for SNP. *Skuleborninnsamlingi* (SKI) vart sett i gang av Gustav Indrebø på 1930-talet som feltarbeid for eit større verk om lokale stadnamn. Innsamlinga får namnet sitt frå innsamlingsmetoden, nemleg det å lata skuleborna frå ulike gardar og grender i bygda skriva ned alle stadnamn dei kjenner heimafrå. Dette gjekk føre seg med spørjeskjema der kategoriseringa er alt meir funksjonell enn i Indrebøs *Stadnamni i ei fjellbygd* (1921): Namna er delte inn i gardsnamn, utmarksnamn, namn på stølen og fjellet, vegnamn og namn ute på sjøen. Denne typen organisering høver bra til avhandlinga mi, likevel var utfordringa her at skuleborninnsamlinga er samla inn per

gardsbruk, medan innsamlinga til Fylkesarkivet er samla inn per kartplate. Det trengst då stor kjennskap til alle gardar i Luster kommune (omtrent 200 matrikkelgardar) for å kunna lesa og tolka godt opplysingane i skuleborninnsamlinga; ein god del namn or den nye innsamlinga er likevel merkte med gards- og bruksnummer, so det er ikkje uråd å nytta dei to kjeldene komplementært ogso når ein verkeleg ikkje kjenner til ein plass.

Skuleborninnsamlinga er organisert etter den gamle heradsinndelinga, so det finst tre ulike delar for Hafslø (273 sider), Jostedal (107 sider) og Luster (215 sider). Eg fekk alt materialet tilsendt digitalt som skanningar frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Alle dei tre innsamlingane vart utførde i 1932 og er nokolunde fullstendige, unnateke delen for tidlegare Luster herad, der skjema for dei fleste gardane i Fortunsdalen og Mørkridsdalen vantar (ein hoppar frå gnr. 8 Yttri til gnr. 49 Hæri). Mengda og typen stadnamn i kvart skjema er nokso skiftande, ettersom sidene er handskrivne: Mange sette opp ei snau lista med nemningane på dei viktigaste stadene, andre skreiv ned alle namna dei kom på uansett gard eller plass, gjerne fleire gonger. Skrivemåten er ogso veldig ulik og vekslar ofte mellom tilnærma lokaluttale, normert klassisk nynorsk og normert riksmål.

Med omsyn til den varierende stoda åt opplysingane i skuleborninnsamlinga, laut eg ofte ty til bygdeboka for å finna stadfesting til både usikre namneformer og annan informasjon om gardane. Den fyrste bygdeboka for dagens Luster kommune kom ut ved Jon Laberg på 1920- og 1930-talet i tre band, tilsvarande den gamle kommuneinndelinga: *Hafslø: bygd og ætter* (1926), *Luster: bygd og ætter* (1926) og *Jostedal: ei stutt utgreiding um bygdi og folket der* (1936). Ein ny versjon av bygdeboka byrja verta skriven etter kommunesamanslåinga i 1963: *Gards- og ættesoge for Luster kommune* av Lars E. Øyane og Terje Mikael Hasle Joranger, i tolv band tilsvarande dei einskilde bygdene. Dei fyrste elleve banda har vorte utgjevne frå 1984 til i dag (band 11 kom ut i januar 2017), medan det siste er framleis under arbeid.

Resten av litteraturen eg nytta i analysen av kjeldene, særskilt i høve til talemålet, er skildra i kapittelet om fagtradisjonen (jf. 2.2).

4.2 Lokaluttalen

Analysen av dei einskilde namneformene byggjer fyrst og fremst på den lokale uttalen, framfor den normerte forma som er godkjend av det sentrale stadnamnregisteret (SSR) og nytta av det statlege kartverket. Til vanleg vert lokaluttalen åt eit stadnamn referert til som *nedervd uttale*. Denne formuleringa var fyrst brukt av Leiv Heggstad i *Norsk grammatikk* (1931) og i dag høyrer ho til i Stadnamnlova. Eg tolkar henne som definisjon på den mest pålitelege namneforma som finst i kjeldene.

Valet å operera med ei slik avgrensing kan verka noko risikabelt, ettersom det har vore argumentert vidt imot reliabiliteten til *nedervd uttale*, bl.a ved å prova at omgrepet er korkje verdinøytralt eller teorinøytralt, og er basert på historisk skepsis til skriftformer og antikvarisk tankegang (Bakken 1997:55–57). Ei slik forståing av stadnamna byggjer nemleg på ei rekkje påståtte overtendingar: At tale er betre enn skrift, at det lokale er betre enn det nasjonale og at det eldste er det aller beste. Likevel har sjølve ordlegginga heller lite verknad på granskinga i denne avhandlinga, sidan hovudfokuset ligg ikkje på normeringsproblematikkane hjå innsamling av lokale stadnamn i eit diakront perspektiv, men på den mentale organiseringa av det rurale namnelandskapet frå eit synkront synspunkt.

Eg lyt i alle høve presisera korleis eg vil arbeida med eit sopass omdiskutert omgrep. Med *lokaluttale* meiner eg den fyrste, urørte forma eit stadnamn har ved innsamlingstidspunktet, opplyst av informantar som til dagleg har bruk for namnet og som oppfattar det som ein aktiv del av det heimlege kulturlandskapet. Nærare bestemt peikar eg på anten den fonetiske transkripsjonen av opptaket i SNP, eller den handskrivne forma i skuleborninnsamlinga. Eg ser nødvendigvis ikkje bort frå dei normerte formene, men dei vert rekna som mindre sikre namneformer å basera analysen på, sidan dei har gått gjennom fleire omarbeidingar enn dei innsamla formene. I tillegg speglar normeringane ofte historiske former utor gamle kjelder, men som ikkje alltid er trugne mot dagens namnebruk og lokalbefolkninga si forståing av namna.

At den fyrste innsamla forma av eit namn er den mest pålitelege og mest trufaste mot informantane sin språbruk, er sjølvstøtt ei generalisering, men ei slik gransking med stort namneinventar frå eit nokso stort område krev nok ei generalisering av arbeidskriteria. Slik treng ein ikkje måtta bala med næranalyse av haugevis av spesifikke tilfelle, som ville kravt at kvart namn fekk sin eigen, skreddarsydd metode. For likevel å kunna leggja fram nokre trygge resultat i slutten av arbeidet, kan dette prinsipielle problemet løysast ved å utvida kjeldematerialet mest mogeleg, både når det gjeld dei primære heimlane og kontrollitteraturen (jf. 4.1). Slik aukar sjansen til å finna fleire brukbare belegg for lokaluttalen av same namnet, helst frå ulike tidspunkt og informantar.

Ei anna utfordring ei slik gransking byr på, er samanlinkninga av særskilte transkriberingar av lokaluttalen, sidan det internasjonale fonetiske alfabetet (IPA) nesten aldri er brukt i kjeldene. Transkriberingane vekslar mellom meir eller mindre ortofone skrivemåtar i SKI og bygdebøkene, sokalla Norvegia-lydskrift hjå Larsen 1926, ymse fonemiserte utgåver av vanleg alfabet (standardbokstavar + utvalde fonetiske teikn) i NG, SNP og mykje av sekundærstoffet, t.d. hjå Bjørkum. Alle arbeida inneheld likevel opplysingar om tolking av transkripsjonane, so det er for det meste råd å granska like belegg jamsides frå ulike kjelder.

Eg bestemte meg for å ta vare på den opphavlege notasjonen av stadnamna, so dei er førte i avhandlinga slik dei er skrivne i kjeldematerialet. Eg valde likevel å setja dei faktiske fonetiske transkripsjonane i skråstrek (/ /), medan dei meir eller mindre ortofone skrivemåtane er sette inn i vinkelparentes (< >). Når det gjeld tonelagsmarkering, endra eg på ikkje SNP sitt system med enkelt eller dobbelt teikn, som svarar høvesvis til tonelag 1 (') og 2 ("). Eg erstatta derimot akutt aksent (´) og grav aksent (`) hjå Rygh, Bjørkum o.a. med dei tydelegare eksponenttala ¹ og ². Formene som er aktuelle for analysen vert alltid skrivne i kursiv.

Her er eit døme på notasjonen min (matrikelnamnet *Skjervo*, slik i SSR):

SNP: *Skjervo* /"sjærvø/; NG12:39: *Skjerve* /sjæ²rvó/; SKI: <*Skjervo*>; BB9:245: <*Skjerven*> (utt. *Skjervo*).

I SNP er stavingsberande konsonant(samband) markert med asterisk og eg bestemte meg for å ikkje endra på denne typen notasjon. Eit døme:

SNP: *Ottane* /"åtað*n/; NG12:14: *Ottum* /ó²ta:dn/ (eigenleg IPA: /"ɔtadŋ/)

4.3 Namnemiljøet

Arbeidsmetoden som eg vil leggja hovudvekta på når det gjeld næranalysen av dei einskilde namnebelegga, er å granska namnemiljøet kring dei. Dette er ein metode som er mykje brukt før, særskilt i undersøkinga av sakralitetsnivået åt forhistoriske busetnader i Norden. Slikt nytta namnemiljømetoden t.d. Oluf Rygh (fleire verk), Magnus Olsen (*Ættegård og helligdom*, 1926), Krister S.K. Vasshus (*Vestnorske offerlundar: spor etter norrøn kultpraksis i vestnorske stadnamn*, 2011), Inge Særheim (*Stadnamn og sentralitet i eit jærsk jordbrukssamfunn frå jernalderen*, 2014) og mange fleire. Namnemiljømetoden vert ofte sameina med metodar frå andre fag, t.d. arkeologi og kodikologi (bokvitskap), so tolkinga av namnematerialet kan vera so grannsam som mogeleg.

Dette meiner eg er ein god framgangsmåte å bruka ogso i granskinga av dei ulike kategoriseringstilhøva i onomastikonet, ettersom eg kan setja opp nokre faste generelle kriterium og tilpassa dei til heller ulike namneformer, utan å lyta endra på dei grunnleggjande teoretiske føresetnadene kvar gong eg byter namnetype. Som fagleg stønad frå ein annan disiplin, nyttar eg her arbeidsomgrepa utarbeidde frå teorien om kulturlandskapet (skildra i underkapittelet 3.2), medan dei operative parametrane for sjølve analysen lyt framleis avgrensast.

I teorikapittelet avgjorde eg at jordbruket sitt kulturlandskap utviklar seg kring visse kjernepunkt, nemleg garden og setra, som får sin viktige status etter kor mykje menneskeleg påverknad dei

syner. Den kulturelle påverknaden vart sett opp i den ålmenne teorien som kriterium for å avgjera propriumsfunksjonen til eit særnamn (jf. 3.1), og vert her hovudparameter i arbeidsmetoden:

menneskeleg påverknad i namneforma = høgare propriumskarakter til namnet.

Eg slo òg fast at ein grunnleggjande eigenskap åt dei kulturelle kjernepunktta i landskapet er at dei føreset husdyrhald og eventuelt åkerbruk (altså dei fremste menneskelege syslane i jordbruket). Dersom eg reknar med desse vilkåra hjå stadnamn som teoretisk objekt, lyt eg kunna finna dei att i sjølve namneformene (jf. 3.2.2). Dette skjer nok ved ulike typar referanse oftast synlege i namnelekkane, som eg kan leita etter i namnemiljøet kring eit visst stadnamn:

- 1) **Bustad**, t.d. særskilde gards- og stølsnamn, *-stova, -bu, -sel, -plass*, osv.
- 2) **Husdyrhald**, t.d. *kyra-, geita-, uksa-, -kvei, -grindi, -fjøs*, osv.
- 3) **Slått og åkerbruk**, t.d. *-gjerdet, -slåttet, -løa, hesja-*, osv.

Samtidig nærvære av desse namneformene særmerker meir kulturelt dominerande stader med meir prototypiske namn, difor vil eg kalla dei for *signalnamn*. Det kan vera likevel vandt å avgjera kva som er ‘for langt vekk’ og ‘nær nok’ i namnemiljøet, særskilt med omsyn til den varierende stoda åt mange stadnamn, t.d. teignamn (jf. 3.3.3). Difor bestemte eg meg for å nytta eit nokso strengt analysekriterium: Husdyrhald- og åkerbruksnemna lyt finnast nett kring bustadnemnet for å kunna verta rekna som ein del av namnemiljøet dets. Dersom dei ligg litt lengre unna, lyt dei visa direkte til det i namneforma (t.d. med å ha eit anna stadnamn som utmerkingslekk).

4.4 Operasjonaliseringa

Ein viktig skilnad mellom kjeldeanalysen og mi eiga drøfting av dei einskilde tilfella, har vore framgangsmåten. Kjeldearbeidet gjekk føre seg for det meste induktiv, ettersom eg ikkje enno hadde eit nøyaktig mål for avhandlinga og heller ikkje eit presist tema utanom stadnamn i Luster kommune. Denne fyrste analysen nytta eg til å både få eit betre innsyn i den generelle stadnamnstoda i Luster kommune, og kunna avgrensa nokre tydelege fenomen å granska vidare.

Næranalysen av fenomenen eg valde ut under den fyrste analysen, gjekk derimot føre seg på ein deduktiv måte. Eg sette opp nokre hypotesar med grunnlag i dei generelle observasjonane gjorde under den induktive granskinga, og freista stadfesta dei på grunnlag av dei teoretiske premissane eg tidlegare hadde sett opp (jf. 3.1 og 3.2). Dette innebar ei nokso omfemnande tilnærming til sjølve namneformene og namnemiljøa deira, som kunne både visa til og nytta seg av begge hovuddelar innan teorien min: Det språklege (popriumsstatus, prototypeteori o.l.) og det samfunnsmessige (kulturlandskapet).

Den mest eigna måten å gjera dette på var å føra fleire lister over belegga på dei aktuelle namna, og so granska kvar einaste namneform i høve til både dei språklege formelle trekka, det nærliggjande namnemiljøet og propriumsstatusen i onomastikonet. Dette resulterte i ein svær empiri, spesielt når det gjeld analysen av seternemna, der kvart namn er studert med særskilt omsyn til lægje, alder, brukstype, funksjon (notidig og fortidig), bruksforhold til andre liknande einingar o.a.

Eit mogeleg argument mot denne metoden kan vera at han er altfor tungvinn og at næranalysen av alle belegga er unødvendig, ettersom eg kunne drive med slikt under det førebuande kjeldearbeidet og so kunne eg ført statistikk over empirien som er nytta i sjølve analysen, som ville teke mindre plass i teksten. Likevel tykkjer eg at i ei slik gransking, der prototypemodellen ligg til grunn, er det absolutt naudsynt med eit grundig oversyn over kvar einaste namneform: Det essensielle i prototypeteorien er nett at det operative området består av ei vid variasjonsbreidd med svært mange, uskarpe grenser mellom ulike kategoriar, der kvart element ligg fritt for faste avgrensingar og med mogelegheit for flytting (jf. 3.1.1). Ein analyse basert berre på strenge statistiske data ville derimot gjera dette grunleggjande prinsippet til inkjes, sidan resultatata ville vore tilpassa etter ein stiv, einsarta heilskap i staden for dei sjølvstendige, enkle elementa i ein strukturert heilskap.

To hovudparametrar i analysen

Dersom me tek i bruk næranalysen av namnemiljøet som granskingsmetode, veit me at ein plass har meir prototypisk stilling i kulturlandskapet når han er kjenneteikna av ei merkbar opphoping av kulturelle signalord i form av stadnamn. Eit prinsipielt problem i analysen er her korleis slike empiriske observasjonar kan målast på ein nokolunde sikker måte og gjerast til data.

Ei fylgje av dei teoretiske premissane for namnemiljømetoden er at garden og sentra(ne) – kulturlandskapet sine viktigaste einskilddelar – må visa høgare konsentrasjon av sokalla signalnamn, gjerne fleire som peikar på husdyrhald eller slått/åkerbruk rundt om eitt einaste bustadsnemne. Ei anna fylgje er at propriumsstatusen til eit bustadnamn vert høgare etter kor mange husdyrhald- og åkerbruksnamn finst kring det.

Eg kan då setja opp ei kategoriseringsnorm basert på to ulike variablar: 1) mengda kulturelle signalnamn kring ein plass; 2) nærleiken deira til dét namnet på staden som syner sterkast menneskeleg påverknad. Denne norma vil eg kalla for **leksikalsk parameter**:

- 1) +/- signalnamn knytte til eitt stadnamn = +/- prototypisk stilling i onomastikonet

Slik vil eg vonleg kunna sjå om det finst eit mønster for kor langt vekk ein kan dra før opphopinga av signalnamn kring eitt stadnamn krympar. På dét viset vil eg prøva å avgjera kor prototypisk eit namn er ved å sjå på dei ulike namneklyngjene og forholda deira i landskapet.

Eg kan ikkje sjå bort frå at det kan finnast ulike prototypiske stillingar og mentale tilhøve innanfor den same ordkategorien òg. Slike underinndelingar kan vera avhengige av både leksikalske (t.d. grunnord), formelle (t.d. bøyingsform) og geografiske tilhøve (t.d. meir framskoten stilling i landskapet ved same namneform). Dette treng eg vera svært merksam på under næranalysen av dei einskilde belegga – som difor lyt vera so noggrann som mogeleg (sjå ovanfor) – so eg greier utvikla ein modell for det mentale onomastikonet som er so nøye strukturert som råd er.

Ved bruk av namnemiljømetoden lyt eg stendig stø meg til den ålmenne teorien om særnamn (Langendonck o.a.), særkilt i høve til tilsynelatande like stadnamn med ulike roller i namnelandskapet, eller konkurrerande former innom same namnemiljøet. Prototypeteorien brukar mennesket sin funksjon som fremste skiljemerke på ulike stillingar i onomastikonet og dette prinsippet kjem i uttrykk her hjå den leksikalske parameteren. Den menneskeleg påverknaden kan likevel bli sett på som eit meir eksternspråkleg drag og den leksikalske parameteren fokuserer på det som skjer ‘utanfor’ stadnamnet, medan den formelle markeringa åt sjølve namneforma er rekna som den viktigaste internspråklege indikatoren på ei proprial eller appellativisk plassering (jf. 3.1.1).

Difor kan eg setja opp ein **formell parameter**, som er basert på dei grammatiske eigenskapane til namneformene og fokuserer på det internspråklege hjå stadnamna:

2) *+/- formell markering av eitt stadnamn = +/- prototypisk stilling i onomastikonet*

Eg reknar båe parametrar (leksikalsk og formell) som jamgode og innbyrdes utfyllande. Ideelt tilfredstiller eit prototypisk stadnamn alle dei operative krava parametrane inneber, men det finst ofte einkvan skilnad på korleis ulike namnformer ovrar seg i høve til parametrane. Slike nyansar svarar mest truleg til forskjellige organisatoriske premissar i onomastikonet, som ikkje nødvendigvis lyt tyda på ulik prototypisk stilling, men kan òg vera teikn på varierende propiale føresetnader ved lik propriumsfunksjon.

5. Induktiv analyse

Dei mest merkbare fenomena registrerte under kjeldeanalysen utført i byrjinga av prosjektet, vert presenterte i dette kapittelet. Etterrøkinga gjekk føre seg for det meste induktivt, sidan eg ikkje hadde nokon føresett hypotese då eg byrja gjennomlesinga av kjeldematerialet; dimed er resultatane reint empiriske observasjonar. Det vert argumentert for at ein djupare analyse truleg kan kasta ljøs over nye teoretiske implikasjonar hjå desse fenomena, eller at resultatane i all hovudsak stemmer med slutningane frå tidlegare granskingar og ikkje lyt drøftast vidare.

Kjeldeanalysen peikte på ein god del ulike ovringar med omsyn til både namnetype og spreining. Fyrst og fremst finst det ein skilnad på ålmenne fenomen, som er felles for heile kommunen, og avgrensa fenomen, som er typiske for mindre område (ofte tilsvarande dei tre gamle herada Hafslo, Luster og Jostedal). I tillegg finst det fleire, mindre grenser som kryssar einannan og dannar eit nokso innfløkt bilde. Somme fenomen har eit kjerneområde som stort sett svarar til bygdegrensene, andre skil mellom ulike geografiske tilhøve (t.d. kyst kontra dal, lågland kontra høgland, osb.), andre peikar meir på den menneskelege stoda (t.d. sentrum/bygd kontra avsidesliggjande grend/gardsklyngje).

Trass i den kompliserte situasjonen var det råd å ordna dei ulike språklege fenomena og dei einstaka mønstera etter kriteriumet ‘ålmenn spreining mot lokalavgrensa spreining’.

5.1 Ålmenne fenomen

Desse fenomena gjeld for heile Luster kommunen, er heller generelle og inngår i kvarande på sett og vis. Dei er ogso typiske for resten av Indre Sogn ifylgje både SNP sine innsamlingar og eldre litteratur (NG 12, Larsen 1926 og Bjørkum 1976).

5.1.1 Veksling mellom bunden og ubunden form – Ei stor mengd grunnord finst i både bestemt og ubestemt form, jamvel i same kartplate eller i tilgrensande kartplater (som ofte svarar til eigeleken åt ein storgard eller ei grend). Ifylgje resultatane for kvar kartplate ser det ut som prosentane namn i ubunden form sjeldan stig over 10 %: Berre 1583 namn står i ubestemt form og dannar slik 8,7 % av alle dei 18176 brukbare namneformene i materialet. Dessa dataa må likevel takast i bruk med nokre atterhald. Blant namna som har størst artikkelvariasjon finst det mange einstava inkjekjønnsord med utlydande lang vokal: *sva*, *vad*, *led*, *træd* (‘træde’) og *grød* (‘grøde’). Stoda er litt usikker hjå slike tilfelle, og som oftast har dei liknande uttale i bunden og ubunden form. Det heiter nemleg:

ait sva – *sva(e)*, t.d. *Geitasva* kontra *Geitasvaet*, fleire ulike stader, utt. alltid /"jai:tasva:/;

ait va – va(e), t.d. *Breiavad* på Veitastrond kontra *Breiavadet* i Feigedalen, begge utt. /"brai:ava:/;
ait le – le(e), t.d. *Galdaled* /"galdale:/ kontra *Indreliledet* /"indreli:le:/, begge på Berge i Dale;
ait træ – træ(e), t.d. *Kalvatræd* kontra *Kalvatrædet*, fleire stader, utt. . alltid /"kalvatre:/;
ait grø – grø(e), t.d. *Kvann(e)grø* /"kvan(e)grø:/, fleire stader.

Same problemet har ein med grunnorda *li* f. og *øy* f. òg pga. den sterke hokjønnsendinga *-i* (*ai li – lii*, *ai åy – åyi*), og *voll* m., *støl* m. og *hjell* m. pga. segmentasjon i trykklett stilling (Bjørkum 1974:112, Ølmheim 1983:45). Den segmenterte, doble *l*-en blir stavingsberande i bunden eintalsform (t.d. [vɔd̥l̥]) og den bestemte artikkelen inngår i konsonantsambandet: *ain vådl – dan vådl*, *ain stødl – dan stødl*, *ain jedl – dan jedl*.

I ljøs av desse opplysingane om den usikre situasjonen åt mange grunnord med artikkelvariasjon, lyt det reknast med ein lægre prosent av stadnamn i ekte ubestemt form. Dette stemmer med resultata frå tidlegare undersøkingar: Lærdal 6,5 % ubf., Sogndal 7,3 % ubf., Hafslo og Luster «ligg nær Sogndal», medan Jostedal har færre innslag av ubf. (Haslum 2003:134). Frå eit kvalitativt synspunkt stemmer igjen mine data med Haslum sine. Dei sikre grunnorda med størst artikkelvariasjon i Luster kommune er *haug* m., *berg* n., *ham(m)ar* m., *skar* n. og *skør* f., som vanlegvis har ubf. over heile distriktet (Haslum 2003: 264–265) og er blant appellativa med høgast frekvensk som lekk i stadnamn i det heile. Andre grunnord som har høgare prosent ubf. er *nes* n., *hiller* m. ('heller'), *mo* m. og *bø* m., som òg er typiske for heile Indre Sogn.

Dersom me avgrensar analysen til kartplatene som dekkjer dei faktiske bygdene (ikkje høg fjell, bre og grisgrendte strok), viser fenomenet seg å vera meir detaljert og varierende. Artikkellause former opptrer hyppigast i sentrale område rundt dei største grendene, og Ytre Hafslo spesielt verkar som eit kjerneområde for artikkelløysa i Luster kommune:

Område	Bygder og grender medrekna	Tal namn	Tal ubf.	Prosent ubf.
Veitastrondsvatnet	Veitastrond, Kvam, Ugulsvik, Yngsdal	804	69	08,58 %
Ytre Hafslo	Heile området rundt Hafslovatnet	846	121	14,30 %
Indre Hafslo	Heile området mellom Hillestad og Marifjøra	2083	185	08,88 %
Solvorng og Urnes	Solvorn, Urnes	599	54	09,01 %
Kinsedal	Heile Kinsedalen og Børtnes	474	36	07,59 %
Total	Ytre Luster kommune	4806	465	09,67 %

Tab. 1: Artikkelløysa i ytre Luster kommune

Solvorn og området rundt Veitastrondsvatnet, som ytrebygdingane hadde stor kontakt med, skårar svært høgt. Kinsedalen skårar noko lægre, truleg pga. det avlidesliggjande lægjet åt grenda, medan Indre Hafslo skårar lægst, trass i det sterke sambandet med Ytre Hafslo. Dette kan kanskje skuldast på kontakten med Gaupne i Jostedalen⁴, der prosenten artikkellause former er overraskande låg:

Område	Bygder og grender medrekna	Tal namn	Tal ubf.	Prosent ubf.
Jostedal	Heile Jostedalen frå Gaupne til Bergset og Fåberg	2723	154	05,65 %
Midtre Lustrafjord – sørsida	Indre og Ytre Kroken + Krokadalen, Feigum + Feigedalen	969	58	05,89 %
Total	Midtre Lustrafjord	3692	212	05,74 %

Tab. 2: Artikkelløyse i midtre Luster kommune I – midtre Lustrafjord

Den lægre skåren hjå stadnamna frå Jostedalen grunngjev Haslum som teikn på at dalen er ei grense- og overgangssone i artikkelløysa sitt influensområde (Indre Sogn ligg i utkanten, Telemark og Agder dannar kjernen med 20–30 % ubf.). Dei få innslaga ubf. på Feigum og Kroken kan tolkast som fylgje av kontakt med Jostedalen, sidan Gaupne ligg rett bortanfor fjorden og sambandet med ‘hi sida’ var mykje sterkare i gamal tid, då sørsida av fjorden ikkje hadde køyreveg⁵. Dette kan sjåast tydeleg i mangt eit stadnamn, t.d. <Gåpnateig> på Feigum, registrert i SNP som «skogateig som ein gong har vore nytta av ein gaupning».

Like eins viser bygdene som ligg aust for Jostedalen og Feigum omtrent like stor førekomst ubf. uansett fjordside:

Område	Bygder og grender medrekna	Tal namn	Tal ubf.	Prosent ubf.
Indre Lustrafjord – nordsida	Nes, Høyheimsvik, Talla, Flahamar	616	67	10,87 %
Lustrabygda	Dale + heile Dalsdalen, Ottum	1087	78	07,17 %
Indre Lustrafjord – sørsida	Sande og Sørheim	220	30	13,63 %
Total	Indre Lustrafjord	1923	175	09,10 %

Tab. 3.: Artikkelløyse i midtre Luster kommune II – indre Lustrafjord

⁴ Det tradisjonelle målet på Indre Hafslo skil lag med Ytre Hafslo og fylgjer Gaupne og resten av nordsida av fjorden med ein del fonetiske og leksikalske drag (Bjørkum 1974:23).

⁵ Ifylgje *Kart over Nordre Bergenhus Amt, 1880* var det berre enkelte bygdevegar på Urnes, Kroken, Leri og Sørheim.

Fjelldalane inst i kommunen syner same tendens som dei inste fjordgrendene, sjølv om dei skårar litt lægre. Artikkellause stadnamn har vist seg å finnast vanlegvis oftare i tett folkesette strok, so denne stoda kan kanskje forklarast med det meir spreidde busetjingsmønsteret i dalane, som vantar heilt eit sentrum:

Område	Bygder og grender medrekna	Tal namn	Tal ubf.	Prosent ubf.
Mørkirdsdalen	Heile området frå Skjolden til Mørkri	960	80	08,33 %
Fortunsdalen	Heile området frå Eidsvatnet til Ormeli	812	69	08,49 %
Total	Indre Luster kommune	1772	149	08,40 %

Tab. 4: Artikkelløyse i indre Luster kommune

Ein djupare analyse av artikkelvariasjonen i Luster kommune ser ikkje ut til å kunna bidra med mykje nytt til debatten om artikkelløysa hjå norske stadnamn. Resultata mine stadfestar det Haslum og fleire alt observerte, nemleg at stabile og stødige grunnord med høg førekomst i namn er meir motstandsdyktige mot artikkel enn grunnord som er mindre frekvente. Difor er artikkelvariasjonen i Indre Sogn konsentrert om fåe, vanlege namn, i tillegg til openbert arkaiske former (Haslum 2003: 265).

5.1.2 Veksling mellom eintal og fleirtal ved same grunnord – Alle kjeldene kryr av belegg for grunnord i både eintalsform (bunden eller ubunden) og fleirtalsform (alltid bunden), ofte på same plass. Fenomenet ser ut til å vera typisk for heile området same kva busetjingstype, sidan det pregar sameleis både tettbygde strok og avsidesliggjande grender. Likevel finst det ikkje eit eintydig mønster – korkje semantisk eller strukturmessig – som kan forklara kvifor dette skjer. Nokre døme:

rusti (= bruk eller slått) kontra *rustadn* (= skog/beite)

flaten (= åker, slått) kontra *flatadn* (= utmark, beite)

seten (= berghylle) kontra *setadn* (= skogteigar, bakkar)

skøri (= buplass eller skogskor, sjeldan veg/sti) kontra *skøradn* (= slåttemark, skog, lende)

haugen (= buplass eller haug/åker) kontra *haugadn* (= buplass eller slåttemark/beitemark)

teigen (= slått eller buplass) kontra *teigadn* (= slåttemark, skogteig eller buplass)

Det finst mange fleire grunnord med liknande tendens. Eit mogeleg fellestrekk er her at den grammatiske tydinga åt fleirtalsforma peikar klart på mange einingar, men den leksikalske tydinga

hennar formidlar dette fleirtalet som éi eining laga av mange like delar (t.d. område, lende, mark, skog osb.), til liks med eit kollektiv⁶.

I NG12 er det registrert at gardsnamn i Indre Sogn ofte får fleirtalsform i talemålet endå dei historisk har vore eintalsformer: /vå²dlaōkra:dn/ for *Vollaker* (SNP *Walaker* /va'la:ker/), /læ²ga:dn/ for *Legeteigen* (ikkje i SNP), /fjō²sna:dn/ for *Fjøsne* (SNP *Fjōsnane* /'fjō:snad*n/), /hæ²ltna:dn/ for *Heltne* (SNP *Heltne* /'hEltnad*n/) osb. Denne særreignen stoda er ikkje vidare studert i NG12⁷ og eg har ikkje funne noka nyare gransking som tek emnet føre seg.

Ein funksjonell skilnad kan kanskje liggja til grunn for den tilsynelatande umotiverte bruken av eintalsform og fleirtalsform åt eitt grunnord om einannan:

- 1) Eintal: éi eining, presis plass med presis funksjon (ofte einskild brukseining)
- 2) Fleirtal: mange like einingar, generell/større plass med generell funksjon (ofte landskap/terreng)

Slik peikar *rusti* på éin plass i skogen der dei slår kvart år, medan *rustadn* tyder eit skogkledt område brukt til meir allmenne aktivitetar (beite, lauving o.l.).

Ei slik tilnærming kan brukast med både semantisk gjennomsynlege namneformer (t.d. *daladn* = ulendt terreng med søkk i bakken, *grōnnedn* = grunt parti av ei elv, *jabnadn* = jamt/flatt område) og namn som ikkje lenger har vanleg eller forståeleg tyding, t.d. teigane *sevradn* og *levisadn* på Gaupne (truleg plassar som høgyde til ein Severin og ei Lovise), *blaikjedn* (berg som blenkjer i sola når vått) eller *hurrungadn/hurredn* (berg/fjellområde der det hurrar av skrede og ras). Dei mange gardsnamna som får fleirtalsform i talemålet kan òg fylgja dette prinsippet: Me omtalar nemleg ei grend som ei gruppe ulike gardsbruk med ulike namn, eller eit stort gardsbruk som eitt sett med einskilddelar som høyrer saman og ofte har egne namn. Det morfologiske grunnlaget åt slike former (substantiv, adjektiv e.a.), saman med det meir eller mindre gjennomsynlege semantiske innhaldet, kan svara til ulike propriumsfunksjonar.

Denne premissen lyt likevel styrkast med resultat frå ein djupare analyse av fenomenet, som eg skal laga i neste kapittelet. Slik vil eg vonleg kunna klargjera dei ulike formelle tilhøva hjå sjølve namna, korleis prosessen artar seg kognitivt, kva slags protoypisk stilling dei ulike formene har og korleis fenomenet påverkar namnebrukaren si oppfatning av kulturlandskapet.

⁶ Eg kjenner sjølv til vanen å kalla t.d. eit skogglende for *skogadn*, eit strandområde for *vikadn* eller eit parti av ei elv for *straumadn*, som er vanleg i tradisjonelt sognemål.

⁷ I tolkinga av *Ottum* (NG12:14) vert det berre sagt at «I Nutidsudtalen har Gaardnavnet faaet best. Form og er gaaet over til Hankjøn», og det vert støtt vist til denne forklaringa når det gjeld hine liknande formene.

5.1.3 Leksikalsk brigde i seternamn – I Luster kommune finst det nokso stor variajson i typen og spreinga av namna som peikar på stølsdrift. Utanom dei mange einstaka, sjølvstendige namna, er tre grunnord spesielt frekvente: *trød* f., *sete* n./f. og *støl* m. Desse orda syner ikkje berre geografisk ulikskap, men formell, funksjonell og leksikalsk òg.

Sete n./f. har om lag 70 sikre belegg i kjeldene og er mest brukt om sumarstølar og stølar som etter måten ligg høgt til fjells (i motsetjing til Beito 1949:286). I tillegg dukkar namnet opp ein del gonger som bustadnamn. *Sete* n. finst overalt i Luster kommune, alle belegga er samansette og har ubunden eintalsform (-*sete* /'sæ:te/ eller /'sE:te/, sjeldnare -*set* /'sEt/), og det finst nokre døme på dativending òg. Opphavet til nemninga sine ulike former er mykje omdiskutert i faglitteraturen og det er ogso usemje om bruksområdet. Rygh sette opp ein tydingssskilnad mellom gn. *setr* n. og *sætr* n. til grunn for variasjonen (NG1:74). Seinare freista andre forklara fenomenet ut frå ulike bøyingsformer av eitt og same leksem (Beito 1949:58), eller ulik utvikling av svarabhaktivokal (Helleland 1989:66). Kor som er, desse granskingane fokuserte stort sett på sjølve namneforma og tydinga; det funksjonelle vart so vidt teke inn og dei fleste spørsmåla som eit funksjonelt synspunkt inneber, vart ikkje drøfta vidare.

Trød f. har om lag 60 belegg i kjeldene og er nytta helst om heimestølar og mjølkeplassar som ligg lågt eller i nærleiken av gardane (i samsvar med Beito 1949:169), sjeldnare om faste bustader. Nordsida av Lustrafjorden har dei fleste belegga, medan på sørsida er namnet mykje sjeldnare. Alle belegga er bøyge i bunden eintalsform (-*troi*) og vanlegvis er namna usamansette. På mange måtar ser det ut som dette namnet og *sete* har ei utfyllande rolle i namneladskapet, både formelt og semantisk. Dette tilhøvet vil eg undersøkje djupare, i tillegg til dei språklege vilkåra å sjølve appellativet *trød* som namnelekk.

Støl m. har mange belegg i kjeldene, rundt 300 berre i den digitaliserte delen av SNP si innsamling. Namnet har den største spreinga og er brukt om allslags stølar. *Støl* m. finst oftast i samansetjing: som etterlekk har namnet alltid bf. eint.; som førelekk får namnet nesten alltid forma *støls-*. *Støl* m. er ogso det einaste seternemnet i Luster kommune med fullbøying, endå om fleirtalsfoma er svært sjeldsynt. Som appellativ tyder det til vanleg berre 'seter', som er den gjennomsnittlege tydinga i storparten av Vestlandet (Beito 1949:93). Skriftspråket stør denne tydinga, og namnet verkar difor med ein gong mindre markert enn hine seternemna. *Støl* m. verkar òg mindre funksjonelt spesifikk enn *trød* og *sete*, utan noka anna spesiell rolle i kulturlandskapet enn det å peika på ei seter.

Med omsyn til desse opplysingane, kan eg setja opp ei generalisering for dei ulike rollene til desse seternemna: *trød* f. = 'heimeseter/seter som ligg lågt'; *sete* n./f. = 'sumarseter/seter som ligg høgt',

støl m. = ‘seter(grend)’. Ei slik funksjonell inndeling høver bra til vidare analyse, sidan ho flytter fokuset frå sjølve namneformene til rolla og tilhøvet deira i namnelandskapet. Dessutan er denne typen tilnærming nokolunde ny i fagfeltet, ettersom det største norske verket om emnet (*Norske sæternamn* av Olav T. Beito) fylgjer den rygh-indrebøske klassiske kategoriseringa etter type grunnord. Eit visst innsyn i dei formelle vilkåra hjå seternamna er likevel turvande, særskilt når det gjeld *sete*. Eg tykkjer difor at ei djup og detaljert gransking av stølsnemna frå Luster kommune er heilt naudsynt, sidan ho kan by på viktige teoretiske implikasjonar med omsyn til både funksjon og form åt dei sørvestlandske seternamna, og gjerne namneformene si grunntydning òg.

5.2 Lokale fenomen

Desse fenomenen gjeld berre for somme einskilte område i dagens Luster kommune, er nokso spesifikke og har til vanleg ikkje noko til felles med kvarandre. Ifylgje både SNP sine innsamlingar og sekundærlitteraturen er dei sjeldan typiske for andre delar av Indre Sogn og dersom dei er det, so dreier det vanlegvis seg om tilgrensande strok i grannekommunane.

5.2.1 Veksling i dativendingane – Over heile Luster kommune finst det mangt eit stadnamn i stivna dativform, men slike fomer har særleg stor førekomst i to avgrensa område: Hafslobygdene i vest (stor overvekt der) og Lustrabygda i aust (Dale og Dalsdalen). Stoda er likevel ikkje einsarta, etter di den gamle fleirtalsforma rår på Hafslø, medan den gamle eintalsforma er dominerande på Dale og i Dalsdalen, med nokre få belegg på Hafslø og inst i kommunen òg (Mørkrisdalen og Fortunsdalen).

Jostedalen vantar dativendingar heilt, so nær som eit par eintalsnamn øvst i dalen, og verkar som ei slags grense mellom dativ fleirtal-området og dativ eintal-området. Fenomenet ser difor ut til å fylgja den gamle heradsinndelinga. Det er ogso å merka seg at sørsida av fjorden ikkje har dativrestar i det heile, med unntak av gardane Sande og Alme, som ligg andsynes Lustrabygda. Påfallande nok er òg at grunnorda som dukkar opp i dativ fleirtal, aldri gjer det i dativ eintal (med unntak av *haug* m.)

Dei to dativområda har svært ulike vilkår, både formelt, semantisk og funksjonelt. På Hafslø har det seg slik at dei fleste bruksnamna med stivna dativform (fleirtal) ikkje er gjennomsynlege lenger. Dei som framleis er det, har fått regelrett form i nyare tid (dei er registrerte som dativ i NG, SKI og andre eldre kjelder, men har vanleg nemneform i SNP, t.d. *Holsete*). Bruksnamna i dativ eintal er derimot semantisk gjennomsynlege, men held framleis støtt på dativforma. Typisk for eintalsnamna er òg det å alltid stå i simpleks, medan fleirtalsformene er ofte gamle samansetjingar eller

avleiingar. Stølsnamna og teignamna syner liknande tendens, men dei er generelt meir semantisk gjennomsynlege enn bruksnamna.

Kjernen for dativbruken i stadnamn medrekna alle slags dativnamn er utan tvil Hordaland, spesielt Voss (Indrebø 1926:95). I Sogn er slike namn vanlege overalt når det gjeld eintalsforma, medan fleirtalsforma finst berre på Hafslo, i Aurland kommune og i Lærdalen, der dativ framleis finst i talemålet (Bjørkum 1974:245). Dativbruken i Aurland og Lærdal kan truleg forklarast ved kontakt med høvesvis Voss og Hallingdal/Valdres, der dativ er eit levande språktrekk og dativamna er vanlege; Hafslo ser då ut som eit isolert dativområde midt i dativlause Luster kommune.

Eldre litteratur gjev ei felles forklaring for fenomenet i ljøs av den gamalnorske preposisjonsbruken: Dei fleste preposisjonane styrde oblik kasus – særskilt dativ – og dativformene har festa seg i lokalmålet om stader som ofte vart nemnde med ein slik preposisjon føre (Indrebø 1926:93). Nyare granskingar føreslår derimot at denne særeigne utviklinga er prototypebasert og at dativendingane markerer høgare propriumskarakter enn dei motsvarande appellativiske stadnamna (Wetås 2005:356). Likevel tek ingen av teoriene føre seg vekslinga mellom eintals- og fleirtalsformer til dativnamna innanfor eitt og same område.

Eg tykkjer det er nødvendig med ei djupare gransking av fenomenet for å forstå kvifor dativnamna i fleirtalsform er so vanlege på Hafslo og korleis eintals- og fleirtalsformene står i høve til einannan, både formelt og kognitivt (altså korleis dei ovvar seg i språksystemet og i det mentale onomastikonet). Ideelt må vekslinga mellom eintal og fleirtal hjå appellativ (jf. 5.1.2) kunna trekkjast inn her òg, so eg ser ikkje bort frå ei mogeleg sams forklaring på båe fenomen.

Dativ er ikkje den einaste kasusresten i namnematerialet frå Luster kommune; likevel er belegga for andre kasus – både oblike og direkte – so fåe og dei enkelte namneformene er sopass sjeldne at eg valde å rekna dei som reine arkismar. Slike namn fylgjer ikkje noko mønster eller funksjonell inndeling, dukkar oftast opp i førelekk og ser ut til å ha vorte leksikaliserte ved tydingstap, sidan dei mest alltid ber vidt ulike sækundære tydingar. Dei vart samla inn og tolka under kjeldearbeidet⁸, men vert ikkje analyserte vidare.

⁸ Jf. vedlegg 1

5.2.2 Leksikalsk veksling mellom *løyft* og *strengspel* – I heile materialet er det to namn som merkjer seg ut, spesielt sidan dei ikkje finst i standard nynorsk: *løyft* f. /'lái:ft/ ('løype', 'tømmerløype') og *strengspel* n. /'straingspæ:l/ eller /'strEngspE:l/ ('løypestreng')⁹. Spreiinga deira er særst interessant, fordi dei finst berre i den austlege delen av kommunen, altså aust for Indre Hafslo. På Hafslobygdene er desse namna heilt fråverande; dei einaste belegga for nemningane frå tidlegare Hafslo herad er heimfesta i den austlege luten av Solvorn sokn, som ligg på sør-austsida av Lustrafjorden og grensar mot Årdal (Trondskogen, Kinsedalen, Urnes og Ytre Kroken).




Fig. 2: Spreiing av *løyft*, *strengspel* og standardordet *løypestreng* i Luster kommune

Me kan tenkja oss at det ligg ein kulturell skilnad til grunn for denne språklege ulikskapen og det er kan henda slik for t.d. Hafslo, der bygda ligg kring eit vidt vatn og dei kanskje ikkje trong renna

⁹ Målet i Indre Sogn har diftongering av /e/ og /æ/ føre konsonantsambanda *ng*, *nk*, *gg/ggj* (Bjørkum 1974:101). Fenomenet er typisk for den vestlege delen av distriktet (t.d. Hafslo), der diftongeringa skjer framfor sambandet *kkj* òg. I aust har talemålet vanleg monoftong (i Lærdal og delvis Årdal) og monoftonguttalen kan difor finnast aust i Luster kommune, særleg på austsida av fjorden.

tømmer nedover brattene. I tillegg er Hafslo den einaste bygda i heile Sogn som ligg relativt langt inne i landet og ikkje ved fjorden eller i ein dal. Dette gjer Hafslo til ein nokso spesiell stad geografisk sett. Likevel er det ganske usannsynleg at hafslobygdingane ikkje dreiv med tømmerløyping og høy- og vedflytting med løypestreng, spesielt dei som budde langs Veitastrondavatnet eller i dalane. Denne skarpe skilnaden må i alle høve peika på eikor språkleg grense mellom aust og vest i kommunen.

Løyft f. finst oftast som grunnord, svært ofte usamansett i bunden eintalsform (*løyfti* /'lâi:fti/) og stundom i bunden fleirtalsform (*løyftedn* /'lâi:fted*n/). Som utmerkingslekk er namnet sjeldnare og får forma *løyfta-* /'lâifta/. Denne nemninga er alltid brukt om plassar der dei løypte tømmer (stundom i samansetjing med *timmer-/tømmer-*) og tydinga ser ut til å vera primær dei fleste stadene. Berre i høgfjellet vert namnet brukt i sekundærtyding som terrengnamn, oftast på små dalføre (t.d. *Sandfonnløyfti* på Sognefjellet).

Ifylgje SNP sin database finst *løyft f.* berre i Luster kommune og Årdal kommune. I SNP er det 40 belegg for Luster (både som grunnord og førelekk) og i SKI er det 5, medan for Årdal er det 14 belegg i SNP, alle som grunnord og alle plasserte i den nordlege delen av kommunen, dvs. nord for Årdalsfjorden og Årdalsvatnet (spesielt stor førekomst i Offerdalane, på Seim, på Øvre Årdal og nedst i Utladalen). Arealet til *løyft f.* er difor den inste luten av Sogn og denne stoda speglar truleg den historiske kontakten mellom sørsida av Lustrafjorden og Årdal over Hurrungane. Dette



sambandet, som i dag ikkje har ei vesentleg rolle for lokaløkonomien, var mykje viktigare før, då gardane i Fortunsdalen hadde stølsrett i Utladalen (Øvregard 1999:205), som strekkjer seg om lag 22 kilometer frå Øvre Årdal inn i fjellheimen. Ytterlegare spor etter dette finst i det gamle målet inst i Luster, særleg Fortun sokn, som fylgjer Årdal og Lærdal med somme fonetiske trekk, t.d. /o/ eller /ɔ/ for /ø/ eller /œ/ elles i kommunen (Bjørkum 1974:74).

Fig. 3 Areal for *løyft f.* i Indre Sogn

Appellativet *løyft* f. i tyding ‘ei bratte der ein renner ned ved, tømmer, høy’ (ofte utt. *løyft*) er kjent frå Gudbrandsdalen, Valdres, Nordmøre og Sør-Trøndelag (NO7:941), og ifylgje opplysingane frå ulike kartverk over Nord-Gudbrandsdal er namnet hyppig brukt om mindre fjelldalar (særskilt i Lom–Skjåk og Dovre–Lesja). Appellativet *løyft* f. er då kome til Sogn austantil ved kontakt mellom dei inste stroka i Indre Sogn og dalføra på hi sida av Sognefjellet og Jotunheimen. Lom og Vågå var i gamle dagar viktige økonomiske sentrum for lustringane; namnet må då ha fylgt med ferdamennene som fór den gamle fjellvegen frå Fortunsdalen i Luster til Bøverdalen i Lom, og derifrå sør til Vågå eller nord til Skjåk og vidare over fjellet til Lesja og Romsdalen (Indrebø 1936:57). Hafslobygdene skil seg ut med at historisk hadde dei meir kontakt med Sogndal enn Gudbrandsdalen – og med Fjærland over Supphellebreen for Veitastrond.

Det er påfallande at *løyft* f. ikkje finst i Mørkridsdalen, trass i både kontakt med nabostroket Fortunsdalen, der namnet er heimla mange stader, og plasseringa inst i distriktet. Det tyder nok at alle belegg i fjellheimen mellom Mørkridsdalen og øvste Jostedalen kjem frå jostedølar som brukte plassane der, ikkje frå mørkridsdølar.

Strengspel n. er sjeldnare enn *løyft* f. og har mindre utbreiing. Namnet er brukt berre som grunnord og står alltid i simpleks, men det finst eit par gonger i kombinasjon med adj. *insta/ytsta*. Namnet er alltid brukt i primærtyding på løypestreng for høy eller tømmer. I SNP har namnet færre belegg enn *løyft* f., men dei er spreidde over eit større areal: 3 frå Høyanger, 2 frå Vik, 2 frå Balestrand, 3 frå Sogndal, 3 frå Lærdal, 2 frå Årdal, 4 frå Luster og 3 frå Stryn. *Strengspel* n. ser ut til å vera typisk for heile Midtre- og Indre Sogn (området for det tradisjonelle sognemålet), med grenseområda Høyanger i Ytre Sogn og Stryn i Nordfjord (truleg pga. kontakt med Jostedalen). Lemmaet er ogso heimla frå ulike stader på Sør-Vestlandet¹⁰ og Indre Sogn ligg nett ved den nordlege grensa i det sørvestlandske språkområdet. Ytre Sogn (vest for kommunane Balestrand og Vik) høyrer til Sør-Vestlandet berre geografisk, medan språket der er eit nordvestlandsk *e*-mål (Ølmheim 1983:26) og difor vantar namnet. Hafslobygdene verkar endå ein gong som ei språkleg øy utan *strengspel*, so nær som eitt døme frå Mollandsmarki på Ytre Hafslo, mellom Sogndal og Jostedalen/Luster. Hafslo si stode er ganske merkbar, ettersom det finst korkje belegg på *løyft* f. eller *strengspel* n., sjølv om slike verkemiddel sikkert vart nytta der òg.

Desse resultata er særst interessante m.o.t. det språklege møtet mellom sørvestlandsk og austlandsk ordtilfang, som ser ut til å vera mest synleg i Luster kommune hjå t.d. den komplementære

¹⁰ Dette appellativet er ikkje registrert i NO eller andre ordbøker og det sparsamt med belegg i andre kjelder. Likevel verkar det som namnet sitt kjerneområde ligg på Sør-Vestlandet, særleg Hordaland (jf. *Strengspelhaugen* «ein haug med løypestrengfeste» frå Norheimsund i Hardanger, registrert i innsamlinga til nettsida *Hordanamn.no*, og diktsamlinga *Strengspel* (1914) av kvinnheringen Ragnvald Vaage).

spreiinga av *løyft* f. og *strengspel* n. Dei gjensidige innslaga mellom sognemåla og målføra austanfjells har vorte granska helst på grunnlag av materiale frå Årdal og Lærdal (spesielt Bjørkum 1974), der påverknaden frå Valdres og Hallingdal er svært tydeleg. Fellestrekk i lustramål og gudbrandsdalsmål har vore rekna som mindre viktige (Indrebø 1936:59–60) og alle tidlegare undersøkingane har vore avgrensa til enkelte namneformer (t.d. fjellnamnet *Hurrungane* hjå Indrebø). Likevel tykkjer eg at dette granskingsfeltet kan vera særst gjevande, men eg tek ikkje opp dét teoretiske spørsmålet i denne avhandlinga, so eg kjem ikkje til å studera slike fenomen vidare. Vonleg vil einkvan ta emnet opp att i eit seinare høve, og granska det skikkeleg.

5.3 Oppsummering av dei operative fenomenena

Den førebelse analysen av dei empiriske (induktive) observasjonane frå kjeldearbeidet resulterte i to svært intressante og aktuelle fenomen, som vert tekne med vidare i granskinga: vekslinga mellom eintal- og fleirtalsform i både vanlege stadnamn og dativnamn; vekslinga mellom *sete* n./f., *trød* f. og *støl* m. i seternamn. Desse emna er difor operative i høve til dei teoretiske føresetnadene i avhandlinga mi, dvs. at dei både kan og treng undersøkjast djupare frå eit deduktivt synspunkt, på grunnlag av empirien presentert i dette kapittelet.

Desse fenomenena har ulike tilnærmingar (formelt kontra funksjonelt) og inneber to ulike typar analyse (grammatisk kontra leksikalsk). Difor vil eg dela næranalysen i to hovudbolkar:

- 1) *Eintal kontra fleirtal i stadnamn*: meir generelt, fokus på det formelle og det grammatiske. Her har den formelle parameteren (jf. 4.4.) og teorien om propriumsfunksjon (jf. 3.1) meir tyngd;
- 2) *Leksikalsk brigde i seternamn*: meir spesifikt, fokus på det funksjonelle og det leksikalske. Her har den leksikalske parameteren (jf. 4.4), namnemiljøet og teorien om kulturlandskapet (jf. 3.2) meir tyngd.

Dette tyder ikkje at den eine delen ser bort frå prinsippa til hin, tvert om: Nett som for arbeidsparametrane utarbeidde i metodekapittelet, er hovuddelane i analysen komplementære. Ei slik arbeidsinndeling kan nemleg dekkja flest mogeleg av onomastikonet sine dimensjonar og gjeva att eit detaljert bilete av dets indre strukturering.

6. Deduktiv analyse I – Veksling i talform av stadnamn

I dette kapittelet drøftar eg dei formelle tilhøva hjå stadnamn med vekslende talform. Den ålmenne oppfatninga av den grammatiske kategorien numerus er at han uttrykkjer taltilhøve, dvs. «angir om substantivet refererer til ett eller flere eksemplarer av samme gjenstand eller fenomen» (NRG:143). Denne definisjonen nyttar eg som grunnlag for omgrepet talvariasjon, altså moglegheita åt eit stadnamn til å uttrykkja ulik numerus både formelt (morfologisk) og tydingsmessig (semantisk).

Dei fleste stadnamna har eintalsform i dag (NG1:10), men fleirtalsnamn utgjer òg ei stor gruppe i namnelandskapet. Grunnen til bruken av fleirtalsform er «jevnlig vanskelig at forstaa» (NG1:11); den mest aksepterte teorien om emnet knyter fleirtalsformene til naturtilhøva, på den måten at eit fleritalsnamn viser til fleire like lokalitetar på same stad. Dette synet har nok opphav i den fyrste, spontane forståinga av den morfologiske forma og er avhengig av eit tydeleg samsvar mellom grammatisk fleirtalsform, semantisk innhald og namnreferanse ute i den røynglege verda. Difor kan det stundom vera vandt å ettervisa faktiske ‘fleirtalslokalitetar’ i terrenget som kan svara til fleirtalsnamna (Hallaråker 1997:222).

Grunnordet *stad* m. (gn. *staðr*) har hatt ei særstilling i granskinga av stadnamna si morfologiske talform. Tradisjonelt har det vore hevda at dette appellativet hadde to skylde tydingar, nemleg den meir generelle ‘stad’ og den meir spesifikke ‘bustad’: Gamle *staðr*-former (eintal) vart oftare knytte med den fyrste, medan *staðir*-namna (fleirtal) vart for det meste tolka som bustader (NG1:76–77). Mange kritiserte dette standpunktet og argumenterte anten for ei felles talform av lemmaet allereie i urnordisk (Andersen 1946:16–26), eller for ei enklare morfologisk tolking i samsvar med Rygh sin ålmenne teori om kategorien numerus i stadnamn: «I gardnamn er detta ordet nøytt sameleis som alle andre ord i bustadnamn i fl. um meir enn ein bustad, gard eller heim på same stad, men i eintal um ein einbølt gard eller med tanke på ein serskild eller einskild av fleire gardar, heimar, buleikar på same stad» (Vågslid 1974:1).

Alle desse ulike synsvinklane har to fellestrekk: Dei fokuserer for det meste på gardsnamn (sokalla kulturnamn) og er baserte nesten utelukkande på nokre teoretiske motpolar (t.d. historisk kontra notidig, produktiv kontra uproduktiv), som er ei fylgje av det klassiske – rygh-indrebøske – kategoriseringssystemet med lukka namneklasser (jf. 2.1). Den teoretiske tilnærminga i denne avhandlinga er derimot basert på den kognitive grammatikken (jf. 3.1), der skilet på synkroni og diakroni ikkje er so relevant og skilet på produktive og uproduktive namneformer ikkje er absolutt (Bakken 1994:39). Den kognitivbaserte prototypeteorien opphever òg pålitelegskapen åt den

klassiske inndelinga i kulturnamn og naturnamn. Eitt prinsipp frå tidlegare granskingar er likevel brukbart, nemleg at den morfologiske talforma speglar på sett og vis terrengtilhøva i landskapet.

Dette synpunktet ligg til grunn for den funksjonelle inndelinga gjord i førre kapittelet (jf. 5.1.2): eintalsform = eitt landskapselement med presis funksjon; fleirtalsform = mange like landskapselement med generell funksjon. Dette førebelse kriteriumet vil eg nytta i fyrst omgang til å avgrensa og klassifisera namnematerialet or kjeldene.

6.1 Talvariasjon hjå enkelt substantivisk grunnord

Eintalsformene er i stor overvekt blant stadnamna frå Luster: Ved å leita etter formene markerte med suffiksa *-ane* og *-ene* i SNP sin database, får ein ca. 1400 funn, medan ein får ca. 12000 funn om ein skreddarsyr søket etter suffiksa *-en*, *-et*, og *-i/-a*¹¹. Både den upubliserte delen av SNP og SKI syner liknande proporsjonar. Eintalsforma er difor omtrent 8,5 gonger meir brukt enn fleirtalsforma og dette stemmer med opplysingane hjå Rygh.

Dei fleste grunnorda i stadnamn frå Luster kommune viser fullstendig talvariasjon og vekslar ofte mellom bunden eintalsform og bunden fleirtalsform. Dei mest frekvente er: *bakke*, *ekre*, *flate/flote*, *ham(m)ar*, *hole*, *haug*, *kleiv*, *li*, *myr*, *reine*, *skør*, *skrede*, *stein*, *stig*, *teig*, *tuft* og *øy*.

Grunnorda med hyppig talvariasjon fylgjer som regel eit tvidelt mønster når det gjeld det leksikalske innhaldet:

- Når grunnordet har bestemt eintalsform, peikar det alltid på eitt spesifikt landskapselement, t.d. (-) *haugen* = ‘bergknubb’, ‘åker’, osv.;
- Når grunnordet har bunden fleirtalsform kan det peika på: 1) mange like, men særskilde element i terrenget, t.d. (-) *haugane* = ‘fleire småe haugar’; 2) eit større, mindre spesifikt område, t.d. (-) *haugane* = ‘kupert terreng’, ‘gardsbruk’, osv.

Ei mindre gruppe grunnord er nytta nesten utelukkande i bf. eint. Dei mest frekvente av desse orda er: *bø*, *dal*, *fjell*, *holm*, *hovde*, *nes*, *res* og *sig*. Det verkar som einstava inkjekjønnsord med konsonant i utlyd (*fjell*, *nes*, *res*, *sig*) er spesielt motstanddyktige mot fleirtalsforma, sidan det ikkje finst noko belegg for henne i materialet¹². Hine grunnorda viser derimot litt talvariasjon, men bruksområder deira er mykje trongare enn hjå grunnorda med hyppig talvariasjon:

¹¹ Dei eigenlege tala er noko høgare, men det lyt reknast med doble registreringar, normeringsfeil, samanblanding av ulike bøyingsformer med lik ending – hokjønn bf. eint. og inkjekjønn bf. flt. – o.l. (jf. 4.1 i metodekapittelet).

¹² Likevel har *vatn*, *sel*, *berg*, *sva* og *gjerde* talvariasjon, endå om i mykje mindre mon enn grunnord som *bakke* og *haug*. Her kan det dreia seg om ulike leksikalske haldningar, altså korleis folk er vane med å nytta dei ulike einstava inkjekjønnsorda.

- Når grunnordet har bunden eintalsform (oftast), peikar det alltid på eitt spesifikt landskapselement, t.d. (-)*dalen* = ‘åker’, ‘slått’; (-)*holmen* = ‘øy’, ‘slått’, osv.;
- Når grunnordet har bunden fleirtalsform (nokre få gonger), peikar det nesten alltid på eit større område, ikkje fleire like landskapselement, t.d. (-)*dalane* = ‘kupert terreng’, ‘gardsbruk’; (-)*holmane* = ‘slåtteeområde’, osv.

Det er mogeleg å gjera nokre observasjonar ut frå desse opplysingane:

A) Talvariasjon er ikkje eit einsarta fenomen – Definisjonen gjeven i byrjinga av kapittelet lyt no presiserast og fordjupast:

- **Aktiv talvariasjon** (type *haugane* = ‘fleire haugar’, ev. ‘kupert terreng’): Typisk for stadnamna med fullstendig bøyingsparadigme (bf./ubf. + eint./flt.), som syner samsvar mellom formell markering av numerus, semantisk innhald og sanseleg namneobjekt. Den bundne fleirtalsforma til slike namn kan eventuelt fungera som samlenemning òg.
- **Passiv talvariasjon** (type *dalane* = ‘kupert terreng’): Typisk for stadnamn som har ufullstendig bøying og syner talvariasjon berre formelt (dvs. morfologisk), men utan samsvar med det semantiske innhaldet – som vanlegvis peikar på eitt element – og referansen – som vanlegvis er eitt større/generelt område. Slike namn i bf. flt. fungerer berre som samlenemning.

B) Fleirtalsforma åt grunnord med aktiv talvariasjon er meir grammatisk motivert – Det viser seg at grunnorda med hyppigast førekomst i begge talformer held betre på samsvaret mellom morfologisk markering av kategorien numerus og semantisk innhald. Tydinga til slike namn kan nemleg vera fleire like landskapselement sameleis som eit meir generelt område, utan nokon særleg bruksskilnad. Det er å merka seg at ein god del av slike grunnord syner artikkelvariasjon òg (veksling mellom bunden og ubunden eintalsform, jf. 5.1.1), t.d. *haug*, *ham(m)ar* og *skòr*¹³. Desse orda har difor produktiv fullbøying. Dersom me tek i bruk ein prototypebasert definisjon av særnamn – ein teljande og morfologisk uforanderleg nomenfrase med inga eller lita formell markering (Langendonck 2007:186) – oppfyller desse grunnorda ikkje krava stilte av definisjonen, so nær som det å vera teljande. Det tyder at stadnamna laga med denne typen grunnord ikkje er spesielt prototypiske som særnamn og har eit meir appellativisk preg, endå om dei er veldig vanlege stadnamnformer.

¹³ Dette er grunnord med ekte artikkelvariasjon; denne ordgruppa vert endå meir omfemmande om ein tek med slike grunnord som har fonetisk bestemt artikkelvariasjon, t.d. *øy*, *li*, *stein*, osv. (jf. 5.1.1).

C) Fleirtalsforma kan nyttast lettare enn eintalsforma i bustadnamn – Det ser ut som den bundne fleirtalsforma eignar seg jamt over best til å omtala gardar og grender, truleg pga. bruken av denne talforma som områdenemne i stadnamn med passiv talvariasjon meir enn som namn på fleire einskilde landskapselement. Dette stemmer overeins med merknadene i NG12 om dei mange bundne fleirtalsformene av historiske eintalsformer i gardsnamn (jf. 5.1.2), og ser ut til å stadfesta Vågslid sitt syn på vekslinga mellom *staðr* og *staðir* (jf. ovanfor). Nett no lyt eg likevel lata dette spørsmålet vera ope.

D) Hankjønnsendinga verkar dominerande i områdenamna – Medan inkjekjønnssorda for det meste er nytta i eintal, ser det ut som hankjønnssorda og hokjønnssorda med hankjønnsending i fleirtal (sokalla *ar*-klassa, NRG:190) lettast får samlenemningsfunksjon. I det tradisjonelle målet i Luster kommune finst det langt fleire hokjønnssord med hankjønnsending i flt. enn i standard nynorsk (Bjørkum 1974:219), t.d. *ei skòr – fleire skòra*, *ei li – fleire lia*, *ei eng – fleire eng(j)a*, i samsvar med den opphavlege gamalnorske fleirtalsforma (høvesvis *skorar*, *hlíðar* og *engjar*). Dette dannar ei stor mengd hankjønnsendingar i fleirtalsnamn, som kanskje fører til analogisk bruk av endinga, t.d. i gardsnamn (jf. NG12 og SNP *Ottum* /"átad*n/ og *Fjøsne* /"fjø:snad*n/) eller stølsnamn (t.d. *Fodnastølen* nedst i Jostedalen, registrert som <*Fodnad(e)n*>¹⁴ i SKI). Dette spørsmålet lyt undersøkjast vidare.


Eit fellestrekk hjå båe namnegrupper (med eller utan aktiv talvariasjon) er at det semantiske innhaldet i dei enkelte namneformene oftast er klart. Stadnamna danna med desse grunnorda kan då ikkje vera sær sars prototypiske, sidan det prototypiske namnet plar vera ei morfologisk ugjennomsynleg og arbitrær nemning på eit lett identifiserbart individ eller element (Wetås 2005:248). Dessutan er dei fleste stadnamna som inneheld desse grunnorda samansetjingar; dette trekkjer propriumsfunksjonen deira ned, etter di det er teikn på både større formell markering og rekursivitet (dvs. grammatisk modifikasjon).

Eg vil likevel rekna stadnamna med passiv talvariasjon (t.d. *-sandane* = ‘elvegrande’) som litt meir prototypiske enn namna med aktiv talvariasjon, ettersom dei ikkje har fullbøying og fylgjeleg er mindre formelt markerte. Den høgare prototypiske stilinga speglar seg i den spesialiserte funksjonen åt fleirtalsforma, som misser det grammatisk motiverte fleirtalet og går over til å peika på berre éi eining (endå om veldig generelt).

¹⁴ Eigenleg *Fodnadm*. I det gamle indresognsmålet er det typisk med ein lett vokalisk epentese ved klusil–nasal/lateral konsonantsamband, t.d. /r̥aigg̃^en/ eller /regg̃^en/ for *regn*, eller /nabb^en/ for *namn* (Larsen 1926:66).

Det har vore nemnt at ein god del av grunnorda med aktiv talvariasjon ogso har hyppig artikkelvariasjon i eintal. Desse to eigenskapane verkar liksom motsette, sidan fullbøying peikar på lægre propriumsfunksjon (→ større formell markering) medan ubunden eintalsform peikar på høgare propriumsfunksjon (→ mindre formell markering). Det har no seg slik at støe grunnord med høg førekomst i namn er meir motstandsdyktige mot artikkel enn mindre frekvente ord (Haslum 2003:265, jf. 5.1.1), og at alle dei mest frekvente grunnorda med aktiv talvariasjon nødvendigvis er vanlege ord i sognemålet, etter di dei har fullbøying og ligg nær appellativ. Den ubundne eintalsforma vert her ein kognitiv ‘utveg’ for namnebrukaren til å heva den prototypiske stillinga åt slike namn: Simpleks er i seg sjølv meir prototypisk enn kompositum¹⁵ (Wetås 2005:349) og den ubestemte forma er endå mindre markert. Utan moglegheita til å ha artikkelvariasjon i simpleks, ville propriale stadnamn laga med desse grunnorda ikkje kunna skiljast frå vanlege appellativ.

Ei førebels prototypisk inndeling av grunnorda anaylserte i dette avsnittet kan sjå slik ut:

Protoypisk stilling	Namnetype	Døme
Mest prototypisk (særnamnfunksjon)  Minst prototypisk (appellativfunksjon)	Usms. eint. ubf. (svært sjeldsynt)	<i>Bakke</i> = ein bakke <i>Haug</i> = ein haug <i>Dal</i> = ein dal
	Sms. eint. ubf.	<i>-bakke</i> = ein bakke <i>-haug</i> = ein haug <i>-dal</i> = ein dal
	Usms. eint. bf.	<i>Neset</i> = ein tange <i>Fjellet</i> = ein knabb <i>Holmen</i> = ei øy
	Sms. eint. bf.	<i>-neset</i> = ein tange <i>-fjellet</i> = ein knabb <i>-holmen</i> = ei øy
	Usms. flt. med passiv talvariasjon (frå grammatisk flt. til områdenemne)	<i>Bøane</i> = ‘skog’ <i>Sandane</i> = ‘sandslette’ <i>Dalane</i> = ‘gardsbruk’
	Sms. flt. med passiv talvariasjon (frå grammatisk flt. til områdenemne)	<i>-bøane</i> = ‘skog og ur’ <i>-sandane</i> = ‘elvegrande’ <i>-dalane</i> = ‘beiteområde’
	Usms. flt. med aktiv talvariasjon (oppbevart grammatisk flt.)	<i>Bakkane</i> = ‘fleire bakkar’ <i>Haugane</i> = ‘fleire haugar’ <i>Steinane</i> = ‘fleire steinar’
	Sms. flt. med aktiv talvariasjon (oppbevart grammatisk flt.)	<i>-bakkane</i> = ‘fleire bakkar’ <i>-haugane</i> = ‘fleire hugar’ <i>-steinane</i> = ‘fleire steinar’

Tab. 5: Talvariasjon hjå enkelt substantivisk grunnord

¹⁵ Grunnorda med størst talvariasjon har til vanleg høgast førekomst i usamansett form, ettersom dei er so vanlege og er nytta veldig mykje.

6.2 Talvariasjon hjå avleitt substantivisk grunnord

Etter å ha sett opp nokre generelle prinsipp for analysen av talvariasjonen, lyt eg drøfta stoda med sjølve fleirtalsforma, som har vist seg å ha mest strukturert bruk frå eit prototypisk synspunkt. Observasjonane gjorde i førre avsnittet byggjer på ei forenkla forståing av stadnamn som språkleg objekt, med berre produktive substantiv som grunnord. Ei slik forenkling kjem til nyttes ved utarbeiding av ålmenne granskingskriterium, men i røynda er namneinventaret mykje meir varierende. Substantiv dannar storparten av det morfologiske materialet nytta i stadnamnlaging, både i simpleks og som lekk i kompositum. Eit grunnord er nemleg «et usammensatt, terrengkarakteriserande appellativ som i navnedanningar forekommer på hovedleddplassen i stedsnavn, og så fra denne posisjonen uttrykker en terrengkarakteriserande eigenskap i samsvar med ordets appellative betydning» (Haslum 2003:12). Då er det naturleg at enkle, produktive substantiv er mest nytta i stadnamnlaging, fordi dei har ein sterk ibuande skildrings- og klassifiseringskarakter og høyrer til ei open ordklasse med stor bruksfridom (NRG:136–137).

Samansetjing av fleire substantiv er på sett og vis den mest spontane namnelagingsmetoden i tillegg til bruken av den enkle namneforma (dvs. sjølve namneleksemet). Samansetjing med adjektivisk førelekk er like lett å bruka: Dei aller fleste stadnamna er nomenfrasar og rolla til substantivet som hovudlekk er dominerande; adjektivet kan aldri vera etterlekk i ei substantivisk samansetjing (NRG:68). Nye namn laga på denne måten endrar ikkje på dei grammatiske føresetnadene til etterlekken. Avleiing, derimot, er ein mykje mindre brukt namnelagingsmetode, særleg når det gjeld avleiing med suffiks, fordi dei grammatiske vilkåra til grunnordet vert ulike og fylgjer suffikset (slik ein vanleg avleidd nomenfrase gjer, NRG:91).

Avleiingar

Det finst ikkje so mange avleidd stadnamn i Luster kommune og dei ser ut til å fylgja mønsteret observert i førre avsnittet. Blant dei vanlegaste avleidd stadnamna, finst det suffigerte former med *-ing/-ung*¹⁶, t.d. *Avkjølingen* /'a:vKølingen/ = 'bu for avkjøling av mjøka', *Demmingen* /'dEmingen/ = 'badedam', *Fyllingen* /'fødlingen/ = 'elvefylling', *Hegningen* /'hægningen/ = 'dyrka innmark', *Lessingen* /'lEsing*n/ = 'åskam der dei lessa'. Slike former er gjennomsynlege og syner fullkome samsvar mellom morfologi, semantikk og referanse. Dette set dei på same prototypisk nivå som (u)samansette eintalsnamn i bunden form (type *Holmen* = 'ei øy'). Likevel har dei ikkje aktiv

¹⁶ Desse suffiska er jamgode. Gamalt indresognsmål – særskilt i Luster og på Hafslo – har teke vare på den gamle bakre vokalismen med [u] / [o] / [ɔ], som elles i vestnorsk er vorten redusert til [e] / [ø] (Larsen 1926:184, 214 og Bjørkum 1974:271–282), t.d. i /jē²ruge/ ('trottig, gjerrig'), /tud²nuge/ ('øren'), /vē²tuge/ ('vettig') og /fjōr²ong/ ('fjerding' = fjerdedel). Dette kan forklarast ved det målgeografiske lægjet åt Indre Sogn, som ligg ved grensa mot det midtnorske målområdet, der denne lyden har halde seg mykje betre (Indrebø 1936:60).

talvariasjon: Me kan rekna med at dei faktisk vert bøygde i fleirtal òg, ettersom dei oppfyller alle dei formelle krava åt stadnamna med aktiv talvariasjon, men i kjeldene finst det ikkje noko belegg for det. Det finst likevel belegg for fleirtalsforma av andre, likande avleiingar, men slike former er heller fåe og ser ut til å arta seg heilt annleis:

1. *Farningane* /"farningad*n/ (Øvregard 1999:199: <*Fadningadn*>), vårstøl til Fortun i Bergsdalen. *Farningselvi* renn i nærleiken;
2. <*Flatningane*> (SNP upublisert, SKI: <*Flatninga'dn*>) fjellstøl for fleire bruk i Engjadalen, ligg på ein stor flote;
3. *Gjerdingane* /"jæ:ringad*n/ hamnegang, Lambhaug, IH, + *-gjerdingen* /"jæ:ringen/ (15 namn: 3 usms., 12 sms.), slått, ulike plassar;
4. *Hatlungane* /"hatlongad*n/ utan forklaring, Hæri, Luster;
5. *Hurrungane* /hu²rrunḡadn/ (Indrebø 1936:47) fjellområde ved grensa mot Årdal;
6. *Joranger* (Indrebø 1936:61 <*Jorungo*¹⁷>), /j²róngó/ eller /j²rungadn/ i Luster (NG12:29), fleire gardsbruk, IH;
7. *Kjøpingane* /"Kø:pingad*n/ myrlendt område over Melheimstroi, IH;
8. *Leirungane* /"lai:rongad*n/ (2 namn) slåttemark og flat åker med eng på Skjolden;
9. <*Lingadn*> (SKI, norm. *Lingane*) fleire støl i nedste Fortunsdalen, Luster;
10. <*Lønningadn*> (SKI, norm. *Lønningane*) støl med sel og fleire tufter i Fortunsdalen, <*Lønningaheugen*>, <*Lønningagrovi*> og <*Lønningakjødn*> i nærleiken;
11. *-mælingane* /"mElingad*n/ 'tidlegare åker/slåttemark' + *-mælingen* (ca. 20 namn). Alltid med talord som førelekk (*tre-*, *fir-*, *sju-*, *ni-*).
12. *Runningane* /"runingad*n/ (5 namn) 'skogli/beite/tidlegare slåttemark' (ulike plassar) + *-runningen* /"runingen/ (7 namn: 4 usms., 3 sms.). Staden gjev ofte namn til andre landskapselement i nærleiken, t.d. *Runningsgrovi*, *Runningateigen*, osv.;
13. *Skjenningane* /"sjæningad*n/ beitemark i Bergsdalen (rett innanfor *Farningane*). *Skjenningagrovi*, *Skjenningaøy* og *Skjenningagjerdet* ligg i kring;
14. *Stemmingo* /"stEmingo/ (dativ flt.) eit heilt område på YH. *Stemmingavegen* går opp dit og *Stemmingagrovi* renn gjennom plassen;
15. *Strendingane* /"strendingad*n/ tre skjer i Straumavatnet, YH;
16. *Tynningane* /"tøningad*n/ flatt fjellparti, Sørheim;
17. <*Ulvongo*> (SKI, norm. *Ulvungo*, dativ flt.) /u²lvóngó/ eller /u²lvångo/ (NG12:48), 'skogli' i SNP, tidlegare støl for garden Høgi på IH;
18. *Uvisingane* /u'vi:singad*n/, hellebrot over stølen Fossen, YH. *Uvisingaholten* (ein fjellknabb) ligg rett attmed;
19. *Øtlingane* /"øtlingad*n/ skogteig i Bergsdalen, Luster
20. *Øvringane* /"øvringad*n/ 'fleire haugar langs ein stig', Gaupne.

Det fell i augo at døma 3, 11 og 12 har aktiv talvariasjon og held nokolunde bra på det grammatiske fleirtalet, og at 15 og 20 held på det grammatiske fleirtalet sjølv om dei ikkje har talvariasjon (belegga er bøygde berre i fleirtal). Som observert i førre avsnittet, opptrer talvariasjon og

¹⁷ Skilnaden på nominativ- og dativforma er ikkje viktig i dette høvet.

grammatisk fleirtal i lag, so det er sannsynleg at døma 15 og 20 faktisk kan vera bøygde i eintal òg, berre det ikkje finst belegg for det i kjeldene (like eins eintalsformene analyserte ovanfor). Det tyder at desse namna kan ha fullbøyning og lyt klassifiserast som lite prototypiske, nett som dei enkle substantiviske formene med aktiv talvariasjon (jf. 6.1.B).

Eit anna påfallande trekk hjå døma 3, 11, 12, 15 og 20 (som har talvariasjon) er at dei har semantisk motiverte grunnord, dvs. gjennomsynlege og produktive i dag: *gjerding* ('gjerde, inngjerding'), *mæling* ('måling'), *running* ('rydning')¹⁸, *strand* og adj. *øvre*. Hine døma, derimot, er korkje semantisk motiverte (unnateke nr. 2 *Flatningane*) eller fullbøygde (dei finst berre i bf. flt.). Ein kunne argumentert for at det semantiske innhaldet i grunnorda åt slike stadnamn likevel er gjennomsynleg m.o.t. det gamle sognemålet: *Hurrungane* inneheld verbet *hurra* ('dundra', Indrebø 1936:49), *Stemmingo* inneheld verbet *stemma* ('stengja', jf. *Stemmerdalen* i Aurland, Vinjum 2004:62–65), *Hatlungane* inneheld substantivet *hatl m.* ('hassel') osv. Trass i det er dei fleste av slike appellativ nokso forelda i dag og difor vanlegvis uproduktive; dei som framleis finst i målet (t.d. *hatl* eller *leir* i *Leirungane*) er vortne morfologisk ukjennelege pga. avleiingssuffisket, særskilt den arkaiske varianten *-ung*, som i dag er ukjend¹⁹. Ei ytterlegare stadfesting på den sterkare leksikaliseringa av avleiingane med *-ung* er gardsnamnet *Josvanger* (matrikelnamn, NG12: *Hjøsvang*, SNP: *Hjosvang*) utt. /jø2ssvóngó/ (NG12:34) eller /"jø:svånga/ (SNP), og *Kolavangen* ('skog, beitemark') utt. /"kå:lavangen/, men notert i som <*Kålavungadn*> (bf. flt.) i SNP sine oppskrifter. Desse to namna er truleg samansetjingar med gn. *vangr m.* som etterlekk, men endinga *-ang* er vorten reanalysert som *-ung* pga. avleiingssuffikset si viktige rolle i stadnamn (og tidlegare i daglegtalet òg): «At vangir kunde være gaaet over til -ungar, som man har allerede i de ældste Skriftformer her, var ikke utænkeligt» (NG12:34)²⁰. I tillegg er slike suffigerte stadnamn korkje rekursive (grunnorda deira kan ikkje ha noka vidare grammatisk forandring) eller av ålmenn bruk (dei finst berre éin gong i kjeldene, einast *leirung* har to belegg).

Alt dette talar for at dei ugjennomsynlege, avleidde fleirtalsformene er meir prototypiske enn fleirtalsformene av avleidde leksem med aktiv talvariasjon:

¹⁸ *Running m.* er i dag eit noko forelda ord, med det var eit fullt levande appellativ opp til byrjinga av 1900-talet og truleg litt lenger (utt. /rydn²ing/ eller /rudn²ing/, Larsen 1926:226).

¹⁹ Alt i byrjinga av 1800-talet var det usemje om fjellnamnet *Hurrungane* si tyding – sjølv om verbet *hurra* og *hurr m.* ('søg, dunder') framleis var levande ord – nett pga. det forelda, misvisande avleiingssuffisket *-ung* (Indrebø 1936:46). Eit anna døme på den fullstendige leksikaliseringa av avleiingane med *-ung* er føreleken i gardsnamnet *Bollungberg* /"bålunksbærg/ (NG12:24: *Bulungberg* /bú²lómmbærg/ eller /bå²lombærg/, SKI: <*Bulomberg*>), som i dag aldri vert tolka som ei avleiing av *bol m.* ('trestomn'), sjølv om ordet finst i tradisjonelt indresognsmål (Larsen 1926:192).

²⁰ Den same utviklinga skjedde i Midtre Sogn, men i motsett lei, ettersom den bakre vokalisme ikkje er typisk for målet der: Avleiingar med *-ung* er stundom vortne reanalyserte som *-ang*, t.d. i appellativet *vetrung m.* (gn. *vetrungr*), utt. /væt²rong/ i IS, men /²vetraun/ i MS (/a/ diftongert ved konsonantsambandet *ng*, Uglum og Vangnes 2010:115), og i namnet til garden *Kollungsnes* i Balestrand kommune, utt. /kå²dlaøngsnese/ (NG12:166, i dag norm. *Kollangneset*).

- dei er lite eller ikkje semantisk motiverte (er ugjennomsynlege → sterkare leksikalisering);
- dei er lite formelt markerte fordi kategorien numerus har mist produktivitet både morfologisk (ufullstendig bøyning) og semantisk (peikar på større/generelle område, ikkje mange like delar i terrenget);
- dei er ikkje rekursive (har lita mogelegheit for fleire morfologiske modifikasjonar²¹) og for det meste arbitrære (har ingen spesifikk funksjon).

Likevel er den grammatiske markeringa (avleiingssuffiks + bunden fleirtalsending) nok til å trekkja propriumsfunksjonen til desse orda litt ned, so dei verkar ikkje so prototypiske som bundne eintalsnamn, sjølv om desse siste kan innehalda produktive grunnord (t.d. *Hurrungane* er mindre prototypisk enn namna på dei einksilde tindane i fjellmassivet).

Avleiing verkar generelt som ei kognitiv løysing til å heva propriumsfunksjonen åt eit stadnamn, og difor den stillinga det har i onomastikonet. Ei fylgje av dette er at det kan finnast fleire ulike overgangsformer mellom avleiingar av produktive leksem med aktiv talvariasjon (minst prototypiske) og avleiingar av uproduktive leksem med passiv talvariasjon (mest prototypiske). Eit par døme på soverne overgangsformer er:

- *Flatningane*: produktiv substantiv som grunnord, men utan samsvar mellom grammatisk fleirtal, leksikalsk innhald (éi stølsghrend) og referanse (eitt område);
- *Tjørningane* ('to tjørner ved ein støl', eitt einaste belegg i bunden fleirtal): produktiv substantiv som grunnord, syner samsvar mellom grammatisk fleirtal, leksikalsk innhald og referanse, men er avleitt uansett. Difor fungerer det meir som områdenemne i tyding 'stad der dei to tjørnene ligg' enn som einskildnemne på sjølve namneobjekta.

Det er ogso å merka seg at avleiingssuffikset *-ing/-ung* dannar hokjønnsord som høyrer til *ar*-klassa, so desse formene inngår i den store namneflokk med hankjønnsending i bunden fleirtalsform. Dette styrkjer hypotesen om tendensen åt hankjønnsord i bunden fleirtalsform å vera dominerande som både generelle områdenamn (t.d. namn på fjellkjede, skog, beite, osb.) og spesialiserte områdenamn (t.d. namn som denoterer menneskeleg bustad/aktivitet), jf. dei mange gards- og seternamna i lista ovanfor (*Farningane*, *Flatningane*, *Skjenningane*, *Lønningane*, *Lingane*, *Jorungo/Jorungane*, *Ulvungo*).

²¹ Samansetjing med det avleidde namnet som førelekk er mogeleg, ogso med ugjennomsynlege former. I slike høve vert det likevel aldri stomnkomposisjon (som er det mest normale ved samansetjing med substantiv som førelekk, NRG:68), men alltid fugesamansetjing med *-a-*.

6.3 Talvariasjon hjå grunnord av annan type

Med tanke på resultatane oppnådde til no, vil eg freista klassifisera nokre fleire mindre stadnamngrupper, som vil noko frå kategoriseringa nytta i resten av kapittelet.

Enkle ugjennomsynlege former – Mangt eit stadnamn frå Luster kommune er bøygt i bunden fleirtalsform – helst hankjønn – men er i dag heilt ugjennomsynleg. Slike namn er korkje avleidde eller samansette og vantar ofte samsvar mellom grunnordet si form og bøyingsendinga. Mange bustadnamn fylgjer dette mønsteret, særskilt inst i kommunen: den gamle husmannsplassen *Nausane* /"neu:sad*n/ i Fortunsdalen, garden *Heltnane* /"hEltnad*n/ og grenda *Meljane* / "meljane / i Mørkridsdalen, *Ottane* /"åtad*n/, *Fjøsnane* /"fjø:snad*n/, *Urnane* /"urnad*n/ og <*Råane*> /rå:²adn/ (NG12:22) på nordsida av fjorden, osb. Det finst òg nokre belegg blant stølsnamn, t.d. <*Jargolane*> (Øvregard 1999:116) i Engjadalen og *Hornane* /"hådnad*n/ i Dalsdalen²². Teignamn syner òg denne utviklinga, endå i mindre mon enn hine namneflokkane: *Vinjane* /"vinjad*n/ fellesnamn for eit heilt slåtte- og beiteområde på austsida av Mørkridselva, <*Råumsane*> ein haug over garden Råum, *Hornane* /"hådnad*n/ ein slått under Venjum på Ytre Hafslo, o.fl.

Dessa namna verkar nokso prototypiske ut frå eit analogibasert kriterium, sidan dei fungerer ofte som modell for samansetjing (der dei alltid er førelekk). I tillegg har dei aldri aktiv talvariasjon og er alltid bøygd i hankjønn. Dette talar for den generelle høgare propriumsfunksjonen at den bundne hankjønnforma i standamn – helst namn som denoterer menneskeleg aktivitet – som støtt vert nytta og oppfatta som områdenemne.

Enkle former med verbalt førelekk – Mange former i kjeldene ser ut til å bestå av eit uavleitt verb bøygt med ei substantivisk bunden fleirtalsending, t.d. *Jodlane* /"jådlad*n/ (stad der dei sat og lokka på kyrne, frå å *jodla*), *Røytene* /"râi:tene/ (stad med dårleg høyturk, frå å *røyta*), *Sildrene* /"sildred*n/ (skoteig der det dryp vatn frå ei ufs, frå å *sildra*), osb. Desse namna verkar meir prototypiske enn vanlege substantiv i bunden fleirtalsform pga. den reine formelle (dvs. passive) talvariasjonen, men eg tykkjer ikkje dei er so prototypiske som dei ugjennomsynlege formene med lik bøyning, sidan grunnordet godt kan vera eit produktivt substantiv: *røyte* f. (‘râske, fukt’) og *sildre* f. (‘lita grov’). Einast typen *Jodlane* kan vera noko meir prototypisk som proprium, ettersom det

²² Både skriveforma og uttalen til dette namnet tyder på at grunnordet er *horn* n., eit heilt kvardagsleg ord på moderne sognemål. Likevel er det ikkje samsvar mellom grammatisk kjønn og bøyingsending, sidan den vanlege bundne fleirtalsendinga at sterke inkjekjønnsord med konsonant(samband) i utlyd er *-i* (Ølmheim 1983:53). Etter mi meining tyder dette på leksikalisering og oppheving av propriumsfunksjonen ved bruk av den meir utbreidde hankjønnendinga, som har sterkare kopling til områdenemne utan aktiv talvariasjon. Staden er nemleg delt i *Nedre* og *Øvre Hornane* frå gammalt, men «til vanleg blir dette felles stølsområdet kalla for Hodnane» (Øvregard 1999:154).

ikkje finst eit tilsvarande uavleitt substantiv til *å jodla* og stadnamnet er bøygt i hankjønn, som har vist seg til å vera genusen nytta i dei tydelegaste døma på områdenemne med passiv talvariasjon.

Det same gjeld **enkle former med adjektivisk førelekk**, t.d. *Bleikene* / "blai:Ked*n/ (fleire plassar, kopling med ljós/skinande let), *Stillene* /"stilene/ ('roleg parti av elva', to namn som ligg nokso nært) og *Grunnene* /"grønned*n/ (grunt parti av Eidsvatnet), som ser ut til ha eit adjektiv som førelekk, men mest truleg er laga av dei vanlege appellativa *bleik* f. ('bleiking'), *stille* f., og *grunne* f.²³ Likevel viser dei litt høgare propriumsfunksjon enn stadnamn laga av enkle substantiv med aktiv talvariasjon, nettopp av di dei peikar på større område og ikkje særskilde landskapselement.

Alle desse overgangsformene med usikker klassifisering lyt ikkje oppfattast som ein veikskap til prototypeteorien. Derimot vitnar dei om den dynamiske naturen åt onomastikonet, der grensene mellom ulike kategoriar ikkje er skarpe og stendig vert restrukturerte (Bakken 1994:41, jf. 3.1.2). Dette er typisk for ein prototypebasert modell av det mentale leksikonet, der tilpassing og utviding av gamle kategoriar til nye røynsler og forståingar er blant dei viktigaste kognitive prosessane (Akselberg 2002:50, jf. 3.1.3).

6.4 Talvariasjon hjå grunnord med dativending

I dette avsnittet analyserer eg talvariasjonen hjå stadnamn som syner oblik kasus i sine notidige former. Nemninga 'oblik kasus' er nytta til vanleg om alle kasus unnateke nominativ og vokativ, dvs. akkusativ, dativ og genitiv. Genitivformene har alt vorte granska (sjå vedlegg 1) og det har vorte stadfesta at genitivnamna i dag berre er uproduktive restar utan spesiell funksjon eller særskilt spreingsmønster (jf. 5.2.1). I tillegg hadde genitiv heilt lik form som dativ og akkusativ i linne substantiv. Akkusativ er heller ikkje so interessant å granska: Denne kasusen hadde heilt lik form som hine oblike kasus i linne substantiv, medan i sterke substantiv hadde han anten same form som nominativ (i hokjønn og inkjekjønn) eller bestod han av det reine rotordet (i hankjønn, dvs. heilt lik nominativen bortsett frå endinga *-r*). Desse to kasusane er då oftast falne i saman med dativen, som har halde seg betre i det norske språket og framleis finst i mangt eit målføre.

Til skilnad frå fenomenen granska tidlegare i kapitlet, fokuserer eg no ikkje på talvariasjon hjå stadnamn med likt grunnord, men på talvariasjon generelt. Det finst nemleg nokso mange stadnamn med dativending anten i eintalform eller i fleirtalsform, som regel med ulikt grunnord, og spreinga og funksjonen deira ser ut til å fylgja nokre presise mønster (jf. 5.2.1).

²³ Det er ogso usannsynleg at slike former er samansetjingar med det forelda appellativet *å* f. som grunnord, som på indresognsmål heiter *e* (ubf.) og *edn* (bf.) i ft. (Larsen 1926:452, Bjørkum 1974:221–222): Somme av desse formene er jo nytta om fleire mindre grøver i fjellet, men dei fleste belegga har inga kopling til rennande vatn eller vassforsyning.

Når det gjeld dativbruken i Indre Sogn, so finst han framleis i målføra i Øvre Lærdal (Tønjum sokn) og på Borgund i Lærdal kommune (Bjørkum 1974:245). Sambandet med Hallingdal og Valdres er avgjerande i dette høvet, sidan dei fleste midtlandske måla ogso har aktiv dativbøying den dag i dag. I lærdalsdialekta har dativ endinga *-i* i sterke hankjønnsord og alle inkjekjønnsord (*pao foti, i husi*), endinga *-a* i linne hankjønnsord (*uti haga*) og endinga *-en* i alle hokjønnsord (*ved elven, midt i veken*). I fleirtal har dativ alltid endinga *-o* (*med hesto, til jento, utor huso*, Ølmheim 1983:54). Dativbøyinga er difor nytta i dag berre med bunden form av substantiv, oftast som indirekte objekt etter preposisjon (sjeldnare ved dativstyrande verb som *hjelpa* og *gje*, Bjørkum 1974:253).

Elles er dativ heilt forsvunnen frå Indre Sogn, men aktiv dativbøying har vore vanleg i fleirtalsformer av stadnamn i Luster kommune heilt til byrjinga av 1900-talet, og i nokre faste uttrykk òg (t.d. *i dølo* = ‘i Gudbrandsdal’, Bjørkum 1974:246). I Olav Sande sine segner – nedskrivne i den andre helvta av 1800-talet – finn me ofte dativ fleirtal, helst i faste vendingar, stadnamn eller vers: «Adla mina kyre / gaor burti *myro* [...] dei gaor i bondens *baito* [...] kom heimatt utor *fjello*»²⁴. Me har belegg for dativform av vanleg appellativ i Luster og på Hafslo frå 1743 (Hamre 1961:61)²⁵, då kan me rekna med at den produktive dativbruken byrja verta svekka mellom slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet, og vart so uproduktiv rundt midten av 1800-talet, men vart ikkje heilt gløymd til byrjinga av 1900-talet.

6.4.1 Avgrensing av belegga for hovudfenomenet

Her vert det presentert eit oversyn over alle dativnamn frå Luster kommune slik dei finst i kjeldene og i det topografiske kartet åt Kartverket (TK), som ligg til grunn for digitalkartet Norgeskart.no og som nyttar dei offisielle stadnamnformene registrerte og godkjente i SSR (Sentral stadnamnregister). Kvar namneform er granska etter dei metodologiske arbeidspremissane presenterte i 4.4 (jf. fyrste del). Det vert diskutert om belegga er ekte oblike kasusformer eller om dei verkar meir som analogiske danningar til dei ekte dativnamna. Normeringa til dei fleste namna fylgjer matrikkelen; der ho ikkje gjer det, vert matrikkelnamnet lagt til²⁶. I analysen fylgjer eg den funksjonelle inndelinga etter kulturelle kjernepunkt i jordbrukssentrumet (gardsnamn, seternamn og teignamn, jf. 3.3), saman med eit kronologisk kriterium (den eldste forma i kjeldene avgjer klassifiseringa ved tvilsame namn).

²⁴ Bulokk frå Luster, mine kursiveringar (frå samlinga *Segner frå Sogn*, 1992, s. 240)

²⁵ «[...] *Huusi* er et Huus eller Stue, *Qvædnhuusi* et Møllehuus, *Staburi* en Stolpeboe, *Golvi* et Gulv, *Taki* et Tag etc.». Disse formene kan vera bøygdte anten i dativ eint. eller i bf. flt., men om det faktisk var fleirtal hadde det vore merkeleg at dei vart omsette til eintal, og *tak* n. ville hatt u-omlyd – *tøki* /'tå:ki/ – sidan det er eit einstava inkjekjønnsord med /a/ som rotvokal (Ølmheim 1983:53).

²⁶ Kjelda for skriveforma av matrikkelnamna er *Matrikkelutkastet av 1950*.

6.4.1.1 Bruksnamn i dativ fleirtal

1. *Ebo* /'e:bo:/ ('tomt, villaområde', matrikkelnamn), YH;
2. *Eikjum* indre og ytre: berre *Ytre Eikjum* registrert som *Jørn-Eikjum* /'jø:rnai:Kå/ i SNP (elles som utmerkingsledd t.d. *Eikjavarden* /'ai:Kava:ren/), NG12:47: *Eikjum* /ei²Kadn/ (dat. –Kó), TK: *Eikjo*, IH;
3. *Båsko* /'båsko:/ (matrikkel: *Båsåker*), NG12:39: *Baasaaker* /bå:²såkó/, YH;
4. *Hauge* /'heu:ge/ men NG12:41: *Hauge* /hau²gó/ og TK: *Haugo*, YH;
5. <*Hjellum*> (BB8:468), Veitastrond;
6. *Hjosvang* (matrikkelnamn) /'jø:svånga/, same form som førelekk òg, men NG12:34: *Hjøsvang* /jø²ssvóngó/ (gen. -vónga) eller /jø²ssvångó/²⁷, IH;
7. *Holsete* /'hålsE:te/ men NG12:40: *Holsete* /há²llsetó/, SKI <*Holsæto*> og <*Hållseto*> («med trykksterk første staving», BB9:591), YH;
8. *Husum* /'hu:sum/ ('tidlegare butikk'), YH;
9. *Juso* /'ju:så/, IH;
10. *Joranger* (matrikkelnamn) øvre og nedre: upublisert i SNP men <*Jorungo*> (Indrebø 1936:61) og NG12:29: *Joranger* /jø²róngó/ «i Lyster skal ogsaa Nominativformen /jø²rungadn/ bruges», gen. /te jø²rónga/, IH;
11. *Norum* /'no:rurum/ ('tomt, villaområde'), Gjerde, Jostedal. Same namn som kyrkjelokket *Norum* i Sogndal kommune (NG12:96), i dag *Norane* /'no:rad*n/;
12. *Skjervo* /'sjærvø/, NG12:39: *Skjerve* /sjæ²rvó/ (òg i gen. *te skjerva*, BB9:254), YH;
13. <*Sveum*> (BB7:483), IH;
14. *Sviggum* /'svigum/, NG12:32: /svi²ggó/, Fet, IH
15. *Ugulen* /'uglå/, NG12:36: *Ugulen* /u²gguló/ eller /u²ggló/, TK: *Ugulo*, IH;
16. *Venjum* /'vainjo:/ eller /'vEnjum/, NG12:48: *Venjum* /vei²njó/ og TK: *Vinjo*, YH;
17. *Veum* øvre og nedre: registrert i SNP berre som /'øvreve:um/, men NG12:36: *Veum* /vé²ó/ «i Lyster ogsaa /vé²adn/» og TK: *Veo* for heile området, IH;
18. *Vetleskogen* /'vEtlesko:gen/, men NG12:44: *Lilleskog* /væ²ttleskógó/, YH;
19. *Vollum* /'vålum/, Veitastrond;

Somme av desse namna vil eg ikkje rekna som sikre dativformer, sidan det ikkje er klart om alle er historiske namn eller ikkje. Om *Hjellum* (nr. 5), *Norum* (nr. 11), *Sveum* (nr. 13) og *Vollum* (nr. 19) seier bygdebøkene at dei er mindre bruk eller tomter utskilde frå større gardar mellom 1920- og 1970-talet. At uttalen av desse namna er skriftnær, kan peika på uproductiv leksemstatus og difor analogisk lagning etter mønsteret me ser hjå hine historiske formene. Det same kan gjelda for *Ebo* (nr. 1) og *Husum* (nr. 8), som ikkje er omtalte i bygdebøkene; likevel er det å merka seg at skriftnær uttale ser ut til å ha breitt seg noko hjå dei ekte dativnamna òg (t.d. nr. 16 og 17).

²⁷ Det ser ut som forma registrert i SNP er den gamle genitivforma. Denne overgangen er ikkje ukjend i Sogn, jf. *Reinunga* /'rai:nUnga/, gamal seter øvst i Flåmsdalen i Aurland kommune, tidlegare notert av George T. Flom som *Rainúngú* (Beito 1949:265).

Desse tilsynelatande analogiske namna er særmerkte ved som regel å ha gjennomsynleg semantisk innhald og usamansett form, medan dei ekte dativformene er stort sett ugjennomsynlege og samansette/avleidde. Nokre unnatak er nr. 2 *Eikjum*, nr. 4 *Haugo*, nr. 7 *Holseto* og nr. 18 *Vetleskogo*. Desse formene syner ulik utvikling, anten mot bestemt eller ubestemt nominativform. Eg vil rekna den ubundne forma *Holsete* som eit isolert tilfelle²⁸, medan *Hauge* ser ut til å ha gått frå dativ fleirtal til eintal, kanskje ved påverknad frå grannegarden *Sætre*, som ligg i same strok (sokalla *Krikane*). Utviklinga me ser hjå nr. 2 og nr. 18 kan derimot forklarast i ljøs av analysen gjord i avsnittet 6.2: *Vetleskogo* har vorte reanalysert som nominativ eintal og får difor ein presis propriumsfunksjon som gardsnamn (bruket der er etter måten lite), medan *Ekjum* vesklar mellom nominativ og dativ av fleirtalsforma truleg pga. den meir områdekarakteriserande namnestatusen (bf. flt. med passiv talvariasjon). Denne tendensen ser me hjå nr. 10 *Joranger* og nr. 17 *Veum* òg. Det er påfallande at i NG12 vert det notert at nominativformene er typiske for gamle Luster herad, medan på Hafslo nyttar dei helst dativ. Dette kan ha noko å gjera med dei mange opphavlege dativnamna som i dag har nominativform inst i kommunen (jf. 5.1.2 og 6.3), og det ser ut som same utviklinga skjedde vest for Hafslobygdene òg, jf. den notidige forma *Norane* for gamle *Norum* (sokn i Sogndal, sjå nr. 11).

6.4.1.2 Bruksnamn i dativ eintal

20. *Alme* /"alme/, NG12:39: *Alme* /a²lme/, YH;
21. *Alme* /"alme/, NG12:20: *Alme* /a²lme/, gen. /te alms/, Luster (sørsida);
22. *Berge* /"bærge/ (TK: *Berget*); Elvekrok, Jostedal. Normeringa i SSR nytta av Kartverket må vera feil, sidan appellativet *berg* n. i bunden eintalsform alltid har tonem 1 (/bærge/, vanleg stadnamn over heile kommunen), medan her har namnet tonem 2, nett som hjå hine *berge*-dativnamna.
23. *Berge* /"bærge/, Fåberg, Jostedal;
24. *Berge* /"bærje/, NG12:10: *Berge* /bæ²rje/, Luster;
25. *Berge* /"bærge/ (bustadplass), YH;
26. *Berge* /"bærje/, NG12:14: *Berge* /bæ²rje/, Luster;
27. *Bringe* /"bringe/, NG12:15: *Bringe* / bri²nge/, Luster;
28. *Dale*: i dag soknenamn og namn på større område ved fjorden på bygda Luster (eg kjenner det som /"da:le/), garden var kalla *Dalsøyri* (NG12:15: /dalsåiri/ «med Hovedtone paa 2den Stavelse», gen. /te dals/);
29. *Eide* /"ai:e/; NG12:11: *Eide* /ei²e/, gen /te eis/, Luster;
30. *Gjerde* /"jærde/, YH;
31. *Gjerde* /"jæ:re/, Jostedal;
32. *Hauge*: registrert i SNP berre som førelekket *Haug*- /"heu:gs/ (eg kjenner plassen som /"heuge/), NG12:13: *Hauge* /hau²ge/, gen. /te hauks/, Luster;

²⁸ Grunnordet *sete* kjem til å verta granska grundig i neste kapittelet.

33. *Hove* /"hå:ve/ (i SNP men utan markering/koding), YH;
 34. *Kvåle* /"kvao:le/, NG12:14: *Kvaale* /kvåo²le/, Luster;
 35. *Lunde* /"lunde/, NG12:35: *Lunde* /lu²nde/, IH;
 36. *Sage* (nordre og søre) /"sa:ge/, NG12:15: *Sage* /sa²ge/, gen. /te saks/, Luster;
 37. *Sande*: /"sande/; NG12:19: sa²nde, [te sans]; *Sande*, Luster (sørsida)
 38. *Saude*: upublisert i SNP, men registrert som <*Saue*> (eg kjenner namnet som /"seue/), NG12:17: *Saude* /sau²e/, Dale, Luster;
 39. *Saude* /"seu:e/, NG12:10: *Saude* /sau²e/ «*seue, te seus*, med meget kort e», Fortun, Luster;
 40. *Sie*: i SNP berre som utmerkingsledd i *Sieøygarden* /"si:eåi:ga:ren/, men NG12:44: *Sie* /s²e/ (eg kjenner garden som /"si:e/), YH;
 41. *Sætre* /"sæ:tre/, NG12:41: *Sætre* /sæ²tre/, Larsen 1926:488 /sæt²r²e/, YH.

Alle desse namna er nokso sikre dativformer²⁹ og det fyrste ein legg merke til er at trass i eintalsbøyinga peikar dei på relativt store gardar og grender, ikkje einskilde bruk. Til skilnad frå fleirtalsformene er desse namna fullt gjennomsynlege (einaste unnatak: nr. 34 og nr. 38/39) og alltid i simpleks. Det verkar ogso heilt mogeleg å ha fleire dativnamn i eintalsform laga med likt grunnord, medan dette ikkje skjer med fleirtalsformene. Ei interessant ovring hjå desse formene er at dativforma i stadnamn ikkje svarar til den produktive dativforma i indresognsmålet (med endinga -i), som ogso fanst i Luster kommune opp til tidleg på 1900-talet, endå om det var ei sjeldhøyrtd form (t.d. /pao skjøl¹di/, bygdenamn *Skjolden*, Bjørkum 1974:246).

6.4.1.3 Stølsnamn i dativ

Fleirtalsformer:

42. *Berrsetno* /"bærsE:tno/, NG12:40: *Bersetno* /bæ²rrsætnó/, gen. -na; større område og felles fjellstøl, YH;
 43. <*Fleto*> (Øvregard 1999:266), <*Flæto*> upublisert i SNP, eg kjenner staden som /"flEto/, IH;
 44. *Modvo* /"mådvo:/ eller /"mådvå/, NG12:41: *Modvo* /²måddvó/ (støl og større området), YH;
 45. <*Skogo*> (SKI, same form i Øvregard 1999:293 og i TK), ikkje registrert i SNP (eg kjenner namnet som /"skogo/), YH;
 46. <*Skåro*> (Øvregard 1999:276 og ublisert i SNP), eg kjenner namnet som /"skåro/, IH;
 47. *Stemmingo* /"stEmingo/ (tidlegare støl og større området), YH;
 48. <*Ulvongo*> (SNP upublisert og SKI, norm. *Ulvungo* hjå Indrebø 1936:61 og i TK), NG12:48: berre uttalen /u²lvóngó/ eller /u²lvångo/ (eg kjenner namnet som /"ulvångo/), IH.

Stølsnamna med fleirtalsending i dativ er mykje meir semantisk gjennomsynlege enn dei tilsvarande bruksnamna; dei er helst usamansette, men ikkje heilt frie for avleiing. Dei som ikkje er

²⁹ Det er litt tvil berre om nr. 31 *Gjerde*, sjå uttale, og nr. 33 *Hove*, som kan vera den bundne eintalsforma av *hove* n. ('hovud'). Dette siste namnet har prosodi med tonelag 2, som i stadnamn med lik vokal i utlyd har tydingskiljande verdi mellom nominativ – som har tonelag 1 – og dativ (Wetås 2005:349, fotnote 3). Dessutan finst det veldig mange belegg for namneforma *Hove* over heile landet, so eg bestemte meg for å rekna det som ekte dativ.

gjennomsynlege, viser morfologisk likskap til bruksnamn, t.d. *Ulvongo* og *Jorungo* (nr. 10), som ligg i same strok (austleg Indre Hafslo), eller *Berrsetno* og *Holseto* (nr. 7), som òg ligg etter måten nært (Ytre Hafslo, på nordsida av Hafslovatnet).

Eintalsformer:

49. *Berge* /"bærge/, Mørkridsdalen, Luster;

50. *Dale* /"da:le/, stort stølsområde (<*Dalestølen*> hjå Øvregard 1999:259), IH;

51. <*Kalbakka*> (Øvregard 1999:280), registrert i SNP berre som førelekk i samansetjing, t.d. *Kalbakkamarki* /"kalbakamarki/ og *Kalbakkaselet* /"kalbakasE:le/. NG12:39: *Kalbakka* /ka²llbakka/ i forklaringa for *Kalbakmyren* /ka²llbakkamyri/ (/ "kalbakamy:ri/ i SNP). Eg kjenner plassen som /"kalbak:a/, YH.

Dei gamle eintalsformene er igjen meir semantisk motiverte enn fleirtalsformene, jamt over mindre modifiserte (inga avleiing, éi samansetjing) og utan samsvar med dagens produktive dativbøying i Indre Sogn (so nær som *Kalbakka*).

6.4.1.4 Teignamn i dativ

Fleirtalsformer:

52. *Dølo* /"dø:lo:/ eller /"dø:lo/ ('slåttemark'), YH;

53. *Jømno*: /"jømno/ (utan forklaring, ser ut som slått i innmark), YH;

54. *Lio* /"li:o/ ('stølsmark, slåtte- og beitemark'), <*Lio*> i SKI, *Lid* i TK, YH;

55. <*Mittgrovo*> upublisert i SNP, ljosrett for *Midtgrovo*, vantar forklaring (mest truleg eikvan teig, kanskje slåttemark, Luster (sørsida);

56. <*Treo*> ('delvis dyrka') upublisert i SNP, mest truleg ljosrett skrivemåte for *Trædo*, YH.

Nr. 55 kan eg ikkje rekna som sikkert dativnamn pga. manglande opplysingar om lokalisering og funksjon. I tillegg ligg namnet langt frå det området som har vist seg å vera kjerneområde for dativ fleirtal i Luster kommune, altso Hafslobygdene.

Eintalsformer:

57. *Bakka* /"baka/ ('stølsgjerd, løa var i nederste del, no nedramla', ogso kalla *Hermangjerdet*), YH;

58. *Berge* /"bærge/ ('slått på innmark') ligg tett på *Modvaberget* og kan henda er same plass, ikkje ein sikker dativ då. IH;

59. *Vetlasætre* /"vEtlasæ:tre/ (slåttemark rett ved garden Sætre, kanskje berre analogisk), IH.

Alle dei få teignamna i dativ eintal er semantisk gjennomsynlege, og dei fleste er morfologisk umarkerte (korkje avleiing eller samansetjing). Elles gjeld dei same vilkåra som er observerte hjå dei andre kategoriane dativnamn.

Alt i alt stadfesta denne fyrste analysen dei induktive observasjonane gjorde under kjeldeanalysen (jf. 5.2.1), nemleg at:

- Fleirtalsformene dominerer på Hafslo og eintalsformene i Luster, medan Jostedalen og sørsida av fjorden ikkje har denne typen stadnamn (med særst få unntak);
- Fleirtalsformene er ugjennomsynlege, meir morfologisk markerte og unike, medan eintalsformene syner motsette eigenskapar (er gjennomsynlege, mindre morfologisk markerte og med fleire belegg for same namneform).

Eit uventa resultat er at det faktisk finst dativnamn nytta om stader som ikkje er og aldri har vore bustader, nemleg alle teignamn og somme av stølsnamna (t.d. nr. 50 *Dale*, som er namnet på eit heilt stølsområde, men ikkje noko særskilt sel). Dette motseier den tradisjonelle tolkinga av oblik kasus i stadnamn: «[...] og dessutan trur eg det er fast regel at er berre for bustadnamni at kasus obliquus hev havt serskild innverknad. Naar naturnamn hev fenge onnor form enn nominativ til hovudform, so kjem det nettupp av – i alle fall i regelen – at dei hev vore (og er) nytta til bustadnamn (gardsnamn, bygdenamn)» (Indrebø 1926:71). Om dette avviket må skuldast analogisk bruk eller ein annan grunn, lyt eg undersøkjja.




Fig. 4 Spreiinga av dativnamna i Luster kommune

6.4.2 Analyse av dativbøyinga som språkleg leivning

Det har allereie vorte nemnt at nokre stader, særskilt bruk, er registrerte med dativform både i matrikkelen og i mellomalderske kjelder, men har vanleg bøyingsform i det moderne talemålet (slik dei er noterte i NG12, SKI og SNP):

60. *Ottum*: registrert som *Ottane* /"åtað*n/, NG12:14: *Ottum* /ó²tta:dn/ [o²ttadn, te o²tta]. Luster;
61. *Råum*: berre som førelekk i *Råumstova* /"rå:umstå:vao/ (kårstove på garden Låen, som ligg andsynes Råum på hi sida av fjorden), elles som <*Råa*-> (eg kjenner plassen som /"råadn/), SKI: <*Råum*>, TK: *Røyum*, NG12:22: *Raaum* /rå²adn/, [rå:²adn]. Luster;
62. *Feigum*: registrert som <*Feigao*> (upublisert), SKI: <*Feiga*>, NG12:20: *Feigum* /fei²gao/, [te feigao]. Luster (sørsida);
63. *Fjøsne*: registrert som *Fjøsne* /"fjø:snad*n/; NG12:13: *Fjøsne* /fjø²sna:dn/, [fjø²snadn, te fjøsna]; Bjørkum 1974: /fjø²snadn/ men /pao fjø²sno/ etter dei eldste. Luster;
64. *Heltne*: registrert som *Heltne* /"hEltnad*n/, NG12:12: *Heltne* /hæ²ltna:dn/. Mørkridsdalen, Luster;
65. *Heltne*: registrert berre som utmerkingsledd *Heltne*- /"hEltna/; NG12:16: *Heltne* /hæ²ltnadn/, [frao he²ltnadn, te he²ltna]. Dale, Luster;
66. *Åbyrge*: ikkje registrert (eg kjenner staden som /"aobyrdn/, men eg har høyrte /'aobbriadn/ òg). NG12:23: *Åbyrge* /a¹bbriadn/ («2den Stavelse ubetonet»), [ao²byr-jadn, te ao²byrja], Jostedal (Gaupne)³⁰.

Alle desse namna har i dag den regelrette bundne fleirtalsforma i hankjønn (bortsett frå *Feiga*, som opphavleg er namnet på elva der). Dette kan endå ein gong forklarast i ljøs av teorien sett opp ovanfor (jf. 6.3). Desse namna har passiv talvariasjon og er nytta om grender som inneheld fleire, mindre bruk med eige namn; difor får dei meir områdebeskrivande funksjon enn særskild stadnamnfuksjon. Dette trekkjer propriumskaracteren deira ned i høve til bruksnamna i bunden eintalsform, og dette forholdet speglar seg i fleirtalsforma (→ høgare formell markering). Samstundes er dei meir prototypiske enn dei appellativa som har same morfologisk struktur, men aktiv talvariasjon. Hankjønnsendinga viser òg til den høgare leksikaliseringa av områdenamna enn dei like appellativa.

Det er likevel påfallande at alle desse namna finst aust i kommunen, i tidlegare Luster herad. Somme dativnamn med fleirtalsform på Hafslo får regelrette former i Luster (dvs. hankjønn bf. flt., jf. 6.1), og det same skjer vest for Ytre Hafslo, i Sogndal kommune. Dette talar for at Hafslo finst i ei særeiga stode når det gjeld dativendingane i fleirtal, som er uvanlege i resten av distriktet so nær som i Aurland kommune. Fagliteraturen stadfestar at stivna dativformer er vanlegare i Hafslo enn i resten av kommunen: I byrjinga av 1970-talet (10 år før SNP tok til) brukte både dei gamle og

³⁰ Blant SNP sine upubliserte namn frå Gaupne og Engjadalen finst etterlekk <-bjergene> (*Risbjergene*). *Ris* er ein støl som ligg rett over *Åbyrge*, kanskje er det eit forsøk på normering av -byrdn?

mellomgenerasjonen mange faste vendingar i dativ fleirtal (t.d. *tena odlo* /tē²na ɔd²lo/ og *tena holvo* /tē²na hɔl²vo/ = ‘jobba fulltid/deltid’, frå adj. *all* og *halv*, Bjørkum 1974:404), og fleire var i bruk til slutten av 1800-talet (t.d. *om kveldo/medno* = ‘om kveldane/morgnane’, Bjørkum 1974:246). I Lustrabygdene var dativ fleirtal stundom brukt i gardsnamn (jf. 6.4), medan i dag rår nominativforma (jf. nr. 63 /fjøsno/ kontra /fjøsnaðn/; ogso notert /fram²mi rå²so/ for dagens *Råsane* /"rå:sad*n/ i Mørkridsdalen). Det er berre fåe døme, men det ser ut som dativ framleis hadde eit lite bruksområde, endå om det berre var etter styrande preposisjon og i leksikaliserte frasar (vendingar/stadnamn).

Mange av dativnamna registrerte i SNP viser tydeleg teikn på ekte historisk utvikling, t.d. omlyd som i *Dølo* og *Jømno* (nr. 52 og 53), eller restar av gamal fleirtalsbøying som i *Flæto* (nr. 43). Stoda er usikker for namna som ikkje viser fonetisk påverknad av dativendinga; eg bestemte meg for å ikkje rekna dei som pålitelege dativformer, t.d. nr. 5 *Hjellum*, som skulle heitt *Hjøllum* (gn. *hjøllum/hjøllunum*, jf. garden *Hjøllo* /"jødlo/ i Undredalen, Aurland kommune). Eg tykkjer at fenomenet kan ha både historisk og analogisk grunn, men i alle høve ser det ut som overgangen frå dativform til regelrett bøying tek lenger på Hafslo enn elles i kommunen. Det er vanskeleg å seia kvifor dativtapet verkar å ha funne stad ‘innantil’, altso frå det inste stroket til det ytste, spesielt med omsyn til sambandet mellom Luster og Lom over Sognefjellet (jf. 5.2.2), som skulle kanskje hjelpt dativbruken. Kontakt med Voss eller Hallingdal/Valdres kan ikkje vera ei rimeleg forklaring på denne situasjonen, me lyt heller sjå på det målgeografiske lægjet åt tidlegare Hafslo herad. Han ligg nemleg midt i Sogn og etter måten for seg sjølv: Bygda ligg inne i landet og før i tida hadde ho ingen særleg stor kontakt med andre stader enn fjordbygda Solvorn. Solvorn er likevel historisk ikkje ein del av *Fylkesbygdi* – gamle Hafslobygda – som var delt i Indrebygdi og Ytrebygdi, høvesvis Indre og Ytre Hafslo (Laberg 1926:9–10, nemningane er framleis i bruk). Bygdene inst i fjorden hadde derimot hyppig kontakt med Årdal og Gudbrandsdal, og Sogndal har alltid vore eit større sentrum med aktiv økonomi og livleg samferdsle. Hafslobygdene fanst då i den beste stoda for å kunna halda på dei konservative trekka i lokalmålet: lite kontakt, og berre med stader som har liknande talemål.

Spreiinga av dativnamna i tidlegare Hafslo kommune ser ut til å stadfesta dette synet. Dei fleste belegga finst på Ytre og Indre Hafslo, og nokre på høgdegardane på Mollandsmarki òg, som i nordaust ligg under Fet sokn (Indre Hafslo), medan i sørvest under Solvorn sokn. På Solvorn er belegga sparsame, og på Urnes, Kinsedal og Ytre Kroken – som ligg på austsida av fjorden og hadde mykje kontakt med Årdal – finst ikkje noko belegg i det heile. Sameleis vantar slike former

på Veitastrand, som ligg omtrent tre mil nord for Ytre Hafslo og hadde kontakt med Fjærland i Midtre Sogn over Supphelleskaret.

Ei slik utvikling er ikkje overraskande og heller ikkje unik i distriktet. I Lærdalen overlever dei mest konservative språklege trekka (itakisme, produktiv dativbøying og fleirtalsbøying av verb) korkje ved fjorden eller ved fylkesgrensa mot Vang, men midt i dalen i grendene Tønjum, Ljøsne og Borgund (Laberg 1938:922–923). Andre stader i landet er også kjenneteikna av liknande tendens, t.d. Setesdal, der det tradisjonelle talemålet held seg best midt i dalen, i Valle kommune.

6.4.3 Analyse av talvariasjonen

Etter å ha påvist at Hafslo er kjerneområdet for dativnamna i dagens Luster kommune, lyt eg studera vekslinga mellom talformene i høve til den interne ordstrukturen. Den grammatiske kategorien numerus har vist seg til å vera ein avgjerande prototypisk markør hjå stadnamn med regelrett bøying (jf. 6.1.A). Propriumsfunksjonen har òg vist seg til å verta uttrykt av fleire morfologiske trekk som modifikasjon (samansetjing eller avleeing) eller binding (bunden/ubunden form). I høve til dativnamna er bindinga synleggjort av samsvaret mellom bøyingsforma belagt i kjeldene og den tradisjonelle dativforma i sognemålet, sidan dativformene alltid er bestemte (jf. 6.4). Som semantisk analysekriterium kan eg nytta sameksistensen av stadnamnet sitt grunnord med eit appellativisk motsvar i talemålet. Motiveringa av det semantiske innhaldet i stadnamnet lyt også trekkjast inn i analysen, sidan ho òg har stillingskiljande verdi i onomastikonet.

Desse fire eigenskapane kjem til uttrykk i den prototypebaserte formelle parameteren (jf. 4.4). Set me opp ein prosentanalyse av namnebelegga etter han, ser situasjonen med dativnamna i Luster kommune slik ut (berre dei sikre belegga er medrekna):

	Semantisk motivering 1: Gjennomsynleg tyding	Semantisk motivering 2: Appellativisk motsvar	Morfologisk markering 1: Binding (bst.)	Morfologisk markering 2: Modifikasjon
Dativ eintal	24/27 (88,8 %)	24/27 (88,8 %)	2/27 (7,24 %)	1/27 (3,7 %)
Dativ fleirtal	7/25 (28 %)	9/25 (36 %)	25/25 (100 %)	11/25 (44 %)

Tab. 6: Talvariasjon hjå stadnamn med dativending

Det kunne vorte argumentert at det visst finst eit appellativisk motsvar til fleire former i dativ fleirtal, særskilt teignamn som *Dølo* → *dal* og *Jømno* → *jamn(e)*, men eg har bestemt meg for å rekna slike tilfelle som ugjennomsynlege og utan appellativisk parallell pga. omlyden, som gjer namna mykje mindre forståelege for den gjennomsnittlege namnbrukaren.

Likevel er det viktigaste her at dei semantiske og morfologiske resultatane i høve til prototypisk status verkar komplementære: Di klarare tydingsinnhaldet er, di mindre vert den formelle markeringa, og motsett.

Dette ser ut til å motsetja den tradisjonelle, frekvensbaserte forklaringa av oblik kasus i stadnamn, som tolkar dativendinga som ei stadfesting på generell høgare propriumsfunksjon. Grunnlaget for dette synet er det automatiske omgrepsmessige samanfallet av høg førekomst av dativnamn i proprosijonsstyrde nomenfrasar (særskilt etter *i* og *på*, gn. *í* og *á*, Indrebø 1926:93) og sterkare propriar karakter. Dette samanfallet kan likevel ikkje takast som gjeve utan ein teoretisk basis. Indrebø set analysen opp etter eit påstått teoretisk skil på kulturdenoterande namn og naturnamn, men det har allereie vorte argumentert at dette skilet ikkje kan haldast oppe m.o.t. dei faktiske belegga frå kjeldene (jf. 6.4.1.4).

Frå eit prototypisk synspunkt, hadde denne teorien vore korrekt, ville éi talform fått høgast skår etter alle fire parametrar (sannsynlegvis eintal, sidan dei fleste stadnamn har eintalsform); derimot viste det seg at formene har komplementær prototypisk markering. Dessutan grunnjev den tradisjonelle teorien ikkje korleis ulike dativformer med ulik morfologisk struktur – t.d. *Skåro* (bf. flt.) og *Berge* (ubf. eint.) – kan leva side om side med nemneformene *Skori/Skorane* og *Berget/Bergi*. Den tradisjonelle forklaringa (Indrebø 1926) er nemleg altfor generell og tek ikkje omsyn for dei interne skilnadene i propriumskategorien. Ei mogeleg tolking av denne variasjonen kan vera analogisk danning i perioden etter at kasussystemet forsvann (som ogso Indrebø reknar med), men dette kan ikkje vera heile forklaringa på eit so variert fenomen.

Ei prototypebasert forklaring

Simpleksnamn ser ut til å vera dominerande blant dativformene (96,3 % i eint. og 66 % i flt.). Dette stemmer overeins med tidlegare forskning om reanalyse av former med opphavleg strukturert morfologi til former som framstår utan nokon særskild intern morfologi, der det ogso vert lagt merke til at det helst er usms. namn i ubf. eint. som aller mest er utsette for ei slik utvikling (Wetås 2005:353). I materialet mitt er slike former noko i overvekt, men dei sms. namna i bf. flt. er prosentisk mykje vanlegare enn hjå Wetås sitt namneinventar frå Vest-Telemark, Voss og Jæren.

Likevel kan det gjerast ein ålmann observasjon av fenomenet: Lemma som ofte er nytta i stadnamn, men framleis har eit direkte appellativisk motsvar (t.d. *bakke*, *berg*, *dal*), har tydelegare samband ut i den appellativiske delen av onomastikonet, og dimed lægre propriumskarakter enn ekte propria. Reanalysen av kasusendinga i stadnamn som ein del av sjølve namna, markerer då propriumskarakteren til slike former og hever propriumsfunksjonen deira (Wetås 2005:356).

Samstundes minskar dativendinga rekursivitetet åt slike former, som ikkje kan modifierast vidare. Ei slik prototypebasert tilnærming kan ogso forklara kvifor Indrebø påstod at kulturnamn og naturnamn artar seg ulikt m.o.t. dativendinga: Naturnamn er oftast meir semantisk markerte (dvs. gjennomsynlege) enn kulturnamn, fordi desse siste er utsette for hyppigare denotasjonsbyte (dette ser me klart i stølsnamn og teignamn med dativending, jf. 6.4.1.3 og 6.4.1.4). Stadene som ber desse namna er til vanleg kjenneteikna av tydeleg menneskeleg påverknad, endå om ikkje fast busetnad; soleis kan behovet for ei sterkare morfologisk markering av propriumsfunksjonen (dativendinga) tolkast som prov for auka semantisk demotivering ved sterkare menneskeleg påverknad enn stader som ber tilsvarande appellativiske namn – same om dei har aktiv eller passiv talvariasjon (t.d. *Skåro*, ein støl, kontra *Skorane*, nokre fjellskører eller ei berglendt skråning i skogen).

Når eintalsformene viser høgare morfologisk markering av prototypisk status (ubf. og usms.), lyt det skuldast nett på den sterkare semantiske motiveringa (gjennomsynleg tyding + direkte appellativisk motsvar). Fleirtalsformene er derimot jamt over mindre semantisk motiverte (ugjennomsynleg tyding + ikkje noko direkte appellativisk motsvar); dimed tillèt dei meir morfologisk markering av sjølve namneformene (bf. og sms./avleiing), sidan dei allereie har markert høg propriumsfunksjon semantisk.

Denne prototypebaserte forklaringa på fenomenet inneber ei viktig fylgje, nemleg at kategorien numerus m.o.t. oblik kasus ikkje har nokon stillingsskiljande verdi i onomastikonet. Eintals- og fleirtalsformene er jamgode, men markerer prototypisk status ulikt, høvesvis morfologisk og semantisk. Dei mentale propriae strategiane som gjeld for stadnamn med regelrett bøyning (jf. 6.1 og 6.2) har ikkje innverknad i høve til dativnamna, sidan dei allereie har høgare prototypisk stilling. Begge numerus har både einskilde landskapselement og større område som referanse (ingen skilnad på aktiv og passiv talvariasjon) og den morfologiske markeringa (binding/modifikasjon) ser ikkje ut til å ha spesiell påverknad på propriumsfunksjonen attåt det å styra måten namnet synleggjer han.

Denne hypotesen ber i seg eitt atterhald: Dei aller fleste stadnamna med dativending vart truleg laga då dativ framleis var eit produktiv språktrekk i sognemålet, slik både det semantiske innhaldet i grunnorda og dei morfologiske prosessane tyder på. Frå eit diakronisk synspunkt kan ein rekna ubf. eint. som litt meir prototypisk, takka vere den ubundne forma som ikkje er i samsvar med den tradisjonelle dativbøyinga (endinga *-i*, alltid bestemt). Fleirtalsformene har fullt samsvar med den tradisjonelle dativbøyinga og dette trekkjer propriumsfunksjonen deira noko ned. Sannsynlegvis vert dei ulike dativnamna kategoriserte slik av lokalbefolkninga i Lærdalen, som framleis nyttar dativbøyinga aktivt. Det er god grunn til å tru at ei liknande oppfatning var vanleg blant lustringane

og hafslobyggingane flest opp til seint på 1800-talet – kanskje heilt til byrjinga av 1900-talet, for dei som framleis då brukte dativ fleirtal etter preposisjon i stadnamn.

6.5 Oppsummering

I dette kapittelet har eg granska vekslinga i stadnamna si talform. Fenomenet har vist seg å vera ganske nyansert, med både ålmenne implikasjonar for heile namneinventaret frå Luster kommune og lokale utviklingar typiske for somme bygder. Dei ulike variasjonane er vortne analyserte frå eit prototypisk perspektiv med propriumsfunksjonen til dei enkelte namneformene som hovudkriterium i klassifiseringa. Nokre ulike, men samanhengande hypotesar vart stilte i byrjinga, og so styrkte:


1) **Talvariasjon er ikkje einsarta og har stillingsskiljande verdi i onomastikonet:** Mange namneformer syner talvariasjonen berre som morfologisk eigenskap, utan at dette har noko å seia for det semantiske innhaldet. Slike namn er jamt over meir prototypiske enn dei tilsvarande formene med aktiv talvariasjon. Denne eigenskapen er typisk for fleirtalsbøyinga.

2) **Fleirtalsforma er dominerande i områdenemne:** Den bundne fleirtalsendinga er typisk for områdenemne med reint passiv talvariasjon, og peikar oftast på éin større og generell referanse i den røynde verda. Hankjønnsendinga er her i ei særstilling, sidan ho er mest utbreidd i det heile (pga. den leksikalske stoda i sognemålet), og vert difor nytta analogisk som markør på høgare propriumsfunksjon, bl.a. i bustadnamn.

Eit uventa resultat har vore at **avleiing aukar propriumsfunksjonen**, sjølv om dette inneber større formell markering. Avleiing minskar grunnordet sin rekursivitet (mogelegheit for morfologisk modifikasjon) og samstundes gjer ho det semantiske innhaldet mindre tydeleg. Desse utviklingane resulterer i ei høgare prototypisk stilling i onomastikonet.

Dativnamna har vist seg å ikkje fylgja dei ålmenne reglane som gjeld for regelrette stadnamnformer. Talvariasjonen har ikkje stillingsskiljande verdi i onomastikonet hjå dativnamna; dativendinga isolerer namnet frå dei vanlege bøyingsmogelegheitene ved å stiva opp den indre strukturen i ordet (namna misser heilt rekursiviteten). Propriumsfunksjonen vert då markert på ulikt vis: 1) Morfologisk for eintalsforma, som oftast opptrer i simpleks og framleis har sterkt samband med den appellativiske delen av det mentale leksikonet; 2) Semantisk for fleirtalsforma, som oftast opptrer i modifisert form (sms./avleiing) og er for det meste ugjennomsynlege. Dette inneber at eintalsforma er noko meir prototypisk i eit hypotetisk språkssystem med produktiv dativbøying av substantiv, men elles er formene jamgode frå eit prototypisk synspunkt.

Elles har granskninga styrkt dei teoretiske premissane som vart sette opp i kapittel 3: simpleks er meir prototypisk enn kompositum, eintal er meir prototypisk enn fleirtal, ubunden er meir prototypisk enn bunden, semantisk umotivert er meir prototypisk enn semantisk motivert. Desse føresetnadene, saman med dei nye funna frå analysen, gjer det mogeleg å skissera ein nokolunde presis modell av det mentale onomastikonet til den jamne namnebrukarar frå Luster kommune:

Protoypisk stilling	Namnetype	Døme
	Veldig prototypisk (særnamnfunksjon)	Usms. eint. dat. (opphavleg meir prototypisk, no like eins dat. flt.) <i>Dale</i> = ‘gardsbruk / stølsområde’
	Ums. og sms./avleitt fleirt. dat.	<i>Dølo</i> = ‘slåttemark’; <i>Ulvungo</i> = ‘stølsområde’ <i>Stemmingo</i> = ‘stølsområde’
	Usms. eint. ubf. (svært sjeldsynte)	<i>Dal</i> = ‘ein dal’
	Sms. eint. ubf.	<i>-dal</i> = ‘ein dal’
	Usms. eint. bf. + avleitt eint. bf.	<i>Dalen</i> = ‘ein dal’; <i>Demmingen</i> = ‘ein badedam’
	Sms. eint. bf.	<i>-dalen</i> = ‘ein dal’
	Ugjennomsynleg avleitt flt. + ugjennomsynleg enkelt flt., begge med passiv talvariasjon	<i>Øtlingane</i> = ‘skogteig’; <i>Ottane</i> = ‘gardsbruk’
	Gjennomsynleg avleitt flt. + gjennomsynleg usms. flt., begge med passiv talvariasjon	<i>Flatningane</i> = ‘flatt stølsområde’; <i>Dalane</i> = ‘gardsbruk’
	Sms. flt. med passiv talvariasjon	<i>-dalane</i> = ‘beiteområde’
	Avleitt flt. med aktiv talvariasjon	<i>Nimælingane</i> = ‘åker som gjev 9 kornmål’
Ikkje prototypisk (appellativfunksjon)	Sms. flt. med aktiv talvariasjon	<i>Dalane</i> = ‘fleire dalar’
	Sms. flt. med aktiv talvariasjon	<i>-dalane</i> = ‘fleire dalar’

Tab. 7: Prototypisk stilling i onomastikonet til dei ulike talformene

7. Deduktiv analyse II – Leksikalsk brigde i seternamn

I dette kapittelet granskar eg variasjonen innom namn nytta om stader kjenneteikna av seterdrift. Seternamn har ein særskild plass blant stadnamn: Den induktive analyse av kjeldene synte at dei dannar ei av dei mest varierende stadnamngruppene (jf. 5.1.3), med semantisk vekslende struktur både innanfor namnegruppa (mellom ulike grunnord), og internt i sjølve grunnorda (mellom ulike former).

For å avgrensa omgrepet leksikalsk brigde, lyt eg visa til dei ålmenne teoretiske føresetnadene og implikasjonane om proprium og propriumsfunksjon presenterte i teorikapittelet. Der vart den menneskelege påverknaden på namnreferansen nytta som hovudkriterium i kategoriseringa av proprium som språkleg eining, ettersom det mest prototypiske namnet nødvendigvis lyt omtala den mest prototypiske språkbrukaren – sjølve mennesket (jf. 3.1.1). Med omsyn til denne teorien er det lett å skjønna kvifor seternamn har ei særige stode blant stadnamna. Reknar me med stadnamn som tydeleg syner menneskeleg innverknad, har bustadnamn sterkast kulturelt preg (fast busetnad) og teignamn veikast kulturelt preg (ingen busetnad, men menneskeleg aktivitet), medan seternamn ligg ein plass midt i mellom (mellombels busetnad):

Status	Stadnamntype	Klassifikatorisk kriterium
↓ ↓ ↓ ↓	Bustadnamn	Fast menneskeleg busetnad
	Seternamn	Mellombels busetnad
	Teignamn	Ingen busetnad, berre menneskeleg aktivitet
	Terrengnamn/naturnamn	Ikkje noko kulturelt preg, propriumskaraktar bestemt av adressefunksjonen
Appellativ (ikkje prototypisk)		

Denne inndelinga av stadnamna etter kulturelle premissar er ikkje noko nytt; ho vart utvikla fyrst på 1900-talet i Rygh og Indrebø sine verk og ofte teken opp att i nyare tider, bl.a. i *Norske sæternamn* av Olav Beito (1949), som fylgjer støtt den rygh-indrebøske modellen med bustadnamn – bruk, grender, setrar, osb. – kontra kulturnamn – teigar, åkrar, marker, osb. – og kontra naturnamn – fjordar, elvar, høgder, osb. Det strenge klassifikatoriske kriteriumet i slike tidlegare studiar er basert på ein +/- parameter som føreset skarpe grenser mellom namneklasser, og ikkje tillet at eitt namn høyrer til fleire kategoriar (klassisk modell, jf. 2.1). Denne klassifiseringa er visst påliteleg når det gjeld den reine ordningsprosessen, men manglar her å sjå ein grunnleggjande skilnad på bustadnamn (t.d. gardsnamn) og seternamn, som derimot ei prototypisk tilnærming klart synleggjer: På eine sida er vanlege bustader nesten 100 % prega av kulturelle verdiar, på hi sida viser seternamn

eit blanda bilete, der det menneskelege er dominant, men vik litt meir for det naturlege enn hjå bustadnamn. Teignamn (t.d. namn på dyrka jord) hallar endå meir mot det appellativiske, sjølv om dei ikkje er reine appellativ³¹. Dette er ei naturleg fylgje av at alle stadnamn ligg i eit prototypisk kontinuum utan skarpe grenser, der proprium og appellativ er endane i spektrumet, og variasjon er vanleg både mellom ulike namneklasser og mellom ulike enkelte element inn i éi namneklasse.

Den spesielle naturen åt seternamn speglar seg i mang ei vidare klassifisering. Fonetisk sett er seternamn gjerne meir konservative enn teignamn og naturnamn, og dei kan ofte vera relikte språkelement (endå i mindre grad enn bustadnamn). Frå eit morfologisk synspunkt ser me lett at seternamn er meir grammatisk markerte enn bustadnamn (har sterkare formell markering, t.d. moglegheit for fullbøying), men har stødigare bruk enn hine namnegruppene. Når det gjeld semantikken, er seternamn til vanleg gjennomsynlege og med klar sanseleg referanse ut i den røynelege verda, endå om dei vert nytta om plassar med sterk kulturell påverknad. Dessutan lyt me leggja merke til den ofte uskarpe grensa mellom primære namn – som er sette på setrar frå fyrst av – og sekundære namn – som er overførte frå andre namnetypar. Dette tilhøvet er gjensidig mellom seternamn og det finst overgangar i begge retningar, slik at eit seternamn kan ha opphav i eit alt eksisterande stadnamn sett på ein stad i nærleiken av setra, eller vera eit heilt nytt namn sett på setra og seinare overført til plassen ikring. Haldningsmessig kan ein skilja mellom seternamn med opphav i ei medviten namngjeving, nesten ei dåpshandling, og oppattkalla setrar som fekk namn frå terrengnemne på landskapet omkring. Generelt kan ein seia at:

Sæternamni er vanleg gjevne av bønder på deira mål og ut frå deira synskrins. Tidt har namni sermerkte målføreformer og fortel um naturtilhøve, verksemd eller kultur på staden; ofte syner dei då samanheng med gardsdrifti og serleg med sæterbruket (Beito 1949:2).

Seternamna sin funksjon som auga inn til «bøndene og deira synskrins», meiner eg er mykje viktigare enn det ein skulle tru. Han kan i fyrste omgang vitna om *ytre* avgjerder namngjevaren tek, som vidare gjev att ein idé om namngjevaren sine *indre* val og mentale klassifikasjonar. Namngjevaren lyt velja og ordna medlemene i denne namneklassa støtt etter ulike prototypiske nivå, som er avhengige av tevlinga mellom propriar og appellativisk karakter (Akselberg 2002:68). Resultatet er ofte ulike propriumsstatusar innanfor éin og same namnekategori, stundom jamvel eitt og same lemma/grunnord. Ved å undersøkje seternamna og eigenskapane deira, kan ein få betre innsikt i den onomastiske delen av det mentale leksikonet – onomastikonet – og få eit nokso sannsynleg bilete på korleis han fungerer.

³¹ Om dei ulike formelle prototypiske tilhøva inno m teignamn, sjå førre kapittelet (særskilt avsnittet 6.3).

I Luster kommune finst det ein god del ulike seternamn og variasjonen innafor denne namnegruppa er stor, ettersom sjølve seterbrukssystemet har ein nøyen intern struktur (jf. 3.2.2): Ein skil alltid mellom vårstøl og fjellstøl (ev. mellomstøl òg), og somme gardar har sokalla *heilstøl* (same seter for heile sesongen, Øvregard 1999:259). Alle setrar har eigne namn, men under den induktive analysen merkte tre grunnord seg ut for høg førekomst og vid spreing (jf. 5.1.3):

1. *sete* n.(f.) /"sE:te, "sæ:te/ = nn. *seter* f., gn. *sætr* n., 'fjellbeite med hus til å vera i om sumaren', etymologisk tyding: 'stad der ein sit';
2. *trød* f. /"trå:/ = nn. *trø* f. eller *trøde* n., gn. *trøð* f., 'beite ved hus eller bøgard, eller inngjerding for fe', etymologisk tyding: 'opptrakka plass / stad der ein går og trakkar';
3. *støl* m. /"stø:d*/, gn. *støðull* m., 'stad der buskapen vert samla og mjølka', etymologisk tyding: 'stad der ein står'.

7.1 *Sete* n. (f.)

Etterlekken *-sete* dukkar ofte opp i kjeldematerialet frå Luster kommune. Dei fleste oppfattar *sete* som den lokale dialektuttalen av *seter* f., med regelrett bortfall av den utlydande *r*-en typisk for heile Sogn og storparten av Vestlandet (Ølmheim 1983:44, Bjørkum 1974:138). Denne nemninga ser derimot ikkje ut til å vera eit produktivt lemma i tradisjonelt sognemål og vantar nesten heilt i det levande målføret (Larsen 1926:486). Det vanlege appellativet for setrar er *støl* m., nett som på nesten heile Vestlandet og indre Austlandet. Der *støl* m. er brukt om seter eller setergrend (ikkje om enkel mjølkeplass), vantar vanlegvis *seter* f. heilt (Beito 1949:93).

I kjeldematerialet frå Luster kommune fann eg 73 sikre døme på *sete* i stadnamn³², både som grunnord og som mellomledd i trikompositum (*-set-*). Denne namnelekken har tre ulike former: *sete* (aller vanlegast), *set* og *seto*. Intensitetsområdet for desse formene som grunnord i stadnamn er fyrst og fremst eit samanhengande sentralnorsk strok – frå Sel i Gudbrandsdal i nord til Valle i Setesdal i sør (Beito 1949:49). Indre Sogn ligg rett vest for dette området, so *sete* kan sjåast på som eit språkleg lån austantil. Dette forklarar ikkje den store mengda av døme og den konsekvente bruken som seternamn og bustadnamn. Både spreings- og bruksmønsteret peikar heller på eit heimleg språkleg trekk. Ser me på andre tilgrensande strok til intensitetsområdet, er stoda den same. I

³² Om sikre og usikre former: Stadnamna som inneheld *-set(e)-* er fleire, men mange peikar korkje på seter eller generell stad påverka av menneskeleg aktivitet. Ein nærare analyse av formene avgjorde at i slike høve dreier det seg om appellativa *sete* n. ('sitjeplass') eller *sete* m. ('fjellhulle'), som har opphav i same lemma som *sete* n./f. (verbet *sitja*). Andre gonger peikar namnet på ein referanse prega av menneskelege verdiar (t.d. bustad), men namneforma er ikkje i samsvar med dei morfologiske premissane åt sognemålet. Difor bestemte eg meg for å ikkje ta noka av desse formene med i analysen. Desse 'tilsynelatande' *sete*-namna er samla og granska i vedlegget nr. 2.

Hardanger (Ulvik, Kinsarvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda) finst det mange *sete*-namn: 11 i Ulvik (Heggstad 1925:246) og 55 i resten av distriktet (Helleland 1989:62–65), alle i forma *sete* eller *seto*. På Voss finst det heile 36 namn av denne typen, alle i forma *set* (Heggstad 1949:16). Ein so høg og regelmessig førekomst må vera teikn på eigen namneskikk, ikkje lån.

Desse ulike formene av *sete*-namnet verkar ikkje stå i motsetjing med kvarandre, men det har ikkje alltid vore semje om tolkinga deira. Rygh skilde mellom gn. *setr* n. i tyding ‘bustad’ – oftast i ubunden form – og gn. *sætr* n. i tyding ‘utmarksbeite’ – oftast i bunden form (NG1:74). For seternamna skulle konsekvensen av dette verta at alle namn på *-set(e)/-seto* einast kunne koma frå *setr* n. og difor måtte ha vore gardar før. Olav T. Beito argumenterte mot dette synet og hevda at eit slikt skil ikkje kunne haldast oppe, sidan dei mange blandingsformene i notidas stadnamna på *-set(e)/-seto* heller vitnar om eit historisk samanfall av *setr* og *sætr* (Beito 1949:47–48). Han rekna den varierende endingsvokalismen hjå slike namneledd for å vera utfall av tidlegare kasusformer (*set* nominativ eint., *sete* dativ eint., *seto* dativ flt.) og prova det ved å visa til parallell framvokster av *sete*-namna og stadnamn som har *åker* m. (gn. *akr/ákr* m.) eller *-anger* (gn. *anгр* m.) som grunnord (Beito 1949:58). Denne teorien ser ut til å høva bra for Luster kommune sin situasjon, sidan me finn t.d. *Holseto* og *Bås(å)ko* på veldig kort avstand, men han høver heller dårleg med omsyn til dei langt fleire stadnamna som har forma *-sete*.

Botolv Helleland tok opp debatten att førti år etter Beito og sa seg usamd i tolkinga av *sete/seto*-namna som dativrestar. Synet hans Beito var altfor forenkla, belegga frå kjeldene hans altfor vage og skiftande, og det var «berrsynt at ein ikkje kan byggja på eit så svagande tilfang når ein skal ta stode til endingsvokalismen i dette namneleddet» (Helleland 1989:60). Han granska side om side *sete*- og *seto*-formene frå Indre Hardanger og utfalla av analysen hans synte eit direkte samsvar mellom svarabhaktivokal og endingsvokal: Bygdene som har /ù/ som svarabhaktivokal (sokalla vossa-*u*, typisk for Eidfjord, Kinsarvik og nordre Ullensvang) har støtt *seto*, medan bygdene som har /e/ (søre Ullensvang og Odda) har støtt *sete* (Helleland 1989:66). Belegga i materialet frå Ulvik passar med resultatata frå elles i regionen og utviklinga av dette leksetet i Indre Hardanger må ha vore som fylgjande:

gn. *sætr/setr* n. → *sæter/seter*, *sætor/setor* → *sæte/sete*, *sæto/seto*

Ein kan spekulera at ei slik prosess ogso må ha gått føre seg i Sogn pga. den språklege fellesskapet åt heile indre Vestlandet med omsyn til dette namleddet (Beito 1949:49). I Indre Sogn er /e/ alltid svarabhaktivokal (stundom labialisert /ø/, særleg på Hafslø og i trykklett stilling pga. svekt uttale som hallar mot ein *schwa*, Bjørkum 1983:52, Ølmheim 1983:54). Dersom dei mange *sete*-namna

spreidde over heile Luster kommune er dativrestar, fører dette til ei stor overvekt av sovrne former i Indre Sogn. Dette stemmer ikkje med det nokolunde faste mønsteret for spreinga av dativnamna elles i landet (kjernen for dativendingar i stadnamn er Voss og Hordaland generelt, jf. 5.2.1), og den regelmessige og stødige *sete*-namnebruken svekkjer ein eventuell hypotese om lån (sjå ovanfor). I tillegg ville det vore umogeleg å forklara sameksistensen av *sete*-namn og andre dativrestar danna frå same leksem, men med ulike former, t.d. *Sætre* på YH. Dette gardsnamnet har alltid vore tolka ganske trygt som dativ eintal av *setr/sætr* n. og gardsbruket ligg midt i eit strok som er særskilt rikt av dativnamn (NG12:41, BB10:377). I *Sætre* har ein òg oppehalden etymologisk *r*, som ein skulle ha venta seg i alle *sete*-namn, om ei opphavleg dativform faktisk hadde lege til grunn (Helleland 1989:67). Dessutan viser kjeldene at grunnordet i *sete*-namna på Vestlandet og i Trøndelaget ikkje har hatt fleirtalsform frå gamalt av (Sandnes 1975:515); dette høver sær dårlig til teorien til Beito, som støtt tolkar *seto*-namna – endå fåe – som historisk dativ fleirtal. Eg meiner då at forma *-sete* i Luster kommune må ha same opphav som i Hardanger, altså ved epentetisk vokalinnkot og *r*-bortfall:

gn. *sætr/setr* n. → *sæter/seter* → *sæte/sete*

For å få ei djupare innsikt i både namnetypen og namnebruken til *-set(e)* og då kunna etterprøva hypotesen min, legg eg fram eit fullstendig tilfang på alle *sete*-namn frå Luster kommune, etter arbeidspremissane lagde fram i metodekapittelet (jf. 4.4, fyrste del). Eg har granska både sjølve namna, namnemiljøet og plasseringa, med særskilt fokus på dei sokalla signalnamna og den leksikalske parameteren utarbeidd i metodekapittelet (jf. 4.4, andre del). Opplysingane er henta frå SNP, SKI, NG, ulike band av bygdeboka for Luster kommune av Lars E. Øyane (BB), *Stølar og stølsliv i Luster kommune* av Kåre Øvregard (1999) og det digitale topografiske kartet *Norgeskart.no* (TK). Tilfanget er ordna i tilnærma geografisk rekkjefylgje og kvart namn er oppført med uttale (dersom tilgjengeleg), omtrenteleg lægje, funksjon til lokaliteten og ei kort skildring av omgjevnadene. Notasjonen fylgjer systemet sett opp i metodekapittelet (jf. 4.2) og dei aktuelle namneformene er kursiverte. Eg lyt likevel gjera merksam på at fåe av *sete*-stølane er i bruk i dag som eigelege setrar. Nokre vert nytta som beite, men mange er vortne hytter.

7.1.1 Veitastrond, Ytre Hafslø og Solvorn

1. *Simosete* /"si:mo:sE:te/ (SKI <*Simosæte*>) ca. 500 moh., fjellstøl for bruka under gardane Kvam Nedre med Veitastrondsvatnet (ogso kalla Nedregarden), Holsete og Lad på YH.
2. <*Håvardsete*> (TK og Øvregard 1999:288) ca. 750 moh., fjellstøl for Båsåko, Skjervo, Venjum og Beim på YH (vår- og hauststøl: Vetlestølen). På *Håvardsete* finn ein *Håvardsettroi* /"hå:varsE:ttrå:i/, men *Håasetbakken* /"hao:asE:tbaken/, *Håsethaugen* /"hao:sE:theu:gen/ og

Håsetskaret /"hao:sE:tska:re/. Skrivemåten *hå(a)*- speglar den eldre dialektuttalen av personnamnet Håvard³³. I SKI finn ein ulike skriveformer på både sjølve stølen og området kringom: <*Håvaseter*, *Haovaset*, *Haovasete*, *Håvarsetet*, *Håvardsete*, *Håvarsete*, *Håvarsæte*>, <*Håvarsetskar*>, <*Håvardsethaug*>, <*Håvardseteggene*>, <*Havarset myrane*>.

3. *Navasetbøen* /"na:vasE:tbø:en/, <*Navarsetbøen*> i SKI («bø, gammal støl») og *Navasetlii* /"na:vasE:tli:i/ («li, skogkledd område») ca. 800 moh. halvveges mellom Håvardsete og Fossen. I SKI står det «Navaseter (teig)» i stadnamnoppskrifta for *Buskager* (Båsåko).
4. *Berrsetno* /"bærsE:tno/ ca. 650 moh. sumarstøl (heilstøl) for Alme, Lomheim og Kalhagen på YH. *-no* er gamal dativending i fleirtalsform, der *n*-en kom analogisk frå den gamle genitivendinga (NG12:40, «som egentlig skulde hede *Berseto»). I SKI vert namnet skriva <*Berrsetno*> og det vert handsama meir som gardsnamn enn hine *sete*-namn, som forma *-setna*- i trikompositum vitnar om: <*Berrsetnaelvi*, *Berrsetnafjelli*, *Berrsetnagrindi*, *Berrsetnabøen*>.
5. *Venasettufti* /"ve:nasE:ttufti/ («gammal løetuft») ca. 400 moh., på Stemmingo, to-tre hundre meter nord-vest for gardsbruka Nondal og Sætre.
6. *Sætre* /"sæ:tre/, NG12:41: /sæ²ttre/, ca. 280 moh., gardsbruk. Dagens namn er den gamle dativforma (eintal). I innmarka finn ein slåttene *Vetlasetre* /"vEtlasæ:tre/ og <*Setrelinja*> (utan registrert uttale) og vegen *Setrerinden* /"sæ:trerind*n/. I utmarka på stølsvegen finn ein <*Sætrebakkane*> og <*Sæthaug/Sethaug*> (SKI, men forma er usikker). På vår- og hauststølen Modvo (1,5 km nord for bruket, ca. 400 moh.) finn ein slåtta *Setregjerdet* /"sæ:trejæ:re/ og skråninga *Setrahallet* /"sæ:trahale/, der det ligg ei gravrøys frå jernalderen³⁴ (til vanleg vert namnet skriva med samansetjingsfuga *-e-*, t.d. i SKI <*Sætrehadle*> og NG12:42: *Sætrehallet* /sæ²ttrehaddle/).
7. *Holsete* /"hålsE:te/, NG12:40: /há²llsetó/, SKI <*Holsæto*>, ca. 250 moh., gardsbruk. I samansetjing har namnet forma *-seta-* i staden for den elles vanlege forma *-set-*: *Holsetagjerdet* /"hålsE:tajæ:re/, *Holsetanausti* /"hålsE:taneu:sti/, *Holsetastova* /"hålsE:tastå:vao/, <*Holsætakjörkjao*>. I SKI-oppskrifta for garden Stein på YH står det «Hålsete (støl)», men det må vera feil.
8. *Gluntesete* /"gluntesE:te/ ca. 180 moh., slåttemark ved Hafslovatnet, eit par hundre meter vest for garden Tang og sør for grenda Mohaugane.
9. *Ospesete* /"åspesE:te/ ca. 180 moh., gamal buplass ved Hafslovatnet i utkanten av garden Stein.
10. <*Nyset*> (BB10:823), SKI <*Nyseth*> ca. 190 moh., bruk under Hillestad.
11. *Elveset* /"ElvesE:t/ ca. 190 moh., småbruk under Mo, tidlegare hussmannsplass utskild frå bruket Modal på Mo, som ligg rett attmed (BB10:81).
12. <*Furuset*> (Øvregard 1999:276), i dag *Øvrabøstølen* /"øvrabø:stø:d*1/, 325 moh., opphavleg vårstøl for alle bruka under Kjeldedal, no heilstøl. I eldre tid låg det ein fjellstøl litt lengre oppe, på ein stad som heitte Brimskor. Stølen skal ha vorte flytta nedover til Furuset etter eit brann, og seinare etter ei skrede endå litt lengre nedover lia dit hen ligg i dag. Etter den siste flyttinga vart han heilstøl òg (brukt heile sumaren).
13. <*Setålen*> (TK og Øvregard 1999:278, SKI <*Setaolen*>) 375 moh., fjellstøl/sumarstøl for bruka under Bjørnetun, Grov, Brekka, Elvetun og Sjøtun (alle på Solvorn), i tillegg til Øygarden på

³³ Etter lang /u/, lang /o/ og diftongane /ao/ (<å>) og /eu/ (<au>), fell /v/ alltid bort i dei tradisjonelle målføra på Hafslo og i Luster (Bjørkum 1974:144). So *gåva f.* → /"gao:a/, *låve m.* → /"lao:e/, *Håvard* → /"hao:a(r)/.

³⁴ NG fører namnet (gnr. 59, bnr. 4) under garden Hauge (gnr. 59), som ogso stølar på Modvo, og ikkje Sætre (gnr. 58).

Mollandsmarki. Gamal støl, alle stølshusa var samla i ei felles stølstrå. *Sete* som forledd finst berre her og har ikkje grunngeving i kjeldene.

14. *Torisete* /'tå:risE:te/ (<*Torrisete*> i BB3:876), ca. 25 moh., tidlegare husmannsplass som ligg ca. 16 km sør for Solvorn, på vestsida av Lustrafjorden. Staden ligg i Luster statsalmenning (Lustraalmenningen) og vart òg kalla for *Helgja* (<*Helgao*> i bygdeboka) etter den fyrste husmannen, eller berre *Plassen*. Forma <*Torrisæter*> var nytta på 1800-talet som etternamn.

Blant *sete*-namna frå den vestlege delen av tidlegare Hafslo herad, er 43 % stølsnamn (alle nytta om fjellstølar eller heilstølar), 14 % teignamn og 43 % bustadnamn. Dei sistnemnde viser størst variasjon i namneleddet (-*sete*, -*seto*, -*set*), medan hine har berre -*sete*. 21,5 % av dei har eit personnamn som forledd, medan resten har anten naturnemne eller adjektiv.

I dette området finst det nokre sjeldsynte tilfelle: eit *sete*-namn i simpleks (nr. 6 *Sætre*), eitt nytta som utmerking (nr. 13 *Setålen*) og eitt erstatta av eit anna seternamn i nyare tider (*Furuset*). *Set*-førelekkjen i *Setålen* er eit unikt tilfelle i kjeldematerialet mitt og kan berre forklarast som tidlegare mellomledd i trikompositum (-*set*-) med bortfall av utmerkingslekkjen.

Nr. 6 *Sætre* kan forklarast i ljøs av ei tidleg prorialisering av namnet ved reanalyse av dativendinga, som ikkje treng vidare spesifisering pga. den høge propriumskaracteren (sjå 6.4.3). Dativendingane i *Berrsetno* og *Holseto* (einaste i kommunen blant *sete*-namna, men berre to av dei mange dativnamna frå Hafslo) kan tydst like eins. Eg meiner at preposisjonbruken (tradisjonell forklaring på dativnamna) visst kan ha hjelpt, men dagens namneformer vitnar om ei annleis utvikling: Ein sit nemleg 'på' alle hine *sete*-setrane òg, men dei har ikkje dativform (*på* er alltid preposisjonen ein finn for -*sete* i materialet mitt). Då *sete* framleis var eit produktivt lemma må det ha hatt eit tydeleg samband ut i den appellativiske delen av onomastikonet pga. den levande appellativiske ordbruken, og dimed lægre propriumskaracter enn det har i dag. Då kasus forsvann frå sognemålet, reanalyserte språkbrukarane dativendingane som delar av sjølve stadnamna for å markera den høgare propriumsstatusen deira. Ser ein på døma frå materialet, legg ein merke med ein gong til at *Holseto* er ein av dei mest sentrale gardane på Ytre Hafslo, heimla i diplom o.l. frå 1330-åra (NG12:40), og *Berrsetno* eit av dei største og mest nytta stølsområda i same stroket, med heile ti sel opp til 1950-åra (Øvregard 1999:289). Dei har utvilsamt spela ei viktig rolle på bygda og propriumskaracteren deira kan difor berre vera sterk. Forma -*seta*-/*setna*- i trikompositum peikar på det same: Det har allereie vore observert at meir prototypiske namneformer er motstanddyktige mot stomnkompositjon og får helst fugevokalen -*a*- (jf. 6.2, fotnote 21). Dette kan peika på ei kopling mellom *a*-fugesamansetjing (nytta støtt i t.d. bustadnamn) og sterkare propriumsjfunksjon, og kan truleg grunnjevast med den fullstendige leksikaliseringa av dativformene, som er no både

ugjennomsynlege og ikkje rekursive, i tillegg til uproduktive. Til vanleg er det berre gardsnamna i førelekk som får samansetjingsformativen *-a-* uansett dei morfologiske føresetnadene åt sjølve lemmaet (t.d. *Holsetagjerdet*), men stølen *Berrsetno* får ho òg pga. den reanalyserte dativendinga som lyftar propriumskarakteren. Dette er endå ei stadfesting på den prototybeaserte teorien hennar Åse Wetås om oblik kasus i stadnamn.

Erstatninga av *Furuset* med *Øvrabøstølen* vitnar om den uproduktive statusen åt lemmaet, som i dag korkje er eit levande appellativ eller eit brukbart element i namnelaginga (Beito 1949:47). Trass i det finn ein mangt eit *sete*-namn i både Luster kommune og heile Noreg, som må peika på høg produktivitet før i tida og kanskje på ein reanalyse av *-sete* som eit slags suffiks nytta i stadnamnlaging, etter at lemmaet alt var utdøytt som sjølvstendig samnamn i målføret (Midttun 1958:76).

7.1.2 Indre Hafslo

15. <*Lyngsete*> (TK, SNP upublisert, Øvregard 1999:248) 760 moh., fjellstøl for tre av bruka på Joranger nedre: Prestegard, Joranger nedre bnr. 8 (Under Haugen) og Joranger nedre bnr. 13 (Johans-Erikgarden eller Erikhaugen, BB6:740 og 770). I SKI vert namnet skrive <*Løngsete*>, i samsvar med lokaluttalen av /y/ (Bjørkum 1974:46–49). Rundt stølen finn ein <*Lyngsetskåradn*, *Lyngsetnipao*, *Lyngsetgrovi*>.
16. *Saupsete* /"seu:pse:te/ 725 moh., fjellstøl for alle bruka som har stølsrett på Høgistølen som vår- og hauststøl (Lad, Tørvi, Høgi) og Melheim. Like nord for sela renn det to grøver, *Vetla* og *Stora Saupsetelvi*, medan like vest ligg det *Saupsetmyrane*.
17. <*Trollsete*> (TK, SNP upublisert, Øvregard 1999:254) 770 moh., ogso kalla Øygarden, tidlegare fjellstøl for Høgi, ligg eit par kilometer rett nord for Saupsete.
18. *Skisete* /"sji:se:te/ (ogso Øvregard 1999:262) men <*Skjitsæter*> i SKI³⁵, 550 moh., stølsgrend på vestsida av dalen som Dalselvi renn i gjennom (stundom kalla Dalsdalen³⁶), om lag ein kilometer heimanfor Dalestølen. Dette er langstøl (heilstøl) til mange gardar på IH: Ugulo, Veum og Veum søndre, Alvsteigen, Flåten, Josvanger og Melheim. Som Dale er stølen delt inn i fleire *trøder*. Rundt stølen finn ein *Skisetbakkane*, *Skisetbrui* og *Skisetvad* (ogso kalla *Hjosvangavad*).
19. *Seljesethovden* /"sEljese:thåvd*n/ 730 moh., skogshovde på austsida av dalen, like nord-aust for Lundstroi på Dale. Hovden ligg på stølsvegen til Fettroi (Øvste og Nedste Fetbudeievegen ligg rett heimanfor) og ved ei myr like oppunder finn ein den gamle stølsplassen Fettuftene. I kjeldene er det er ikkje spor etter noko Seljesete som låg her, so namnet kan koma frå at ein klarar skimta Seljesete i nedste Jostedalen herifrå. Ser ein i nordaustleg lei, peikar synslinja rett

³⁵ Øvregard nemner at det er ein del diskusjonar om kva som er rette namnet til denne stølen (*Skisete* kontra *Skitsete*). Opphavet til dette problemet ligg nok i lokaluttalen med lang /s/, ofte transkribert «skissete» (BB7:516). Øvregard vel forma *Skisete* etter lærar T. Urnes sin skrivemåte frå 1934.

³⁶ Dalføret som går frå garden Bruheim (375 moh.) til stølen *Dale* (til vanleg: *Dalestølen*, ca. 650 moh.) har aldri hatt eit slikt samlande fellesnamn. *Dalsdalen* er eit nyare, noko misvisande nemne som kan forveklast med Dalsdalen i Luster.

mot Storaskar og Jostedalen, over Raudgota, Brusabrekka og Røyteholet, med Lyngsetnipa like aust for henne (dette særøigne landskapet nytta dei for å byggja høgspenningslinje òg).

20. *Gunnarsete* /"gunarsæ:te/ 610 moh., gamal heilstøl for Kjølraug med underbruka Stokkebø og Hagen, vart lagd ned omkring 1830–1840. Stølen ligg i lia oppover fjellet Molden (Gunnarsetli) og er omringa av *sete*-namn: *Svolsete* i nord-aust, *Vindsete* i sør og *Ellingsete* i nord-vest. Namnet vert skrivne <*Gunnarsæte*> i SKI og staden vert skildra som «skogteig og fjellvidd – ein del av Målden (fjell)».
21. *Svolesete* /"svå:lesæ:te/ eller *Svolsete* (TK og Øvregard 1999:256) 730 moh., tidlegare heilstøl for mange bruk under Li nedre (Ellingsete), Oppheimshaug og Sviggum. I SKI vert namnet skrivne <*Svoleseter*>, notert under Oppheimshaug. Under stølen ligg *Svolsetgarden* /"svålsætga:r*n/ (beitemark).
22. *Navarsetsteinen* /"na:varsetstai:n/ («stor stein» 500 moh. i lia nord-vest for Høgi, på nordsida av Dalselvi) og <*Navarseter*>, notert i SKI som fjellstøl for bruket Harberg under Kjølraug, som ligg på sørsida av Dalselvi like vest for Sviggum. Stølen er ikkje nemnd i hine kjeldene og om oppskrifta er korrekt, må han ha lege i skråninga oppover fjellet Molden, under Sviggafjellet (Molden sitt nordlegaste parti)³⁷. Kanskje var det slik at ein såg Navarsete på hi sida av dalen dersom ein stod ved Navarsetsteinen. I bygdeboka står det at «tidlegare skal det ha vore ein vårstøl rett opp for Hagen på Sviggaplassane som husmennene under Kjørlog kan ha brukt. Kan henda har nokon leigd seg inn på stølen Steinkveane undern Sviggo som ligg oppe på fjellet» (BB6:543) og at «Utmarki [til Sviggum] vart tidlegare rekna å liggja i grunnfelleskap, men unnatak av “Sviggaskredene” opp mot Svolsete-området, der det fanst mest utslåttar og skog og der den enkelte eigaren av skog- og slåtteteigar vart rekna som grunneigar i boniteringslista» (BB6:404). Dei enkelte, privatåtte utslåttane på Sviggaskredene finn ein framleis, som dei mange personnamn i forleddsstilling på skogen der vitnar om (*Perslættet*, *Jørenskredene*, *Sjursteinen* osv.), so ein kan tenkja seg at Navarsete låg ein stad mellom Sviggaskredene og Steinkveane, om lag på same høgd som sistnemnte (600 moh.), oppunder Sviggafjellet.
23. *Ellingsete* /"ælingsæ:te/ 325 moh., bruk under Li nedre, tidlegare husmannsplass utskild i 1879. I NG12:36: *Ellingsæter* /æ²llingsæte/, medan i bygdeboka vekslar skrivemåten mellom *Ellingseter* og *Ellingsete*³⁸. Namnet var truleg skrivne *Ellingset(h)* og *Ellingsæther* òg, som etternamnsformene frå 1700- og 1800-talet vitnar om (BB7:805 og 815–817). Ein tidlegare slåtteteig som heitte *Ellingseter øvre* og hørde til Oppheimshaug (kjøpt av brukaren på Ellingsete i 1889) vert nemnd i bygdeboka, so namnet må vera eldre enn utskiljinga.
24. *Haraldsete* /"ha:raldsæ:te/ 320 moh., nedlagd husmannsplass under Melheim – no berre tufter – som ligg heilt ut mot merket mot øvre Veum. Namnet kan ha vorte skrivne *Haraldset(h)* òg, sidan ein har slike former som etternamn frå seint på 1800-talet og tidleg på 1900-talet (BB7:385–386). Eit lite jordstykke høyrer til plassen, *Haraldsetslættet*.
25. <*Meinsete*> (BB7:752) 315 moh., tidlegare husmannsplass under Morki, i dag berre skog og beite. I SNP finn ein berre *Storameinsete* /"sto:ramai:nsæ:te/ (der husa stod), *Vetlameinsete* /"vætlamai:nsæ:te/ og *Meinsetbakken* /"mai:nsæ:tbaken/.

³⁷ I stadnamnoppskrifta frå 1932 for Harberg står det «Vefn (bergknaus), Sviggafjedle (fjellvidd)» under «Namn på stølen og på fjellet».

³⁸ «Underbruket *Ellingsete* er i matrikkelen skrivne *Ellingseter*. Då skriftformi *-seter* ikkje er i samsvar med språket i Indre Sogn, har me valt å omtala gardsnamnet med endingi *-sete* etter den lokale utalen» (BB7:782, mine kursiveringar).

26. *Sveinsete* /"svai:nsæ:te/ ca. 280 moh., skog og beite ved riksvegen, tilhører bruket Vinden på Josvanger (tidlegare husmannsplass Vinda eller Jøsvongavinda).
27. *Vindsete* /"vinsæ:te/ (skrive <*Vinsete*> i SNP) 770 moh., fjellstøl/sumarstøl for Baten Store på Mollandsmarki saman med bruka i Li på IH. Stølen ligg på fjellet to-tre kilometer aust for heimehusa på Li nedre, like vest for Øvrelistølen³⁹. Om lag 500 meter nord for stølen ligg *Vinsetemyrane* /"vinsæ:temy:rad*n/.

På IH er stoda mindre jamn enn i hin delen av bygda: Talet på *sete*-namn nytta om stølar (fjell- og heilstølar) er aller høgast – 61,5 % – bustadnamn er 23 % og teigenamna er berre 15,5 %. Personnamn som utmerkingsledd er 31 %, medan resten har naturnamn eller adjektiv.

Nr. 19 *Seljesethovden* og nr. 22 *Navarsetsteinen* er særmerkte døme fordi dei viser til ein støl med *sete*-namn som ikkje ligg nær staden dei kjenneteiknar. Dette kan peika på ei viktig rolle av *sete*-namn som geografisk referanse, som ikkje berre er avgrensa til næraste namnemiljø, men påverkar heile synskrinser frå staden. Denne utvida referansefunksjonen kan òg tyda på sterk proprial karakter og dimed høg prototypisk stilling i onomastikonet.

7.1.3 Nedste Jostedalen (Gaupne sokn)

28. *Breisete* /"brai:sE:te/ (<*Breisæte*> i SKI) ca. 750 moh., fjellstøl for dei fem bruka på Saude i Luster. Stølen ligg på vasskilet mellom Dalsdalen (Luster) og Vigdalen (Jostedal), like ved den gamle ferdslvegen mellom Dale i Luster og Jostedal. Kring stølen ligg *Breisetvollane*, *Breisetmyri* og *Breisetdalen*.
29. *Solsete* /"so:lse:te/ ca. 850 moh., tidlegare fjellstøl til hovudbruket på Alsmo og til husmennene på Leirmo (husmennene på Alsmo rudde seg ein liten fjellstøl på Haukåsskori, lengre nord på grensa til Myklemyr). I lia oppunder stølen ligg det *Solsetskorane* og *Solsetkleivi*, medan fjelltoppen over han heiter *Solsetnosi* (1278 moh.).
30. <*Torsetdalen*> (TK og Øvregard 1999:101) ca. 900–1000 moh., tidlegare fjellstøl for Leirmo (seinare Nesdalen på Veitastrondi, so Tverradalen og endeleg Skardet /"ska:re/ i Leirdalen). I SKI-oppskrifta for Lavoll i Luster, som hadde fjellstøl på Våg i Engjadalen, vert <*Torsetnosi*> eller <*Torsnosi*> nemnd. Det dreier sikkert seg om bergknausen Nosi (995 moh.), eit par snaue kilometer sør for *Torsetdalen*, rett nord for Rydalen og Våg. Dette tyder at i rett gamal tid må ein støl kalla *Torsete* ha funnest på fjellet der.
31. *Rysete* /"rysæ:te/ (SKI: *Rysæte*) 830 moh., fjellstøl for Bulungberg, Drevdal nordre, Tandla og nokre av bruka på Øvrebø (alle gardar ligg på Gaupne). Stølen ligg høgt på sørsida av Rydalen, om lag ein kilometer lengre innover enn *Seljesete*. Lia oppunder stølen heiter *Rysetelii* /"rysæ:teli:/ eller <*Rysetli*> (TK) / <*Rysætli*> (SKI).
32. *Seljesete* /"sEljesæ:te/ (SKI: *Seljesæte*) 820 moh., fjellstøl for Flattun, Haugen, Øvrebø, Svangstu Lille, Valde, Belgen, Prestegård (alle på Gaupne). Like heim for dagens støl finn ein tufter etter fleire bygg som ligg midt i vegen til *Seljesete*; i dag heiter plassen berre

³⁹ I Norgeskart.no har *Øvrelistølen* dette namnet i dei minste målestokkane, medan han vert kalla *Lisete* f.o.m. målestokk 1:20000 til 1:40000. Forma *Lisete* har eg likevel ikkje funne i andre kjelder og ho kan difor ikkje takast med som valid stadnamn.

Øvringamyri, med det kan peika på flytting av *Seljesete* i gamal tid. I skråninga nedanfor stølen og Øvringane ligg *Seljesetmyrane*.

33. *Rupesetnosi* /"ru:pesetnå:si/ 750 moh., lita fjellbrun på nordsida av Rydalen, rett framføre nr. 31 *Rysete*. Staden ligg oppunder *Nosi/Torsetnosi* (jf. nr. 30); like vest for han, på nett same høgd, ligg *Nosi* («lang skogsli») og *Nosabøen/Hopaholet* («dalsøkk»), der terrenget flatnar litt og ei lita tjørn ligg. I dalsbotnen mellom *Nosi* og *Rysete* ligg fjellstølen Rydalen (ca. 600 moh.) og dalen er generelt rik av kulturnemne (Brennene, Nedste/Øvste Stigen osv.). Det er ikkje utenkjeleg at *Nosi/Nosabøen* kan ha vore støls plass i gamal tid (som kanskje heitte *Rupesete*), men eg har ikkje funne noka opplysing om det.
34. <*Navarsete*> (TK, SKI og Øvregard 1999:130) 620 moh., støl for Øvrebø, Bulungberg og Haugen på Gaupne og seinare for somme av bruka på Hunshamar og Marifjøra (IH) òg. Stølen ligg inst i Engjadalen, der stiginga oppover mot Heggdalen (fjellstøl til Talla i Luster) byrjar. Støls huser ligg på vestsida av Engjadalselvi, som høgare oppe heiter Heggdalsvatnelvi og her får namnet *Navarsetelvi*.
35. <*Håvardsete*> (TK, Øvregard 1999:115), <*Hauarsete*> i SKI og <*Håasete*> i TK i målestokkar frå 1:20000 til 1:40000 (jf. nr. 2), 600 moh. Fjellstøl for alle bruka på Tandla og tidlegare for Ytre Eikjum òg. Stølen ligg på austsida av Engjadalen, rett opp for Vassvollane og oppunder *Håvardsetknubben*, i retning mot fjellstølen Flatningane.
36. <*Meinsete*> (TK og BB4:35) 15 moh. ogso kalla Råumsberget (Råaberget), gamal husmanns plass under Råum, som låg ved fjorden halvveges mellom Gaupne og Nes (den fyrste husmannen var strandsitjar på Råumd og fekk rydja seg ein plass på *Meinsete* kring 1821).

I nedre Jostedalen, tilsvarende Gaupne sokn, er 89 % av *sete*-namn nytta om stølar (fjellstølar), medan resten (11 %) er nytta om ulike terrengetypar i fjellet. Her har dei fleste *sete*-namna adjektiv eller naturnamn som forledd (78 %), medan 22 % av dei har eit personnamn. *Rupesetnosi* og *Torsetdalen*, saman med hine stadnamna laga med same førelekk, vitnar om den rådande stillinga av *sete*-stølsnamna i landskapet, som framleis pregar namnemiljøet endå dei ikkje finst lenger. Sameleis som nr. 19 og 22 får dei ei viktig rolle som geografiske referansar for orientering.

7.1.4 Jostedalen (Jostedal sokn)

37. <*Sætrehaug*> (Øvregard 1999:61) 850 moh., tufter etter ein eldgamal fjellstøl for Fåbergsgrenda. Lokaliteten ligg øvst i Vetlestølsdalen (ei sidedal vest for Fåberg), der landskapet byrjar å stiga opp mot Fagredalen. Der ligg det to tufter og eit kve som ikkje har vore i bruk etter at øvste Jostedalen vart bygd opp att etter svartedauden (dei fleste bruka på Fåberg har hatt fjellstøl på Fåbergstølen sidan, 5 km legre nord i dalen). Fleire stølstufter ligg litt lengre nede i same dalen på Sandbakken.
38. *Setrevollen* /"sæt:revål*n/ (<*Sætrevollen*> hjå Øvregard 1999:69) 420 moh., truleg den eldste fjellstølen til Grov i Krundalen. Når breane var på sitt største i byrjinga a 1700-talet, låg *Setrevollen* mellom to brearmar (Bersetbreen og Tuftebreen) og stølen laut rivast ned. Her er det ikkje tufter etter noko som helst, men det finst mangt eit *sete*-namn i området som vitna om seterbruk: *Setrestein* (ein heller) og *Setregranden* (ei øy i elva) ved sjølv vollen, *Setreli* og *Setrebakkane* litt høgare i dalsida.

39. *Bergset* /'bærset/ (NG12:6: *Bersæter* /bæ²rrset/) 400 moh., fremste garden i Krundalen (3 bruk). Garden ligg to snaue kilometer heimanfor *Setrevollen* og namnet er truleg det same som nr. 4 *Berrsetno*. I kompositum får namnet aldri den elles vanlege fuga -a-: *Bergsetbreen*, *Bergsethovden*, osb.
40. <Øyasætri> eller <Øya seteri> eller <Øyaseter> (SKI) ca. 515 moh., gamal fjellstøl til bruka under Mjølver og Li, heiter truleg Tuftene i dag: Sela stod før lenger nede ved Jostedøla, men elva braut seg fram og sela vart flytte oppover til dagens fjellstøl, som heiter Øy (SNP, områdenamn hjå Øvregard) eller *Øyastølen* (Øvregard 1999:64).
41. *Kolsetemyrane* /'kålsetemy:rad*n/ og *Kolsetemyri* /'kålsetemy:ri/ er to utmarksslåtter, høvesvis 640 og 780 moh. oppe i lia sør-vest for Jostedal prestegard (200 moh.) og nord-vest for Nedreli (260 moh.). I SKI er <*Kollsetemyrane*> notert blant namna på stølen og fjellet for Jostedal Prestegard og er skildra som «store myrar», truleg om heile området mellom dei to plassane registrerte i SNP. Dei fleste stadnamna kring plassen er òg namn på (skogs)slåtter.
42. <*Loppesete*> (SKI), truleg ca. 500 moh., registrert berre i stadnamnoppskrifta frå 1932 for Yttri og to bruk på Kjervik (Tuftene og Berget) som «namn uppetter vegen til vårstølen». Alle desse bruka hadde vårstøl/mellomstøl på Myri (540 moh.) og fjellstøl på Geisdalen (710 moh., tidlegare på Tuftene litt fremre i same dal, 810 moh.). I dei tre oppskriftene vert namna noterte frå heimste utmarka opp til stølane og *Loppesete* kjem alltid rett etter Olbogen (krokete parti av buførvegen) og Høgesvaet, og rett før Myrholtane (haugar ved vårstølen) og Myrgjerdet (slåttemark på vårstølen), som er registrerte i SNP. Dette kan tyda at *Loppesete* låg nett oppunder dagens vårstøl. I tillegg til *Loppesete* er alltid <*Loppesetsvoi*> og <*Loppesetgrovi*> noterte, som kanskje er namn på det berglente området rett sør-vest for Myri og grova som frå Myri renn ned i Geitsdøla. Sidan staden var viktig nok til å verta nytta som førelekk i to trikompositum, meiner eg det er usannsyleg at *Loppesete* berre var ein kvileplass på buførvegen (kvilestader vert til vanleg forklarte i SKI, og heiter *Sete(t)* for det meste, sjå vedlegg 2). Kanskje var *Loppesete* ein tidlegare stølplass i nærleik av dagens Myri.
43. <*Nyset*> (SNP upublisert), småbruk på Myklemyr, fråskilt i 1932 frå bnr. 9 (Øyen). Bruket (nr. 14) ligg på sletta rett sør for Øyen og Myklemyr øvre, litt under 100 moh. (BB5:45).

Stoda i øvste Jostedalen er mykje meir ulik enn hine områda, fyrst og fremst fordi den elles vanlegaste forma -sete er her i undervekt. *Sete* f. – ukjend i resten av kommunen – finst her både som forledd og etterledd; dette kan peika på historisk kontakt med indre Nordfjord og Nord-Gudbrandsdal, der *sete* f. er eit produktivt lemma i namnelaginga⁴⁰. Alle namna som inneheld den forma er nemleg veldig gamle og lemmaet kan sikkert seiast å ikkje vera produktivt i jostedalsmålet lenger.

57 % av namna er nytta om (tidlegare) fjellstølar, endå om eitt namn truleg var nytta om vårstøl (då 43 % fjellstøl, 14 % vårstøl). Bustadnamna er 29 % (alle i forma -set) og teignamn er 14 % (-sete). Det finst ikkje noko personnamn som forledd og berre eitt adjektiv, naturnamna rår elles.

⁴⁰ I Gudbrandsdalen er *sete* f. eit fullt produktivt lemma i målføret, i indre Nordfjord er det noko forelda og tevlar støtt med *støl* m., men finst i mange stadnamn likevel (Nordfjord ligg i området der *sete* f. vanlegvis ikkje høyrer heime i språket, Beito 1949:93).

Det er påfallande at nr. 39 *Bergset* ikkje får samansetjingsformativen *-a-* når gardsnamnet er nytta som førelekk og dette kan styrkja teorien om ei høgare prototypisk stilling til dativnamna (jf. nr. 4 *Berrsetno* i 7.1.1), men kan ogso skuldast på den ikkje-epentetiske forma *-set*.

7.1.5 Nes og Dale (Luster)

44. *Hunasete* /"hu:nasE:te/ 550 moh., gamal vårstøl til hovudbruket på Flahamar og Saudegardane. Namnet vert skriva <*Hunarsete*> hjå Øvregard (1999:138) og <*Hunnasete/Hunasæte/Hunnaseter*> i SKI. I innsamlinga frå 1932 står det òg at Berteig på sørsida av Lustrafjorden hadde vårstøl på <*Hunasethagadn*>. I dag finst det ikkje noko sel her, men både terrenget og namnemiljøet vitnar nokso sikkert om stølsdrift: *Hunasete* ligg på ein avsats i lia, med Seleberg rett vest (<*Selberg*> i SKI), Ellingsetselet/Jensaselet rett aust og dei gamle slåttemarkene Flamarksgjerdet, Gorgagjerdet, Kleivagjerdet, Jensagjerdet i kring.
45. *Ellingsetselet* /"ElingsEtsE:le/ finst to gonger: 1) på *Hunasete*, rett under stølstunet 425 moh., ogso kalla Jensaselet og saman den gamle slåttan Jensagjerdet; 2) på *Breiset*, 750 moh. Desse to stølane var vår- og fjellstølar til alle dei fem bruka på Saude (170 moh.) – Hansagarden (bnr. 1), Jensagarden (bnr. 2), Torgeirgarden (bnr. 3), Kleivi (bnr. 4), Nedstegarden/Søvde nedre (bnr. 5) – som hadde eit sel kvar på båe stadene (Øvregard 1999:96 og SKI, men oppskriftene frå 1932 tek med berre Hansagarden og Nedstegarden). *Ellingsete* er sannsynlegvis eit gammalt namn på Jensagarden, sidan alle Saudegardane har sel og/eller slått kalla opp att etter hovudbruket både på *Hunasete* og *Breiset*: Hansagarden → Hansaselet; Ellingsete/Jensagarden → Ellingsetselet/Jensaselet og Jensagjerdet; Torgeirgarden → Gorgaselet, Torjeselet og Gorgagjerdet; Kleivi → Kleivaselet og Kleivagjerdet; Nedstegarden → Nedstegardsete.
46. <*Røssesete*> (SNP upublisert, Øvregard 1999:138–139, TK) 830 moh., fjellstøl for bruka Skildheim, Hengesteg, Hæri og For. Namnet vert skriva <*Røssesæte*> eller <*Røssesætet*> i SKI og rundt omkring der finst det <*Røsssetmyrane/Røsssetemyrane*> (SNP upublisert) og <*Røsssetelvi/Røssætelvi*>.
47. <*Hedlesete*> (Øvregard 1999:140) 1115 moh., truleg ein gamal fjellstøl ved den sørlegaste sida av <*Hellesetvatnet / Hellesætvatnet / Hedlesætvatne*> (SKI, TK), der det finst nokre hytter. Vatnet ligg over *Røssesete* og derifrå renn *Røsssetelvi* ned gjennom <*Osane*> (nokre småe vatn). Området er generelt rikt av gamle stølstufter, t.d. ved <*Klovsteinen*> (ca. 1000 moh.) halvveges mellom *Røssesete* og *Hellesetvatnet*.
48. *Hersete* /"hærsE:te/ 805 moh., fjellstøl for Berge på Dale saman med plassane Grønli (før: *Fiskasete*) og Bø (Bøen). Stølen ligg på ein avsats på austsida av Dalsdalen. På fjellet ovanfor stølen ligg <*Hersetbotnen*> (ca. 1000–1200 moh.), derifrå renn *Hersetelvi* /"hærsetElvi/ ned forbi stølen og so i Dalsdalselvi; bakkane nord og vest for stølen heiter høvesvis <*Hersethovden*> og <*Hersethaugen*>, medan lia oppunder den sistnemnde heiter *Hersetli* /"hærsetli/.
49. <*Fiskasete*> (BB2:195) eller <*Fiskasæte*> (Øvregard 1999:159) 25 moh., husmannsplass under Berge på Dale (rudd av ein strandsitjar på Berge rundt 1665–1675), ligg ved fjorden mellom Kvåle og Ottum (*Fiskasetsvingen* /"fiskase:tsvingen/ i vegen får namnet frå han). Plassen heiter Grønli i dag, men opphavleg heitte han berre Kvalsvik pga. plasseringa i bukta mellom grendene Kvåle og Ottum (Kvålsviki /"kvao:lsvi:Ki/), som ogso gav namnet til bruket Kvalsvik.

50. *Engjasetflaten* /"aiNGasE:tfla:t*n/ ca. 600 moh., er ein flote i terrenget, utmarksslått før, men attvaksen med skog no. Staden ligg om lag ein kilometer opp for Ottagardane (120 moh). Kanskje låg det ein støl der i gamal tid, som førelekken *eng-* og etterlekken *-flate* peikar på (liten avsats i fjellsida med grasmark, høveleg beiteterrang). Plasseringa av dei ulike bruksområda er nemleg litt problematisk på Ottum pga. veldig variert bruk av arealet rundt gardane i dei siste hundreåra; det heiter t.d. at «Jamvel om bruka på Ottum stort sett hadde vårstølane på kvar sine stader, ser det ut til at alle bruka har hatt fjellstølen sin på same staden. Det er likevel noko usikkert *kvar* dei har hatt fjellstølane sine.» (Øvregard 1999:162).
51. *Anfinnsete* /"anfinsE:te/ «skogateig no, før gammalt sel», registrert som heimstøl under Ottum (gnr.28, brn. 1) men ikkje kartfesta, so umogeleg å plassera (namnet finst ikkje i andre kjelder). *Anfinnsetskorane* /"anfinsE:tskå:rad*n/ (beite, slått før) ligg rundt plassen, på innmarka til bruket nr. 2. Ifylgje gards- og landbrukskartet til NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) ligg dei einaste beita på innmarka til br. 1 rett under og litt over våningshuset, medan bruket nr. 2 har berre eitt beite på innmarka som ligg rett over våningshuset og grensar mot beitet til nr. 1. Det er rimeleg å anta at *Anfinnsete* låg i området over stølshusa, men ikkje so høgt som *Engjasetflaten* (600 moh.) og heller ikkje so høgt som *Heggjagardane* /"haiGaga:rad*n/ (220 moh.), som finst i TK og er registrerte i SNP som tidlegare slåttar i utmarka til bruket nr. 2. Eg meiner at ei sannsynleg plassering av *Anfinnsete* kan vera mellom 150 og 200 moh. rett ovanom Ottagardane (120 moh.), men eg kan ikkje vera heilt sikker på det (jf. nr. 50, mange problem med plassering av Ottastølane).

75 % av *sete*-namna i Nes og Dale sokn er nytta om stølar (bruksnamn 25 %), men berre to tredelar (50 %) av dei er fjellstølsnamn. Mønsteret med *-sete* nytta oftast i fjell- og heilstølsnamn som gjeld vest i kommunen, ser her ut til å vika litt for ein meir ålmenn regel, t.d. ‘*-sete* = stølsnamn’.

Personnamna som førelekkar er ogso 25 %, men likt delt på bruksnamn (nr. 45 *Ellingsete*) og (heime)stølsnamn (nr. 51 *Anfinnsete*). Resten (75 %) har naturnamn som førelekk (både terreng- og dyrnamn).

7.1.6 Mørkridsdalen og Fortunsdalen

52. *Gurosete* /"gu:rosæ:te/ 860 moh., fjellstøl til alle bruka på Fjøsne (Fjøsneane). Stølen ligg på vestsida av Mørkridsdalen, beint over for Rebni. Stølen gav namnet til *Gurosetelvi* /"gu:rosE:tElvi/, som ikkje renn forbi stølen men i Grøndalane, nesten to kilometer nord for han. Elva kjem frå Ofsarvatnet på Midtfjellet, som ligg i driftsområdet for *Gurosete*, og heiter slik sannsynlegvis for å skilja henne frå *Åsetelvi*, som kjem frå *Åsetvatnet* (dei to elvane møtest ved Drivandefossen/Krekafossen).
53. <Åsete> (i Mørkridsdalen) «utt. *Aosete*» (Øvregard 1999:174) 840 moh., fjellstøl til bruka på Mørkrid, ligg på nordaustsida av *Åsetevatn* /"aosæ:tevatn/ eller <Åsetvatn(et)>, der elva kjem ned frå fjellvidda Soleiebotnane og renn ut i vatnet. *Åsete* er ikkje einaste stølen ved vatnet: *Fast* ligg på nordvestsida, medan *Osen* på sørsida.
54. *Dulsete* /"dulsE:te/ 375 moh., vårstøl til Hauge og to bruk på Moen. Dette er ein stor støl som ligg etter måten lågt på ei stor, open slette ved elva, der dei hadde slåttegjerde og fleire løer før i

tida. Stølen er heilt dominerande i området og mang ein stad har fått namn frå han: *Dulsetehaugen* /'dulsE:te,heu:gen/, *Dullsetfossen* /'dulsetfås*n/, *Dullsetsvoene* /'dulsetsvå:d*n/ og *Dullsetøy* /'dulsetåi:/.

55. <*Rausdalsete*> (Øvregard 1999:179) 880 moh., gamal fjellstøl til bruk nr. 1 på fjøsne. Stølen ligg på nordsida av Rausdalsvatnet heimst i Rausdalen, nord for Mørkridsdalsbotnen, 18–19 kilometer nord for bygda Skjolden. Staden vart namngjeven ein gong midt på 1800-talet, då Anders Fjøsne, som hadde stølsrett her, bygde eit lite mura sel (i dag matlager til DNT-hytta Arentzbu). Kanskje analogisk namngjeving til *Gurosete* og *Åsete*, som brukarane på Fjøsne var godt kjende med.
56. <*Myrasete*> (TK, Øvregard 1999:183–184), <*Myrasæte*> i SKI, 965 moh., fjellstøl for Rebni og Skåri, ligg på vestsida av Mørkridsdalen nord og aust for vårstølane Rebnisli og Skåristøl. Stølen ligg under fjellet Tussen (1232 moh.) og Tussavatnet (1046 moh.) vert ogso kalla *Myrasetvatnet*.
57. <*Meinsete*> (BB1:498), ca. 10 moh., bnr. 2 på Skjolden. Staden ligg på tangen mellom osane til Mørkridsdalselvi og Fortunsdalselvi, og i bygdeboka vert det sagt at «det har aldri vore noko særleg jord til plassen».
58. *Ruskesete* /'ruskesE:te/ 425 moh., gamal fjellstøl for alle bruka på Drægne og Gjerseggi i Fortunsdalen. 50 meter legre oppe ligg *Øyastøl* /'åi:astø:d*1/, men eg har ikkje informasjon om den staden og kartet viser berre skog (kanskje tufter etter ein gamal støl). Kring *Ruskesete* ligg *Ruskesetgjerdet* /'ruskesE:t,jE:re/ (gamal slåttemark til Drægne) og *Ruskesethaugen* /'ruskesE:t,heu:gen/ (haug med store furetre).
59. *Liasete* /'li:asE:te/ 725 moh., gamal hauststøl (midtstøl) til for Gjerseggi og bruka på Drægne. Dei brukte denne stølen i ei fjorten dags tid då dei kom ned frå fjellstølen Råsane, som ligg på austsida av Mørkridsdalen rett over *Dulsete*, 730 moh. *Liasetvegen* /'li:asE:t,vE:gen/ går frå *Ruskesete* til *Liasete*.
60. <*Ospesete*> (TK og Øvregard 1999:185) eller <*Åspesete*> (SNP upublisert), 510 moh., gamal vårstøl til Skagen i Fortunsdalen. Den bratte, delvis oppmurte vegen opp til stølen heiter <*Åspesetgaldad'n*> og fjellkanten aust for stølen heiter <*Åspesetbruned'n*>.
61. <*Nysethaugen*> (TK og Øvregard 1999:190) eller <*Nysæthaugen*> (BB1:33), 740 moh., midtstøl til Bjørk i Fortunsdalen, brukt etter heimestølen Grima (ca. 450 moh.) fram til jonsok, for å so flytta til fjellstølen Smole, 920 moh., rett opp for garden, sør for Bjørkanosi (i eldre tid støla dei på Indre Smole – <*Indresmole*> i SKI og SNP upublisert – ca. 1130 moh. rett opp for Øyabotn, om lag 4 kilometer nord for Smole). Fjellstølane var dei opphavlege stølane til Bjørkagardane, som vår og haust brukte å mjølka dyra like utanfor utmarka. Hjå Øvregard heiter det at stølane Grima og *Nysethaugen* vart bygde opp av Arne Ø. Bjørk i 1920–1930 åra, medan i bygdeboka vert det sagt at sela der vart oppsette kring 1900. I stadnamnoppskrifta for Bjørk frå 1932 står det korkje Grima eller *Nysethaugen* og der informanten skulle fylt ut med namnet på vårstølen, står det ein strek. Namna er heller ikkje registrerte i SNP frå 1985 og utover, men dei tre informantane i SNP er fødte etter 1940. Ifylgje kjeldene slutta dei med vanleg stølsdrift på Bjørk kring 1930 (Øvregard 1999:191, BB1:33), so det er rimeleg å anta at den korte stølsdrifta mellom 1900 og 1930 ikkje vart rekna som viktig av lokalbefolkninga. *Nysethaugen* er likevel eit trikompositum og dette føreslår at namnet alt fanst som stadnamn, og at der må ha det lege einkvan støl som heitte *Nyset(e)*, men kjeldene inneheld inga opplysing om denne eventuelle stølen (sjå òg nr. 65).

62. <Nyasetli> (TK og Øvregard 1999:195) 545 moh., mellomstøl for bruka 1–5 på Svensøy i Fortunsdalen, 6 kilometer frå garden (vårstøl: Svensøystølen, 100 moh., 2 km frå garden). I SKI vert namnet skrivne <Nyasætli> eller <Nyasætliid / Nyasetliid> og er notert som fjellstøl saman med Åsete og Nørdestedalen (Svensøy hadde i alt fem-seks stølar).
63. Åsete /'ao:sE:te/ (i Fortundalen), <Åsete> i SKI, 520 moh., fjellstøl for Svensøy, ligg på vestsida av Fortunsdalselvi eit par kilometer fram for Nyasetli. Beint over for stølen er det ein haug som heiter <Åseteholten / Åsæteholten>, medan fjellet rett fram for stølen heiter <Åsetenosi> (SNP upublisert). Derifrå renn det ei grov som heiter Åseteelvi /'ao:sE:teElvi/ (<Åsete-elvi> i SKI), som dannar <Åsetefossen> litt lengre ned. I elva rett framfor stølen ligg det <Åseteøyane>.
64. <Nørdestedalseter> (SNP upublisert og TK) 937 moh., «støl, no DNT-hytte», ligg på ei fjellvidd der Middalen og Nørdestedalen møtest, rett nord for Fortunsdalen. Både SKI og Øvregard har berre <Nørdestedalen / Nørstedalen / Nøstedalen> og der låg den gamle fjellstølen til Svensøy og Øyene i Fortunsdalen. I SKI er namna <Gamlenøstedalen> og <Gamlenøstedøla> spesifiserte i motsetjing til <Nøstedalen> og <Nøstedøla> og dette tyder at ein tidlegare fjellstøl låg lengre inne i Nørdestedalen, om lag 1000 moh. Etterleddet *-seter* i hyttenamnet kan då vera berre analogisk til skriftspråket, sidan hytta er etter måten ny (bygd privat i 1889, kjøpt av DNT i 1928 og vølt heilt i 1937, Øvregard 1999:193).
65. <Meinsete> (SNP upublisert, TK og Øvregard 1999:203) 930 moh., fjellstøl til Yttri, ligg i Helgedalen like aust for Helgedalselvi, om lag ein kilometer innover dalen frå Helgedalsreset (der Sognefjellsvegen byrjar stiga mot Oskarhaug, rett fram for Turtagrø). Stølen på *Meinsete* vart bygd etter at drifta på stølen Helgedalen – på hi sida av elva – tok slutt på 1950-talet, men drifta der varte heller ikkje lenge.

93 % av alle *sete*-namna frå dei austlegaste dalføra i kommunen er nytta om stølar (bruksnamn 7 %, eitt belegg), men berre 67 % av dei er namn på fjellstølar, medan 25 % er namn på mellomstølar og 8 % er namn på heimestølar. I Mørkridsdalen er det utelukkande fjellstølsnamn og eitt bruksnamn, medan alle namn på midt- og heimestølar finst i Fortunsdalen. Dersom ein reknar med berre denne siste dalen, utgjer mellom- og heimestølsnamn heile helfta av belegga. Frå dette synspunktet liknar Fortunsdalen mykje området rundt den gamle Lustrabygda (Dale sokn), medan Mørkridsdalen minnar meir om stroka lengre vest i kommunen. Det er berre eitt namn som har eit personnamn som forledd (7 %), resten har ulike naturnamn, adjektiv og preposisjon/adverb (som ytrar lægje).

7.1.7 Sørsida av Lustrafjorden

66. <Nysetnosi> (TK) 1430 moh., ogso kalla Nobbi, fjelltopp rett oppunder Nobbafjelli (to toppar, 1497 og 1508 moh.). Fjellet ligg sør for Eidshovden og garden Eide /'ai:e/ (50 moh.), på austsida av nedste Fortunsdalen. Namnet kan koma frå at det er mogeleg å sjå stølen *Nysethaugen* (740 moh.) derifrå, og dette ville styrkja hypotesen om ein tidlegare fjellstøl kalla *Nyset(e)* i området der (jf. nr. 59).

67. *Navasete* /"na:vasE:te/ (SNP), <*Navarsete*> i SKI, ca. 780 moh., tufter etter ein støl i flatlendt myrområde. Stølen må ha lege aud lenge for 1932, sidan opplysingane i SKI seier berre «tufter etter gamle sel» og at «ein mann flod ei merr med ein navar». Forma er registrert blant namna oppetter stølsvegane for Ytsta-Sørheim, men stølane åt dette bruket låg i søraustleg lei (Li og Feigdalen), medan *Navasete* ligg i Sørheimsdalen nord-aust for grenda Sørheim, på vegen mellom vårstølen Nystøl/Nyestøl (500 moh.) og fjellstølen Mårdalen (900 moh.). Eg meiner at *Navasete* kan ha vore støl til Leri og Sande, som støla på dei to sistnemnde stadene. Ein snau kilometer nord-vest for *Navasete* låg den gamle vårstølen til Leri og Sande – Hovden (750 moh.). *Navasete* kan ha òg vore vårstøl i si tid, eventuelt mellomstøl.
68. <*Talsete*> (TK, Øvregard 1999:138 og BB3:66), <*Tallsete*> (SNP upublisert), NG12:27: *Talsæter* /ta²llsæt/, 25 moh.: nedlagd gard og gamal plass under Flahamar, brukt bl.a. som støl. Sit ein på Flahamar, ligg *Talsete* rett bortanfor fjorden, ved osen av <*Talsetgrovi*>. Eit stykke over staden ligg <Stød'l> (400 moh.), tufter etter ein gamal støl.
69. <*Fureset* / *Furesete*> (SKI), registrert som vårstøl for Bergheim (gnr. 63 br. 2). I dag heiter vårstølen til denne garden <Bergheimstød'l> (540 moh., SNP upublisert) og ligg på nordsida av Feigeelvi berre eit par hundre meter over Feigefossen. Namnemiljøet til *Furuset(e)* registrert i 1932 svarar heilt til namnemiljøet til Bergheimstølen registrert i 2014: Plassen ligg oppunder <Storanaasi (Bergheimsnaasi)> (SKI) / <Bergheimsnåsi> (SNP) og ovanom <Fureskori> (SKI) / <Fureskåri> (SNP); for å koma seg dit dreg ein forbi ei oppkome som heiter <Grufle> (SKI og SNP); den gamle slåttemarka på stølsgjerdet heitte <Jære> (SKI) / <Jere> (SNP); nedmed elva står <Kvednhuset> (SKI og SNP), osb. Det er ganske trygt å godta *Furuset(e)* som gammalt namn på Bergheimstølen. Erstatninga av gamle stølsnamn med eit kompositum der gardsnamnet er førelekk og *støl* m. er etterlekk, verkar nokso vanleg (jf. nr. 12 *Furuset* i 7.1.1).
70. *Åsete* /"å:sæ:te/, <*Ausæte* / *Aaseter*> i SKI, 818 moh., fjellstøl for bruka på Kroken, Låen og Lingjerde. Stølen ligg inst i Krokadalen, ca. fire kilometer framanfor mellomstølen Ormadalen (600 moh.) og ni frå grendene ved fjorden. Litt lengre inne ligg det nokre tufter etter ein gamal støl som vert kalla for Øystølen (930 moh.), men det er uråd å vita kven som støla der og når.
71. *Surnasete* /"surnasæ:te/ 650 moh., vårstøl for bruka Veberg og Ospelund på Ytre Kroken (høvesvis 160 og 179 moh., berre halv kilometer frå kvarande). Bruka ligg nesten loddrett under stølen med ca. 650 meter avstand i luftlinje, men ca. 500 meter høgdeforskjell. *Surnasete* skal ha vore støl frå gamal tid, endå vegen dit var holleg lang og uframkomeleg (Øvregard 1999:234). Fjellet over stølen heiter <*Surnasetnåsi*> (SKI) / <*Surnasetnosi*> (TK), 1252 moh.
72. <*Fodnasete*> (Øvregard 1999:236) eller <*Fodna sete*> (SKI), ca. 700–800 moh., «ein gamal støl so er ned dotten for mange aar sidan» (SKI), den aller eldste fjellstølen til bruka på Urnes. *Fodnasete* låg under skoggrensa litt nedan dagens fjellstøl Nystølen (870 moh.). Stølen laut flyttast pga. bjørn og ymse rovdyr. I dag er berre stadnamnet <*Fodnasetgrovi*> (SKI og TK) som minnar om denne stølen. Grova er den øvste delen av Logrovi, som renn ned til Lo frå <*Fodnasetmyri*> (SKI), eit myrområdet på Middagsfjellet mellom Urnes og Kinsedal.
73. <*Røsesete*> (Øvregard) eller <*Røsete*> (SKI) (ca. 750–800 moh.), gamal fjellstøl til bruka på Urnes etablert etter flyttinga frå nr. 72 *Fodnasete*. Dette hende sikkert før 1748, fordi ein har belegg for forma <*Rødsete*> i tingbøker frå det året (Øvregard 1999:236). Stølen låg i skråninga mellom Nystølen og vårstølen Kveken (580 moh.), truleg i <Hadledn> (SKI, norm. Hallene), «ein veg som gjeng av Kveken og upp på Nystølen» (dei to namna er lista opp rett etter kvarandre i oppskrifta frå 1932 for garden Hatlevoll på Urnes).

På sørsida av fjorden er mengda *sete*-namn nytta om heime- og mellomstølar den høgaste: Her utgjer dei 50 % av belegga og slike tal passar heilt i hop med Fortunsdalen. Likskapen med Fortunsdalen ser ein att i den fullstendige mangelen på personnamn i førelekkstilling (alle namna har naturnamn, adjektiv eller preposisjon, i tillegg til det frekvente kulturnamnet *navar* m.).

Endå ein gong vert eit *sete*-namn brukt som geografisk referanse i namngjevinga av ulike terrengformasjonar som skodar over staden (nr. 66, jf. òg 19, 30, 33) og namnevaldet vert slik utvida stort.

Her finst det òg eit anna *sete*-namn som vart erstatta av eit *støl*-namn i nyare tider (nr. 66, jf. nr. 12), til stadfesting på uproduktivitet å lemnaet.

7.1.8 Spesifikke implikasjonar ved *-set(e)*

Alle data og resultata av analysen, saman med dei induktive observasjonane gjorde tidlegare (jf. 5.1.3), gjer det mogeleg å setja opp nokre spesifikke hypotesar for namneleddet *sete*. Slik kan ein avgrensa valdet til sjølve nemninga og definera presist både namnetypen og namnebruken.

7.1.8.1 *Sete* finst helst i ubunden form – *Sete*-namna har alltid ubunden eintalsform og er difor mindre markerte enn hine seternamna. Dette gjer dei mykje meir prototypiske, sidan særnamn er kjenneteikna av dei mest umarkerte eigenskapane og er ‘null-koda’, altså har ikkje noka formell markering (Langendock 2007:172–173)⁴¹. Artikkelfråværet kan òg vera teikn på høg alder, sidan Indre Sogn ligg i utkanten av eit stort sentralt sørnorsk området der artikkelløysa er vanlegare enn elles i landet, særskilt når det gjeld sjeldhøyrd eller arkaiske namneformer (Haslum 2003:265, jf. 5.1.1)⁴².

Alderen til lemnaet er komplisert å avgjera. Det ser ut som om han er forbunden òg, fordi *-set* og *-sete* har litt ulike bruksområde: *-set* finst helst i bustadnamn som er kjenneteikna av menneskeleg busetnad året rundt, *-sete* finst helst i fjellstølsnamn med sesongvis busetnad (i tillegg til nokre faste bustader). Det er sannsynleg at dei fleste *set*-namna òg var nytta om stader der dei dreiv med eikor form for stølsdrift før i tida, sidan dei berre har naturnemne eller adjektiv som førelekk (jf. nr. 4, 7, 10, 11, 39, 43), medan nokre bustadnamn ser ut til å føretrakkja personnamn.

⁴¹ Når det gjeld stadnamn, opererer Langendonck med eit sett av fire trekk: «zero form, suffix, article, and classifier». Han argumenterer for at «The less marked a place name category is, the more typically proprial properties it tends to show, and vice-versa [...]» og generaliserer utfalla til ein allmenn granskingsparameter: «If a place name subclass x on the semantic cline is characterized by a form y, then there is a strong tendency for a more marked subclass than x not to be characterized by a less marked form than y» (Langendonck 2007:205–211)

⁴² Haslum har likevel ikkje *sete* med i ordlista si frå Indre Sogn, truleg pga. den ikkje produktive statusen til lemnaet og den sjeldne bruken som lekk i stadnamn.

Denne vaklinga la alt Beito merke til, som skreiv at «dei reduserte formene *-set*, *-sete* osfr. er heller ikkje skarpt skilde geografisk. Dei finst ofte innan same bygd [...] Ja, det kann jamvel skifta millom uttaleformer på *-set* og *-sete* ved eitt og same namnet» (Beito 1949:54, jf. nr. 69 *Fureset(e)*). Beito tolka dei som ulike kasusformer, men denne hypotesen tykkjer eg ikkje er korrekt (jf. 7.1). Det kan likevel spekulerast på om forma *set* har vore eit vanleg alternativ til *sete* ved å samanlikna tonegangen til formene. Vanlegvis har *sete* tonem 2, men stundom har det tonem 1 (jf. nr. 14, 28, 39, 54, 63). Tonem 2 verkar rimelegare med *sete* (to vokallydar), medan tonem 1 truleg er det opphavlege tonemet til den ikkje-epentetiske forma *set* (éin vokallyd), som framleis finst i somme *sete*-formene. Hovudspørsmålet er her eigenleg om svarabhaktivokalinnskotet og *r*-bortfallet hende nokolunde samtidig eller ikkje. NG har uttalen /tall²sæt/ for *Talsete* (nr. 68), som stadfestar og motseier teorien samstundes⁴³: Det er jo *-set* for dagens *-sete*, men tonemet svarar ikkje. Kor som er, me lyt rekna med ein del formsamanfall i både leier. Slik som det finst *sete*-namn med tonem 1 i dag, kan det ha funnest *set*-namn med tonem 2. Eg vil likevel meina at *set* /'sE:t/ har vore ei mogeleg form i ein eldre periode, som seinare veik for den vanlegare *sete* /'sE:te/. Formene som har *-sete* /'sE:te/ må reknast som overgangsformer.

Liknande variasjon i tonemet til *sete/seto*-namna finn ein i Helleland (1989) sitt materiale, men han fokuserer på den forkorta endinga i staden for tonemet. Rytmske tilhøve i forleddet (einstavingsord med tonem 1) kan ikkje vera grunnen til denne variasjonen, fordi me finn både former som *Rysete* /'rysæ:te/ (nr. 31) og *Solsete* /'so:lsE:te/ (nr. 29) – som har einstavingsforledd og tonem 2 – og former som *Åsete* /'ao:sE:te/ (nr.63) og *Åsete* /'å:sæ:te/ (nr. nr. 53 og 70) – der tonembrigdet skjer innanfor same namneform. Heller ikkje kan presise historiske høve vera avgjerande for *-set* eller *-sete*: Ein har t.d. bruksnamna *Nyset* (YH og Jostedalen) og *Elveset* (YH) – gamle husmannsplassar utskilde på 1800-talet eller tidleg 1900-talet – som sikkert er yngre enn t.d. nr. 46 *Røssesete* (som inneheld ein tydeleg arkaisme). Dette tyder på at det må ha utvikla seg to jamgode former med trong dialektal og kronologisk avgrensing (Helleland 1989:69), som i Luster kommune ser ut til å ha fått åtskilt bruksområde ifylgje referansetypen (fast bustad kontra fjellstøl) – i alle høve under ein kortare periode i fortida. Dette tyder at propriumskarakeren til dei to variantane er lik òg.

Åsete (nr. 53, 63 og 70) er eit særskilt tilfelle i denne namnegruppa, sidan det er vandt å avgjera om førelekken er substantivet *å* f. (gn. *á* f.) eller preposisjonen *på* (gn. *á*)⁴⁴. Særleg påfallande er tonemskilnaden mellom dei ulike formene, som her kan ha tydingsskiljande verdi. Tonem 1 kan peika på substantivisk førelekk, ettersom samansette stadnamn får dette tonelaget i indresognsmål

⁴³ NG har tonem 2 ogso for *Bergset* (/bæ²rrset/, normert *Bersæter*), som har tonem 1 i SNP. Kanskje feil notering.

⁴⁴ Alle dei tre *Åsete* i Luster kommune ligg ved ei elv eller ei grov, men dette åleine kan ikkje reknast som stadfesting på substantivisk førelekk i desse namna.

når den fyrste leden endar på trykktung vokal (elles har dei tonem 2, Midttun 1958:204), medan tonem 2 kan peika på preposisjon (Midttun 1958:16), som i appellativet *åbyrgsla* f., utt. /ao²børsla/ ('ansvar', kanskje frå gn. *ābyrgsla*, Larsen 1926:480). Tonelaget kan ha kasusskiljande verdi òg. Det har allereie vorte observert at tonem 2 skil den ubestemte dativforma frå den bestemte nemneforma (med tonem 1) hjå inkjekjønnsord i eintal (jf. 6.4.1.2: nr. 22 *Berge* og fotnote 29), og preposisjonen *á* styrde som regel dativ (Indrebø 1926:93, jf. 6.4.3). *Åsete* Nr. 63 (med tonem 1) ville då kunna tolkast som nemneform med *å* f. som førelekk, medan nr. 70 ville framstå som dativform i kompositum med preposisjon.

I ljøs av tonemforskjellen argumenterer Sigurd Midttun for preposisjonstyrtdativform i namneformer som *Åbøle* /aob²bələ/ (øvste garden i Fardalen i Årdal kommune, NG12:56: *Aabøle* /āo²bøle/, SNP: *Åbøle* /"å:bøle/⁴⁵), medan han tolkar *Åsæter* /ao¹sēte/ (namn på to ulike stader i Årdal, ein vårstøl og ein gard) som samansetjing med substantivisk førelekk pga. tonem 1. Likevel er dei same namna registrerte med tonem 2 i SNP, om lag 30 år etter Midttun si innsamling: I 1985 heiter garden i Indre Offerdalen /"ao:sæ:te/ og vårstølen i Fardalen heiter /"å:se:te/. Det same namnet finn me andre stader på Vestlandet òg, t.d. *Åsete* /"ao:se:te/ i Kvam herad, Hardanger, registrert i stadnamninnsamlinga til nettsida *Hordanamn.no* som «ein støl som ligg mellom elvane». Det ser difor ut som tonemvariasjonen ikkje er so konsekvent som i 1958, og truleg var stoda varierende på den tida (og før) òg. Dette talar ikkje for hypotesen om *-sete* som dativform av *-set*.

Andre samansette stadnamn med førelekken som endar på trykktung vokal – som skulle ha tonem 1 – syner liknande veksling. *Åkova* /"ao:kåva/ (SNP: «vadepunkt i sti som passerer elv», etterlekk truleg *kova* f. 'tilstopping', kjent frå mange stader på Sør-Vestlandet, NO6:990) og det tilsvarende områdenamnet *Åkovane* /"ao:kå:vad*n/⁴⁶ på YH har tonem 2 trass i at førelekken utan tvil er *å* f. Nr. 31 *Rysete* /"rysæ:te/ har tonem 2 i nedste Jostedalen, men det same namnet frå Sogndalsdalen i Sogndal kommune er registrert i SNP med tonem 1 (/ry:se:te/). Alt dette styrkjer hypotesen sett fram ovanfor om samanfall av formene *-set* og *-sete* i sørvestlandsk, med mange overgangsformer som resultat, medan hypotesen om ulike kasusformer vert endå ein gong avkrefta.

Slik variasjon er ikkje unik for berre Indre Sogn eller Indre Hardanger, men ser ut til å vera typisk for heile valdet til nemninga *sete* sør og vest i landet, der *seter* f. ikkje høyrer heime i talemålet (Beito 1949:13). På Voss og i Hallingdal rår *-set*, medan i Hardanger, Sogn og Valdres finst stort sett *-sete*, men ein god del blandingsformer òg (Helleland 1989:68). Område nord og aust for talemålgrensa ved Jotunheimen og Jostedalsbreen viser derimot ingen variasjon i stadnamn danna

⁴⁵ Registrert i SNP berre som førelekk i *Åbølegruva* /"å:bølegru:va/.

⁴⁶ Jf. punkt 2 i 6.5 om fleirtalsforma og hanskjønnsendinga.

med gn. *setr/sætr* n. Det finst nokre belegg for *-set* i overgangsområda Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre (der *seter* f. ikkje høyrer i talemålet men forma *-setra* byrjar finnast i mange stadnamn): *Bjørset* og *Bolset* i Jølster, *Øvreset* og *Rauset* i Gloppen, *Taraldset* og *Seljeset* i Hornindal, *Homborset* og *Ekset* i Volda, fleire *Årset* i Ørsta, *Løset* og *Røyset* i Stordal osv.). Desse namna ligg alltid for seg sjølv eit stykke frå det næraste *set*-namnet, og er alltid nytta om bustad; elles er den bundne forma *-stølen* heilt dominerande (utt. /'stø:l*n/ eller /'støy:len/). Nord-Gudbrandsdal, Romsdal, Nordmøre og Sør-Trøndelag syner liknande mønster, men den dominerande forma er der *-setre/setra*, med sær sarsomme belegg for *-set* i bustadnamn (*støl* m. vantar). Noko høgare konsentrasjon har ein i øvste Surnadalen i Nordmøre og i Oppdal kommune i Sør-Trøndelag, medan Valdres og Nord-Gudbrandsdal verkar spesielt fattige på slike fomer.

7.1.8.2 Sete finst alltid i kompositum – *Sete*-namna viser høg propriumskarakter ved låg formell markering, likevel er dei aldri usamansette, som formelt sett gjer dei meir markerte. Eg meiner at den høge prototypiske statusen ikkje vert svekt av den konsekvente kompositumforma; det peikar heller på at lemmaet ikkje lenger er produktivt (ifylgje Beito 1949:47 er den kvorvne appellativiske karakteren den mest grunnleggjande eigenskapen åt *sete*-namna).

Erstatninga av eit gammalt *sete*-namn med eit nytt *støl*-namn vitnar òg om denne kombinasjonen av uproduktivitet og høg propriumsstatus (jf. nr. 12 og 69), spesielt når det nye namnet ogso er ei samansetjing, men førelekk skiftar frå naturnamn til gardsnamn og etterlekk får bestemt form, t.d. *Furuset* → *Øvrabøstølen*. På denne måten minkar propriumskarakteren til stølsnamnet to gonger: Fyrst pga. høgare formell markering ved det produktive lemmaet i bestemt form som etterlekk, og so pga. flytting av førelekkreferansen frå ein eigenskap av sjølv staden til ein annan stad med eit meir proprialt namn. Slik vert det nye namnet underordna eit egedomsforhold og sannsynlegvis får det ei anna rangering i onomastikonet: frå sjølvstendig proprium med eige rådvelde i namnemiljøet, til meir eller mindre appellativ med adressefunksjon.

Førelekk er eit viktig element i utval og rangering av *sete*-namna i onomastikonet. I 7.1.8.1 viste eg at namna på faste bustader stundom har personnamn som førelekk, men personnamna er slettes ikkje dominerande om ein ser på heilskapen. Dei utgjer ein snau tredel av alle belegga og di lengre aust i kommunen ein reiser, di færre personnamn som førelekk i *sete*-namn ein finn. Den øvre delen av Jostedalen ser ut til å bryta med dette mønsteret, men me må rekna med at historisk sett hadde dette området mykje kontakt med Møkrisdalen nett via fjellstølane og fjellheimen mellom dei to dalane (Øvregard 1999:180).

Intensitetsområdet for personnamn som førelekk i *sete*-namn er området kring Hafsløbygdene med 26,3 % i gjennomsnitt. So kjem fjordområdet frå Gaupne til Dale og sine dalstrok med 23,5 % (historisk har det vore stadig kontakt mellom Lustrabygdene og nedste Jostedalen via både Gaupne og den gamle vegen i Dalsdalen og Vigdalen). Prosenten fell brått i øvste Jostedalen og Mørkridsdalen (17 %) og går i null straks ein kjem seg til fjordbotnen og bevegar seg sørover (Fortunsdalen og sørsida av Lustrafjorden).

Område	Forledd: personnamn	Forledd: naturnamn, adjektiv, preposisjon
Veitastrond, Ytre Hafslø, Solvorn	21,5 %	78,5 %
Indre Hafslø	31 %	69 %
Nedste Jostedal	22 %	78 %
Øvste Jostedal	0 %	100 %
Nes og Dale	25 %	75 %
Mørkridsdalen	17 %	83 %
Fortunsdalen	0 %	100 %
Sørsida av fjorden	0 %	100 %
Gjennomsnitt for Luster kommune	14,6 %	85,4 %

Tab. 8: Førelekkstype i *sete*-namna

Fortunsdalen og sørsida har vore mykje meir i kontakt med Årdal i sør og Lom i aust og har difor vorte påverka både økonomisk og kulturelt (Bjørkum 1974:19–20, jf. 5.2.2). I SNP er det berre 14 *sete*-namn registrerte i Årdal kommune, og berre eitt av dei (7 %) har eit personnamn som førelekk (fjellstølen *Sjursete*); i Sogndal, som Hafslø grensar mot, vart 31 *sete*-namn registrerte, men ikkje noko av dei ser ut til å ha eit tydeleg personnamn som førelekk. Den austlege delen av Sogndal kommune ser ut til å fylgja det gjeldande mønsteret for resten av distriktet. Denne tendensen ser ut til å vera typisk for hine distrikta med *sete*-namn innanfor det sørvestlandske *a*-målsområde òg: På Voss har 2 av 33 *set*-namn eit personnamn som førelekk (6 %, Heggstad 1949:16) og i Indre Hardanger har 3 av 66 *sete/seto/set*-namn eit personnamn som førelekk (4,5 %, Heggstad 1925:246 og Helleland 1989:62–65). Den høge førekomsten av personnamn som førelekk verkar typisk for Hafslø-området og kan ikkje forklarast ved kontakt, sidan dei fleste *sete*-namna både i Luster og i grannekommunane har naturnamn som førelekk.




Fig. 5 Prosent personnamn som forledd i *sete*-namn i Luster kommune

I tillegg til den geografiske skilnaden bygdimellom finst det òg eit skil innanbygds, altså personnamn som førelekk i stølsnamn kontra bustadnamn. Resultata frå Luster kommune stemmer berre delvis med opplysingane hjå Beito, som skriv at:

Ein gjennomgåande skilnad frå samansetjingane med sæter er ein langt større frekvens for dei appellativiske utmerkingsordi ved *-set(e)*. [...] Personnemningar er utmerkingsord i ca. 14 % av sæternamni på *-set(e)* og ca. 30 % av gardsnamni [...]. Både ved *-sæter* og *-set(e)* legg me merke til at personnemningar har um lag dobbelt so storfrekvens i namn på faste bustader som i sæternamn. (Beito 1949:64, 67)

I Luster er prosenten på personnamn som forledd ved *-set(e)* om lag 14 % òg, appellativiske naturnemne dominerer òg, men personnamna ved *-set(e)* om fast bustad er litt mindre enn helfta av belegga, slettes ikkje storparten av dei. Av dei tolv *sete*-namna som har eit personnamn som førelekk, er berre fem faste bustader (*Torisete*, *Ellingsete*, *Haraldsete*, *Ellingsete* og *Sveinsete*, som er registrert som teignamn, men var mest truleg del av ein tidlegare husmannsplass), medan over halvparten er stølsnamn (seks fjellstølar: *Simosete*, to gonger *Håvardsete*, *Gunnarsete*, *Torsetdalen*,

Gurosete; ein vårstøl: *Anfinnsete*). Det finst då inkje samsvar mellom tendensen av namneforma *-set* å verta brukt i faste bustadnamn (jf. 7.1.8.1) og personnamn som førelekk i faste bustadnamn. Fenomenet må truleg grunngevast som reint eigedomstilhøve (førelekk = namnet til grunnleggjaren eller viktigaste eigaren). Dette resultatet peikar på ei jamgod prototypisk stilling av *sete*-namn med naturnamn og personnamn som førelekk. Ein kunne tykt at personnamna har ein høgare propriumskarakter pga. sterkare menneskeleg påverknad, men dette viste seg å ikkje stemma.

Kulturnemninga *navar* m. ('handbor') har ein spesiell plass i dette emnet. Ho finst fire gonger i materialet og er spreidd over heile kommunen (unnateke Jostedalen). Dette urmerkingsordet talde eg ikkje blant personnamn, men det er utvilsamt ein meir kulturelt markert førelekk enn dei mange, reine naturnamna. *Glunt* m. i *Gluntesete* (nr. 8) er i same stode, men *navar* m. er mykje vanlegare, og ifylgje SNP finst det ogso utanfor kommunegrensene (tre *Navarsete* i Sogndal og eitt i Vik). Beito har ikkje dette appellativet i lista si over førelekkane ved *-set(e)* som viser til menneskeleg verksemd eller kultur, so det må vera eit nokso lokalt tilfelle, i alle fall som namnelekk i stølsnamn.

7.1.8.3 Sete er typisk for langstøl (fjellstøl) – Helleland stiller eit spørsmål om terrengtype eller lægje har noko å seia for denne typen stadnamn. Han legg merke til at flest alle namn finst i eit belte mellom 200–300 moh. og 800–1000 moh., helst midtlies og oppetter, og helst brukte om fjellstølar (Helleland 1989:69–71). Det same gjeld for nesten alle døma frå Luster kommune, medan resten er namn på stader som ligg i låglandet, somtid jamvel ved fjorden (t.d. nr. 68). Materialet frå Luster kommune syner eit fleirtal av *sete*-namn på lokalitetar som ligg på avsatsar eller slakare skråningar i elles bratt terreng, det same gjer kjeldene frå Hardanger og Voss, men dette semantiske innhaldet er problematisk å handsama, fordi det er nok sjølvstølt at flatare lende høver best til beiting og buskapshald (m.o.t seternamn) eller fast busetnad (m.o.t. bruksnamn). Ei mogeleg løysing kan vera

Område	Bustad	Langstøl	Heime- og mellomstøl	Teig / anna terreng
Veitastrond, Ytre Hafslo, Solvorn	43 %	43 %	0 %	14%
Indre Hafslo	23 %	61,5 %	0 %	15,5 %
Nedste Jostedal	0 %	89 %	0 %	11 %
Øvste Jostedal	29 %	43 %	14 %	14 %
Nes og Dale	25 %	50 %	25 %	0 %
Møkrisdalen	17 %	83 %	0 %	0 %
Fortunsdalen	0 %	50 %	50 %	0 %
Sørsida av fjorden	0 %	50 %	50 %	0 %
Gjennomsnitt for Luster kommune	17 %	58,5 %	17,5 %	7 %

ei tolking som driftsområde som ligg høgare enn hovudgarden. I so fall ville dei fleste døma stadfesta hypotesen, men det finst nokre få namn som ligg særst lågt og midt i bygda. Dei kan anten vera tidlegare stølar åtte av bruk som ligg eit stykke unna, endå på same høgde (då er

Tab. 9: Funksjonell inndeling av det semantiske innhaldet i *sete*-namna

det asvtand frå hovudgarden som tel, ikkje nødvendigvis høgd), eller vera produkt av analogisk namngjeving. Det er mest eit spørsmål om orienteringsmåten til den opphavlege namngjevaren: Korleis han oppfatta miljøet rundt seg og korleis han organiserte landskapet mentalt.

Dette spørsmålet om mental orientering gjeld til sjuande og sist kva ein legg i stølsomgrepet. Somme av døma frå Luster er knytte til lokalitetar der det aldri har funnest stølsdrift (gardsbruk) og stoffet frå Hardanger inneheld ogso liknande tilfelle. Dersom ein tenkjer seg at *-set(e)* har vore nytta som stad der ein samla bølingen, er den menneskelege påverknaden i alle høve sterkare enn den naturlege (lægje eller terrenotype), og namnet er uløyseleg knytt til mjølkeproduksjon. Dette peikar helst på eit semantisk innhald bunde til laglege beitetilhøve, og motseier Stefan Brink si forklaring av det opphavlege *setr* n. som primært teignamn («ortnamnelementet *-säter* här äldst har betecknat 'utmarskäng', dvs. ett slags ägoamark», Brink 1987:80). Brink sin hypotese vert til vanleg rekna som korrekt (Harsson 2002:148), ettersom han høver bra med Jørn Sandnes sin tese om opphavet og alderen til stølsbruket: «Utslåtten i eldre tid var det primære og i regelen drivkraften bak seterbruket» og vidare avrundinga om at «Ljåen kom før krøttermulen» i utnyttinga av utmarksarealet (Sandnes 1989:352). Likevel har me arkeologisk prov for at beitet var den fyrste næringsverksemda i utmarka (Jones 1999:12, jf. 3.3.1), og me ser det menneskeleg òg i dei mange personnamna i førelekkstilling, sjølv om dei fleste *sete*-namna har naturnemningar som førelekk (sjå 7.1.8.2).

I ljøs av desse opplysingane og dataa frå granskinga mi, vil eg stilla meg bak hypotesen hans Helleland om *-set(e)* som kulturprega nemning. Brink sin definisjon verkar brukbar berre i høve til sjølve *sete*-namneformene (som helst har appellativiske naturnemningar som førelekk, nett som teignamn), men kan ikkje nyttast for å granska *sete*-stadene som heilskapar, i alle fall ikkje med omsyn til dagens stode pga. det vide semantiske innhaldet i namnelekken. Å finna den opphavlege tydinga av *setr* n. er ikkje målet med granskinga mi, eg vil fokusera på bruken av namneelementet *-sete* slik me kjenner det i dag.

Eg vil meina at kva som helst støl må vera uløyseleg knytt til eit bruk, og at forholdet med garden som menneskeleg bu- og arbeidsplass er tygdepunktet for heile omgrepet jordbruk. Me kan ikkje sjå bort frå det kulturelle elementet i det, sjølv om det ikkje alltid syner seg i dei enkelte nemningane på kulturlandskapet kring eit jordbruksområdet.

Menneskeleg opphald og verksemd er grunnleggjande vilkår for all slags kategorisering og vurdering innanfor denne dimensjonen, og dei kan ogso nyttast som variablar i analysen av *sete*-namna pga. den ibuande prototypiske karakteren sin (mennesket er det mest prototypiske elementet

i omtaleprosessen, Langendonck 2007:185). Eg vil byrja då med å setja opp eit generelt klassifikasjonskriterium for denne namnelekkjen:

-set(e) = stad kjenneteikna av menneskeleg opphald og aktivitet

Dei aller fleste belegga frå kjeldematerialet er namn på lokalitetar som ligg mellom ca. 300 og 900 moh., ofte over trengrensa. Veldig mange av belegga ligg i bruksforhold til ein annan plass som ligg lægre (heimestøl eller vår- og hauststøl), men også dei som er heilsetrar og ikkje høyrer til tosetersystemet har nokre fellestrekk med hine namna: høg plassering (ofte i lia), sel og fjøsar, slått og grundig utnytting av arealet (støsslåtten hadde ei sentral rolle i jordbruket på Vestlandet, der driftarealet var snautt og bratt, ofte med dårlege vokstervilkår, Øvregard 1999:15).

Dersom me drøftar stadene med slike fellestrekk etter variablane bustad og verksemd, får me eit heilsleg bilete over bruksforholdet mellom gard og støl. Sameleis som garden alltid ber størst preg av variablane (fast busetnad og drift året rundt), syner *sete*-stølsnamna dei same eigenskapane, som ofte vert synleggjorde i namnemiljøet med signalnamna *sel* n. (støls hus = bustad) og *gjerde* n. (slætte = verksemd), nytta som grunnord i stadnamn omkring på stølen. Me kan seia at stølen speglar dei prototypiske føresetnadene åt garden, og denne ordninga påverkar både referansen ut i den røynelege verda (ytre ordning) og det mentale skjemaet i onomastikonet (indre ordning). Me finn spor etter denne dynamikken i t.d. liknande markering av menneskeleg råd på både garden og stølen (inngjerding, oppføring av bygg, slått, osb.) og liknande kulturell etablering (liknande namnemiljø):

-set(e)

som bruksnamn:

anna bruksnamn / *stova* f.

åker m. / *gjerde* n.

som stølsnamn:

sel n.

gjerde n.

Det kan argumenterast for at frå eit driftsperspektiv er *sete*-gardsnamn meir prototypiske enn *sete*-stølsnamna, sidan dei kjenneteiknar større og vitigare driftsareal, men frå eit propriumsperspektiv er det liten eller ingen skilnad. Både *sete*-namntypar oppfyller klassifikasjonskriteriumet sine vilkår. Namneelementet *-set(e)* har høg propriumskaraktar uansett, og me finn det oftast i fjellstølsnamn nett pga. den sterke prototypiske stillinga: Fjellstølen utgjer eit prototypisk motsvar i utmarka til garden i innmarka. Begge stader er nok prega av menneskeleg påverknad til å ikkje måtta vera avhengige av kvarandre og for å kunna fungera som sjølvstendige bustader i kvar si årstid (→ ytre ordning). Sameleis er *sete*-stølsnamna prototypiske nok til å ikkje vera avhengige av hovudbruka frå eit onomastisk sysnpunkt (→ indre ordning). Dersom me då reknar med at dei fleste gards- og bruksnamna i låglandet er i gjennomsnitt eldre enn dei fleste stølsnamna, tyder det at *-sete* ha måtta

tevla med dei. Derimot var namnet brukt lettast i den mindre utnyttta fjellheimen, der det vart dominerande takka vere den høge propriumsgraden og den vitkige rolla i namnemiljøet.

Dette sjølvstendet syner seg lett ved at ein god del av dagens gardsbruk i Luster kommune med *sete*-namn truleg var stølar i opphavet (→ ytre ordning), at me aldri finn gardsnamn som førelekk i *sete*-namn (→ indre ordning) og at me aldri finn ein *sete*-gard med ein *sete*-støl (umogeleg overlapping av relevansområde). Klassifikasjonskriteriumet kan no spesifiserast slik:

-set(e) = stad kjenneteikna av sjølvstendig menneskeleg opphald og aktivitet

Den høge propriumskaracteren og den sterke prototypiske statusen som ser ut til å særmerka *-sete* som både namnelekk og landskapselement, kan òg forklara det varierende mønsteret når det gjeld lægjet til dei ulike *sete*-namna. Sidan garden og stølen er like relevante i landskapet, kan dei ikkje trengja inn i relevansområda til kvarandre (driftsareal → ytre ordning). Likeins må *-sete* ikkje vera nøydt til å tevla innanfor sitt eige onomastiske relevansområde (indre ordning). Ein viss avstand mellom dei to stadene må då vera grunnvilkåret for å halda balansen i denne doble dynamikken.

Ved å nytta avstanden mellom hovudbruket og *sete*-namnet i staden for høgda over havet som parameter på balansert propriums- og prototypeforhold, kan eg løysa problematikane synleggjorde av granskinga hans Helleland. Eg vil nemleg grunngjeva ulikskapen i bruken, spreidinga og lægjet av *sete*-namna over heile Luster kommune ved å rekna med ulike landskapstilhøve i kombinasjon med balansen mellom to prototypiske særnamn (bruk og seter). Vest i kommunen, spesielt på Hafslo, er landskapet mykje opnare enn i den austlege delen av kommunen, då er det ikkje utenkjeleg at *sete*-stølar der ligg lægre enn hine, sjølv om dei har same namnelekk. Dessutan er det vanlegare med heilstølsdrift på Hafslo enn i hine bygdene, difor ser me fleire *sete*-namna nytta om fjellstøl vest i kommunen, medan i aust lyt me alltid rekna med tosetersystem, trongare dalar og lengre avstand frå hovudbruket pga. brattare og meir berglendt terreng. Mange *sete*-stølar aust i kommunen ligg nærare garden i luftlinje enn dei i vest, men vegen dit er faktisk mykje lengre pga. større høgdeskilnad mellom dei to stadene.

Eit slikt syn på fenomenet kan ogso forklara døma som var problematiske hjå Helleland, altso *sete*-stølsnamna nytta om lokalitetar som ikkje ligg særleg høgt. I Luster finst t.d. *Talsete* (nr. 68), som ligg ved kysten, men på hi sida av fjorden i høve til hovudbruket Flahamar. *Dulsete* (n. 54) si plassering kan ogso grunngjevast slik: Staden ligg lægst blant både alle *sete*-stølar og mange gardsbruk i Mørkridsdalen, men langt inn i dalføret, fleire kilometer frå hovudbruket Hauge.

Funksjonen som fjellstøl er klart dominerande, men det finst litt variasjon blant hine funksjonane likevel. Bruken av *-set(e)* om bustad eller teig minkar di lengre aust i kommunen ein kjem, medan *-set(e)* brukt om heime- eller mellomstøl aukar omvendt proposjonalt. Mellom- og heimestølane som ber *sete*-namn kan ogso forklarast etter prinsippet om balansen mellom sterkt prototypiske særnamn: At dei ligg høgt til fjells er ei fylgje av tilhøvet til garden, ikkje ei årsak til det, og namnet vert nytta konsekvent. I tillegg ser det ut at mellomstølar er jamt over yngre enn fjell- og vårstølar, og vart ofte etablerte berre i dei siste to hundreår (jf. nr. 61). Der det var so langt mellom hovudbruket og fjellstølen at ein laut etablere ein mellomstøl, var det visst langt nok mellom to prototypiske driftsstader som alt bar prototypiske namn til å kunna setja endå eit *sete*-namn i landskapet (difor har me tilfelle som *Ruskesete–Liasete*, nr. 58–59). Der derimot *-sete* er nytta om vårstøl (jf. nr. 12, 22, 42, 44, 51, 54, 60, 67, 71) er det slik at staden ligg i utmarka eit godt stykke frå hovudbruket, og truleg må det ha vore ein enkel mjølkeplass som låg nærare garden – helst ved heimebøen – der dei hadde bølingen før buferda til *sete*-vårstølen. Klassifikasjonskriteriumet kan presiserast endå ein gong:

-set(e) = stad med eiga relevanssone kjenneteikna av sjølvstendig menneskeleg opphald og aktivitet

Nyare *sete*-namn som vart gjevne i etterreformatork tid kan tolkast i ljøs av denne teorien òg. *Røsesete* (nr. 73) fekk namnet sitt truleg ein gong på 1600-talet og namngjevarane fylgde både mønsteret dei kunne frå den mentale kategoriseringa i onomastikonet (staden ligg høgt på fjellet langt frå heimegardane på Urnes) og analogien med den tidlegare stølen *Fodnasete* (nr.72), som låg nær, men var vorten nedlagd (og difor hadde mist relevansen sin i området). *Rausdalsete* ligg høgt og inst i Mørkridsdalen og vart namngjeve midt på 1800-talet av gardsbrukaren Anders Fjøsne, som kjende godt *Gurosete* og *Åsete* i Mørkridsdalen, men eg tvilar på at den nye stølen hans ville heitt *-sete* om han hadde lege nær garden (og difor lægre pga. trong dallandskap).

Analogi mellom *sete*-namn er her eit medverkande kriterium til den mentale kategoriseringa. Etterlekken *-sete* ser ut til å vera nytta nokso ofte som analogibase i namnelaginga, i tillegg til å fungera nesten alltid som førelekk i nemningane på dei fleste småstadene rundt omkring på stølen. Dette stadfestar endå ein gong den prototypiske stillinga åt namnelekken innanfor onomastikonet (Bakken 1994:40), og stadfestar intuisjonen hans Midttun om *-sete* som leksikalisert suffiks nytta i stølsnamnlaging (Midttun 1958:76, jf. 7.1.1). Høg propriumsgrad er typisk for prototypiske namn nytta som analogigrunnlag. Me ser at *-sete* har høgare propriumskarakter enn andre namnelekkar brukte om utmarksstader ogso i den særeigne rolla som geografisk referanse for plassar som ligg utanfor og langt unna namnet sitt onomastiske påverknadsområde, t.d. *Seljesethovden* (nr. 19), *Navarsetsteinen* (nr. 22) og *Nysetnosi* (nr. 66). Denne funksjonen er ikkje spesiell for Luster

kommune; det finst belegg for han i dei tilgrensande kommunane (Midttun 1958:148) og han verkar typisk for heile bruksområdet til *-set(e)*.

Det er verdt å nemna til slutt at sjølv om hypotesen min om den prototypiske balansen mellom gardsnamn og *sete*-stølsnamn i terrenget (sjå ovanfor) føreset ein viss avstand mellom dei ulike *sete*-namna, ser det ut som dei somtid finst i vide klyngjer, t.d. i Rydalen på austsida av nedste Jostedalen. Der finn ein *Seljesete*, *Rysete* og *Rupesetnosi* (nr. 31, 32, 33) innan ein radius på om lag halvannen kilometer frå midten av dalen. Det same finn ein att berre fem kilometer lengre sør, i Engjdalen, med *Navarsete* og *Håvardsete* (nr. 34 og 35). Avstanden mellom dei ulike stølane er likevel stor nok og landskapet er vidt nok til å kunna rekna med regelmessige døme, kanskje påverkna av analogiske tilhøve til namnemiljøet kring i dalen.

7.1.9 Ålmenne implikasjonar ved *-set(e)*

Det er no mogeleg å avgrensa nokre grunnleggjande eigenskapar for propriet *-set(e)*:

- *set(e)* har høg propriumsgrad ved låg formell markering (prototypisk morfologisk stilling)
- *set(e)* har høg propriumsgrad ved høg alder og uproduktiv status i talemålet, utan noko direkte levande appellativisk motsvar (prototypisk semantisk stilling)
- *set(e)* har høg propriumsgrad ved at korkje namnet eller referansen kan konkurrerast innan same området (prototypisk stilling i trongt namnemiljø).
- *set(e)* har høg propriumsgrad ved å vera nytta som analogibase og geografisk referanse på lang avstand (prototypisk stilling i vidt namnemiljø).

Når det gjeld *-set(e)* som omgrep, meiner eg det er mogeleg å gjeva to definisjonar:

- Trong definisjon: *-set(e)* = namnelekk med høg propriumsgrad nytta helst i (fjell)stølsnamn.
- Vid definisjon: *-set(e)* = prototypisk nemning på bustad prega av menneskelege verdiar og med dominant stilling i kulturlandskapet (til liks med namnelekkar som *-heim*, *-tun*, osb., men med varierende tidfesting).

7.2 Tròd f.

Tròd f. er grunnord i mangt eit kjent stølsnamn i Luster kommune. Dette lemmaet syner seg som beintfram meir levande enn *-set(e)*: I byrjinga av 1900-talet var *tròd* f. vanleg overalt i Sogn (Larsen 1926:284)⁴⁷ og på 1970-talet var ordet vanleg hjå eldre- og mellomgenerasjonen i Indre Sogn, men mange av dei unge kjende det som appellativ i samband med stølsdrift (Bjørkum 1974:220–223). Likesom *-set(e)* finst ikkje *tròd* f. i moderne nynorsk, der ein har anten den etymologiske forma *trø* n./f.⁴⁸ ('kve, træde') eller den ortofone forma *trå* n./f. ('opptrakka plass'), so den manglande stønaden frå skriftspråket kan vera ei årsak til den delvis uproduktive stoda åt lemmaet i dag. I fyrste omgang kan då seiast at *tròd* f. er eit meir produktivt seternemne enn *-set(e)* n., endå ikkje so produktivt som *støl* m.

I kjeldene frå Luster kommune fann eg 59 belegg for *tròd* f. i stadnamn. Dei fleste døma er frå nordsida av Lustrafjorden – Hafslobygdene, Jostedalen, Mørkridsdalen og Fortunsdalen – medan på sørsida finst nemninga monaleg sjeldnare. Alle belegga har bunden eintalsform (/trå:i/, normert i SNP som *troi*), og dette trekket ser ut til å vera ein viktig formell føresetnad hjå *tròd*-namna. Når det gjeld tydingsinnhaldet i namnet i høve til namnereferansen, er *tròd* f. særst ofte nytta i namn på mjølkeplassar og stølar som som ligg i relativt tronge krinsar rundt gardane (jf. Beito 1949:169); *tròd*-namn på faste bustader utgjer ei mindre, men godt markert gruppe. Mange av stadnamna med *tròd* som grunnord er usamansette (21 namn); det finst nokre belegg for nemninga i førelekkstilling (alltid som *tro-*) og slike former ligg til vanleg nær stadnamn der *tròd* f. er grunnord. *Tròd* f. og *-set(e)* n. ser ut til å ha komplementær spreiding og rolle, ettersom båd nemningar har ei presis stilling i namnelandskapet, fastslegen av utfyllande morfologiske, semantiske og funksjonelle føresetnader (bf. kontra ubf., usms. kontra sms., 'å sitja' kontra 'å gå', heimestøl kontra fjellstøl).

Ettersom namneformene med *tròd* f. som grunnord alltid har bunden form, verkar dei generelt meir morfologisk markerte enn *sete*-namna. Likevel er *tròd*-namna ofte usamansette, og lemmaet viser ikkje moglegheit for fullbøying (vantar fleirtalsforma heilt). Dette tyder på at *tròd* f. ikkje har talvariasjon (ikkje passiv eingong, jf. 6.1.A), og verkar førebels som ei heving av propriumsfunksjonen. Nemninga viser ogso større semantisk variasjon enn *-set(e)*, spesielt i sekundærtyding (då er ho namn på ulike slags teigar eller slåttemarker). I primærtyding ser det ut

⁴⁷ Dvs. Mindtre og Indre Sogn, målet i Ytre Sogn ser ikkje ut til å ha nemninga (i Lavik er det belegg for det, men berre i stadnamn). Larsen markerer forma med kross (†) og fører opp fullbøying berre for Lærdal, so det er sannsynleg at *tròd* f. alt då hadde byrja å verta mindre produktivt som appellativ. Likevel skriv Bjørkum (1974:220) om fleirtalsforma åt *tròd* f. at «I NLærd. [Nedre Lærdal] er /trå:²ə/ vanl. slik som i grannemålf. her».

⁴⁸ I sognemålet er /å/ den ålmenne utviklinga av den gamle *ǫ*-en (opphavleg labialisert *ɑ*, Larsen 1926:242), til skilnad frå rundinga /ø/ vanleg i nn. Jf. ogso *stòd* f. /'stå:/ ('stø'), frå gn. *stōð* f. ('stad der noko står, tilhald').

som det semantiske innhaldet fylgjer eit klarare mønster; den induktive kjeldeanalysen peikte spesielt på tre hovudtydingar (jf. 5.1.3):

1. vårstøl eller heimstøl;
2. 'stølstrød' innanfor ei stølsgrend;
3. mjølkeplass for kyr, ofte gamal.

Til å byrja med kan eg leggja fram ein generell hypotese om at denne semantiske inndelinga er resultat av ulike variasjonar innan éi og same grunntydning: 'fast mjølkeplass'. Då verkar *trød* førebels meir semantisk strukturert enn *-set(e)*. Eg meiner at desse tre ulike tydingsvariantar ikkje er tilfeldige eller styrde av lægje/plassering, men at dei kan svara til ulike mentale kategoriseringar og funksjonar (indre ordning), som vert spegla i spreinga og forma åt sjølve belegga (ytre ordning). Det er sannsynleg at dei ulike mentale kategoriseringane er styrde av forskjellige prototypiske tilhøve i onomastikonet, som peikar på varierende propriumsfunksjon hjå desse namneformene. Den tilsynelatande komplementære rolla i kulturlandskapet i høve til *sete*-namna kan også vera avgjord av ei særskild prototypisk ordning.

For å kunna bevise denne generelle hypotesen, og samstundes få ei detaljert innsikt i emnet, legg eg fram ein grundig analyse av alle dei enkelte *trød*-namneformene på grunnlag av arbeidspremissane presenterte i metodekapittelet (jf. 4.4, fyrste del), sameleis eg gjorde med *sete*-namna. Informasjonane henta eg frå SNP, SKI, NG, BB, TK og Øvregard (1999). I analysen står lokaliseringa og namnemiljøet i fokus, med den leksikalske parameteren og signalnamna som hovudkriterium i kategoriseringa (jf. 4.4, andre del). Organiseringa av materialet og notasjonen er dei same eg nytta for *sete*-namna (jf. 7.1). Eg lyt òg minna om at få av desse stølane framleis er i bruk; nokre er nytta som beite, medan dei fleste er vortne hytteområde.

7.2.1 Veitastrond, Ytre Hafslo og Solvorn

1. *Troøyane* /'trå:ái:ad*n/, slåttemark på Nes nordre (Veitastrond) registrert i SNP under bnr. 1 og 6. Namnet er kartfesta i SNP sin database ved Høgehammaren, 450 moh. i lia ovanom Nesgardane. Eg meiner denne plasseringa er feil, fordi namnet er koda inn som slått på innmark og fordi *øy* f. tyder til vanleg 'flatlende ved ei elv' (NG1:88), når ordet ikkje er nytta om ei faktisk *øy* (jf. bnr. 23 Storøyyna/Sanden, bnr. 49 Tuftøyyna og bnr. 60 Brendøyyna/Øyna, alle på sletta søraust for Nesgardane). *Troøyane* må då liggja einkvanstad på bøane mellom heimehusa (heilt oppunder fjellsida) og Sumelvi, som renn om lag 600 meter sørvest for grenda.
2. *Heimsta Troi* /'hai:msta 'trå:i/ og *Fremsta Troi* /'frEmsta 'trå:i/, begge registrerte som «felles beiteområde på innmark» på Heggstad (Veitastrond), den fyrste under bnr. 5 og den andre under bnr. 10. Ifylgje gardskartet til NIBIO eig desse bruka to tilgrensande, smale skogsstriper i innmark som ligg mellom 150 (bnr. 5) og 300 (bnr. 10) meter i luftlinje nordaust for heimehusa.

Plasseringa stemmer med utmerkinga *fremst/heimst* (= nærast/fjernast) i stadnamna. Ei grov renn mellom dei to parsellane og heile området verkar svært lagleg for beiting. Eg meiner at *Heimsta* og *Fremsta Troi* kan ha lege her, kanskje på kvar si side av grova⁴⁹, og at dei må ha vore vanlege mjølkeplassar (alle bruka på Heggestad hadde vårstøl på Heggestad-Vårstøl, om lag fire kilometer nordvest for gardane).

3. *Tro-Erikplassen* /'trå:e:rikplas*n/ (<Trò-Erikplassen> i BB8:288), tidlegare husmannsplass under bnr. 5 på Heggestad, vart riven rundt 1911. Kanskje er denne staden knytt til <Tråaokkeren>, skrive opp som «namn heime på garden» i SKI-oppsrifta for bruket Haugen på Heggestad.
4. *Tromyri* /'trå:my:ri/, sumpområdet ved Sumelvi registrert under bnr. 3 på Heggestad. Staden er ikkje kartfesta og koda inn berre som myr, so det er vandt å seia om det faktisk låg endå ein mjølkeplass der. Plasseringa er i alle høve ganske sikker: Ifylgje NIBIO-kartet eig bnr. 3 ein stor parsell nesten fram til merket mot Nes, der TK har eit lite dike, ca. ein kilometer i luftlinje vest for heimegarden.
5. *Troneset* /'trå:nE:se/ og *Trohaugen* /'trå:heu:gen/ ligg jamsides ca. halv kilometer nord for dei øvste bruka i Kvam øvre, på vestsida av Veitastrondsvatnet. Staden ligg halvveges mellom heimehusa og vårstølen Øvregardsstølen (stundom brukt som heilstøl), der det var sel og fjøs og selbøane vart slegne (me finn mange signalnamn som t.d. Stølsgerdet og Nepegjerdbakken). Dette kan tyda at det låg ein vanleg mjølkeplass der, som anten hovudbruka eller dei mange plassane nytta. Før i tida var det nemleg mange småe bruk og plassar rundt omkring i Kvamsgrenda og me finn framleis veldig mange stadnamn som vitnar om det, ogso i området kring *Troneset/Trohaugen*, t.d. *Simon-Einarplassen*, *Andershaugen*, *Jobakken*, *Rygga-Jensplassen*, *Augund-Larsstova* og *Lars-fabrorhaugen*.
6. <Trodi> (TK, <Tråi> i Øvregard 1999:309, <Tròi> i BB8:626 men «i matrikkelen kalla Tråi») var vårstøl for dei nedste bruka i Kvam øvre. Stølen ligg ved vatnet 7–800 meter sør for heimegarden; der var det både sel og fjøsar og i 1904 var jamvel eit bruk (*Troi* bnr. 11) utskild frå bnr. 1. Tre gamle husmannsplassar som låg kring *Troi* fekk òg namnet frå stølen: *Troi* 1 (plass under brn. 1, riven i 1935), *Troi* 2 (nedlagd i 1882) og *Troi* 3 (fråflytt og riven i 1890-åra) – alle registrerte i SNP med uttalen /'trå:i/. I dag er *Troi* berre ein mjølkestøl (enkel mjølkeplass) og vert òg kalla Nedregardsstølen.
7. *Vetlatroi* /'vEtlatrå:i/, flatt, myrlendt jordstykke som ligg halv kilometer i luftlinje sør for Yngsdalsgardane. I SNP er namnet registrert med dette notatet: «Mogleg at det her i gammal tid var ein støl, der "tråi" tyder på ein plass rundt stølshusa?». Dei to bruka på Yngsdal har hatt vårstøl på Vårstølen gjennom mange hundreår, om lag to kilometer lengre inne i dalen (Øvregard 1999:305), og der var det både sel og fjøs, store slåttelinjer og løer. Likevel ligg *Tromyri* (ei stor myr) og *Trosteinen* ca. 500 meter vest for grenda. Kanskje hadde dei to gardsbruka opphavleg kvar sin vårstøl på *Vetlatroi* og *Tromyri*, som er like langt unna frå heimehusa (området kring *Trosteinen* kan ha heitt *Troi* eller *Storatroi* i si tid, motsvar til *Vetlatroi*). Likevel var desse stadene sikkert vanlege mjølkeplassar, med korkje sel eller fjøs.
8. <Trånes> (SNP upublisert, TK og Øvregard 1999:308), ein liten tange nedst i Kjerringadalen på vestsida av Veitastrondsvatnet. Plassen ligg om lag ein kilometer framom bruket Kjerringnes (200 moh., men berre 25 meter opp frå vatnet). Stølsvegen til <Vårstølen> gjekk over *Trånes* og

⁴⁹ BB8:175 seier at «lenger oppe, framanfor Vetlesvardøla, ligg Fremste Tròi, "fremsta tråi"», men seier ikkje noko om *Heimsta Troi*.

derifrå gjekk han «heller bratt oppover liene til stølen», som låg 350 moh. Det er usannsynleg at Vårstølen heitte *Troi* før, sidan *trød* f. ser ut til å kjenneteikna vårstølar som ligg både nært og på omtrent same høgd som hovudbruket. Neset kan ha fått namnet sitt frå <*Troi*> (TK), som ligg hundre meter høgare enn garden. Dette var truleg ein vanleg mjøkeplass, men det er uråd å seia pga. skort på opplysingar i kjeldene.

9. *Håvardsettroi* /"hå:varsE:ttrå:i/ (prep. 'oppi'), stølstun på fjellstølen Håvardsete på YH (750 moh., jf. nr. 2 i 7.1.1).
10. *Vetlestølstroi* /"VEtlestølstå:i/ stølstun på vårstølen Vetlestølen på YH (555 moh.), som ligg ca. ein kilometer ned for Håvardsete.

9 % av desse *trød*-namna er nytta om bustad, 55 % er teignamn og truleg tidlegare mjølkeplassar; 36 % er nytta om faktiske vårstølar, men det er å merkja seg at nr. 6 er namn på heile setra, medan nr. 9 og 10 er namn på tunet mellom stølshusa (sjølve setrane ber høvesvis eit *sete*-namn og eit *støl*-namn), og skil lag med hine formene ved å ha eit stølsnamn som førelekk (sterkare formell markering → svakare propriumsfunksjon og redusert sjølvstendig referanse). Dette peikar kanskje på ein leksikalsk skilnad på Hafsløbygdene og grendene lengre nord rundt Veitastrondsvatnet. Det er påfallande at det ligg mange *trød*-namn på Veitastrond og Kvam øvre, medan det er nokso fåe på YH. Stoda er heilt motsett enn hjå *sete*-namneformene.

Generelt verkar *trød*-namna mykje vanskelegare å lokalisera enn *sete*-namna, spesielt når namneformene er usamansette, som gjer dei vanskelege å plassera når dei ikkje ligg i nærleiken av hovudbruka. Denne tendensen kan kanskje forklarast med at *trød*-namna har ein mindre fast referanse ut i den røynglege verda, som speglar seg i det tredelte tydingsinnhaldet (sjå ovanfor). Om dette viser seg til å vera eit fast mønster hjå desse namneformene, kan det stadfesta hypotesen min om ulike prototypiske stillingar i onomastikonet.

7.2.2 Indre Hafslø

11. *Troflaten* /"trå:fla:t*n/ (beite) ligg om lag 150 meter vest for Dvergsdal, mellom Kvei og Øygarden (slåttemarker). Både plasseringa og namna omkring peikar på at det låg ein mjølkeplass her i gamalt tid. Bruka på Dvergsdal hadde ikkje støl frå gamalt (BB6:126, dei laut kjøpa stølsrett i Rydalen på austsida av Jostedalen i 1870), so det kan tyda at mjølkeplassen her var brukt som vårstøl (jf. teignamnet *Øygarden*), sameleis som grannebruka Øy, Stølen, Gjerde, Grindhaug og på Marheim gjorde på Ljøshaug, berre halv kilometer lengre inne i fjorden (Øvregard 1999:254).
12. <*Troi*> (BB6:784 og 800), tomtebruk (bnr. 47) på Joranger Nedre, utskilt i 1997. Staden ligg om lag hundre meter nord for hovudtunet på Joranger nedre; før hørde han til bnr. 27 og heitte allereie *Troi*. Plassen er registrert i ei åstadsak frå 1805 som husmannsplass under br. 12 (Andersgarden/Kleivi) og tidlegare var han truleg ein enkel mjølkeplass. Avstanden til heimehusa er altfor liten for å peika på ein vårstøl og bruka på Joranger nedre alt hadde vårstølen sin på Blomdalen, 450 moh. ein snau kilometer ovanom grenda (Øvregard 1999:247).

13. *Trogrindi* /'trå:grindi/ er eit utmarksled som ligg halvveges mellom bruka på Oppheimshaug (370 moh.) og vår- og hauststølen deira Øystølen (550 moh.). Det sannsynleg at området rundt grinda fungerte som mjølkeplass for kyrne.
14. *Troi* /'trå:i/ eller <Litrøi> (BB7:785), gamal mjølkeplass til Li Nedre, om lag 200 meter søraust for hovudtuna. Staden var truleg ein vårstøl av den enkle typen. Kyrne skal ha gått lause og mjølka morgon og kveld, mjølka boren heim att og foredla der. Namnemiljøet kring om plassen peikar på stølsdrift: Stølshaug, Gjerdet, Øygarden, Mjelkeflaten. Preposisjon: 'i'.
15. *Troi* /'trå:i/ (ca. 180 moh.) er registrert under Sviggum som «frå gammalt ein plass der dei mjølka kyrna» og ligg nokre hundre meter sør for hovudbruka. Dette var truleg ein enkel mjølkeplass i utmarka. *Troi* ligg ut for Sviggagrindi, ledet mellom innmark og utmark, som ifylgje opplysingane i SNP ogso fungerte som mjølkeplass. Like inn for Sviggagrindi ligg Henrikhaugen, ein gamal husmannsplass som opphavleg heitte <Tråhaugen> (BB6:505). Dette kan tyda på at *Troi* si utstrekning var større enn i dag, eller at brukarane på Sviggum hadde to like mjølkeplassar både i inn- og utmarka.

På stølsgrenda *Skisete* 550 moh. (jf. 7.1.2 nr. 18):

16. *Hjosvangatroi* /'jø:svångatrå:i/ var heilstøl for Josvanger, med sel og slåttar. Der finn ein slåttan Lundshauggjerdet. Preposisjon: 'i'.
17. *Uglatroi* /'uglatrå:i/ var heilstøl for Ugulen, med sel og slåttar. Preposisjon: 'i'.
18. *Husmannstro*i /'hu:smanstrå:i/ er registrert i SNP under Flåten som «gammal husmannsslått, no beite», men var heilstøl (Øvregard 1999:262). Dette tyder på at før i tida var det skil mellom stølshusa til dei sjølvvegande bøndene og husmennene (staden ligg nemleg eit lite stykke sør for hine trødene). Like sør for *Husmannstro*i ligg det Alvsteighaug, som peikar på stølen til garden Alvsteigen.

På stølsgrenda *Dale* (eller *Dalestølen*) 600 moh. (jf. 6.4.1.3 nr. 50):

19. *Lundstro*i /'lunstro:i/ var heilstøl for Lunde og Dalane (før, so flytta Dalane stølen sin til Heltane, om lag 600 meter lengre nede i same dalen) og ligg 580 moh. Alle bruka hadde sel og fjøs her, og løe på kvart sitt slåttegjerde.
20. *Åttetroi* /'åtettrå:i/ (prep. 'i'), 600 moh., ligg i lia mellom *Lundstro*i (nr. 19) og *Fettro*i (nr. 21), rett opp for Selhaug (ein haug ved elva). Staden er registrert som «tidlegare stølstun» og det finst nokre gamle steingardar der. Nær *Åttetroi* finst *Åttakjelda* /'åtaKEldao/, ei oppkome der dei seier vatnet held om lag åtte grader heile året (grunnlag for stølsnamnet).
21. *Fettro*i /'fe:ttrå:i/ (<Fet-tråi> i SKI) var heilstøl for Fet i tillegg til Falkegjerde, som fekk kjøpa stølsrett her. Stølen ligg 650 moh. litt framanfor *Lundstro*i og der finn ein slåttegjerda Fetgjerdi og Falkagjerdsgerdet. I SKI er det spesifisert at *Fettro*i ligg «nedmed seli».
22. *Melheimstro*i /'me:laimstrå:i/ er heilstøl for Melheim og ligg fremst på Dale, om lag 700 meter vest for *Fettro*i, 680 moh. Her finn ein *Selbakken*, slåtteteigane *Melheimsgjerdi*, *Ekregjerdet* og *Ligjerdet*, og *Lambhaugløa* nedmed elva.

Stoda på IH er tvidelt: *Trød*-namna som ligg for seg sjølve (42 %), er alltid teignamn opphavleg nytta om enkle, huslause mjølkeplassar; *trød*-namna som ligg innanfor ei større stølsgrend (58 %), er alltid namn på einskilde heilstølar. Desse siste nærmar seg til bruken av *trød* f. om stølstun på

YH, men i staden for å ha det tilsvarande stølsnamnet som førelekk (jf. nr. 9 og 10), vert dei utmerkte av det tilsvarande gardsnamnet. Ein slik bruk flyttar namnreferansen frå sjølve stølen til hovudbruket som ligg lengre unna, og samstundes gjev formene sterkare formell markering ved samansetting; dette fører til ein generelt svakare propriumsfunksjon. Det manglande behovet for ytterlegare proprialisering kan forklarast frå eit prototypisk synspunkt ved at stølsgrendene allereie ber nokso prototypiske namn (ei ubf. dativform i eintal og eit ugjennomsynleg *sete*-namn), eller frå eit funksjonelt synspunkt ved at desse stølane ber *trød*-namn trass i at dei ligg langt frå gardane og ville vore umogelege å identifisera, hadde dei stått i simpleks. Nærleiken til hovudbruket verkar då avgjerande for at eit *trød*-namn kan ha usamansett form.

7.2.3 Nedste Jostedalen (Gaupne sokn)

23. *Heimste Troi* /'haimste 'trå:i/, ogso kalla *Nedste Troi* /'niste 'trå:i/, gamal heimstøl for bruket nr. 4 under Leirdal. Plassen ligg rett inn for *Vårstøl* /'vao:rstød*1/, <*Vårstølen*> hjå Øvregard 1999:102, der alle bruk under Leirdal hadde vårstølen sin. *Vårstøl* ligg om lag ein kilometer lengre innover dalen enn hovudbruka, men på same høgd, og opp til 1860 fanst det ikkje noko sel der (var ein enkel mjølkeplass). *Heimste Troi* er sannsynlegvis eit namn frå perioden før 1860.
24. *Øvste Troi* /'øfste 'trå:i/, gamal heimstøl for bruket nr. 2 under Leirdal. Plassen ligg like ut for *Vårstøl* og er truleg eit motsvar til *Heimste Troi* (nr. 23) med omsyn til både brukstype (enkel mjølkeplass) og datering (truleg før 1860). Antakeleg vart staden kalla for *Fremste Troi* òg, nett som *Nedste Troi* ogso heitte *Heimste Troi*.

I Leirdalen finn me same situasjonen som på Veitastrond (jf. nr. 2): *Trød* f. vert nytta om teigar som opphavleg var enkle mjølkeplassar med kontrastiv geografisk lokalisering (nærast kontra fjernast). Det er interessant å sjå at begge namn vart erstatta av det meir generelle *Vårstøl*, som tyder på uproduktiv status som appellativ til lemmaet *trød* f.

7.2.4 Jostedalen (Jostedal sokn)

25. <*Troi*> (SNP upublisert), slåtteteig registrert under bruket Ombergstølen. Bruket var opphavleg vårstøl til Ormberg (Øvregard 1999:84) og vart fråskilt i 1825, det er difor rimeleg å venta seg eit *trød*-namn i området. Nokre av namna noterte rett før eller etter *Troi* er òg knytte til stølsdrift: <Geitagrindhammaren> («stengsle for småfe»), <Killingstein> og <Stølsbergi>. Plasseringa er uklar, men eg meiner *Troi* må ha lege innanfor ein radius på få hundre meter kring heimehusa, ettersom bruket ligg nokso trøngt mellom Jostedøla i nord og vest og ei bratt fjellside i aust og sør. Funksjonen til *Troi* er ogso uråd å vita, men ho var truleg ein enkel mjølkeplass, sidan den gamle vårstølen alt heitte Ormbergstølen og den nyfråskilde garden rudde seg vårstøl ein annan plass (på Kleivane i lia rett opp for husa, 290 moh.).
26. *Troi* /'trå:i/ registrert i SNP som «inngjerding, åkrar og slåttemark» på Røysum, bnr. 7 under garden Åsen. I SNP finst det òg *Trorabben* /'trå:rab*n/, «ein rabb oppi Troi», registrert under bnr. 4 Ospeneset (Neset). Røysum og Neset ligg ved Jostedøla og ifylgje NIBIO-gardskartet har

si fulldyrka mark anten på heimebøen eller eit par stader ved elva, mellom ca. 300 og 500 meter sør for heimehusa. Rett sør for dei (om lag halv kilometer sør for Neset) finst det eit større, udyrka området som strekkjer seg oppetter Ytste Gravdal, og er markert som både skog med sær s høg bonitet (lægre stykket) og jorddekt fastmark (høgare stykket). Her meiner eg *Troi* kan ha lege; avstanden frå garden er ikkje stor, so ho må reknast som enkel mjølkeplass⁵⁰.

27. *Troi* /'trå:i/, registrert i SNP som heimstøl med merknadene «mellom seli» og «truleg beite», men utan gardsnummer og kartfesting. Namnet er notert i kartbladet for lokaliteten Jostedal mellom Prestegard og Krekane, som inneheld bl.a. gardane Nystøl, Bjørk, Vamberg, Nybø og Nyheim. I dette området er det sel berre på fjellstølane og Geitsdalen har allereie *Geitsdalstroi* (nr. 30). Namnet må då høyra til anten Vanndalen (fjellstøl for Vamberg og bruka på Bjørk og Nystøl) på vestsida av dalen rett opp for Bjørk, eller Bakkedalen (fjellstøl for bruka under Bakken og Prestegarden) på austsida av dalen beint over for Vanndalen. Ifylgje BB5:421 ligg det tre sel på Vanndalen, som høyrer til Bjørk. *Troi* må vera tunet der.
28. *Trohaugen* /'trå:heu:gen/, gamal mjølkeplass ca. 400 meter sør for *Bjørkatroi* (nr. 29), ca. hundre meter opp for gardsbruket Nystøl. Utmarksområdet rett attmed heiter Kyrasvoi.
29. *Bjørkatroi* /'bjørkatrå:i/ (<*Bjørkatrâi*> eller berre <*Trâi*> i Øvregard 1999:75 og BB5:421), gamal vårstøl til Vamberg og bruka på Bjørk og Nystøl, ligg på sørsida (Nystølsida) av Vanndøla, om lag 300 meter frå Bjørk. Dette var ein enkel mjølkeplass utan sel, men med eit par fjøsar i si tid.
30. *Geitsdalstroi* /'jai:sda:lstrå:i/ er tunet mellom sela på fjellstølen Geitsdalen, brukt av gardane i Krekane (Espe, Kreken, Kjervik og Yttri).
31. <*Troi*> (SKI) eller <*Yttristrâi*> (Øvregard 1999:73), ogso kalla <Hagen>, var ein sellaus vårstøl/mjølkeplass som låg like ovanfor husa og vart brukt i tillegg til vårstølen/mellomstølen Myri. I SKI er <*Tråsteinen*> og <*Tråvollen*> registrerte som namn på vegen til Myri.
32. *Trovollen* /'trå:vål*n/ er «Slåtteteig, tidlegare rudt og oppdyrka. Attlege» (SNP) og ligg rett opp for bilvegen over Krekagardane i Krikane, på austsida av Jostedøla. Attmed plassen finn ein Kveareina (nokre gamle åkrar) og Kvealedet (grind ved eigedomsmerket), som vitnar på tidlegare inngjerding for storfe. Sannsynlegvis brukte dei *Trovollen* som enkel mjølkeplass.
33. <*Stølstrâi*>, alternativt namn for *Stølen* /'stø:l*n/, gamal vårstøl til Snøtun, Reina og Bakkane i Krundalen, sist brukt i 1966. Plassen ligg på sørsida av dalen ca. 600 meter frå Snøtunsgardane, rett på grensa til utmarka, og heiter til vanleg <*Snøtunstølen*> (TK og Øvregard 1999:67). *Stølen* må vera ei lokal nemning berre nytta i grenda og *Stølstrâi* må ha truleg vorte brukt om stølstunet (ifylgje Øvregard stod det eit sel her i gamal tid, men det vart rive rundt år 1900). På staden finn me namna Snøtunsfjøsen, Bakkefjøsen og Røysafjøsen, medan om lag 300 meter lengre nord – halvveges mellom stølen og heimehusa – finn me Stølsgrjerdet med Snøtunsløa, Bakkeløa og Røysaløa.
34. *Gamletroi* /'gamletrå:i/ ligg eit par hundre meter fram for heimehusa på Bergset i Krundalen. Det er eit litt skrånande beiteområde med tufter etter steinfjøsar. Truleg vårstøl før *Troi* (nr. 35). Preposisjon: 'inni'.

⁵⁰ Det har seg slik at «frå gammalt av er det rimeleg å tru at vårstølane til bruka i Åsen (gnr. 190) har vore i området der det i dag heiter Åsastølen. Etter at bruka på Åsestølen vart fråskilde og oppdelte i egne bruk, har det ikkje vore vår- og hauststølar i denne grenda. Det vart organisert mjølkeplassar i nærleiken av heimehusa.» (Øvregard 1999:83).

35. *Troi* /'trå:i/ var vårstøl til Bergset. Plassen ligg ved Sandbakke om lag halv kilometer opp for Krundøla, litt fram for Gamletroi, og det ligg tufter etter fire fjøsar, to av stein. Stølen vart seinare flytta ned ved elva til ein stad kalla Øy. Preposisjon: 'inni'
36. *Troi* /'trå:i/ (SKI: <Tråi>), tidlegare vårstøl for Elvekrok, ligg om lag 250 meter søraust for heimehusa i Kroken (namnet er registrert òg som «eng heime på garden»). Plassen var ein enkel mjølkeplass med ein fjøs til kyrne. Ledet ut til *Troi* heitte <Trågrindi> og kring plassen finst det *Trohola* og *Trogjerdet* (slåttar), medan slåttan Midtøygarden ligg litt lengre sør.
37. *Troi* /'trå:i/, <Tråi> hjå Øvregard 1999:61, <Trodi> i TK, <Troi / Trodi / Tråi> i SKI (ofte <Troi-Bruvoll>), er vårstøl til bruka i Fåberg (Nitigarden og Torstad i SKI) i tillegg til Bruvoll. Plassen ligg ved Jostedøla halv kilometer nord for gardane, ut for *Trogrindi* og nær *Troløa*; hin vårstølen Bruvoll ligg halv kilometer sør for gardane, rett ut for Bruvollselvi (begge på omtrent same høgd som bruka). *Troi* har alltid vore ein enkel mjølkeplass (før berre om våren, no både haust og vår) og mjølka vart boren heim til gardane kvar dag og foredla der. Rundt plassen ligg <Trågaren> og <Tråskreda>; me finn mange stadnamn knytt til mjølking òg: Inn for *Trogrindi* ligg det Metlevollen, Metlevollsteinen og Metlevolluri (eldre)/Mjelkeplassen (nyare).
38. *Skultroi* /'sku:ltrå:i/ (SKI: <Skultroi>) registrert blant namna oppetter stølsvegen frå Fåberggrenda til fjellstølen Fåbergstølen, saman med <Troi> (jf. nr. 37) og <Troløken>. I SNP har namnet merknaden «mjølking, løslætte med tidlegare løe».

I Jostedalen tyder 36 % av *trød*-namna 'vårstøl' og er nytta om det faktiske stølsområdet. Heile 21 % (nr. 27, 30 og 33) er nytta om stølstunet mellom sela og 43 % er ulike teignamn. Til skilnad frå hine stroka, er *trød*-teignamna frå Jostedalen berre delvis nytta om gamle enkle mjølkeplassar, medan ein god del peikar på tidlegare stølar, t.d. nr. 34. Likevel er grensa mellom ekte støl med sel og fjøsar og enkel mjølkeplass svært uskarp her, sidan dei fleste stølane ligg nær hovudbruka. Dette speglar seg i dei mange formene i simpleks (heile 50 %, høgast førekomst i distriktet), som ikkje treng vidare speisifisering nett takka vere nærleiken til heimehusa (dvs. lettare identifisering).

Denne situasjonen kan truleg forklarast i høve til geografien: Det tronge landskapet og dei bratte, ulendte fjellsidene gjorde det nesten umogeleg for gardbrukarane å finna seg setrar annanstad enn i sjølve dalen. Liknande tendens finst ved Veitastrondsvatnet (jf. nr. 6), som òg har ein slik landskapstype. Eit anna fellestrekk mellom Jostedal og Veitastrond-området er at begge strok har mange *trød*-namn, men veldig fåe (eller ikkje noko) *sete*-namn.

7.2.5 Nes og Dale (Luster)

39. <Jetletråi> (SNP upublisert: <Gjetletråi>, prep. 'i'; TK: <Gjetletroi>) er notert i SKI-oppskrifta for garden Lavoll som stadnamn oppetter vegen til vårstølen <Stuagjerdet>, 535 moh. (SNP: *Stuagjerdet* /'stu:ajæ:re/ «tidlegare slått, no beite»). Staden ligg om lag 560 moh. mellom Jøng (vårstøl til Hæri og Hengesteg), Svea (vårstøl til For) og Harastølen (tidlegare støl, sanatorium bygt opp i 1902), so det kan tolkast som gamal, enkel mjølkeplass brukt av ein av vårstølane der. Denne tolkinga er òg stødd av førelekken *gjetle*-, lokalvariant av *gjetsle* f. (NO4:287), so *Gjetletroi* = gjetslemark rundt vårstølen.

40. *Troi* /'trå:i/ er stølstunet på Ferestad (625 moh.), vårstølen til bruka på Berge i Dalsdalen.
41. *Trogrindi* /'trå:grindi/ («gamal grindsled i tidlegare slåttemark») og *Trobakken* /'trå:baken/ («skogbakke over Trogrindi») ligg på vestsida av Dalsdalen i Luster, om lag 150 meter opp for Kilen, det fremste gardsbruket i dalen. Desse stadene ligg halvveges mellom hovudbruka og vårstølen deira Kilali (520 moh.), begge innanfor eigedomsmerket. Dette kan tyda på at dei mjølka beista der når dei ikkje var på stølen (enkel mjølkeplass). Omtrent 350 meter sør for *Trobakken* finn me Mjelteteigen (slått) og Mjelteskreda, som vitnar om mjølking i eldre tid.
42. *Gjerdestroi* /'jE:restrå:i/ er ein bakke på Ottum, registrert under bnr. 2. Plassen ligg ovanfor inngjerdingen Gjerdeskvei, som ligg ovanfor innmarksslåtten Jensgjerdet. Namnet er ikkje kartfesta, men ifylgje NIBIO-kartet eig bnr. 2 ein stor parsell med både skog og dyrka jord ca. ein kilometer i luftlinje aust for heimehusa; der ligg det to gamle husmannsplassar som heiter Gjerde 1 og 2. Ifylgje BB2:39 var Gjerde 2 vårstøl til bnr. 4 på Ottum, etter at dei tidleg på 1800-talet laut flytta vårstølen sin frå Juvet (nord for garden, ca. 700 moh.) pga. bjørneplage. Gjerdet 2 vart ikkje ombygt til støl – dei brukte stova som sel og hadde ikkje fjøs – då var *Gjerdestroi* truleg mjølkeklassen til vårstølen. Ei slik lokalisering av *Gjerdestroi* fell i saman med plasseringa til <*Jarvetroi*> (nr. 43) i TK; kanskje nytta heimefolka to namn på éin mjølkeplass og SSR registrerte berre det eine og ikkje hitt.
43. <*Jervatroi*> (TK) ligg mellom Ottagardane og Alme, på same høgd som heimehusa. Namnet finst berre i TK og fylgjer forma godkjent i SSR. Mogelegvis det same som *Gjerdestroi* (nr. 42).
44. *Troi* /'trå:i/ er registrert under bnr. 2 på Ottum som gamal slåttemark, no skog og beite. Namnet er ikkje lokalisert og er umogeleg å plassera fordi det er koda i SNP som både «slått på innmark» og «beite i utmark, fjell». Likevel veit me at bnr. 1 og 2 på Ottum hadde vårstøl like ved innmarka, rett vest for tunet på garden (BB2:39). Desse vårstølane var enkle mjølkestølar og derifrå bar dei mjølka heim kvar dag, so det er antakeleg at namnet *Troi* var nytta om vårstølen/mjølkeklassen til bnr 2.

Her er dei fleste *trød*-namna nytta om tidlegare enkle mjølkeplassar (83 %), berre nr. 44 var kanskje vårstøl, men skilnaden på ekte seter og enkel mjølkeplass er igjen nokso uklar, ettersom alle namn ligg etter måten nær heimehusa. Berre eitt namn (17 %, nr. 40) er nytta om tunet på ein vårstøl som ber eit anna namn, og det er særskilt interessant at denne vårstølen ligg i bruksforhold til ein *sete*-fjellstøl (jf. 7.1.5 nr. 48).

På Ottum er *trød*-formene vanskelege å lokalisera, nett som *sete*-formene (jf. 7.1.5 nr. 50 og 51).

7.2.6 Mørkridsdalen og Fortunsdalen

45. *Troi* /'trå:i/, mjølkeplass for kyr på bnr. 1 på Hauge, Skjolden. Nær *Troi* ligg beitet *Trohola*, den gamle slått *Trobakkane* og slåttegjerdet *Trogjerdet*, medan over plassen finn ein bergveggen *Trohammaren*.
46. *Flatatroi* /'fla:tatrå:i/, beite og slått på innmarka til bnr. 5 på Hauge, Skjolden. Plassen er truleg ein gamal enkel mjølkeplass (jf. nr. 45).
47. *Flatetroi* /'fla:tetrå:i/, eit stykke av vegen frå Heltne opp til Flaten og Rebni. I SNP la dei til notatet: «Trå/Tro = ein stad der folk eller krøtter går, trakkar», men det er rimelegare å tolka

namnet som gamal enkel mjølkeplass til småbruket Flaten (no nedlagt), som ligg berre få hundre meter fram og ca. 60 meter opp for *Flatetroi*.

48. *Flatetroi* /'fla:tetrå:i/ er registrert under bnr. 2 på høgdegarden Rebni i Mørkridsdalen (353 moh.). Staden ligg rett aust og opp for heimehusa (400 moh.) og er ein «liten flat der dyra vart samla til mjølking når dei ikkje var på stølen». Forleddet *flate-* kjem frå Flatane /'fla:tad*n/ (der mjølkeklassen ligg, i tillegg til nokre gamle hustuffer), einaste flat heimebø på garden.
49. *Trohola* /'trå:hå:lao/ (slåttemark) og *Trohammaren* /'trå:hamar*n/ finst ved elva rett under grenda Meljane på Mørkri i Mørkridsdalen. Det finst ingen stad som har *trod* f. som grunnord der, men det er sannsynleg at det fanst ein mjølkeplass mellom bruka og elva. Andre stadnamn på innmarka kring garden er nemleg knytte til fedrift: Fjøshola og Oksadiket ligg rett vest for husa, medan Sauholt og Sauholtbakkane ligg i lia rett opp for dei.
50. *Troi* /'trå:i/ ligg på Dalen i Mørkridsdalen (480 moh.), der bruka på Bolstad stølar. Staden ligg ved Sveidalselvi, eit par hundre meter frå der sela står i dag. I SNP står det at «i eldre tid var mesteparten av seli her, men vart tekne av snøskred fleire gonger. Dei 2 siste gjekk i snøskred 1979». Partiet av elva som renn forbi *Troi* får namnet *Trogrovi/Trogroi* og der ligg brukarane etter *Trustokken*, ei lita klopp for folk og fe som no er vekke.
51. *Troi* /'trao:i/ (prep. 'i'), registrert i SNP under den nedlagde garden Fuglesteg i Fortunsdalen som «plass utanfor ytterste grinda mot Stegelia». Staden ligg om lag 300 meter sør for dei gamle heimehusa, og var truleg ein enkel mjølkeplass rett utanfor innmarka. Dagens uttale er truleg påverka av den innarbeidde skriveforma <*Tråi*> (nytta ogso i SNP-oppskrifta før normeringa).
52. *Troi* /'trå:i/ registrert som beite og mjølkeplass ved Legene på Fortun, ligg på innmarka knappe hundre meter opp for bruket.
53. *Troi* /'trå:i/ beitemark, før slåttemark, som ligg 450 meter i luftlinje nord for Dregni i Fortunsdalen. Namnet Mjølkeklassen er òg registrert på same området, men utan skildring og merknader. Sannsynlegvis var *Troi* det opphavlege namnet på mjølkeklassen.
54. *Troi* /'trao:i/ (<*Tråi* (1)> i BB1:168, ogso kalla *Yttrishaugen*), registrert som plasstomt i SNP, tidlegare husmannsplass under bnr. 2 på Yttri i Fortunsdalen (frå 1753 under bnr. 3). Uttalen er påverka av skrivemåten <*tråi*> (jf. nr. 51). Plassen ligg rett vest for heimehusa på Hjellåkeren /'jEdlaoker*n/ (<Gjelleåkeren> i BB1:153), bnr. 3 på Yttri; plasseringa i innmarka tyder på ein tidlegare funksjon som mjølkeplass. Åsen *Troberget* – lengre opp kalla Kjeberget – ligg mellom *Troi* og hovudbruket.
55. *Troi* /'trå:i / (<*Tråi* (2)> i BB1:175), «husmannsplass, beitehage» i SNP, tidlegare husmannsplass under bnr. 2 på Yttri i Fortunsdalen. Husmannen på *Troi* hadde fyrst plassen i *Yttrishaugen/Troi* (nr. 54), men kring 1836 flytte han med kona til *Troi* (nr. 55). Plassen ligg rett nord for heimehusa til bnr. 3 og *Yttrishaugen/Troi*. Ut frå uttalen /'trao:i/ til nr. 54 kan me rekna med at plassen der vart rudd i rett gamal tid, og den opphavlege funksjonen som beite og mjølkeplass alt var gløymd for mange hundreår sidan (fyrste husmannen på nr. 54 var fødd kring 1672). Difor uttalar dei namnet i dag slik dei skriv det, utan å kopla det til appellativet *trød* f. Derimot kan den regelrette uttalen til nr. 55 tyda på at plassen heldt fram lengre med den opphavlege funksjonen, og sannsynlegvis tok rolla åt hin plassen som beite og mjølkeplass på innmarka til Hjellåkeren.
56. <*Tråi*> (SNP upublisert), «truleg gamal mjølkeplass», ikkje kartfesta. Namnet er registrert under hovudbruket på Skagen i Fortunsdalen, som ifylgje NIBIO-gardskartet eig nesten heile

området på austsida av elva fram til gardsbruket Nyløøy, om lag halvannen kilometer nord for heimehusa. Her finn me <Trågrovi> (TK), ca. ein kilometer nord for heimegarden. I SNP er <Tråvodlad'n> registrert som samlenamn på all marka under vegen (dvs. bygdevegen oppetter Fortunsdalen), namngjeven etter nr. 56 *Tråi* (SSR si normerte form <Tråvollen> finst i TK). Me kan avgrensa plasseringa til *Tråi* mellom 800 og 1000 meter frå garden i nordleg lei, nørdest på eit stort flatlende ved elva. Skagen hadde vårstølen sin på Ospesete, på vestsida av dalen om lag ein kilometer opp for *Tråi*; stølsvegen gjekk frå gardsbruket Bruhaugen (Øvregard 1999:185), som ligg ved ei bru rett fram for *Tråi*, på vestsida av elva. *Tråi* var då mest truleg ein enkel beite- og mjølkeplass der beista vart mjølka når dei ikkje var på stølen, som ogso var utgangspunktet for buferda.

57. <Trågrindi> (SNP upublisert), gamal mjølkeplass som låg mellom heimegardane på Øyane i Fortunsdalen og vårstølen deira Øyabotn (to kilometer lengre nord). Namnet er skriva opp mellom <Buskrea>, <Høgaskrea> og <Seljeskreda>, truleg ulike parti av Øyaskredene, som ligg på vestsida av dalen oppunder Svartholet (<Svarthol> i SNP-oppskrifta). *Trågrindi* må ha lege der, om lag ein kilometer lengre inn i dalen frå garden, på vegen til vårstølen Øyabotn.

I Mørkridsdalen og Fortunsdalen er dei fleste *trød*-namna (79 %) nytta om ulike teigar, som tidlegare nokso sikkert var enkle mjølkeplassar. To namn (14 %, nr. 54 og 55) er nytta om gamle husmannsplassar, men dei òg kan reknast som gamle mjølkeplassar ifylgje plasseringa nær heimehusa og opplysingane frå kjeldematerialet. Berre eitt namn (7 %, nr. 50) er nytta om det gamle tunet på ein større støl, som ber eit anna namn.

Som elles i diktriktet er dei fleste formene usamansette. Dersom dei står i kompositum, so har dei berre gjennomsynlege, terrengbeskrivande appellativ (t.d. *flate/flata*-, *-hammaren*-, *-hola*) som både føre- og etterlekk, ikkje noko seternamn eller bruksnamn (i samsvar med den opphavlege funksjonen som mjølkeplass, ikkje seter).

7.2.7 Sørsida av Lustrafjorden

58. <Tråi> (SNP upublisert og BB3:459) registrert som «småbruket og innmarka» på Feigum. Det dreier seg om bnr. 3 på Feigum, som ligg på vestsida av Feigeelvi over bnr. 2 Feigesagi (<Feige-sagi> i SNP), om lag 25 moh. Plassen vart utskild i 1867 frå hovudbruket Feigum (bnr. 1), som ligg på hi sida av elva. I *Tråi* låg det to husmannsplassar under bnr. 1; *Tråi* var sannsynlegvis ein gamal beite- og mjølkeplass nytta av hovudbruket, som seinare utvikla seg til plass (jf. nr. 6 *Troi* på Kvam øvre ved Veitastrondsvatnet).
59. <Tråi> (SNP upublisert, prep. 'i') registrert utan opplysingar under Solberg (gnr. 183, bnr. 24) på Urnes, bak den berømte stavkyrkja. Ifylgje NIBIO-kartet er heile eigdommen til garden samla i eit samanhengande område kring om heimehusa; bøane rett opp for husa er innmarksbeite, medan bøane rett ned for husa er fulldyrka jord. Urnesgardane og kyrkja ligg oppunder <Salberg>, ein «stor bergknubb» som er skriven opp rett etter *Tråi*. Rett etter Salberg er <Mjølkesva> notert, «eit sva der dei mjølka». Desse namna tyder på at det låg ein enkel mjølkeplass ved eit sva i området mellom bruket og berget. På flyfoto ser ein nokre tydelege sva om lag 250 meter opp for husa: Der låg sannsynlegvis *Tråi*.

På heile sørsida av fjorden finst det berre to belegg for *trød* f. (begge nytta om opphavlege mjølkeplassar), medan *sete*-namna er mange. Dette kan kanskje peika på komplementær spreining av formene, som belegga frå Veitastrond-området og Jostedalen gjer (sjå ovanfor).

7.2.8 Spesifikke implikasjonar ved *trød*

Det er no råd å setja opp nokre spesifikke hypotesar for namnelekken *trød* f. Dei deduktive observasjonane gjorde til no vert her nytta til å avgrensa bruksområdet for *trød*-namna og samstundes identifisera dei grunnleggjande eigenskapane deira.

7.2.8.1 *Trød* finst alltid i bunden form – Næranalysen av dei enkelte namnebelegga ser ut til å styrkja hypotesen om at *trød* f. kan vera etterlekk i stadnamn berre i bunden eintalsform. Difor har *trød*-namna litt mindre prototypisk karakter enn *sete*-namna, ettersom desse siste er korkje formelt umarkerte eller ‘null-koda’ (Langendonck 2007:172–173, jf. 3.1.1). Bunden eintalsform er heilt einerådande i Luster kommune og innsamlinga til SNP viser same tendens i hine kommunane i Indre Sogn: Årdal har berre forma *-trodi* /'trå:i/ og Lærdal har *-tråni* /'trå:ni/ med fastgrodd *-n* i ubf.⁵¹ og eitt einaste belegg for bf. flt. *tråane* /'trå:ad*n/ (Lærdal er den einaste bygda i Sogn der *trød* f. verkar ha produktiv fullbøying jf. fotnote 47 i 7.2).

I Øvre Lærdal og på Borgund har *trød* flt. /trɛ:¹nə/, og på Øvre Borgund /trø:¹nə/ (i samsvar med målføret i Øvre Valdres og Hallingdal, Bjørkum 1974:220–221). Forma *trødane* finst då berre i stadnamn, endå om det fanst som sideform i byrjinga av 1900-talet (Larsen 1926:284)⁵². Denne særeigne fleirtalsforma har berre to belegg i heile kjeldematerialet: det eine i Lærdal og hitt på Låvi i Aulandsdalen. Dette kan tyda på at den utdøydde sideforma *trødane* hadde større spreining før, men Aurlandsdalen ligg nær grensa mot Lærdal, so det kan dreia seg om påverknad frå lærdalsmålet.

Elles har heile Midtre Sogn den analogiske linne forma *trona* med fastgrodd *-n* i bf. eint. I *e*-målsområdet i Sogn og Fjordane (Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord) vantar *trød* f. heilt som grunnord i stadnamn⁵³, med nokre få unnatak i Høyanger (*troda* /'trå:a/ og *trona* /'trå:na/) Stryn

⁵¹ Fastgrodd *-n* er eit typisk lærdalstrekk hjå mangt eit einstava hokjønnsord med utlydande lang vokal (Bjørkum 1974:221–222), t.d. *åyn* (‘øy’) *brun* (‘bru’), *aon* (‘å’), *kraon* (‘krå’) og *taon* (‘tå’). Desse formene har sterk bøyning i bf. i Lærdal, medan dei får analogisk linn bøyning i Midtre Sogn, der fastgrodd ogso *-n* er vanleg, men berre i bf. (t.d. *øyna* = ‘øya’ og *bruna* = ‘brua’). Appellativet *øy* f. ser ut til å vera spesielt utsett for denne utviklinga – truleg pga. den regelrette bf. *øyi*, som er vand å skilja frå ubf. *øy*. Former med fastgrodd *-n* finst ogso i områda som vanlegvis ikkje har dette språktrekket, t.d. Hafslobygdene, som har forma *øyna* /'ai:nao/ etter det midtresognske grannemålføret i Sogndal, og Årdal, som har forma *øyni* /'ai:ni/ etter lærdalsmålet (Årdal og Lærdal var eitt herad og eitt prestegjeld opp til 1860-åra, difor er talemåla særleg like, Bjørkum 1974:18).

⁵² «[...] sideformi /trå:²a/ der må ha vore sj.h., for ho er heilt utdøydd no» (Bjørkum 1974:220).

⁵³ I Fjaler kommune finst *Trona* /'tro:na/, einaste belegg på *trød* f. som grunnord utanfor *a*-målsområdet i Sogn. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har digitalisert namnedata for Møre og Romsdal i same database som SNP, so det er

(*troda* /'trO:da/), som grensar mot høvesvis Mindtre Sogn (Balestrand kommune) og Indre Sogn (Jostedal i Luster kommune, som har *e*-infinitiv, men har *trød* f. som resten av kommunen).

Alderen til dette lemmaet er vanskeleg å fastslå, men det er heller sikkert at *trød* f. hadde byrja gå ut or målføret på Hafslo og i Luster alt fyrst på 1900-talet, i alle høve som reint appellativ. Dette kan kanskje forklarast ved den kompliserte semantiske struktureringa åt lemmaet, som allereie på den tida truleg hadde utvikla seg til dagens fleirdelte tyding (jf. 7.2). *Trød* f. ser ut til å ha hatt produktiv fullbøying hjå dei fleste i eldre- og mellomgenerasjonen opp til 1970-talet, truleg takka vere den viktige rolla åt stølsbruket i det indresognske næringslivet, men i SNP (1985) verka nemninga nesten heilt ukjend. Informantane kjende seg nøydde å forklara tydinga under definisjonen for nr. 7 *Vetlatroi* i Yngsdalen («mogleg at det her i gammal tid var ein støl, der “tråi” tyder på ein plass rundt stølshusa?») og nr. 47 *Flatetroi* på Rebni i Mørkridsdalen («Trå/Tro = ein stad der folk eller krøtter går, trakkar.»). Den vekslande, ustøe sematiske innhaldet og det fylgjande hyppige objektbyttet åt slike namneformer – saman med den minkande rolla til jordbruket i lokalsamfunnet – kan kanskje vera grunnar til ordtapet. Dette tyder at bf. eint. *tròdi* som grunnord med reint passiv bøyning (ubf. eint. og heile flt. vantar) er vorten heilt leksikalisert som stadnamnledd; dette stadfestar *tròdi* si mellomhøge prototypiske stilling i onomastikonet (under *-set(e)* n., som er heilt umarkert).

7.2.8.2 *Trød* står til vanleg i simpleks – *Trød*-namna viser mellomhøg propriumskaraktar ved låg formell markering, men ikkje fullstendig ‘nullkoding’ (dei har alltid bunden form). Likevel er dei ofte usamansette, som gjer dei mindre formelt markerte. Den førebelse hypotesen lagd fram under den induktive kjeldeanalysen var at *trød* f. er for det meste usamansett i stadnamn (jf. 5.1.3), men

<i>Trød</i> -namn	Usms.	Etterlekk i sms.	Førelekk i sms.
Veitastrond, Ytre Hafslo, Solvorn	9 %	45,5 %	45,5 %
Indre Hafslo	25 %	58 %	17 %
Nedste Jostedal	0 %	100 %	0 %
Øvste Jostedal	50 %	36 %	14 %
Nes og Dale	33 %	50 %	17 %
Mørkridsdalen	33 %	50 %	17 %
Fortunsdalen	86 %	0 %	14 %
Sørsida av fjorden	100 %	0 %	0 %
Gjennomsnitt for Luster kommune	38,4 %	41,6 %	20 %

dette viste seg å ikkje stemma heilt: *Trød* f. som grunnord i kompositum skårar noko høgare enn simpleksformene. Likevel er skilnaden frå *sete*-namna monaleg, ettersom heile 38 % av *trød*-formene står i kompositum, kontra inga *sete*-form (jf. 7.1.8.2).

Eg lyt presisera at forskjellen på simpleks og grunnord i kompositum er heller uvesentleg, ettersom for kategoriseringa si

Tab. 10: Simpleks og kompositum hjå *trød*-stadnamna

råd å granska heile nordvestlandske målområdet: Nemninga finst berre fåe gonger, alltid som førelekk. *Trød* f. ser difor ut til å vera typisk for det sørvestlandske ordforrådet, men ikkje for det nordvestlandske.

skuld tok eg med doble former med adjektivisk utmerking (t.d. nr. 2 *Heimsta* og *Fremsta Troi*) som samansettingar. Dersom me reknar med at slike former oftast opptrer i par og sannsynlegvis viser att til eit felles usamansett områdenamn *Tròdi*, vert prosentten på usms. og grunnord i sms. lik, nemleg omtrent 40 %. Dette tyder på at *tròd* f. truleg er nytta primært i simpleks, og vert merkt ut med førelekk berre når det tarvst (t.d. ved fleire like former på eit mindre område). Sjølv førelekkane peikar gjerne på denne tendensen: Medan *sete*-namna syner eit mykje meir strukturert mønster m.o.t. type utmerkingslekk – med både personnamn og naturnamn – har *tròd*-namna aldri personnamn som førelekk, og naturnamna er heller sparsame. Enkle, adjektiviske førelekkar (t.d. *vesle*, *fremst*, *heimst* osv.) og bruksnamn er dei vanlegaste utmerkingane hjå *tròd*-namna, og båt typar fylgjer som regel ei nøyaktig inndeling: Der namna ligg i nærleiken av hovudbruket, har dei helst adjektivisk førelekk (t.d. i Mørkridsdalen eller på Veitastrond, jf. 7.2.1 og 7.2.6); der dei ligg eit stykke unna bruket, har dei helst det tilsvarande bruksnamnet som førelekk (t.d. på IH, jf. 7.2.2).

Denne stoda har nokre viktige fylgjer for propriumsstatusen åt denne namnelekk. *Tròd*-namna har svak propriumsfunksjon pga. nærleik til hovudbruket: I motsetjing til *sete*-namna – med eigne prototypiske føresetnader som speglar hovudbruket sine og fungerer som motsvar til garden i utmarka (jf. 7.1.8.3) – er *tròd*-namna avhengige av å liggja innanfor det kulturelle relevansområdet til hovudbruket for å kunna vera til. Om dei ligg so langt frå garden at dei prototypiske vilkåra ikkje er kopla direkte til plassen, vert eigedomsforholdet stadfesta ved utmerking. Dette speglar eit generelt lågt sjølvstende åt *tròd* f. som namn i kulturlandskapet: Trongen for ytterlegare markering av eit overordna eigedomstilhøve (bruksnamn som utmerkingsledd) og mangelen på formelt markert menneskeleg påverknad (ikkje noko personnamn som utmerkingsledd), gjev *tròd*-namna ei gjennomsnittleg lægre prototypisk stilling i onomastikonet enn *sete*-namna, i samsvar med den lægre propriumsfunksjonen ved høgare formell markering (konsekvent bunden form, jf. 7.2.8.1).

Tròd-namna er difor ikkje prototypiske nok til å utgjera eit reelt motsvar til gardsnamna i det onomastiske kulturlandskapet; propriumsfunksjonen deira vert då uttrykt mest av den høge prosentten simpleksformer som finst i terrenget. Ettersom *tròd* f. jamt over har dårlege prototypiske føresetnader i namnelandskapet, verkar den usamansette forma som ei umedviten, men tydeleg heving av den propriale karakteren åt namneleddet.

Det er å merkja seg at dei usamansette *tròd*-namna helst finst i Jostedalen og Mørkridsdalen. Dette kan forklarast i fyrste omgang etter lægje og geografiske tilhøve: Det tronge landskapet gjer det umogeleg for *tròd*-namna å liggja særleg langt frå hovudbruka, i motsetjing til t.d. Hafslobygdene, der terrenget er opnare og laglegare for ei breiare spreiring av gardsdriftene sine brukseiningar.

7.2.8.3 Trød er typisk for vårstøl eller enkel mjølkeplass – Næranalysen av dei einiskilde belegga stadfesta den førebelse, generelle hypotesen om at ‘enkel mjølkeplass’ er den vanlegaste tydinga åt *trød* f. som namnelekk (jf. 7.2), som eg då vil rekna for grunntyding. Eit uventa resultat var at det semantiske innhaldet i *trød*-namna faktisk kan delast i fire undergrupper, ikkje berre tre som tidlegare observert: 1) heimestøl (vårstøl); 2) einiskild ‘stølstrød’ i ei stølsgrend (heilstøl); 3) stølstun mellom sela på éin støl; 4) enkel mjølkeplass.

Tydinga ‘heimestøl’ skåra ikkje so høgt som forventa etter den induktive kjeldeanalysen, men eit interessant resultat er at denne tydinga som regel er dominerande der ogso tydinga ‘stølstun’ finst. Endå ein gong ser lægjet ut til å vera avgjerande, spesielt når det gjeld *trød*-namna sin interne tydingsskilnad. Ifylgje dataa frå analysen svarar den semantiske inndelinga oftast til dei geografiske tilhøva på stadene der dei enkelte namneformene ligg.

<i>Trød</i> -namn	Heimestøl	Heilstøl	Stølstun	Teig / annan mjølkeplass	Bustad
Veitastrond, Ytre Hafslo, Solvorn	18 %	0 %	18 %	55 %	9 %
Indre Hafslo	0 %	50 %	8 % ⁵⁴	42 %	0 %
Nedste Jostedal	100 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Øvste Jostedal	36 %	0 %	21 %	43 %	0 %
Nes og Dale	16,5 %	0 %	16,5 %	67 %	0 %
Møkridsdalen	0 %	0 %	17 % ⁵⁵	83 %	0 %
Fortunsdalen	0 %	0 %	0 %	86 %	14 %
Sørsida av fjorden	0 %	0 %	0 %	50 %	50 %
Gjennomsnitt for Luster kommune	18 %	10 %	12 %	55 %	5 %

Tab. 11: Funksjonell inndeling av det semantiske innhaldet i *trød*-namna

Heimestøl (vårstøl)

Lokalitetane der tydinga ‘heimestøl’ er dominerande ligg i midtre og øvste Jostedalen, (jf. tab. 11 i grønt). *Trød*-heimestølane ligg som regel på same høgd som garden eller litt høgare, nesten alltid innan ein radius på ca. 1 km frå gardshusa. Vanlegvis er namnet på heimestølen einaste forma med *trød* f. som hovudlekk i området; dersom me ser på namnemiljøet kring slike heimestølar, er dei fleste stadnamna usamansette, nett som sjølve stølsnamnet, eller har lite spesifiserande førelekkar som *støls*- eller *tro*-. Dei mest typiske signalnamna (jf. 4.4) knytte til *trød*-heimestølane er *sel* n. og *gjerde* n. (høvesvis stølshus og stølslått(ar)).

⁵⁴ Berre eitt namn: nr. 20 *Åttetroi*.

⁵⁵ Berre eitt namn: nr. 50 *Troi*.

Det fell spesielt i augo at kjerneområdet for tydinga ‘heimestøl’ svarar òg til kjerneområdet for simpleks (jf. tab. 10). Dette kan forklarast kognitivt ved ein utvida propriumsfunksjon i høve til grunntydinga ‘mjølkeplass’, ettersom den no meir prototypiske forma kan stå for seg sjølv i landskapet. Funksjonelt kan dette koplast til hypotesen om den korte avstanden til hovudbruket (namnet ligg innanfor det kulturelle relevansområdet til garden), som gjer det mogeleg å halda på ei ikkje utmerkt form. Ei mindre formell markering speglar då ei høgare prototypisk stilling.

‘Stølstrød’ i ei stølsgrend

Tydingsvarianten ‘stølstrød innan ei stølsgrend’ finn me vanlegvis i eit namnemiljø som liknar tydingsvarianten ‘heimestøl’ sitt (parallell spreining av *gjerde* n. og *sel* n.), men som har motsette tilhøve m.o.t. lægje og morfologi. Dei aller fleste namna i denne klassa er nytta om lokalitetar som ligg eit godt stykke frå gardane, og *trød* f. er alltid grunnord i samansetjing med namnet til bruket setra høyrer til. Same mønster gjeld for signalnamna *gjerde* og *sel* (alltid som grunnord, bruksnamn som førelekk). Eit klart døme på slik utvikling er stølsgrendene Dale og Skisete på IH (jf. tab. 11 i blått): Sjølve setrane ligg inst i ein dal litt over 3 km frå gardane; der finst det mange *trød*-namn utmerkta av dei tilsvarande bruksnamna (jf. 7.2.2), alle i tyding ‘einskild heilstøl innanfor ei større stølsgrend’. Her har *trød* f. same funksjon som *sel* n. elles har, t.d. på fjellstølsgrenda *Breiset* i Dalsdalen, Luster (jf. 7.1.3, nr. 28), der me finn *Hansaselet*, *Gorgaselet* og *Nedstegardsselet*. Denne særleine stoda er slettes ikkje typisk for Indre Sogn, og ikkje for resten av Vestlandet heller:

«I Valdres merkjer soleis -trod av sætri til det einskilde gardsbruket eller den einskilde eigaren, oftast innanfor ei sætergrend. Men på Vestlandet lagar dette ordet vanleg namn på heimstølar [...] Her [Valdres] har alle namni på -trod bruksnamn eller eigarnamn til utmerkjingsord [...]» (Beito 1949:169)

Indre Hafslo er nemleg området der storparten av *trød*-namna med eit bruksnamn som førelekk ligg (jf. 7.2.8.2). Denne særskilde austlandske namnebruken midt i Luster kommune kan ikkje grunnjevast ved kontakt⁵⁶, men kan kanskje ha opphav i landskapet der. Bygda ligg i ein vid, høgare dal mellom YH og Gaupne (Jostedal), heilt utestengd frå det elles vanlege fjordlandskapet (det er heile 9 kilometer i luftlinje mellom Kalhagen ved Hafslovatnet og Marifjøra ved Gaupnefjorden). Denne stoda minner mykje på dalføra på indre Austlandet og det kan ha hendt at like geografiske tilhøve har ført til like ordnings- og inndelingsprosessar av landskapet⁵⁷.

⁵⁶ IH ligg midt i Luster, utan kontakt med dei tilgrensande kommunane. Ein slik isolert posisjon høver spesielt dårleg til ei mogeleg forklaring ved kontakt over Sognefjellet med dei indre austlandske dalføra i Nord-Gudbrandsdal (jf. òg 6.4.2 om Hafslobygdene sin isolert posisjon i kommunen og den fylgjande konservative språkbruken).

⁵⁷ Denne særleine tydingsvarianten av *trød* f. finst som stadnamnledd berre på IH, men det ser ut som han er i samsvar med den vanlege appellativiske bruken på Hafslobygdene generelt. «Det er sannsynleg at *stølstrøi* til Holseto låg i Holabakkane nord for den noverande *stølstrøi* på Bersetno om lag 750 meter over havet» (BB9:593, mine

I begge tilfelle, det 'heimslege' der vårstølen heiter *Tròdi/-tròdi* og det 'austlandske' der den einskilde heilstølen i stølsgrenda heiter *-tròdi*, må det ha gått føre seg ei semantisk utviding og spesialisering av det grunnleggjande semantiske innhaldet 'mjølkeplass'. Tydinga 'stølstròd' er nemleg alltid kopla til heilstølar og syner prototypiske eigenskapar: Namnemiljøet kring *tròd*-heilstølane på Dale og Skisete på IH er prega av signalnamnet *gjerde* n. (signalnamnet *sel* n. vantar, sidan dei enkelte *tròdene* oppfyller funksjonen dets). Likevel har slike former større formell markering ved å ha eit bruksnamn i førelekkstilling, som ogso flyttar namnereferansen vekk frå sjølve namneberaren, ut or det kulturelle relevansområdet til setra og vidare til det fjerne hovudbruket. Difor lyt slike *tròd*-former vera mindre prototypiske enn dei som har tydingsvarianten 'heimestøl' (men meir prototypiske enn grunntydinga 'mjølkeplass').

Til stadfesting på den innfløkte situasjonen med *tròd* f. sine semantiske utvidingar, finst grunntydinga 'mjølkeplass' framleis somme stader på Hafslo, til vanleg tett på gardane og utan at det står stølshus eller tufter etter dei, ofte ved grinda til utmarka. *Tròd* f. i denne tydinga er fylgjeleg lite markert (står i simpleks) pga. nærleiken til gardane. Dette tyder på ein generell tendens mot at det kan finnast fleire ulike tydingsvariantar av *tròd* f. om ein annan innanfor same strok. *Tròd* f. ser difor ut til å fylgja eit slags internt balanseprinsipp, som minner på forholdet mellom *sete*-namna og dei tilsvarande bruksnamna (jf. 7.1.8.3), men på eit lægre prototypisk nivå i onomastikonet.

Stølstun på éin støl

Denne tydingsvarianten reknar eg som minst prototypisk. Slike former er alltid nytta om bønne mellom husa på ein tidlegare eller levande støl, altso plassen mellom sela og fjøsane, der dyra går og trakkar. Eg vil påstå at denne bruken av namnelekk er den opphavlege pga. samsvaret med den etymologiske tydinga, sjølv om hovudtydinga er ei anna i dag ('mjølkeplass'). Dette er tilfellet med nr. 9 *Håvardsettroi*, 10 *Vetlestølstroi*, 33 *Stølstråi*, nr. 40 *Troi* og nr. 50 *Troi*: Særskilt nr. 9, 10 og 33 syner ein dominerande appellativisk karakter ved å ha eit stølsnamn som førelekk, som ikkje ville vore turvande dersom *tròd* f. tydde 'seter/mjølkeplass' her. Det einaste som gjer det umogeleg å klassifisera denne tydingsvarianten som reint appellativ er den morfologiske og semantiske svekkinga av namneforma (ufullstendig bøyning i tal og bestemming, ikkje heilt gjennomsynleg semantisk innhald). Det er å merkja seg at denne tydingsvarianten er den einaste som ser ut til å verta nytta utan nokon funksjonell skilnad om både heimestølar som ligg nær gardane (nr. 10, 33 og 40) og langstølar som ligg lengre unna (nr. 9 og 50). Dette forklarar kvifor tydinga 'stølstun' ser ut

kursiveringar): Her vert *tròd* f. nytta i tyding 'einkildseter innanfor eit større seterområde' om ei tidlegare heilseter til garden Holsete på YH (no på Simosete). På YH òg har landskapet eit meir 'austlandsk' preg, med det vide Hafslovatnet omringa av slake skråningar; tydingsvarianten 'stølstròd i ei stølsgrend' ser difor ut til å vera typisk for heile gamle *Fylkesbyggdi* (jf. 6.4.2), nytta helst om heilseter innanfor ei større stølsgrend.

til å opptre helst der tydinga ‘heimestøl’ elles er dominerande: ‘stølstun’ er den minst spesialiserte tydingsvarianten av *trød* f. i Luster kommune (held best på den etymologiske tydinga ‘opptrakka plass’), likelevel har den vesle spelialiseringa gått i retninga ‘opptrakka plass *ved setra*’. Hypotesen min lyt då presiserast: ‘stølstun’ dukkar opp som sidetyding ikkje der den utvida og spesialiserte tydinga ‘heimestøl’ rår, men der den generelle utvida tydinga ‘støl’ gjer det⁵⁸.

Mønsteret er likevel ikkje so einsarta som ein skulle tru. Nr. 50 *Troi* er nemleg eit einskilt belegg på ei uklar overgangsform, som eg vil rekna for nærare eit heimleg motsvar til den typisk austlandske tydinga ‘stølstrød’ me finn på IH, enn eit nesten appellativisk ‘stølstun’. Namnet er nytta i dag i fjellstølsgrenda Dalen i Mørkridsdalen om plassen mellom sela, men namnemiljøet rundt omkring peikar heller på ein tidlegare funksjon som stølsnamn. Det hadde nemleg vore lite rimeleg å kalla ein bekk og ei klopp (*Trogrovi* og *Trostokken*) etter eit tomt rom mellom dei langt viktigare stølshusa. At stølen er gamal og vart flytta litt lengre ned ved elva, stadfestar denne hypotesen; det er truleg etter flyttinga at det gamle områdenamnet Dalen gjekk over til seternamn, medan før tala dei kanskje om *trødi i dalen*, eller noko i den retninga.

Eit slikt flokete bilete er kanskje å venta seg, ettersom grunntydinga i dag ikkje svarar til den opphavlege tydinga, og er dessutan vorten utvida og spesialisert til fire ulike variantar. Denne situasjonen vitnar truleg om ein sær gamal semantisk utvidings- og spesialiseringsprosess, som endra tydingsfokuset i appellativet *trød* f. frå eit generelt resultativt syn (fylgje: eit beite er opptrakka) til eit spesifikt kausalt syn (årsak: dyra går i beitet).

I tillegg føreset den prototypebaserte analysen min uskarpe grenser mellom namnekategoriar, og di meir ein kategori er lagdelt og spesifikk, di mindre skarpt vert skilet mellom den og hine.

Enkel mjølkeplass

Denne tydingsvarianten av *trød* f. er den vanlegaste i heile Luster kommune i dag, men ikkje den eldste. Dette inneber nødvendigvis eikor form for vidare semantisk utviding frå ‘plass trakka opp av beista’ til ‘plass der beista som trakkar vert mjølka’.

Denne tydinga kjenneteiknar huslause, faste mjølkeplassar i inn- og utmark. Slike namn finst oftast innanfor det kulturelle valdet åt garden, helst ved grinda ut til utmarka. Difor skil desse formene lag med hine tydingsvariantane, som finst anten åleine som områdenamn (heimestøl), åleine som namn på ein einskilddel i eit område (stølstrød/heilstøl), eller underordna eit anna seternamn (stølstun).

⁵⁸ Det fell no naturleg at ‘heimestøl’ og varianten ‘stølstun’ verkar kopla, ettersom ikkje noko *trød*-namn er nytta om sjølve fjellstølar i heile Luster kommune (berre selbøen på fjellstølar).

Trød-namna i tyding ‘mjølkeplass’ er ofte usamansette, eller er førelekk i sms. og viser til ei sannsynleg gamal usms. *trød*-namn på staden (jf. nr. 13 og 41), men namnemiljøet deira er ikkje særleg prototypisk. Dei er mesta aldri kopla til signalnamna *gjerde* n. og *sel* n. og syner difor ingen ytterlegare menneskeleg påverknad bortsett frå sjølve fedrifta (korkje slått eller busetjing).

Eit særskilt signalnamn som ofte finst i nærleiken av *trød*-mjølkeplassane, men manglar hjå *sete*-namn, er *øygard* m. /'åi:ga:r/ (‘øydegard’, oftast bf. og sms., jf. nr. 11, 14 og 36). Dette namnet finst ikkje som appellativ i sognemålet, men kan ha den sekundære tydinga ‘seter’ og finst ofte kopla til stader kjenneteikna av seterdrift (Reinton 1976:24)⁵⁹; dette kan vera ei ytterlegare stadfesting på den semantiske utvidinga som gjekk føre seg med slike *trød*-former. Nokre *trød*-namn nytta om heimestølar ligg tett på teigar som heiter *Øyarden* (t.d. nr. 36) og den same forma (ev. med førelekk) er ofte nytta som bruksnamn. Dette kan vera teikn på den mellomhøge prototypiske stillinga åt *trød*-mjølkeplassar. Den vesle, men vesentlege semantiske utvidinga gjer dei til overgangsformer mellom den minst spesialiserte, etymologiske tydinga ‘stølstun’ og den mest speialiserte tydinga ‘heimestøl’ (med varianten ‘stølstrød/heilstøl’)

Det er ikkje overraskande at denne tydinga er mest spreidd i kommunen, ettersom dei funksjonelle og prototypiske føresetnadene åt denne tydingsvarianten ligg midt i tydingsspektrumet, og gjer han lettast å ta i bruk. ‘Mjølkeplass’ er nemleg meir spesialisert og prototypisk enn ‘stølstun’, so namnet lyt ikkje peika på ein del av ei anna seter, og kan finnast åleine i terrenget. Samstundes er dette semantiske innhaldet ikkje so spesifikt og prototypisk som ‘stølstrød/heilstøl’ og ‘heimestøl’, so staden (namnereferansen) krev ikkje spegla dei prototypiske føresetnadene åt hovudbruket me finn uttrykte i t.d. signalnamna (slått og busetnad), men kan berre liggja innanfor garden sitt relevansområde. ‘Mjølkeplass’ er rett og slett den mest lettvinde tydingsvarianten å ta i bruk for den jamne namnebrukaren, difor er han vanleg.

Fleire tydingsvariantar?

Situasjonen med dei semantiske nyansane internt i *trød* f. sitt tydingsspektrum har vist seg å vera varierende, men ikkje umogeleg å systematisera etter nokre ulike tydingsvariantar. Likevel nytta eg meg berre av kjelder frå éin og same kommune. Eg har tidlegare poengtert at *trød* f. verkar meir typisk for det sørsvestlandske ordtilfanget (jf. 7.2.8.1, fotnote 53), og om me ser på andre område innanfor det sørsvestlandske *a*-målsområdet, finn me att liknande variasjon, gjerne med ytterlegare semantiske utvidingar.

⁵⁹ Somme stader i grensedistrikta Valdres og Gudbrandsdalen er *øygard* m. nytta spesielt om heimesetrar.

På Voss finst ofte forma <Tròè> om ulike teigar på ulike gardar (t.d. heimebø på Kyte, mjølkeplass på Fenno, eng på Græe o.a.), registrert som «der kyrne stod når dei skulde mjølkast» (Heggstad 1946:191). Dette stadfestar førebels observasjonane mine m.o.t. ‘enkel mjølkeplass’ si rolle som grunntyding. Samstundes finn me òg dativforma *Trodo* /trå²ó/ (NG11:535) nytta som bruksnamn og heimla heilt sidan 1300-talet (i *Trodum* i Bjørgvin Kalvskinn). Dette tyder på ei tidleg sterk leksikalisering av forma (dativform, jf. 6.4.3) etter ei særskilt stor semantisk utviding (‘opptrakka plass’: appellativ → ‘mjølkeplass’: litt prototypisk proprium → gardsnamn med dativform: veldig prototypisk proprium). Eg har ikkje heimel for ei sopass sterk prototypisering i kjeldene frå Luster kommune, men dei mange *tròd*-formene nytta om tidlegare husmannsplassar (jf. nr. 6) peikar på at *tròd* f. moglegvis kan vera utsett for ein slik reanalyse i Luster òg. I Hardanger ser me eit liknande mønster med forma *Tròæ* nytta helst om teigar: Heimebøen på bruka Spånheim, Ljono og Vestrheim i Ulvik ber dette namnet, medan nokre åkrar på Ljono heiter *Tròena* (Heggstad 1925:323). Men i same bygda finn me òg *Tròdalen* (naturnamn på fjellstølen Gunnarsete, viser truleg til ei form *tròæ* nytta om stølstunet) og *Tròsete*, ein fjellstøl (Heggstad 1925:246). Likesom *Trodo* på Voss, vitnar *Tròsete* om ei heilt ukjend semantisk utvikling i Luster kommune, nemleg frå ‘mjølkeplass’ til ‘fjellstøl’ (altså vanleg langstøl, ikkje heilstøl); denne forma er ogso særmerkt fordi ho er sett saman med den veldig prototypiske bustad- og fjellstølsnamn *sete* n. (kanskje pga. *tròd* f. sin lægre prototypisk verdi som proprium, som ikkje var nok for ein plass med eit so sterkt menneskeleg preg som ein langstøl, jf. 7.1.8.3).

Kor som er, desse belegga stadfestar at ‘enkel mjølkeplass’ er grunntydinga åt *tròd* f., og at denne tydinga stort sett er dominerande og alltid på plass i det sørvestlandske kulturlandskapet. Hine tydingsvariantane, derimot, er i ei meir ustabil stode og ser ut til å vera meir påverka av både menneskelege og naturlege lokale vilkår, som namnebrukarane sine leksikalsle haldningar (t.d. *tròd*-former på heimestølar i Luster kommune, men på langstølar i Hardanger), eller skapnaden til terrenget (t.d. *tròd*-former som bruksnamn eller heilstølsnamn i innlandsbygdene Voss og Hafslø, men ikkje i fjordbygdene Luster og Ulvik).

Tilhøvet til sete-namna

Tròd-namna syner som regel komplementær spreining med *sete*-namna. Næranalysen av dei enkelte belegga stadfesta at den mest prototypiske tydingsvarianten ‘heimestøl’ finst helst der *-set(e)* vantar (t.d. Jostedalen, som har ein del gamle former med *seter* f., men ikkje so mykje *-set(e)*, jf. 7.1.4). Denne situasjonen inneber ei indirekte oppheving av propriumskarakeret til *tròd*-namna: Ettersom dei ikkje lyt dela det kulturelle relevansområdet sitt med eit meir prototypisk seternamn, dannar dei eit lite sjølvstendig kulturelt vald. Kjeldematerialet har vist at innanfor denne sona kan *tròd*-namna

fungera som analogibase for mangt eit stadnamn (som ved tydingsvarianten ‘heimestøl’), men utanfor denne sona misser dei fort det avgrensa kulturelle særdraget sitt, og lyt utmerkjast med eigedomsdenoterande førelekkar (bruks- og stølsnamn, som ved tydingsvariantane ‘stølstrød/heilstøl’ og ‘stølstun’). Dette tyder at *trød*-namna kan konkurrerast innanfor sitt eige relevansområde av andre seternamn – endå om dette ikkje skjer so ofte – og er endå ei stadfesting på at *trød*-namna ikkje speglar dei dominerande prototypiske føresetnadene åt hovudbruket slik *sete*-namna gjer, og difor har lægre propriumsstatus og lægre prototypisk stilling i onomastikonet.

Den komplementære spreinga er synleg ogso i preposisjonsbruken: Medan *sete*-namna alltid vert nytta med *på*, brukar ein *i/inni/oppi* med *trød*-namna (ofte registrert i SNP, sjå nr. 9, 14, 16, 17, 20, 34, 35, 39, 51, 59). Det heiter nemleg *å sitja/vera på -sete* men *å stå/vera i trødi*, og til vanleg kan desse preposisjonane ikkje verta nytta om ein annan om éin lik referanse. Dette kan verka som eit ytterlegare prov for dei åtskilde rollene til dei to seternemna (*-sete* = helst fjellstøl uavhengig av hovudbruket; *trød* = helst heimestøl/mjøkeplass avhengig av hovudbruket). Einast når *trød* er nytta om selbøen på setra kan dei to nemningane kollidera, då heiter det nok *å stå i trødi på -sete*.

7.2.9 Ålmenne implikasjonar ved *trød* f.

I ljøs av resultatata av næranalysen er det mogeleg å avgrensa nokre primære eigenskapar åt stadnamnleddet *trød* f.:

- *trød* har mellomhøg propriumsgrad ved ufullstendig formell markering (alltid bunden eintalsform, men utan resten av bøyinga = prototypisk morfologisk stilling)
- *trød* har mellomhøg propriumsstatus ved høg alder (men ikkje so høg som *-sete*) og svekt produktivitet i talemålet, med eit forelda og ofte gløymt direkte appellativisk motsvar (prototypisk semantisk stilling)
- *trød* har mellomhøg propriumsgrad ved å ha som regel komplementær spreining med *sete*-namna (har sitt eige relevansområde i kulturlandskapet); likevel kan andre seternamn konkurrera med både sjølve namnet og referansen innom same relevansområdet, i motsetjing til *sete*-formene (prototypisk stilling i trangt namnemiljø).
- *trød* har mellomhøg propriumsgrad ved å vera nytta som analogibase og geografisk referanse berre på kort avstand, som regel med landskapselement i *trød*-namnet sitt relevansområde (prototypisk stilling i vidt namnemiljø).

Sjølv omgrepet *trød* kan ha to definisjonar:

- Trong definisjon: *trød* = stadnamnlekk med mellomhøg propriumsgrad nytta helst om enkle mjølkeklassar og heimesetrar.
- Vid definisjon: *trød* = middels prototypisk nemning på arbeidsplass delvis prega av menneskelege verdiar og med underordna stilling i kulturlandskapet. Den usjølvstendige stoda åt namnet inneber ei rekkje ulike utviklingar etter ulik menneskeleg påverknad, som fører til eit sær s varierende semantisk innhald med varierende propriumsstatus. I Luster er dette innhaldet firdelt, og *trød* kan tyda ‘mjølkeklass’ (grunntyding, middels prototypisk), ‘stølstun’ (minst prototypisk), ‘einskildstøl i ei stølsgrend’ (meir prototypisk) og ‘heimestøl’ (mest prototypisk).

Propriumsstatus	<i>trød</i> -namn
Mest prototypisk	<i>trødi</i> = heile stølsområdet (‘heimestøl’)
↓	
Meir prototypisk	<i>trødi</i> = einskildstøl i eit stølsområde (‘stølstrød/heilstøl’)
↓	
Middels prototypisk	<i>trødi</i> = ‘mjølkeklass’ (grunntyding)
↓	
Minst prototypisk	<i>trødi</i> = jordstykke mellom sela på setra (‘stølstun’)
↓	
Ikkje prototypisk	<i>trødi</i> = beite (‘opptrakka plass’), utdøydd, erstatta av <i>træde</i> n.

Tab. 12: Semantisk strukturering av stadnamnleddet *trød* f. i Luster kommune

7.3 *Støl* m.

Seternamn med *støl* m. som grunnord finst overalt i Luster kommune og ser ut til å vera nytta om alle typar seter. Denne namneforma har særleg mange belegg i kjeldene, 284 berre i den publiserte delen av SNP si innsamling (heile 2,3 % av dei 12278 namna som til no er digitaliserte, liknande presentar finn me i det upubliserte materialet og i SKI).

Støl m. er eit vanleg ord i indresognsmål (Larsen 1926:250) og vert nytta for det meste som appellativ. Tydinga i Luster kommune er nokso generell: ‘seter’ eller ‘setergrend’, utan vidare spesifisering, i samsvar med den ålmenne språkbruken elles på Vestlandet (Beito 1949:93). Denne tydinga er stødd av skriftspråket og gjer då namnet mindre semantisk særmerkt enn hine seternamna: *-sete* og *trød* er nemleg uproduktive lemma i både talemålet og skriftspråket, medan *støl* m. er velkjent og vert nytta mykje i skrift og tale, bl.a. i dei vanlege appellativiske nemningane for heimeseter og langseter (*vårstøl* og *fjellstøl*, Øvregard 1999:16–17) og for å omtala appellativisk setrar som ber andre typar seternamn. Dette gjer det ekstra komplisert å avgjera om eit *støl*-namn faktisk er stadnamn eller berre appellativ, med ei fylgjeleg sær låg propriumsstatus hjå formene.

Funksjonelt sett verkar *støl* m. mykje mindre spesifikt enn *trød* og *-sete*; der desse siste ser ut til å ha komplementære roller i landskapet, verkar ikkje *støl* m. ha noka særeiga rolle. *Støl*-stadene er både heimesetrar og langsetrar i nesten same mon og utan nokon særskild formell skilnad, men heimesetrane er noko vanlegare enn langsetrane, med høvesvis 50 kontra 36 belegg i den digitaliserte SNP-innsamlinga. Denne vide bruksmogelegheita vert spesielt synleg når ei markert *støl*-form automatisk tek plassen til ei eldre, mindre markert, meir prototypisk og menneskeprega namneform (jf. 7.1. nr. 12 *Furuset* og nr. 69 *Fureset(e)*, eller 7.2.3 nr. 23 og 24 *Heimste* og *Øvste Troi*). *Støl*-namna på langsetrar vert likevel merkte ut litt meir enn heimesetrar i høve til lægje og plassering; det mest brukte utmerkingsordet er *fjell* n., t.d. *Sønnesynfjellstøl* kontra *Sønnesynstøl* (men i SKI: *Øvste Sønnesynstøl* og *Niste* [Nedste] *Sønnesynstøl*).

Nokre *støl*-namn er nytta i dag om bustad og er for det meste tidlegare setrar/mjølkeplassar skilde frå hovudbruket relativt nyleg (1800-talet). Dette fenomenet er spesielt synleg i <*Ormbergstølen*> (bnr. 2 under *Ormberg*, ogso kalla <*Stølen*>, BB5:87) og *Åsestøl* /"å:sestø:l/, ogso *Stølen* /"stø:l*n/ (BB5:218: <*Åsestølen*>, bnr. 2 under *Åsen*)⁶⁰, begge i Jostedalen: Dei har lik formell markering som dei vanlege *støl*-seternamna og er utmerkte med namnet til eit større bruk som ligg i same område, ofte ein matrikkelgard. Likesom *trød*-husmannsplassar (jf nr. 6 i 7.2.1) står desse formene

⁶⁰ *Åsestølen* er registrert i SNP med ubf. eint., men alle hine kjeldene har støtt bf. Det same gjeld *Nystøl* /"nystø:l/, bnr. 3 under *Bjørk* og gamal husmannsplass, <*Nystølen*> i BB5:438. I SNP er normeringa alltid tilpassa etter uttalen i opptaka, so desse formene må vera påverka av den offisielle skriveforma. Eg reknar dei som avvik.

helst i simpleks, sidan dei ligg innanfor relevansområdet til hovudbruket; difor har dei ei mindre rolle i kulturlandskapet og ein lægre propriumsstatus. *Støl*-bustadnamna er ganske fåe (5 % av dei registrerte formene i SNP, liknande mengd i SKI), og er nytta for det meste om nedlagde husmannsplassar i innmarka til eit større bruk; eg vil rekna dei som mindre viktige i analysen min, sidan dei ikkje viser teikn til sjølvstendig semantisk utviding, men berre objektbyte.

I dei fleste belegga er *støl* m. etterlekk i kompositum, og har støtt bunden eintalsform (-*stølen* /'stø:d*/, i Jostedalen /'stø:l*n/) ⁶¹; slike former ugjer heile 68 % av dei 284 registrerte belegga i SNP. Som førelekk får *støl* m. alltid *s*-fuge (*støls*- /'støls/, 25 % av belegga i SNP), men det ser ut som det kan få *a*-fuga òg, endå i vesentleg mindre mon enn *s*-fuga: I SNP finst det to belegg for *støla*- /'stø:dla/, båe frå vest i kommunen (IH og Veitastrond). Denne vekslinga mellom *s*- og *a*-fuge er typisk for andre einstava ord med utlydande konsonant òg (t.d. *dal* m. med *dals*- og *dala*-), men ser ikkje ut til å ha nokon skiljande verdi ⁶². *Støl* m. kan òg finnast i simpleks, alltid i bunden eintalsform (ca. 6 % av belegga i SNP); likevel er det mykje meir merkbart at denne namnelekken er det einaste seternemnet med ålmenn spreiding over heile kommunearealet med mogelegheit for fleirtalsbøying (berre eitt belegg i kjeldene: *Gardstølane* /'ga:rstø:lane/).

Når det gjeld namnemiljøet, er *støl*-namna ganske like *trød*-namna og fungerer som analogibase berre i området rett omkring sjølve namnet. Likevel finst *støl*-namna jamt over meir som grunnord i samansetjing enn *trød*-namna, so referansen vert støtt flytta til eit anna landskapselement enn sjølve setra pga. utmerkingslekken, t.d. dei berømte *Skagastølstindane* i Hurrungane og heile namnemiljøet der (*Skagastølsdalen*, *Skagastølsvatnet*, *Skagastølsbreen*, osv.), som prototypisk sett viser meir til garden *Skagen* nede i Fortunsdalen enn til setra *Skagastølen* i Bergsdalen.

⁶¹ Nokre belegg er normerte med ubf. eint. (t.d. *Fjellstøl* /'fjElstø:d*/), men slike tilfelle lyt skuldast på den segmenterte endingskonsonanten, som gjer det umogeleg å skilja ubf. og bf. (jf. 5.1.1 om problematikane som slike former inneber for artikkelvariasjonen i stadnamn). Eg nyttar alltid lokaluttalen som påliteleg kjelde i stadnamntolkinga (jf. 4.2), difor reknar eg slike former som eigenleg bf., til liks med dei mange belegga med lik uttale som er normerte med bf. eint. (t.d. *Fjellstølen* /'fjElstø:d*/).

⁶² Jf. *Dalsevi* og *Dalastølen* på IH og *Dalagrovi* i Mørkrisdalen. Dette fenomenet har kanskje opphav i ulik talsbøying av den gamle genitiven: gn. *dals* (ubf. eint.) kontra *dala* (ubf. flt.) → *stqðuls* ('støls-') kontra *stqðla* ('støla-'), men eg tykkjer at det har meir å gjera med propriumsstatusen til namnet som fungerer som analogibase i førelekken. Eg har alt poengtert at *a*-fuga – alltid brukt i bustadnamn uansett namneform – ser ut til å verta nytta analogisk med prototypiske stadnamn som etymologisk ikkje har henne (jf nr. 4 og 7 i 7.1.1). Ser me på namneleddet *dal* m., har det no seg slik at dei fleste *dala*-formene ligg i nærleiken av eit meir prototypisk namn med *dal* m. som grunnord, t.d. gardsbruket *Dalen* på IH og setra *Dalen* i Mørkrisdalen. Dei fleste *dals*-formene ligg jo i eller ved ein dal, men utan at han heiter noko spesielt, t.d. dalføret på IH der setergrenda *Dale* ligg. Eg synest då at dette er tilfellet med Luster kommune: *Stølaplassen* på Veitastrond er ein tidlegare husmannsplass og ligg i eit større område som heiter *Stølen*; *Stølagrovi* på IH renn gjennom eit slåtteområde som heiter *Stølen*. Desse områda er truleg tidlegare setrar og dei usamansette namneformene tyder på ei viktigare stode i kulturlandskapet, med ein fylgjande høgare prototypisk karakter. *Støls*-formene ligg ved enkle setrar som ber anten andre typar namn, eller samansette *støl*-namn (som har lægre propriumsstatus enn dei usamansette). Difor har førelekken *s*-fuge, som peikar på appellativet *støl* m. og ikkje på eit meir prototypisk *støl*-særnamn.

Utmerkingslekken markerer støtt tilhøyrslø og understrekar den underordna stoda åt *støl*-seternamna i kulturlandskapet. Dette kan lett etterprøvast ved å fjerna utmerkinga: Hadde *Skagastølen* vore usms. og hine landskapselementa heitt *Stølstindane*, *Stølsdalen*, *Stølsvatnet* og *Stølsbreen*, då ville *støl*-namnet vore mykje meir prototypisk, sidan det ikkje ligg innom hovudbruket sitt relevansområde (bruket ligg langt vekke). Dette ville innebore ei langt viktigare referanserolle i kulturlandskapet og fylgjeleg ein sterkare propriumsstatus⁶³.

7.3.1 Særskilde *støl*-fomer

Den generelle karakteren åt *støl*-stadnamna og det einsarta bruksmønsteret krev ikkje ein næranalyse av alle dei enkelte belegga i kjeldematerialet. Likevel finst det nokre belegg med avvikande formell markering eller uvanleg semantisk innhald, som er verde å granska djupare.

1) *Gardstølane* på Mjølver

Gardstølane /'ga:rstø:lane/ er ei unik form i kjeldene. Namnet er registrert som heimeseter og koda inn som «gamle vårstølstuffer», som ligg fåe hundre meter opp for grenda Mjølver (ogso norm. Mjølver etter utt. /'mjølvær/) i øvste Jostedalen (315 moh.). Denne forma stadfestar den låge prototypiske statusen åt *støl* m. i høve til *-sete* og *trød*, fordi ho er eit prov for at dette namneleddet kan ha fleirtalsbøying til liks med sitt appellativiske motsvar. Eg vil rekna talvariasjonen hjå dette namnet som opphavleg aktivt (jf. 6.1.A), sidan namneforma syner samsvar mellom formell markering av numerus (bf. flt.), semantisk innhald (fleire setrar) og sanseleg namneobjekt (fleire tufter etter setrane til kvart og eitt bruk i Mjølvergrenda, som truleg hadde eigne einskilde namn før). Likevel trur eg at talvariasjonen i forma *Garsdstølane* vert oppfatta som meir passiv i dag: Namnet vert sikkert tolka som områdenemne ettersom setrane der har vore lenge nedlagde, og eg har ikkje belegg for *støl* m. i ubf. flt. i stadnamn (ufullstendig bøying som stadnamn). Dette stadnamnet er difor veldig lite prototypisk og ligg på grensa til appellativ, men held på ei minimal prototypisk markering ved overgangen i talvariasjonen mellom aktiv og passiv pga. tapet av referanseobjektet, ettersom alle bruka på Mjølver har hatt lenge heimeseter og langseter andre stader i dalen (særskilt på Liastølen og Øyastølen, BB5:593 og Øvregard 1999:63–65).

2) *Stølen* på Fevoll

Eit anna særskilt døme er *Stølen* /'stø:l*n/ på Fevoll på Mollandsmarki (Hafslo), 560 moh., berre 150 meter nord for gardshusa, som ligg 520 moh. Namnet manglar registrering av kategori og har

⁶³ Jf. 7.1 nr. 12 *Furuset* → *Øvrabøstølen* og nr. 69 *Fureset(e)* → *Bergheimstølen*, eller 7.2.3 nr. 23 og 24 *Heimste Troi* og *Øvste Troi* → *Vårstølen*. Når eit *støl*-namn tek plassen til ei forelda, mindre markert form, vert ei tydeleg eigedomsdenoterande utmerking lagd til i prosessen.

korkje merknad eller koding; staden ligg i merket med felles bumark med gardane i Kjos, men Fevoll støla aldri der, sidan garden hadde seter på Skogo (tidlegare) og i Yngsdalen. På *Stølen* har det heller aldri vore noko stølshus (BB7:1165). Dette tyder at staden kan ha vore ein enkel mjølkeklass for Fevoll før i tida, nett som dei fleste *trød*-stadene i kommunen. Dersom dette stemmer, er *Stølen* på Fevoll ei mykje meir konservativ nemning enn hine *støl*-namna i Luster.

Støl m. tyder eigenleg ein stad der bølingen står medan dei mjølkar, og den eldste bruksmåten for dette namnet er allstad i Noreg ‘tilfeldig eller skiftande mjølkeklass ute på heimebøane’ (Beito 1949:90)⁶⁴. Nemninga må alt i gamal tid ha byrja peika ut ein fast mjølkeklass anten i nærleiken av garden eller attmed selet lenger undan. Denne siste tydinga er den vanlege i Sogn, altso det same som *seter* f. tyder austanfjells (einskild seter, vanlegvis med sel, eller setergrend). Det semantiske innhaldet åt *Stølen* på Fevoll høyrer framleis til det eldre tydingslaget, og den høge alderen til namnet er stadfesta av at funksjonen til plassen er for lengst gløymd (einaste kjelda om namnet er papira frå ei rettssak mellom Fevoll og Vetleskog i 1791, der det står «Feigvold Støel», BB7:1165). Uttalen /'stø:l*n/ utan den elles vanlege segmentasjonen⁶⁵ peikar òg på at plassen ikkje har vore brukt som mjølkeklass lenge og at gardsfolka berre uttalar namnet etter skrivemåten.

Ein kan spekulera på at *støl* m., til liks med *trød* f., framleis kunne ha den opphavlege tydinga ‘tilfedig, enkel mjølkeklass’ i tidleg etterreformatorisk tid⁶⁶, eller i alle høve fram til øydetida etter Svartedauden (1350–1536). Fevoll lå nemleg aud etter pestepidemien og vart bygd opp att truleg kring 1650. Garden er nemnd for fyrste gong i åra 1664–66 som «Feivald», husmannsplass under Øvrabø på Solvorn (BB7:1167). Fevoll ligg på ein avsats rett over Feivallsberget, eit stupbratt berg rett nord for Solvorn (namna Feivallsfjellet og Bruni er ogso nytta), og me veit at Øvrabø og andre gardar nede på Solvorn hadde samanhengande busetnad under øydetida og nytta landet på Mollandsmarki. Truleg brukte ein eller fleire brukarar i Øvrebø området ovan Feivallsberget og kanskje sette namnet *Stølen* der det finst i dag.

3) *Vetlestølen* på *Rebni*

Ytterlegare stadfesting på at tydinga ‘enkel mjølkeklass’ kan ha vore vanleg for *støl* m. før i tida er områdenamnet *Vetlestølen* /'vEtlestød*n/ i innmarka til høgdegarden *Rebni* i Mørkridsdalen.

⁶⁴ Til vanleg får *støl* m. i denne tydinga ei utmerkt form, t.d. *mjølkestøl*, veldig nytta over heile Sør-Vestlandet, ofte utt. *mjølstødl* (jf. Voss og Hardanger, Heggstad 1925:246 og 1949:16). I Luster ser det ut som namnet *Mjølkeklassen* (ogso *Mjelkeklassen*, etter utt. /'mjælkeplas*n/) har ei viss utbreiing, og kan henda avløyste *støl* m. før i tida.

⁶⁵ I Hafslobygdene og i Luster er *stødl* m. einform for *støl* m.: *ein stødl – den stødl – fleire stødla – dei stødladn* (Larsen 1926: 250, 286–288, Bjørkum 1974:17).

⁶⁶ Det finst nokre belegg på *støl*-namn nytta om bustader/bruk som vart skilde frå hovudbruket so seint som på 1800-talet (t.d. *Stølen/Ormbergstølen*, sjå ovanfor). Desse formene viser kanskje til den eldre tydinga ‘enkel mjølkeklass’; slike namn ligg nemleg altfor nær hovudbruket for å ha vore eigne setrar.

Plassen ligg 435 moh. i lia opp for garden, ca. 300 meter frå heimehusa⁶⁷. Namnet er registrert i SNP med denne merknaden: «Det er ikkje stølshus her, men slåttemark med ei løe til turhøy. Om hausten mjølkar dei kyrne her og fraktar mjølka til garden med traktor». I heile kjeldematerialet er det nokso uvanleg å finna ei so detaljert skildring av eit enkelt namn, difor lyt dette tyda at sjølve namneforma er misvisande eller uklar. Det er lett å skjønna at ein kjende behovet for å spesifisera at det ikkje ligg noko sel på *Vetlestølen*, sidan vanlegvis tolkar ein *støl* m. som ‘seter’. Likesom *Stølen* på Fevoll, er denne tydinga avvikande i høve til hine *støl*-namna, men det er overraskande at staden framleis held på sin opphavlege funksjon som enkel, sesongbunden mjølkeplass.

Både den regelrette uttalen med segmentasjon og utmerkingslekken *vetle*- (‘vesle’) talar for ein levande funksjon: Etersom det ikkje finst nokon *Storestølen* i nærleiken, lyt førelekken visa til dei «større» – altso viktigare – setrar åt bruket, nemleg heimesetra Rebnisli og langsetra Myrasete (og den nedlagde Skori òg). Berre desse siste kunne bore den usms. forma *Stølen*, men ikkje sjølve *Vetlestølen* nett pga. den mindre vitkige rolla i kulturlandskapet, som er spegla i namneforma si høgare formelle markering og fylgjeleg låge propriumsstatus. *Vetle*- har då ikkje nødvendigvis denoterande verdi i høve til den faktiske storleiken, men til funksjonen til mjølkeplassen: Staden er huslaus og berre nytta om hausten, difor er han ‘mindre’.

Ei slik oppfatting kan kanskje peika på at ogso *Stølen* på Fevoll framleis kan vera i bruk som beite og mjølkeplass, og samstundes at dette siste namnet er noko meir prototypisk enn *Vetlestølen* pga. lægre formell markering (simpleks kontra kompositum). Likevel tykkjer eg ikkje det er aktuelt med endå ei inndeling innom *støl*-formene, ettersom *Stølen* og *Vetlestølen* utgjer berre ein brøkdel av *støl*-namna i Luster kommune. Då vil eg rekna dei som avvikande belegg innanfor eit nokolunde einsarta bruksmønster, utan spesiell innverknad på dei generelle observasjonane gjorde til no.

7.3.2 Implikasjonar ved *støl* m.

Støl-namna sitt bruksmønster i Luster kommune syner nokre klare grunndrag hjå namneleddet:

- *støl* har låg propriumsgrad ved høg formell markering: alltid bunden eintalsform i stadnamn, men mogelegheit for bunden fleirtalsform (prototypisk morfologisk stilling)
- *støl* har låg propriumsstatus ved høg produktivitet i talemålet, med eit levande direkte appellativisk motsvar (prototypisk semantisk stilling)
- *støl* har låg propriumsgrad ved generelt semantisk innhald: Formene lyt som regel utmerkjast med eit meir proprialt stadnamn. *Støl* m. er difor ikkje motstanddyktig mot inntrenging av meir

⁶⁷ Denne plasseringa rett utanfor heimebøen er i samsvar med mangt eit *trød*-namn i tyding ‘mjølkeplass’ (jf. 7.2.8.3), og er vanleg andre stader på Sør-Vestlandet òg (jf. Heggstad 1949:16).

prototypiske namneledd i sitt eige relevansområde i kulturlandskapet (prototypisk stilling i trongt namnemiljø).

- *støl* har låg propriumsgrad ved å vera nytta som analogibase og geografisk referanse berre på kort avstand og oftast med meir proprial utmerking i førelekken (prototypisk stilling i vidt namnemiljø).

Tydingsinnhaldet i sjølve namneelementet *støl* m. kan ha to definisjonar:

- Trong definisjon: *støl* = stadnamnlekk med låg propriumsgrad nytta om kva som helst setringsområde som er kulturelt og formelt knytt til eit bruk.
- Vid definisjon: *støl* = lite prototypisk nemning på arbeidsplass prega av generelle menneskelege verdiar og med underordna stilling i kulturlandskapet. Den sær s ålmenne tydinga til namnet inneber ein vedvarande trong for ytterlegare markering, både kulturelt og formelt, som minskar propriumsstatusen til namnet.

7.4 Oppsummering

I dette kapitlet har eg granska variasjonen innom stadnamn som omtalar plassar nytta som setrar. Analysen stadfesta for det meste observasjonane gjorde under den induktive kjeldeanalysen: seternamna med *-set(e)* n. som grunnord er mest prototypiske, medan *støl* m. dannar dei minst prototypiske og *trød* f. står i ei mellomstilling.

Det har vist seg at *sete*-namna ikkje kan dela namnemiljøet med andre prototypiske namn pga. den sterke prototypiske karakteren. Dette har eg kalla **prototypebasert balanseprinsipp**: Namn med særleg høg propriumsstatus kan ikkje trengja inn i relevansområda til kvarandre, sidan dei viser like sterk menneskeleg påverknad. Storleiken til det kulturelle 'valdet' åt eit stadnamn innanfor éin namnekategori verkar då vera direkte proporsjonal med namnet si prototypiske stilling i onomastikonet. Difor ligg *sete*-namna som regel langt frå garden, so dei ikkje kjem i konflikt med den kulturelle tyngda åt gardsnamnet i terrenget. Dette resulterer ofte i at langsetrar ber *sete*-namn.

Trød-namna er mindre prototypiske enn *sete*-namna, men ikkje so lite prototypiske som *støl*-namna, og syner ei redusert form for balanseprinsipp: Dei har som regel **komplementær spreining** med *sete*-namna, men lyt liggja innanfor garden sitt relevansområde pga. svekt sjølvstende i namnelandskapet. Dette resulterer ofte i at heimesetrar ber *trød*-namn. Den mellomhøge prototypiske statusen åt slike former, som plasserer dei midt i spektrumet for propriumskarakteren i onomastikonet, gjer dei til dei mest utsette for semantisk reanalyse blant seternamna, både mot

høgare og lægre propriumskarakter. Under kjeldeanalysen observerte eg at *trød* f. kunne ha tre ulike tydingsvariantar, men næranalysen av belegga peikte heller på fire: 1) ‘mjølkeplass’ (grunntyding), 2) ‘stølstun’ (mindre prototypisk); 3) ‘einskildstøl i ei stølsgrend’ (meir prototypisk); 4) ‘heimestøl’ (mest prototypisk). Dei to siste har mykje av den prototypiske markeringa til felles, so det er forståeleg at dei framstod som éi einaste tyding under den fyrste, meir overfladiske kjeldeanalysen.

Støl-namna er dei minst prototypiske blant seternamna, sidan dei har eit levande appellativisk motsvar med produktiv fullbøying i talemålet. Som stadnamn er *støl* m. veldig lite spesifikt og treng difor størst markering, både formelt og kulturelt. *Støl*-namna ligg rett og slett **på grensa mot appellativ**, og dette fører til ein generell låg propriumsstatus. Det har vist seg at *støl*-formene kan vera utsette for semantisk reanalyse og utviding som *trød*-namna, men dette fenomenet er sopass avgrensa og sjeldsynt at dei utvida tysdingsvariantane ‘mjølkeplass’ og ‘bustad’ lyt reknast som marginale i namnegruppa. Det semantiske innhaldet i *støl*-stadnamna er beintframt ‘plass der setra ligg’ utan vidare spesifisering, og det fell saman med tydinga åt appellativet *støl* m. Difor er dette namneleddet lettast å ta i bruk for namngjevaren, ettersom det ikkje krev spesifikke prototypiske vilkår i namnemiljøet. Dette forklarar kvifor *støl* n. er dominerande i namnelandskapet og har tendens til å verta teke i bruk der eldre, meir prototypiske namneledd (t.d. *-set(e)*) allereie finst.

På neste side: ein skjematisk illustrasjon på både onomastikonstillinga til dei ulike seternemna granska i dette kapittelet og dei enkelte formene sine tilhøve til einannan.

Propriumsgrad	Grunnord	Tydingsvariant	Ålmenne prototypiske eigenskapar	Spesifikke prototypiske eigenskapar
Mest prototypisk	1. <i>Sete n.</i> -set(e)	1. -sete = '(lang)seter eller gardsbruk'	A. Sesongbunden menneskeleg busetnad og aktivitet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Inga formell markering (fast ubf. eint.); 2. Uproduktiv appellativisk bruk; 3. Kan ikkje konkurrerast innan same relevansområde; 4. Produktiv analogibase.
		2.1 -troi = '(heim)seter'		
		2.2 -troi = 'einskildseter innanfor ei setergrend'	B. Sesongbunden menneskeleg aktivitet + ev. busetnad	<ol style="list-style-type: none"> 1. Delvis formell markering (bf. eint.); 2. Delvis produktiv appellativisk bruk (forelda ord i dialekta); 3. Kan konkurrerast innan same relevansområde; 4. Mindre produktiv analogibase (trongt namnemiljø).
Middels prototypisk	2. <i>Trød f.</i> -troi	2.3 -troi og 3.1 -stødl = 'enkel mjølkeplass' (grunntyding)		
		2.4 -troi = 'setertun/selbø'	C. Berre sesongbunden menneskeleg aktivitet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Høg formell markering (full bøying); 2. Produktiv appellativisk bruk (levande ord i dialekta); 3. Kan konkurrerast innan same relevansområde; 4. Mindre produktiv analogibase (trongt namnemiljø).
Minst prototypisk	3. <i>Støl m.</i> -stødl	3.2 -stødl = 'jordstykke der setra ligg'		

Tab. 13: Propriumsgrad til dei ulike seternemna i kulturlandskapet i Luster kommune

8. Konklusjon

I denne avhandlinga har eg granska stadnamn frå Luster kommune i Indre Sogn. Problemstillinga mi tek utgangspunkt i eit prototypebasert og synkronisk syn på emnet; føremålet med dette arbeidet har vore å studera namna i kulturlandskapet som éin einaste kognitiv storleik, og so prøva å forklara stillinga og rolla til dei ulike namneformene i det mentale onomastikonet åt namnebrukarane. Ei viss avgrensing av granskingsområdet har vist seg å vera uungåeleg og eg har valt å fokusera på to hovudfenomen: 1) den morfologiske vekslinga i talforma hjå bruksnamn, seternamn og teignamn med likt grunnord; 2) den semantiske variasjonen mellom seternamn med ulikt grunnord. Desse fenomenena var aldri oppfatta som åtskilde; derimot har dei mykje innbyrdes teoretisk påverknad, særskilt har resultatata av analysen av talvariasjonen mykje å seia for grunnordsbrigdet i seternamn.

8.1 Resultata av granskinga

Talvariasjon

Det viktigaste resultatet m.o.t. talvariasjonen har vore at dette fenomenet har tydeleg stillingsskiljande verdi i onomastikonet. Tidlegare forskning poengterte allereie at eintalsforma er meir prototypisk enn fleirtalsforma, men analysen min har synt at denne generelle regelen eigenleg er mykje meir strukturert og nyansert. Den prototypiske markeringa av fleirtalsforma er ikkje einsarta, og propriumsfunksjonen til sjølve namneformene speglar seg i tilhøvet mellom tydingsinnhaldet og den formelle markeringa: Namneformene med passiv talvariasjon (dvs. berre morfologisk, utan samsvar med det faktiske semantiske innhaldet) har høgare propriumsstatus pga. svakare semantisk motivering; formene med aktiv talvariasjon (dvs. fullt samsvar mellom morfologisk talform og semantisk innhald) har lægre propriumsstatus pga. sterkare semantisk motivering. Dette resulterer i at bf. flt. av grunnord med passiv talvariasjon ofte vert nytta som områdenemne/samlenemne (ikkje faktisk fleirtalsnamn), sidan den svakare grammatiske markeringa tillèt namnet å visa til éin einaste, meir generell referanse ute i den røynde verda.

To namnegrupper har merkt seg ut under næranalysen av belegga på talvariasjon: avleidde fleirtalsnamn og former med fastgrodd dativending. Avleiingane syner jamt over sterk propriar karakter: Avleiing inneber jo større formell markering av namneforma, men minskar grunnordet si moglegheit for morfologisk modifikasjon (→ lægre rekursivitet) og gjer tydingsinnhaldet mindre tydeleg (→ svakare semantisk motivering). Desse eigenskapane fører til ei generelt høgare prototypisk stilling i onomastikonet.

Dativnamna vik frå hovudmønsteret for talvariasjon ved å ikkje syna noko tydeleg stillingskil i onomastikonet etter talform. Dativendinga minskar heilt rekursiviteten til grunnordet og hindrar all bøying ettersom namneforma er reanalysert som eit uproduktivt lemma. Propriumsfunksjonen til dativnamna vert då markert morfologisk hjå eintalsforma – som oftast er usms. og har sterkt samband med den appellativiske delen av det mentale leksikonet – men semantisk hjå fleirtalsforma – som oftast står i modifisert form (sms./avleiing) og er stort sett ugjennomsynleg. Kasusbøying er ikkje noko produktivt språktrekk i dialekta i Luster kommune i dag, difor framstår dei ulike talformene av dativnamna som jamgode frå eit prototypisk synspunkt.

Leksikalsk brigde i seternamn

Analysen av variasjonen innom seternemne har fokusert stort sett på namnelekkane *sete* n., *trød* f. og *støl* m., utanom dei formene alt analyserte i høve til talvariasjonen (enkle substantiviske namn og dativnamn). Generelt gav analysen eit dynamisk og variert, men homogent bilete av onomastikonet.

Sete n. har vist seg å vera den mest prototypiske namnelekken, nytta helst om langsetrar og bustader, altså plassar med ei sentral rolle i kulturlandskapet. Den høge propriumsstatusen til denne namnelekken gjer det umogeleg for andre prototypiske namn å trengja inn i *sete* n. sitt kulturelle relevansområde i terrenget, difor utvikla eg ein modell eg kalla for *prototypebasert balanseprinsipp*, som forklarar plasseringa av *sete*-namna i landskapet (som regel langt frå garden).

Trød f. er ein nokso prototypisk namnelekk, nytta helst om heimesetrar og enkle mjølkeplassar. Analysen viste at i Luster kommune har dette namnet tendens til å ha komplementær spreining med *sete*-namna, sidan dei fleste belegga ligg innanfor relevansområdet til det tilsvarende gardsnamnet. Denne stoda vitnar om både svakare propriumsfunksjon enn *sete*-namna og underordna stilling i onomastikonet. *Trød*-namna har eit mykje meir varierende semantisk innhald enn hine seternemna, og under analysen greidde eg identifisera heile fire ulike tydingsvariantar i Luster kommune: 1) ‘mjølkeplass’ (grunntyding), 2) ‘stølstun’ (mindre prototypisk); 3) ‘einskildstøl i ei stølsgrend’ (meir prototypisk); 4) ‘heimestøl’ (mest prototypisk).

Støl m. er den mist prototypiske namnelekken i seternamntilfanget frå Luster kommune, nytta om kva som helst jordstykke der det ligg eikor brukseining knytt til seterdrifta. *Støl* m. er det einaste seternemnet med eit levande, fullbøyggt appellativisk motsvar i sognemålet; det semantiske innhaldet er ogso veldig lite spesifikt (‘plass der setra ligg’) og treng difor størst markering, både språkleg (→ stadig utmerking) og i samfunnssamanheng (→ stadig tilvising i utmerkinga til ein plass som ber eit meir prototypisk namn). Denne namnelekken lyt då mest reknast som eit appellativ, og har difor svært svak propriumsfunksjon og låg stilling i onomastikonet.

Propriums-grad	Ålmann tyding og prototypisk markering	Grunnord	Spesifikk tyding	Spesifikke prototypiske eigenskapar
Mest prototypisk	A. Gards- og bustadnamn (fast menneskeleg busetnad og aktivitet)	A.1 Dativnamn	A.1 = <i>gardsgrend / gardsbbruk</i>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fastgrodd dativending 2. Inga formell markering, 3. Ikkje produktiv appellativisk bruk, 4. Ikkje konkurrerbar innan same relevansområde, 5. Produktiv analogibase (vidt namnemiljø).
Middels prototypisk		A.2/B.1 Sete n. -set(e)	A.2 = <i>gardsbruk</i> B.1 = <i>(lang)seter</i>	
Lite prototypisk	B. Seternamn (sesongbunden menneskeleg busetnad og aktivitet)	B.2 Trød f. -troi	B.2.1 = <i>(heim)seter</i> B.2.2 = <i>einskildseter innanfor ei setergrend</i> B.2.3 -troi og B.3.1 -stødl = <i>enkel mjølkeplass</i> (grunntyding)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Delvis formell markering (berre eintalsbøying), 2. Delvis produktiv appellativisk bruk (forelda ord i dialekta), 3. Kan konkurrerast innan same relevansområde 4. Mindre produktiv analogibase (trongt namnemiljø).
Minst prototypisk		B.3 Støl m. -stødl	B.2.4 = <i>stølstun/selbø</i> B.3.2 = <i>jordstykke der setra ligg</i>	
	C. Teignamn, vegnamn, osb. (berre menneskeleg aktivitet)	C.1 Namn med aktiv talvariasjon	<i>landskapsdel med generell funksjon</i>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Høg formell markering (full bøying), 2. Produktiv appellativisk bruk (levande ord i dialekta), 3. Kan konkurrerast innan same relevansområde, 4. Sjeldan produktiv analogibase.

Tab. 14: Prototypiske tilhøve i onomastikonet mellom hovudformene granska i avhandlinga

8.2 Kommenterarar til arbeidsmetoden og vidare gransking

Avgrensinga av hovudfenomena (sjå ovanfor) har ikkje vore vilkårleg; ho er resultat av ein ekstensiv induktiv analyse av kjeldematerialet. Denne fyrste drøftinga hjelpte til å identifisera dei ovringane som ikkje var i samsvar med tidlegare teoriar eller ikkje var forklarte av tidlegare studiar. Desse ovringane tok eg med i prosjektet mitt, og undersøkte dei på ein intensiv og deduktiv måte. M.o.t. dette tilhøvet sette eg opp granskinga mi i to hovudbolkar: Induktiv analyse (det sams førebuande avgrensingsarbeidet) og deduktiv analyse (næranalysen av talvariasjonen og grunnordsbridget). Arbeidsmetoden min under den deduktive analysen har vore ein kombinasjon av tradisjonell næranalyse av dei enkelte namneformene (jf. 4.4, formell parameter) og næranalyse av namnemiljøet og terrenget kringom dei aktuelle belegga (jf. 4.4, leksikalsk parameter).

Eg bestemte meg for å ta i bruk eit slikt system som eit forsøk på å forstå stadnamna best mogeleg som både språkleg og kulturelt objekt. Eg synest det var eit vellukka forsøk, sidan næranalysen har synleggjort mangt eit mindre utbreitt fenomen, som eg under den fyrste induktive analysen ikkje hadde klart å få auge på. Nokre tydelege døme på dette er: den tvidelte, talstyrde prototypiske markeringa hjå dativnamna, balanseprinsippet hjå *sete*-namna (som løyser den langvarige debatten om primærtydinga til slike former) og den firdelte tydingsinndelinga hjå *trød*-namna. Ei viktig føremon med ein slik metode var at eg støtt hadde kontroll på kvart einaste aktuelt belegg, og kunne då setja opp veldig skreddarsydde hypotesar. Likevel var ei nokso stor ulempe at eg vart heilt avhengig av å ha ein svær empiri inne i teksten, som gjorde det ganske avbakleg å driva med samanliknande analyse av ulike ovringar, ettersom kvart einaste emne tok mykje plass. Empirien er likevel heilt naudsynt å ha i teksten for lesaren òg, tykkjer eg, sidan han skal kunna sjå fenomenen direkte; dette lyt me difor berre bala med.

Det hadde vore interessant å prøva metoden min på namnetilfanget frå andre stader på Vestlandet, for å sjå om dei prototypiske tilhøva som gjeld for Luster kommune har større spreining i resten av regionen og kan seiast å vera typisk vestlandske. Eg gjorde det so vidt ved å samalikna mine data med opplysingar frå andre bygder i Sogn, på Voss og i Hardanger, men eg dreiv på ingen måte med ei eigenleg systematisk drøfting av namnelandskapet på dei stadene. Eg påstår at ein liknande studie av stadnamna frå spesielt Sør-Vestlandet kan gjeva spanande resultat. Eg tykkjer òg at den kombinerte språklege-kulturelle granskinga av seternamna har stort potensial. I Noreg finst det mange ulike typar aktiv stølsdrift, men namna knytte til dei har for det meste vore granska etter den klassiske kategoriseringsmodellen, med hovudfokus på etymologi og tolking (fyrst og fremst etter Beito 1949). Kva for særigne, lokalbundne dynamikkar i samspelet mellom mennesket og landskapet som ligg gøymde bak stadnamna si reint språklege overflate, lyt ein berre finna ut.

Litteratur

Akselberg, Gunnstein 2002: *Kategorisering som prinsipp i namnegranskinga. Ei teoretisk-metodisk drøfting med utgangspunkt i onomastikonmodellen*. I: Ainiala, Terhi og Peter lotte (red.): *Avgränsning av namnkategorier – rapport från NORNA's tjugonionde symposium på Svidja 20-22 april 2001*. Tallin: Forskningscentralen för de inhemska språken. Side 37–77.

Andersen, O. Heitmann 1946: *Stedsnavnenes grammatiske former – en kort orientering*. Oslo: O. H. Andersen.

Austad, Ingvild 1998: *Hagemark og lauveng på Vestlandet*. I: Framstad, Erik og Lid, Ingunn B. (red.): *Jordbrukets kulturlandskap – forvaltning av miljøverdier*. Oslo: Universitetsforlaget. Side 41–49

Bakken, Kristin 1994: *Navnelaging og onomastikonet*. I: *Namn og Nemne* nr. 11. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. Sider 35–45.

Bakken, Kristin 1997: «Nedervd uttale» av stedsnavn: *Ei problematisering*. I: *Namn og Nemne* nr. 14. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. Side 43–58.

BB1 = Øyane, Lars E. 1984: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 1: Fortun sokn*. Gaupne: Luster kommune

BB2 = Øyane, Lars E. 1986: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 2: Dale 1 sokn*. Gaupne: Luster kommune

BB3 = Øyane, Lars E. 1987: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 3: Dale 2 – og Nes sokn*. Gaupne: Luster kommune

BB4 = Øyane, Lars E. 1991: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 4: Gaupne sokn*. Gaupne: Luster kommune

BB5 = Øyane, Lars E. 1994: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 5: Jostedal sokn*. Gaupne: Luster kommune

BB6 = Øyane, Lars E. 2004: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 6: Eikum ytre – Høgi*. Gaupne: Luster kommune

BB7 = Øyane, Lars E. 2007: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 7: Dalen – Fevoll*. Gaupne: Luster kommune

BB8 = Øyane, Lars E. 2008: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 8: Veitastrond*. Gaupne: Luster kommune

BB9 = Øyane, Lars E. 2012: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 9: Hafslø 1*. Gaupne: Luster kommune

BB10 = Øyane, Lars E. 2013: *Gards- og ættesoge for Luster kommune – Band 10: Hafslø 2*. Gaupne: Luster kommune

Beito, Olav T. 1949: *Norske sæternamn*. Oslo: Aschehoug

- Bjørkum, Andreas 1974: *Generasjonsskilnad i indresogsmål – talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brink, Stefan 1987: Till frågan om ortnamnselementet -setr, dess ursprung och betydelse. I: *Namn og Nemne* nr. 4. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. Side 79–84.
- Daugstad, Karoline og Jones, Michael 1998: *Kulturlandskapet i forvaltningen – begrepsbruk og verdisyn*. I: Framstad, Erik og Lid, Ingunn B. (red.): *Jordbrukets kulturlandskap – forvaltning av miljøverdier*. Oslo: Universitetsforlaget. Side 158–165.
- Hallaråker, Peter 1997: *Innføring i stadnamn – innsamling og gransking*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hamre, Håkon 1961: *Vestnorske ordsamlingar frå 1700-talet*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Harsson, Margit 2002: *Gardsnamn som kjelde i bygdehistoria*. I: Sprauten, Knut (red.): *Å kallast med sitt rette namn – person- og stadnamn i lokalhistoria*. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt. Side 138–171
- Haslum, Vidar 2003: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk – en studie i onomastikk og dialektologi*. Doktoravhandling: Bergen: Nordisk institutt, Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen.
- Heggstad, Leiv 1925: *Stadnamn i Ulvik*. I: Olafsen, Olaf: *Ulvik i fortid og nutid – En bygdebok*. Band 2. Norheimsund: Skaars Boktrykkeri. Side 241–332
- Heggstad, Leiv 1949: *Stadnamn på Voss*. Voss: Folkeminnenemndi.
- Helleland, Botolv 1989: *Til diskusjonen om -sete som gards- og stølsnamn*. I: *Namn og Nemne* nr. 6. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. Side 59–73
- Helleland, Botolv 1992: *Semantiske kategoriar i teignamn*. I: Harling-Kranck, Gunilla og Lars Huldén (red.): *Ägonamn: Rapport fran NORNA:s sjuttonde symposium pa Svidja 24-26 maj 1991*. Uppsala: NORNA-Förlaget. Side 155–175.
- Helset, Stig J. 2013: *Tilhøvet mellom onomastikon og leksikon ; ei gransking med utgangspunkt i namn på pinaklar og klatreruter*. I: Fridell, Staffan (red.): *Namn och bygd – tidskrift för nordisk ortnamnsforskning* 101 (2013). Uppsala: Side 135–154.
- Indrebø, Gustav 1921: *Stadnamni i ei fjellbygd (Haukedalen, Fyrde i Sunnfjord) – ei oversyn*. I: *Maal og minne* 1921:3. Oslo: Bymålslaget ved Novus Forlag. Side 113–210.
- Indrebø, Gustav 1926: *Kasus obliquus i norske stadnamn*. I: *Maal og Minne* 1926. Oslo: Bymålslaget ved Novus Forlag. Side 71–102
- Indrebø, Gustav 1936: *Nokre fjellnamn i Sogn*. I: *Maal og Minne* 1936. Oslo: Bymålslaget ved Novus Forlag. Side 36–75
- Jones, Michael 1999: *Kulturlandskapets utvikling i Norge – mellomfagskompendium i historisk geografi*. Trondheim: Geografisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Laberg, Jon 1926: *Hafslo: bygd og ætter*. Bergen: Grieg.
- Laberg, Jon 1938: *Lærdal og Borgund: bygd og ætter*. Bergen: Grieg.
- Langendonck, Willy Van 2007: *Theory and typology of proper names*. Berlin: Mouton de Gruyter.

- Larsen, Amund B. 1926: *Sognemålene*. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Midttun, Sigurd Dahl 1958: *Stadnamn i Årdal i Sogn*. Bergen: Beyer Boktrykkeri
- NG1 = Rygh, Oluf 1969 [1898]: *Norske Gaardnavne – Oplysninger samlede til brug ved Matrikelens Revision – Forord og Indledning*. Oslo: Børsum Forlag.
- NG11 = Rygh, Oluf og Olsen, Magnus (red.) 1969 [1910]: *Norske Gaardnavne – Oplysninger samlede til brug ved Matrikelens Revision – Søndre Bergenhus Amt*. Oslo: Børsum Forlag.
- NG12 = Rygh, Oluf og Kjær, Albert (red.) 1969 [1919]: *Norske Gaardnavne – Oplysninger samlede til brug ved Matrikelens Revision – Nordre Bergenhus Amt*. Oslo: Børsum Forlag.
- NO4 = *Norsk ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet – Band 4: Gige - harlemmerolje*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2002.
- NO6 = *Norsk ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet – Band 6: K - kåvå*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2007.
- NO7 = *Norsk ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet – Band 7: L – mugetuft*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2008.
- NRG = Faarlund, Jan Terje 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Reinton, Lars 1976: *Til seters – Norsk seterbruk og seterstell*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Olsen, Magnus 1926: *Ættegård og helligdom – norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*. Oslo: Aschehoug.
- Sandnes, Jørn 1975: *Gardsnavn på -set, bøyningsformer og alder*. I: Bjørkvik, Halvard (red.): *Heimen XVI (1973–75)*. Side 513–516
- Sandnes, Berit 1997: *Teignavn som forskningsobjekt – problemer og perspektiver*. I: *Namn og Nemne* nr. 14. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. Side 59–68.
- Uglum, Arve og Vangsnes, Øystein (red.) 2010: *Grautmål*. Leikanger: Skald.
- Vinjum, Erlend 2004: *Aurland – Stadnamn og kulturhistorie*. Hokksund: Erlend Vinjum
- Vågslid, Eivind 1974: *Stadnamntydingar – 2*. Eidsvoll: E.Vågslid, i kommisjon hos Johan Grundt Tanum.
- Wetås, Åse 2005: *Tveiten og Tortveit – Om opphavleg oblik form i stadnamn*. I: Nyström, Staffan (Red.): *Namnens dynamik – utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick – handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15-18 augusti 2003*. Uppsala: NORNA-Förlaget. Side 345–358.
- Ølmheim, Per Arvid 1983: «.. sa sogningen til fjordingen»: *målføre i Sogn og Fjordane*. Bergen: Sogn Mållag & Firda Mållag.
- Ølmheim, Per Arvid 2008: *Frå Gygrekjeften til Gygrarøvi – Ei nettreise i natur og kultur – Stadnamnprosjektet i Sogn og fjordane*. Leikanger: Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Øvregard, Kåre 1999: *Stølar og støsliv i Luster kommune*. Leikanger: Skald.

Samandrag

Denne teksten er ein gjennomgåande studie av stadnamn i det rurale kulturlandskapet i Luster kommune i Indre Sogn. Hovudkjelda mi for granskinga har vore stadnamninnsamlinga til *Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane 01.08.85 – 31.12.86*, som femnar heile 18845 namn frå området og vart utført av Fylkesakrivet i Sogn og Fjordane og sjølve Luster kommune. Som kontrollmateriale og utfyllande hovudkjelde brukte eg den sokalla *Skuleborninnsamlingi* sett i gang av Gustav Indrebø på 1930-talet; for dagens Luster kommune består innsamlinga av heile 595 handskrivne oppskrifter, delte opp etter dei tre tidlegare herada Hafslo, Jostedal og Luster. Analysen gjekk føre seg i to bolkar. Fyrst ein generell, induktiv kjeldeanalyse, so ein deduktiv næranalyse av dei aktuelle belegga. Under den induktive analysen avgrensa eg to hovudfenomen å undersøkje deduktivt: 1) den morfologiske talvariasjonen hjå bruksnamn, seternamn og teignamn med likt grunnord; 2) den semantiske variasjonen mellom seternamn med ulikt grunnord.

Talvariasjonen har vist seg å ha stillingsskiljande verdi i onomastikonet, og analysen min har framheva at propriumsfunksjonen til namneformene speglar seg i tilhøvet mellom tydingsinnhaldet og den formelle markeringa. Eg har identifisert eit tvidelt mønster hjå enkle substantiviske namn (eg kalla det *aktiv* kontra *passiv* talvariasjon), medan avleidde namn har vist seg å vera noko meir prototypiske enn gjennomsnittet. Dativnamna er derimot sopass proprialiserte at dei vik frå det generelle mønsteret ved å ikkje ha stillingsskil i onomastikonet mellom eintal- og fleirtalsform, men likevel er dei delte inn etter korleis dei markerer propriumsstatus (eintalsforma gjer det morfologisk, medan fleirtalsforma semantisk).

Analysen av seternamna fokuserte på namnelekkane *sete*, *trød* og *støl*, utanom hine formene granska i høve til talvariasjonen. Plasseringa av *sete*-namna – nytta helst om langsettrar – har vist seg å fylgja eit ganske einsarta bruksmønster eg kalla for *prototypebasert balanseprinsipp*, som er resultat av namnelekken sin høge propriumsstatus og den fylgjande dominerande rolla i kulturlandskapet. Dette prinsippet har gjort det mogeleg å avgjera at *sete* som grunnord primært peikar på tydeleg menneskeleg busetnad. Namnelekken *trød* – nytta helst om heimesettrar og enkle mjølkeplassar – synte derimot eit særleg varierende bruksmønster og ei mellomhøg stilling i onomastikonet, med heile fire tydingsvariantar med ulik propriumsstatus. Eit viktig funn har vore at *sete* og *trød* til vanleg har komplementær spreing i terrenget, som svarar til komplementære prototypiske vilkår. *Støl* – nytta generelt om plassen der setra ligg – er det einaste seternemnet med eit direkte appellativisk motsvar i sognemålet. Denne namnelekken lyt då reknast som nesten appellativ og propriumsfunksjonen hans kan berre vera låg; semantisk reanalyse og proprialisering mot tydingsvarianten ‘mjølkeplass’ ser likevel mogelege ut, endå i mykje mindre mon enn hjå *trød*.

Summary

This paper is a thorough study of place names from Luster municipality in the rural district of Indre Sogn. My main source for this analysis is a collection of toponyms from the *Place Name Project in Sogn og Fjordane 01.08.85 – 31.12.86*, which was conducted by the County Archives in Sogn og Fjordane and the municipality of Luster itself, and includes 18845 names from the area. As additional source I used the so-called *Schoolchildren collection* of place names, started by Gustav Indrebø in the 1930s, which includes 595 handwritten lists for today's Luster area, divided accordingly with the three elder municipalities of Hafslo, Jostedal and Luster. The actual analysis consisted of two main parts: First a general and inductive analysis of the source materials, then a deductive, in-depth analysis of the relevant names. During the inductive analysis I identified two main phenomena to be taken further in the deductive analysis: 1) the morphological variation of the grammatical number in names with the same base word used about farms, summer pastures and fields; 2) the semantic variation in names with different base words used about summer pastures.

The variation of the grammatical number has been shown to have defining prototypical value in the lexicon, and my analysis has highlighted that the name's proprial function is reflected in the relationship between its semantic content and formal mark. I identified a twofold pattern in the behaviour of simple substantival names (I called it *active* versus *passive* number variation), while derived words appeared to be slightly more prototypical than average. On the other hand, names that display fossilised dative inflection are so inherently proprial that they do not show any defining prototypical value but the strong proprial status itself, but are nevertheless organised by the way they mark their prototypical function (singular forms mark it morphologically, plural forms semantically). The analysis of names of summer pastures focused on the name elements *sete*, *trød* and *støl*. The placing of *sete*-names – which refer mostly to faraway pastures – follows a uniform pattern I formalised in a model called *prototype based balancing*, which is the result of the name's strong proprial status combined with its dominant position in the cultural landscape. This model made it possible to define that the name element *sete* primarily refers to human settlement. The name element *trød* – which refers mostly to nearby pastures – has on the other hand a highly shifting pattern and a mid-range position in the onomasticon, with four different semantic variants and four different proprial functions. *Sete* and *trød* have usually complementary distribution, which corresponds to complementary prototypical conditions. *Støl* – which means 'place where the summer pasture is located' – is the only name with a direct appellative counterpart in the local dialect; therefore I considered it mostly appellative, even though reanalysis towards a more proprial meaning 'summer pasture' can occur in some few cases (but not as systematically as with *trød*).

Vedlegg

Vedlegg 1. Mindre kasusrestar i namnematerialet frå Luster kommune

Voll m. finst nokre gonger i den gamle omlydsforma *vellene* (frå gn. *vellirnir*, nominativ fleirtal):

- *Velene* /"væ:led*n/ («beitemark» i utmark); Midtstølen, IH
- *Vellene* /"vEdled*n/ («kupert, bratt område»), med *Velluri* /"vEdlu:ri/ og *Vellasteinen* /"vEdlastain/; Snauedalen, Veitastrond
- <*Vassvellene*> («skogteig», upublisert so utan uttale), med <*Vassvellegrindi*> («grind») og <*Vassvallestegen*> («veg»); Børtnes, Solvorn (sørsida). I Gaupne i Luster finst det eit regelrett motsvar: *Vassvollane*.

Elles finst appellativet som tilsynelatande genitiv i utmerkingslekk:

- *Vallagardane* /"valaga:rad*n/ («vik i Hafsløvatnet (?)»), grunnordet *gard m.* var mykje brukt før for dagens *gjerding m.*, særskilt steingjerding, kanskje var plassen eit gamal gjerde/ein inngjerda åker eller liknande, no neddykka); Oklevik, YH
- <*Valde*>: upublisert, so utan uttale, *Valde* på kartet («åker, eng, grande, reine»), men NG: *Valle* /va²dledn/ [va²dladn, te va²dla] (bruk), og SKI: <*Valle*>, <*Vadledn*>. I same området finn me <*Valdegjerdet*>/<*Vadlegjerdet*> («eng»), <*Vadlaperstrøk*> (utan forklaring), <*Valdhullet*> («eng»); Gaupne, Jostedal.

Osp m. har eit par belegg i genitivforma *aspa(r)*:

- *Aspargalden* /"aspargald*n/ («gammal kløvjeveg»); Solvorn, YH
- *Aspamo* /"aspamo:/ («stor furumo»); Havåsen, Jostedal

Den gamle sideforma *espi* n. ('ospetre') har òg nokre belegg, alle frå avsidesliggjande grender i dalane:

- *Espe* /"æspe/ («gardsbruk»), NG: /æ²sspe/; Gjerde, Jostedal
- *Espe* /"Espe/ («mykje osp her»); Mørkridsdalen, Luster
- <*Espe*>, upublisert so utan uttale («brattlendt, skogdekt beitemark»); Fortun, Luster
- *Espene* /"æspene/ («beitemark, ei tunge»); Mjølver, Jostedal
- <*Espedn*>: upublisert so utan uttale («liten samling av osp»); Bolstad, Luster

Oksl f. ('aksel') finst tre gonger i genitivforma *aksla-*, elles alltid regelrett:

- <Aksladokki>, upublisert, korkje forklaring eller uttale; Urnes
- *Akslahamrane*, ikkje registrert, berre på kartet; Fåbergøyane, Jostedalen
- *Vedakslavegen* /"ve:akslavE:gen/ («stig, henta ved til stølen frå skogen her»), sikker genitiv, jf. *Vedoksli* /"ve:åksli/ («skogsli»), rett attmed. Kroken, Luster.

Flote m. finst nokre gonger i omlydsforma *fletene* (frå gn. *fletirnir*, nominativ fleirtal):

- *Geitaflatene* /"jai:taflæ:tene/ («liti flat; tidlegare slåttemark, no beite»); Kruna, Jostedal
- <Fletene> (utan merknad); Mollandsmarki, YH (kanskje det same som *Flæto*?)
- <Fletemarki> («gamal slåtteteig»), <Fletehaugen> («gamal slåtteteig m. løe»), <Fleteobben> («merke i fjellet») og <Fletesvåden> («gamal slåtteteig»), alle upubliserte og difor utan uttale; Urnes. Namna er registrerte saman og ein skulle venta seg eit områdenamn *Fletene*, men det ser ikkje ut til å finnast i innsamlinga for Urnes. Forma *flete(ne)* er mest truleg ein arkaisme her, ogso pga. dei mange *flat(ane)* brukte både som grunnord og utmerkingsledd.

Døs f. (gamalt: 'steinrøys, gravrøys, ur', no berre i garsnamnet *Døsi* i Luster) finst nokre gonger i genitivforma *døsj-*/*dysja-*, som alltid viser til garden:

- *Dysjagjerdet* /"døsjajæ:re/ («slåttemark»); Dalsdalen, Luster
- *Dysjateigen* (3 namn) /"døsjatai:g*n/ (2) eller /"døsjatai:gen/ («slåttemark/skogateig»); Dalsdalen og Ulvagalden (sørsida), Luster
- *Døsjaelvi* /"døsjElvi/ («elv»); Dale, Luster
- *Døsjaurane* /"døsju:rad*n/ («ur»); Dale, Luster

Svart adj. har nokre belegg i omlydsforma *svort(e)-* (frå gn. *svørt(u)*, sterkt hokj. nominativ eint., svakt hokj. oblik eint. eller svak fleirtal alle kasus og kjønn):

- *Svortebakken* /"svårtebaken/ («bratt beitemark»), kanskje analogisk form pga. hankjønn eint.; Gjerde, Jostedal
- *Svortediki* /"svårtedi:Ki/ («svarte torvmyrar»); fellesområdet i fjellet, Ytre Hafslø
- *Svortemyr* /"svårtemy:r/ («åker»); Solvorn, YH
- *Svortemyri* (3 namn) /"svårtemy:ri/ eller /"svortemy:ri/ (2) («myrlendt beitemark/dyrka mark/hage»); Mjølver i Jostedalen, Sørheim i Luster (sørsida) og Solvorn på YH, attmed *Svortemyr*

- *Svortesvoden* /svortesvå:d*n/ («svart berg, fuktig», feil normering, eigenleg analogisk hokjønn: *Svortesvoene*); Sande, Luster
- *Svorthamar* /"svårthamar/ («fjellhamar»), kanskje analogisk form pga. hankjønn eint.; Fåberg, Jostedal
- *Svortøy* /"svårtåi:/ («stor flate, utmark, renn ein løk igjennom») og *Svortøybakken* /"svårtåi:baken/ («liten bakke, utmark, gamal brevorr»); Bergset, Jostedal

To/tvo/tvi-, det. brukt som utmerkingslekk i *Tvomarkateigen*, *Toteigane* o.l., har to belegg i den gamle genitivforma *tveggja*:

- *Tveggemyrsbandet* /"tvaiGemy:rsbande/ («band mellom myrar?»): på sognemål kan appellativet *band* n. tyda *kant/grense* òg, som truleg er tydinga her); Mørkridsdalen, Luster
- *Tveggjenylandet* /"tvaiGenylande/ («hage som vert slegen»); Kroken, Luster

Samansetjingsformativen -ar- (genitiv) finst i nokre fåe samansette stadnamn:

- *Møyarbakken* /"mái:arbaken/ («tidlegare slåttemark»); Skjolden, Luster
- *Liarbakken* /"li:arbaken/ («hallande åker»); Skjolden, Luster
- *Hoparteigen* (2 namn) /"ho:partai:gen/ («skogteig med tre eigarar»); Nonsgjelet/Djupeviki, Solvorn
- *Slættarveg* /"slætarve:g/ («sti»); Kleberseggi, IH

Vedlegg 2. Tilsynelatande *sete*-namn

- a. *Nyseter* /'ny:sE:ter/ 190 moh., eigeendom på Mo, YH, utskild i 1919 frå bruket Modal (BB10:69, som småbruket *Elveset*, jf. nr. 11). Plassen fekk namnet frå fyrste eigaren Edvard Nysæter.
- b. <*Røvasete*> (SNP upublisert) ca. 500 moh.: «røvene [revane] hadde hi her». Staden ligg på Baten store på Mollandsmarki (grend som består av bruka Garden, Midtbaten og Storebaten). Namnet finst ikkje i andre kjelder og kjenneteiknar sikkert eit revehi, då må etterleddet vera *sete* n. = sitjeplass (jf. den fyrste linja til den gamle barnevisa *Røven og lambet*: «Røven site i sete, høyrer lambet grete»).
- c. *Nysetkleivi* /'ny:setklai:vi/ eller berre *Kleivi* 80 moh., tidlegare husmannsplass under Sviggum på IH. I SNP vert det sagt at «var berre ei hustuft med nokre små åkrar. I dag eigd av Luster kommune, som har oppført lærarbustad her». Ifylgje bygdeboka heitte plassen berre *Kleivi* eller *Billekleivi* (utt. *Bidlekleivi*) og han art nedlagd i 1963, då dei siste fastbuande flytte derifrå. Namnet *Nysetkleivi* finst ikkje i andre kjelder, men det er rimeleg å anta at det vart teke i bruk etter brukaren Edvard Hagbart Olson Nysæther (f. 30.3.1888 på Kongsberg), som hadde etternamnet frå *Nyseter* på Stord (BB6:516).
- d. *Setebakkane* /'sæ:tebakad*n/ 260 moh., slåtteteig rett under den gamle husmannsplassen Juso på IH, mellom gardane Tørvi og Høgi. Teigen ligg i hallande terreng og det er rimeleg å anta at forleddet er *sete* n. = sitjeplass pga. utsynet over Kjørlaus og dalsbotnen derifrå, namnemiljøet ikring som ikkje peikar på stølsdrift i det heile teke (berre teignamn som viser til slått), den elles sjeldan bruken av *sete* som forledd og den generelle likskapen med *Setehaugen* (jf. K).
- e. *Bjørnaseten* /'bjødnasE:ten/ registrert to gonger på 825 og 900 moh., ligg høgt i lia over Eikum indre på IH, rett under Moldaberget og toppen av fjellet Molden. Det eine belegget vantar både koding og merknad, hitt har «sete» som merknad, altså sitjeplass. Her dreier det seg om berghyller i bratt fjellvegg, som etterleddet *sete* m. røper.
- f. *Seten* /'sæ:t*n/ 730 moh. ligg på austsida av Krundalen i øvste Jostedalene, om lag ein kilometer frå Bergset. Staden er markert som «rund fjellknubb [knabb] i fjellet», altså ei berghylle (jf. D).
- g. *Sete* /'sæ:te/ (SNP, <Sete> i SKI) 420 moh., ligg litt over Jostedøla mellom Fåberggrenda og stølen Bjørnstegane i Jostedalen. I SNP er namnet registrert som «liten haug. Sette mest mogleg lauv her før, her var fonnsikkert. Utmark.» og i SKI er det notert tre gonger som kvile oppetter stølsvegen. Det er sikkert at ordet er *sete* n., truleg ei feil nomering av den bundne eintalsforma. Ei ytterlegare stadfesting er at ekte *sete*-stølsnam aldri finst som simpleks, korkje i materialet mitt eller i hine kjeldene.

- h. *Setane* /"sæ:tad*n/ 660 moh., er skogdekte fjellbakkar på austsida av Mørkridsdalen mellom stølane Dalen og Nobbi. Ogso her tyder grunnordet *sete* m. berghylle (jf. E og F).
- i. *Breislettedalen* /"brai:sIEte,da:l*n / 800 moh., liten dal nord-vest for Liasete i nedste Fortunsdalen (jf. nr. 57). Øvregard (1999:185) og TK har <*Breisetedalen*>, men eg har ikkje funne opplysingar om denne forma, so eg bestemte meg for å halda meg til skriveforma og uttalen registrerte i SNP.
- j. <*Geitasæt*> eller <*Geitaseta*> (SKI, to ulike oppskrifter for to bruk), gamal vårstøl til Holmestad i Fortunsdalen. Øvregard (1999:189) har <Johnshiller> som vårstøl, <Johnshidler> i SNP upublisert, registrert som «hamar m/ hillerberg». Informanten til SNP, intervjuet i 2014 og fødd i 1948, ser ikkje ut til å kjenna Johnshiller sin funksjon som støls plass og dette stemmer med opplysinga Øvregard gjev, nemleg at dei slutta å støla der alt i byrjinga av 1900-talet. Plasseringa til stølen er usikker, han låg mellom fjellstølen Bruhaugstølen (775 moh.) og Smole på vestsida av Fortunsdalen, sikkert lægre enn hine stølane (truleg mellom 300 og 600 moh.). Av dei to belegga, er <*Geitasæt*> utydeleg skrive, so eg vil meina at det ikkje dreier seg om eit ekte *sete*-namn, men at etterleddet er *sete* f. Dette passar med skrivemåten i hi oppskrifta, med opplysinga i SNP og med etterleddet *heller* m. i namnet Johnshiller (geitene plar sitja under hellerane i ly for uvêret).
- k. *Setehaugen* /"sæ:teheu:g/ 155 moh., haug ved Nedre Lingjerde på Kroken, registrert som utsikts plass med stein til å sitja på. Her er grunnordet sikkert *sete* n. = sitjeplass.
- l. *Hoggsete* /"hågsE:te/ finst to gonger: 1) 650 moh. i fjellsida over Sørheim (notert i SKI som <*Hogsete/Hågsæte*>); 2) oppetter ein stig i Stølsdalen, Fortunsdalen, rundt 500 moh. Båe belegga stadfestar at grunnordet er *sete* n. = sitjeplass (på Sørheim seier opplysingane frå SKI og SNP «høgste kvile på stølsvegen» og «hammar i berget», i Stølsdalen seier den upubliserte opplysinga i SNP «kvileplass, stein som ser ut som sofa»). I SNP står notatet: «Normering av namnet er usikker. Kan vere "Høgsetet"». Dette fonetiske fenomenet kan forklarast lett: I Årdal og Lærdal kommune i Indre Sogn går den avrunda, fremre /ø/ ofte over til den uavrunda, bakre /q/ (Bjørkum 1974:73, Larsen 1926:250-252). Denne utviklinga finst ogso i tilgrensande område i Luster kommune, særskilt Fortunsdalen og sørsida av Lustrafjorden (som hadde størst kontakt med Årdal), endå i mindre grad enn i hine kommunane. Denne overgangen er typisk fyrst og fremst for eldre talarar og i SKI-oppskriftene frå 1932 for gardane i Fortunsdalen finn ein gjerne former som vitnar om han: <*kjådni*>, <*kjåd nagjere*> og <*kjåd nahålet*> for 'tjørn', 'tjørnagjerdet' og 'tjørna holet'. Merkeleg nok har *høgsete* n. runda uttale i Årdal og Lærdal i dag, medan det «er vanl. med -q- berre i Lust. [tidlegare Luster herad] (over heile bygdi) og hjå eldre folk på Hafs. [...] /høk(k)²sete/ finst i fleire stadn. i Lust.» (Bjørkum 1974:79).